

Odd Monsson

Kvantitetssystem i nordvestlandsk

Doktoravhandling
for Ph.d.-graden

Bergen, juni 2012

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Det humanistiske fakultet
Universitetet i Bergen

Forord

Denne avhandlinga er ein studie av kvantiteten i dei vestnorske dialektane. Dette temaet har fascinert meg sidan eg skreiv hovudoppgåva mi om dialekten i Eid. Då eg fekk høve til å søkje opptak til dr.art.-studiet ved Universitetet i Bergen i midten av 90-åra og skulle utarbeide framlegg til eit doktorgradsprosjekt, var det naturleg at nettopp kvantiteten i vestnorsk vart det emnet eg valde.

Sidan den tid har eg arbeidd med prosjektet. I periodar, når andre gjeremål har tatt all tid, har prosjektet lege i dvale. Andre periodar har vore prega av meir intensivt arbeid. Men aldri har eg gjeve opp håpet om å kunne fullføre det.

Når eg no ser slutten på arbeidet, går tankane til dei mange som på ein eller annan måte har vore delaktige slik at det har vore mogleg for meg å gjennomføre prosjektet. Mange fortener ein takk. Det gjeld framom alle rettleiaren min gjennom alle desse åra, Helge Sandøy. Han har vore ein viktig del av dette prosjektet heilt frå starten, då han generøst delte idear og innsikt med meg, og oppmoda meg til å gå i gang med eit slikt arbeid. Den interessa han har vist for arbeidet gjennom desse åra, har vore den viktigaste årsaka til at det no kan fullførast. Han har vore tolmodig når ting har gått trått, men heile tida tilgjengeleg og støttande. Hans velmeinte råd, innsiktsfulle rettleiing og bestemte korrigeringar har følgd meg i arbeidet heile vegen.

Eg vil også takke kollegaer og andre fagfolk for nyttige idear og kommentarar når eg har lagt fram prosjektet på seminar og konferansar. Desse har vore til stor hjelp for å korrigere kursen og kome meg vidare.

Mange kollegaer ved Høgskulen i Volda har gitt oppmuntringar og gode råd undervegs. Dei har bidrege med eit stimulerande faglig miljø som har gjeve inspirasjon og pågangsmot. Eg vil her særleg framheve Leif Ramsdal, som generøst delte sin store dialektkunnskapar med meg i mange samtalar gjennom dei åra vi har vore kollegaer. Det har vore særdeles nyttig for meg. Eg vil også nemne Terje Aarset, Peter Hallaråker, Michael Schulte, Kjell-Arild Madssen og Pål Hamre. Fleire kunne vore nemnde, men dei er ikkje gløynde.

Mot slutten av arbeidet med avhandlinga kom Ann-Kristin Molde inn med stor interesse og viktige bidrag. Vi har hatt mange og lange samtalar om kvantitet og fonologi i den tida ho arbeidde ved Høgskulen i Volda. Den kritiske gjennomlesinga og det omfattande korrekturarbeidet ho gjennomførte i sluttfasen, har vore viktig for resultatet av arbeidet.

I sluttfasen var Pål Hamre til stor hjelp med korrekturlesing. Manglane i avhandlinga skuldast meg åleine.

Elles har Arnfinn Kjelland vore til god hjelp når utfordringane med dataoppsett, skjema og tabellar har vore for store. Avhandlinga hadde sett annleis ut utan hans bistand.

Ein takk går også til Høgskulen i Volda, som har gitt meg frikjøp gjennom vikarstipend i tre semester. Utan denne moglegheita til å konsentrere meg om prosjektet i samanhengande periodar, ville det vore vanskeleg å gjennomføre eit så omfattande arbeid. Også dekan Kjell-Arild Madssen, kontorsjef Jon-Arild Kvamme Sollid ved AHF og dekan ved AHL Rakel Christina Granaas skal ha takk for oppmuntring, forståing og tilrettelegging av arbeidssituasjonen slik at det var mogleg for meg å gjennomføre arbeidet med avhandlinga.

I avhandlinga har eg nytta eit stort kjeldemateriale frå informantane mine. Mange av dei viste stor entusiasme og interesse når eg bad dei fylle ut spørjeskjema eller svare på spørsmål. Utan dei hadde det ikkje vorte noko av prosjektet.

Eg vil også rette ein takk til dei som har bidrege til innsikt i og kunnskap om dialektane på Vestlandet gjennom hovudoppgåver, stadnamnoppskrifter og dialektmonografiar. Dette reservoaret av kunnskapen har eg forsynt meg rikeleg av.

Til slutt vil eg rette ein takk til mine næraste, Rønnaug, Vegard, Vilde, Olav og Helge. Dei har i ein lang periode måtte leve med vestnorske kvantitetssystem og halde ut med mine frustrasjonar når ting har gått trått. Takk for at de har halde ut med både kvantitetssystema og meg desse åra.

Volda, mai 2008

Odd Monsson

Forord til den endra versjonen

Etter at den første versjonen av avhandlinga vart send til vurdering ved Universitetet i Bergen mai 2008, og eg fekk tilbakemeldinga frå sakkynndigkomitéen at «avhandlingen i sin nåværende form dessverre ikkje er god nok til å forsvares i disputas», har eg gjort vesentlege endringar i innhald og ikkje minst innretning på avhandlinga. Dette har eg gjort i tråd med tilbakemeldinga frå komitéen, så godt det har late seg gjere.

Arbeidet har teke lengre tid enn eg hadde meint det skulle ta. Hovudgrunnane til det har vore stor arbeidsmengde som instituttleiar ved Ivar Aasen-instituttet mellom 2007 og 2010. Når eg så vart ramma av alvorleg sjukdom som sette meg ut av spel i lengre tid, har det vore vanskeleg å fullføre arbeidet før no.

Når eg no har kome til ei avslutning med dette arbeidet, vil eg først og fremst takke rettleiaren min, professor Helge Sandøy. Han har i denne lange perioden vist stort tolmod og tru på at dette skulle la seg gjennomføre, også etter at sjukdomen sette inn. Tolmodig har han lese og med stor innsikt gjeve meg tilbakemeldingar. Eg er han stor takk skuldig. Også kollegaene mine ved Institutt for språk og litteratur ved Høgskulen i Volda har heile vegen gjeve meg støtte i arbeidet og oppmuntra meg når det var som tyngst og trua på at det skulle kunne gjennomførast, svikta. Mellom desse er særleg Pål Hamre den som må nemnast, då han også denne gongen tok seg tid til ei grundig korrekturlesing. Eg vil også rette ein takk til medarbeidarane ved Kreft poliklinikk ved Haukeland universitetssjukehus for god behandling og oppfølging, noko som har gjeve meg moglegheit til å kunne arbeide vidare med avhandlinga, også etter at sjukdomen sette inn. Sist, men ikkje minst, vil eg takke dei næraste, Rønnaug, Vegard, Vilde, Olav og Helge, for at dei trufast har stilt opp, oppmuntra i vanskelege periodar og heile tida vist forståing for fars sære og lite skjønelege aktivitet.

Volda, juni 2012

Odd Monsson

Innhald

| | |
|--------------------------------------|-----|
| Forord | iii |
| Forord til den endra versjonen | iv |

Del 1

Grunnlag for studien

| | |
|--|-----------|
| Kapittel 1 Innleiing | 3 |
| 1.1. Oversyn | 3 |
| 1.2. Mål | 4 |
| 1.3. Oversyn over avhandlinga | 10 |
| 1.4. Målområdet | 12 |
| Kapittel 2 Kvantitet i norsk | 15 |
| 2.1. Innleiing | 15 |
| 2.2. Kvantitet i norsk fonologi | 15 |
| 2.2.1. Oversyn | 16 |
| 2.2.2. Strukturalistiske analysar av norsk kvantitet | 17 |
| 2.2.2. Generative analysar av norsk kvantitet | 20 |
| 2.3. Kvantitet i eit morfofonologisk perspektiv | 25 |
| 2.3.1. Oversyn | 25 |
| 2.3.2. Relevansen av morfologi i fonologien | 28 |
| 2.3.3. Grensesignal i fonologien | 36 |
| Kapittel 3 Teori og modell | 41 |
| 3.1. Innleiing | 41 |
| 3.2. Den prosodiske strukturen | 42 |
| 3.2.1. Oversyn | 42 |
| 3.2.2. Fonologisk styring | 43 |
| 3.2.3. Radikalet | 49 |
| 3.2.4. Skikkeleg styring og tome posisjonar | 52 |
| 3.3. Elementteorien | 57 |
| 3.3.1. Oversyn | 57 |
| 3.3.2. Elementa | 58 |
| 3.3.3. Vokalsegmenta | 62 |
| 3.3.4. Konsonantsegmenta | 65 |
| 3.3.5. Kontursegment | 69 |
| 3.3.6. Teorien om kompleksitet | 70 |
| 3.4. Kvantitet og styring | 72 |
| 3.4.1. Opne og stengde rim | 72 |
| 3.4.2. Kvantitet som spreining | 75 |
| 3.4.3. Komplementaritet | 78 |
| Kapittel 4 Metode | 84 |
| 4.1. Informantar og materialinnsamling | 84 |
| 4.2. Andre kjelder | 85 |

Del 2

Kvantiteten i rotord

| | |
|--|------------|
| Kapittel 5 Vokalkvantiteten føre mediale og finale opptakter | 89 |
| 5.1. Innleiing | 89 |
| 5.2. Vokalkvantiteten føre mediale opptakter | 94 |
| 5.2.1. Oversyn | 94 |
| 5.2.2. Geografisk utbreiing | 96 |
| 5.2.3. Vokalkvantiteten føre mediale opptakter | 102 |
| 5.2.4. Oppsummering | 107 |
| 5.3. Vokalkvantiteten føre marginale opptakter | 109 |
| 5.3.1. Oversyn | 109 |
| 5.3.2. Geografisk utbreiing | 111 |
| 5.3.3. Skjebnen til dei marginale konsonantgruppene i nordvestlandsk | 116 |
| 5.3.4. Oppsummering | 120 |
| 5.4. Vokalkvantitet og konstituentstruktur | 123 |
| | |
| Kapittel 6 Vokalkvantiteten føre mediale og marginale rimkomplement + opptakter | 127 |
| 6.1. Innleiing | 127 |
| 6.2. Vokalkvantiteten føre mediale sonorant- og sonorant + obstruent-samband | 128 |
| 6.2.1. Oversyn | 128 |
| 6.2.2. Geografisk utbreiing | 129 |
| 6.2.3. Overlang kvantitet føre dei mediale sonorantsambanda | 134 |
| 6.2.4. Oppsummering | 135 |
| 6.3. Vokalkvantiteten føre marginale sonorant- og sonorant + obstruent-samband | 140 |
| 6.3.1. Oversyn | 140 |
| 6.3.2. Geografisk utbreiing | 141 |
| 6.3.3. Overlange rim i nordvestlandsk | 147 |
| 6.3.4. Oppsummering | 152 |
| 6.4. Vokalkvantiteten føre marginale obstruentsamband | 154 |
| 6.4.1. Oversyn | 154 |
| 6.4.2. Geografisk utbreiing | 155 |
| 6.4.3. Vokalrepresentasjonen føre dei marginale obstruentsamband | 159 |
| 6.4.4. Oppsummering | 162 |
| 6.5. Vokallenging og kvantitetssystem | 164 |
| | |
| Kapittel 7 Kvantiteten i rotorda: ei oppsummering | 167 |

Del 3

Kvantiteten i bøygde, avleidde og samansette ordformer

| | |
|---|------------|
| Kapittel 8 Morfologisk kompleksitet | 175 |
| 8.1. Innleiing | 175 |
| 8.2. Analytisk og syntetisk (ikkje-analytisk) morfologi | 177 |

| | |
|--|------------|
| Kapittel 9 Kvantiteten i rotnivåavleiingar | 195 |
| 9.1. Innleiing | 195 |
| 9.2. <i>N</i> -suffigering | 196 |
| 9.2.1. Oversyn | 196 |
| 9.2.2. Geografisk utbreiing | 199 |
| 9.2.3. Vokalkvantiteten føre konsonantgrupper skapte gjennom <i>n</i> -suffigering | 203 |
| 9.3. <i>E</i> -suffigering | 207 |
| 9.3.1. Oversyn | 207 |
| 9.3.2. Geografisk utbreiing | 210 |
| 9.3.3. Vokalkvantiteten føre konsonantgrupper skapte gjennom <i>e</i> -suffigering | 215 |
| 9.4. <i>D</i> -suffigering | 216 |
| 9.4.1. Oversyn | 216 |
| 9.4.2. Geografisk utbreiing | 217 |
| 9.5. Morfologiske system i rotnivåavleiingar | 219 |
| | |
| Kapittel 10 Kvantiteten i verb- og adjektivbøyingar | 223 |
| 10.1. Innleiing | 223 |
| 10.2. Verbbøying | 224 |
| 10.2.1. Oversyn | 224 |
| 10.2.2. Geografisk utbreiing | 227 |
| 10.2.3. Vokalkvantitet og kompleksitet | 232 |
| 10.3. Adjektivbøying | 238 |
| 10.3.1. Oversyn | 238 |
| 10.3.2. Geografisk utbreiing | 240 |
| 10.3.3. Vokalkvantitet og kompleksitet | 245 |
| 10.3.4. Kvantitet og bruksfrekvens | 247 |
| 10.4. Bøyingssuffiks og morfologiske mønster | 249 |
| | |
| Kapittel 11 Kvantiteten i adjektiv og substantiv med synkopert vokal i fleirtal | 253 |
| 11.1. Innleiing | 253 |
| 11.2. Adjektivbøying | 255 |
| 11.2.1. Oversyn | 255 |
| 11.2.2. Geografisk utbreiing | 259 |
| 11.2.3. Kvantiteten i fleirtalsformer av adjektiv | 264 |
| 11.3. Substantivbøying | 270 |
| 11.3.1. Oversyn | 270 |
| 11.3.2. Geografisk utbreiing | 271 |
| 11.3.3. Kvantiteten i fleirtalsformer av substantiv | 276 |
| | |
| Kapittel 12 Kvantiteten i ordnivåavleiingar | 283 |
| 12.1. Innleiing | 283 |
| 12.2. Geografisk utbreiing | 287 |
| 12.3. Vokalkvantiteten i ordavleidde ordformer | 293 |
| | |
| Kapittel 13 Kvantiteten i komposita | 301 |
| 13.1. Innleiing | 301 |
| 13.2. Geografisk utbreiing | 305 |
| 13.3. Morfologi i samansette ordformer | 310 |

| | |
|--|------------|
| Kapittel 14 Element, konstituentstruktur og fonologisk-morfologisk interaksjon i nordvestlandsk | 317 |
| Kapittel 15 Avslutning | 327 |
| Litteratur | 329 |
| Liste over informantar | 341 |
| Kart | 343 |
| Vedlegg..... | 355 |
| Vedlegg 1: Vokalrepresentasjonen i rotformer | 357 |
| Vedlegg 2: Vokalrepresentasjonen i rotnivåavleide ordformer | 371 |
| Vedlegg 3: Vokalrepresentasjonen i bøyde ordformer | 377 |
| Vedlegg 4: Vokalrepresentasjonen i fleirtalsbøyingar av adjektiv og substantiv | 391 |
| Vedlegg 5: Vokalrepresentasjonen i ordavleide ordformer | 399 |
| Vedlegg 6: Vokalrepresentasjonen i samansette ordformer | 405 |
| Vedlegg 7: Realisasjonen | 409 |

Del 1

Grunnlag for studien

Kapittel 1

Innleiing

1.1. Oversyn

Kvantitets- eller lengdemotsetninga i norske dialektar, dvs. samanhengen mellom vokallengda og den etterfølgjande konsonantismen, har vore mykje diskutert (jf. Papazian 1998 for eit oversyn). Emnet for denne studien er kvantiteten i dei nordvestlandske dialektane.¹

Hovudføremålet er å påvise korleis vokallengda i sekvensar av ein vokal og ei etterfølgjande konsonantgruppe (V+KK), slik vi finn ho i ord som 'mast' F, 'sist' ADV, 'slukt' F osv., er regulert av eigenskapar ved denne konsonantismen. Det viser seg nemleg at lengda på vokalsegmentet varierer meir i slike samanhengar enn elles.

Fenomenet 'overlang staving' – dvs. at ein har lang vokal framfor konsonantgrupper – er beskrive i mange dialektar (Dalen 1984, Flom 1915, Jenstad 1985, Skjekkeland 1997 ofl.). Eg skal her nytte omgrepet *overlang kvantitet* om dette fenomenet, av grunnar som eg skal kome attende til (jf. Cyran 1994). Med overlang kvantitet meinest då at ein vokal vert realisert som lang før ei konsonantgruppe, som i [¹ma:st] V PTS 'mast', [¹vi:st] V PTS 'vist' og [¹slæ:kt] V PTS 'slukt'. Vanleg lang kvantitet har vi når uttalen er med kort vokal: [¹mast] F 'mast', [¹vist] F 'vist', [¹sløkt] F 'slukt'.

Realisasjonen av overlang kvantitet er sjeldan i språk i verda i dag (Kristoffersen 1992: 199, jf. også Kaye 1990). Likevel er former med denne kvantiteten hyppig belagde i beskrivingar av norske dialektar, og det ser ut til at han er produktiv i dialektane i dag (Papazian 1998: 168).² Eg skal i denne studien sjå nærare på både leksikalske og deriverte ordformer, dvs. bøyge, avleide og samansette ordformer.³ Det er nemleg slik at overlang

¹Med 'nordvestlandsk' forstår eg her det geografiske området som strekkjer seg frå Sogn til og med Sunnmøre (jf. s. 12f.).

²Papazian (1998: 168) går jamvel så langt som å hevde at "[i] alle fall er sekvensen V:KK en helt normal fonologisk struktur i de fleste varianter av nordisk."

³Omgrepet 'derivasjon' vert i denne avhandlinga brukt om alle fonologiske prosessar som representerer samankjeding av røter og affiks, i tråd med det som er vanleg i styringsfonologien (jf. Kaye 1990: 29, Harris 1994: 4, 6). Kaye (2005: 283) omtalar fonologiske derivasjonar som "simply change one well-formed and complete phonological string to another". Denne bruken av derivasjon svarar ikkje heilt til måten han vert brukt innfor tradisjonell generativ lingvistik, der derivasjon tyder den fonologiske prosessen som transporterer ei underliggjande form til ei overflateform (Bussmann 1996: 120, Chomsky and Halle 1968: 60). Den tradisjonelle forståinga er at derivasjonar ikkje involverer ordbøyingar og samansettingar (jf. Diderichsen 1962: 76). Haugen (1967b: 300) skil mellom: "i) inflection, ii) derivation, iii) compound". I vår bruk vil alle desse morfologiske

kvantitet særleg er knytt til bøyingsformer av ord med lang stammevokal, rotnivå- og ordnivåavleiingar og samansette ordformer (Skjeggeland 1997: 43).

1.2. Mål

Det primære målet for denne studien er å avdekkje dei ulike 'mønstra' som gjeld for kvantitetsrealiseringane i dei norske dialektane i dag. Med mønster forstås eg då at vokalkvantiteten anten er uavhengig av eller bunden til den etterfølgjande konsonantismen i dei prosodiske einingane som er trykkberande i norsk (einingar som vert omtala som "trykkunge stavingar", jf. Kristoffersen 1992: 188, Papazian 1998: 166). Den variasjonen som kan avdekkast når det gjeld vokallengda i dialektane, vil då i praksis vere knytt til sekvensen vokal + konsonantgruppe (Papazian 1998: 167), ein konfigurasjon som her vert omtala som ei *kvantitetseining*.⁴ Det er desse kvantitetseiningane som er emnet for denne studien.⁵

At den fonologiske representasjonen av vokallengd er påverka av den etterfølgjande konsonantismen, er ikkje nokon oppsiktsvekkjande påstand, dei fleste arbeida om norsk og nordisk fonologi opererer med ein slik samanheng (jf. Eliasson 1978, 1985, Eliasson and LaPelle 1973, Linell 1978 for svensk, Fretheim 1969, Haugen 1967a, 1967b, Kristoffersen 1992, 1999, Vogt 1942, Papazian 1998, Weinstock 1970 for norsk, Árnason 1980, 1998 Benediktsson 1963 for islandsk). Og spørsmålet om den fonologiske tolkinga av den fonetiske vokal- og konsonantlengda, og ikkje minst komplementariteten mellom vokallengd og lengda på den etterfølgjande konsonantismen, har vore diskutert lenge (sjå Papazian 1998: 168f. for eit oversyn, Kristoffersen 1991: 75f.). Likevel er representasjonen av den overlange kvantiteten, slik vi finn han m.a. i dei norske dialektane, ei utfordring for denne oppfatninga av komplementaritet mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme. Den norske 'modellen' har vore at vokalen er kort når den etterfølgjande konsonantismen er lang (Haugen 1967a, 1967b, Kristoffersen 1992, 1999, Papazian 1998, Vogt 1942: 9). Dette vert då omtala som det 'normale' kvantitetssystemet for norsk (og nordisk, jf. Papazian 1998: 170, 181). Den

kategoriane vere resultat av derivaasjonar. Eg bruker såleis omgrepet i samsvar med Kaye (1995: 291) når han omtalar ein derivaasjon som ein prosess som "takes us from the lexicon, through the phonology and eventually brings us to signal."

⁴ Vogt (1942: 9) nyttar omgrepet "syllabic centre" om denne kvantitetseininga, Papazian (1971: 259) omtalar ho som "kvantitetskjerne".

⁵ Det har vore vanleg innafor strukturalistisk fonologi å knyte kvantitetsrealisasjonane til slike prosodiske einingar (jf. Fretheim 1969: 76f.), slik vi finn det hjå Borgstrøm (1973: 41), Haugen (1967a, 1967b), Papazian (1971, 1998), Vanvik (1969), Vogt (1942) ofl.

overlange kvantiteten vil då vere ein kvantitetstype som representerer eit uregelmessig mønster i dialektane. Utfordringa her er å klargjere i kva for samanhengar denne kvantitetstypen opptrer, dvs. på kva måte vi kan spesifisere omgjevnadene for vokalrepresentasjonen. Denne diskusjonen finn vi m.a. i Fretheim (1969), Kristoffersen (1992, 1999), Papzian (1971, 1998), Vogt (1942) og Weinstock (1970). Papazian vil hevde at kvantitetstypen V:KK opptrer ”vesentlig i bøyingsformer av ord med lang vokal foran enkel konsonant, for eksempel /fi:nt, ly:st/ til /fi:n, ly:s(e)” (Papazian 1998: 185, jf. også Kristoffersen 1992: 206). Det går likevel fram av denne studien at ein slik kvantitetstype vil ein finne både i monomorfemiske og polymorfemiske ordformer i dei nordvestlandske dialektane.

Dersom vokalkvantitet er systematisk bunde til eigenskapane til den etterfølgjande konsonantismen og dermed er eit resultat av ulike fonotaktiske mønster i konsonantsambandet, kan vi tolke dei variasjonane som kan påvisast i vokallengda i dei norske dialektane som tilstadevering av ulike moglege kvantitetsmønster eller kvantitetssystem. (Kva som ligg i omgrepet ’kvantitetssystem’, vert nærare forklart i kapittel 3.) Det kan vere snakk om vekslingar mellom ulike system og ei mogleg endring, eller ein ’overgang’ frå det eine systemet (eller systema) til andre, slik Papazian (1998: 185) hevdar:

Det er naturleg å se det slik at det uregelmessige mønsteret /li:k – lik:t/ er det ”lydrette” og meir opphavlige, mens det regelmessige mønsteret /fi:n – fi:nt/ er en nyere, analogisk utvikling [...]. Det støtter dette synet at det første mønsteret er langt mer utbredt i mer arkaiske dialekter. Muligens fins det dialekter der det er gjennomført, dvs. at sekvensen V:K ikke forekommer foran en ny konsonant [...]. Også i islandsk og færøysk er kombinasjonen V:KK som nevnt uvanlig og forekommer bare ved spesielle konsonantgrupper.

Vi kan då tenkje oss at dei variasjonane i kvantitetsoverringar som kan påvisast i dialektane, skriv seg frå ei utbreiing av eit kvantitetssystem som systematisk realiserer kort vokal før lang konsonantisme, same kva denne konsonantismen er. Slike dialektar toler ikkje kombinasjonen V:KK. Andre dialektar vil akseptere lang vokal før denne konsonantismen. Dette er dialektar som toler overlang kvantitet. Det kan også tenkjast at utbreiinga til dei ulike systema har endra seg over tid, slik Papazian synest å meine. Det er ikkje noko primært siktemål i denne studien å sjå på dei historiske endringane. Likevel kan ei avdekking av utbreiinga til desse ulike systema eller mønstra gi innsikt i den historiske prosessen i norsk.

Føremålet med denne studien er dermed å avdekkje strukturen til den overlange kvantiteten og å klargjere funksjonen han har, men òg å kartlegge utbreiinga av han i eit avgrensa område av norske dialektar, *nordvestlandsk* (Kva som ligg i dette omgrepet, kjem eg attende til s. 12.). Det kan sjå ut som om det er særleg store variasjonar i dette målområdet når det gjeld realisasjonen av lange vokalar før konsonantgrupper. Eit nærare studium av data frå området kan likevel tyde på at ei rekkje generaliseringar kan gjerast om korleis den overlange kvantiteten er realisert, generaliseringar knytte til den fonologiske og morfologiske arkitekturen bak overflata til dei ulike ordformene. Studien byggjer på ein tese om at generaliseringane kan gripast på ein prinsipiell måte, som del av det fonologiske systemet. Dermed har eg som mål å syne korleis desse kvantitetsovringane kan vise samsvar med teoriar om korleis den fonologiske representasjonen og derivasjonen fungerer.⁶

Når eg med dette arbeidet har som mål å *forklare* kvantitetsmønstra og den utviklinga som eventuelt skjer med kvantiteten i eit område av Noreg, vil det seie at eg ikkje oppfattar desse kvantitetsovringane som tilfeldige, men som noko som kan beskrivast meir allment ut frå fonologisk teori. Effekten av den etterfølgjande konsonantismen, anten som morfemintern konsonantgruppe der begge konsonantane opptre innafør det same morfemet, eller som ei morfemseparat konsonantgruppe der den finale konsonanten er initial konsonant i eit etterfølgjande morfem, gjer det relevant å skilje mellom monomorfemiske og polymorfemiske samanhengar. Det er likevel avgjerande for denne granskinga at desse ulike morfologiske ordstrukturane kan samordnast på ein slik måte at vi kan avgjere om kort eller lang vokal er regulert av det fonotaktiske mønstret til den etterfølgjande konsonantgruppa (Labov 1973: 210). Slik sett blir denne granskinga meir enn ei beskriving av vokalrepresentasjonen i ulike omgjevnader, eg har som mål å fremje forklarande innsikt i det fenomenet som ovafor er omtala som overlang kvantitet (jf. Chomsky 1962, Faarlund 1987).

Det har vore ein tendens i lingvistikken dei seinare åra til at dei språkstrukturelle eigenskapane vert delte inn i eit sett av parameter, kvar med eit avgrensa sett av moglege verdiar. Variasjonane språk imellom blir då framstilte som ulike verdiar på parametrane. Desse parametrane er meinte som ein del av ein universell grammatikk, ein såkalla 'kjernegrammatikk'. Kvar parameter har meir enn èin mogleg verdi (Kristoffersen 1991: 8). Fonologi vert då oppfatta som eit system av prinsipp som saman med parameter definerer

⁶ Til no har slike 'stavingar' vorte forklarte som 'analogiar' (Papazian 1998: 185; Bjørkum 1968: 45, Torp og Vikør 1993: 55). Eit typisk døme finn vi i Jenstad (1985: 131): "Årsaka til desse overlange stavingane er at difongen eller den lange vokalen frå grunnforma blir overført til bøyingsforma." Men slike 'smitteteoriar' kan ikkje oppfattast som beskrivingar av regelmessigheiter, som *teoriar* om språklege fenomen, dei er berre idiografiske, ei beskriving av einskildtilfelle.

grupper av fonologiske system i menneskelege språk. Dei fonologiske fenomen har opphav i desse prinsippa og parametrane, og dei styrer den fonologiske representasjonen og dei strukturelle prosessane i det spesielle språket (Charette 1989: 159). Slike prinsipp er formulerte i lys av moglege ord (eller stavingar) frå eit universelt perspektiv, kva som er universelle mønster for stavingsstrukturen. Desse prinsipp- og parametersettingane regulerer moglegheitene for å kombinere vokal og etterfølgjande konsonantisme innfor eit språk, slik at det avgrensar kva som kan realiserast i dei ulike kvantitetseiningane i språket (Lowenstamm and Kaye 1986: 99). Det norske (eller nordiske) kvantitetssystemet, som utnyttar komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme, må her oppfattast som eit språkspesifikt mønster. At kort vokal opptrer i konfigurasjonar av vokal og etterfølgjande konsonant, såkalla 'stengdrimkorting', er vanleg i mange språk (jf. Lowenstamm and Kaye 1986: 97, Kaye 1990: 302f.). Kravet som ligg til grunn for den korte vokalen, er då at rimet berre kan ha to plassar universelt, slik at ei kvantitetseining berre kan utgjere kort vokal + konsonant (VK), eller ein lang vokal (V:). Kort vokal i ordformer som 'smerte' M er då bestemt av posisjonen til vokalen innfor eit lukka rim. Når vokalen opptrer som kort i såkalla 'opne rim', rim som ikkje er stengde av ein konsonant, slik som i 'klatre' V, kan dette ikkje oppfattast som anna enn ein språkspesifikk restriksjon. (Vi kjem tilbake til desse rimkonstruksjonane under handsaminga av analysemodellen i kapittel 3.) Ein overlang rimkonstruksjon er dermed ekskludert frå systemet. Lange vokalar kan berre opptre når rimet er ope. Desse prinsipp- og parametersettingane vil dermed danne grunnlaget for at språket tillet lange vokalar i nokre ordformer, men ikkje i andre (jf. kap. 3).

I denne studien skal eg sjå nærare på kvantiteten i vestnorsk gjennom å presentere ein analyse av den overlange kvantiteten, slik han kjem til uttrykk i dei ulike områda i det nordvestlandske målområdet. Utgangspunktet for analysen er ein hypotese om at den fonologiske representasjonen av vokallengd – kvantiteten – er påverka av den etterfølgjande konsonantismen, noko som kan framstillast gjennom formel (1), som er vist nedafor (jf. Weinstock 1970: 584). Her står V for vokal og K for konsonant.

$$(1) \quad KVK_1K_2$$

Denne formelen viser samanhengen mellom vokalrepresentasjonen og den etterfølgjande konsonantismen, at ein vokal vert realisert som kort når han vert følgd av ein sekvens av konsonantar. Slik som formelen er presentert her, tilseier han at vokalrepresentasjonen er kort når det er realisert to konsonantsegment etter, same kva kvaliteten desse segmenta har (eit

system som her vil bli omtala som 'segmentteljande', jf. s. 79). Den relevante omgjevnaden for vokalkvantiteten er såleis den etterfølgjande konsonantismen.

Samanhengen mellom vokallengd og etterfølgjande konsonantisme, slik han er framstilt i formel (1), kan delast inn etter kvaliteten på konsonantsegmenta som inngår i den postvokaliske konsonantgruppa, slik det går fram av formel (2) nedafor (Weinstock 1970: 592). Her står 'son' for *sonorant* og 'obs' for *obstruent*.

(2) KVK₁K₂ {der K₁ og K₂ er i) [son] [obs], ii) [son] [son], iii) [obs] [son] eller iv) [obs] [obs]}

I denne (monomorfemiske) omgjevnaden vil vokalrepresentasjonen vere avhengig av kvaliteten til dei involverte konsonantsegmenta, om dei er obstruentar og/eller sonorantar. I eit slikt kvantitetssystem vil kvantiteten vere regulert av fonotaksen i den etterfølgjande konsonantgruppa, dvs. av eigenskapar ved konsonantane i konsonantgruppa. Slike omgjevnadsfaktorar er kontekstuelle vilkår som ligg i det fonotaktiske domenet, som strukturelle og relasjonelle eigenskapar som segmenta i konsonantgruppa kontrakterer seg imellom. I dette arbeidet vert strukturelle eigenskapar knytt til *kompleksiteten* til segmenta (jf. kap. 3.3 om kompleksitet), og relasjonelle eigenskapar knytt til *styringskontraktar* (jf. kap.3.1 om fonologisk styring) mellom segmenta. Desse omgjevnadsfaktorane opnar opp for moglegheita for å studere vokalrepresentasjonen – det at kort eller lang vokal opptre i nokre omgjevnader, men ikkje i andre. Det fonotaktiske mønstret til dei postvokaliske konsonantane kan nemleg, i tråd med ein teorien om fonologisk styring (jf. kap. 3.1), danne ulike *styringsdomene* avhengig av kompleksitetsskilnadene mellom dei involverte segmenta. I ein slik samanheng vil konsonantgruppa i utgangspunktet opptre som ei *ekte* konsonantgruppe. (Skilnaden mellom ekte og uekte konsonantgrupper vert forklart i kap. 2.)

Vi kan altså tenkje oss eit system som er konsekvent *segmentteljande*, der konsonantgruppa, uavhengig av kvalitative eigenskapar ved dei einskilde segmenta, regulerer vokalkvantiteten. Ei anna moglegheit er eit system der dei kvalitative eigenskapane ved konsonantsegmenta (kompleksitet og styringseigenskapar) verkar inn på kvantiteten til vokalen (Vogt 1942: 214).⁷ Desse ulike *kvantitetssystema* (Papazian 1998: 185) vert klargjorde i kapittel 3 (jf. s. 79f.).

⁷ Vogt (1942: 208) brukar også omgrepet 'styring' (government) i ei tyding som ligg nær opp til slik termen vert brukt her, når han knyter styringa saman med funksjonen til eit segment: "By the functions of a phoneme is then understood its capacity of entering into certain clusters with other phonemes, following or preceding."

Ein annan omgjevning involverer realisasjonen av morfemgrenser mellom konsonantane. I ein slik polymorfemisk kontekst er konsonantgruppa ei *uekte* konsonantgruppe, slik det går fram av formel (3) nedafor (jf. Weinstock 1970: 592f.).

(3) $KVK_1 \& K_2$ {der & er [+], [#] eller [##]}

Her står & for ei morfemgrense og '+' , '#' og '##' for dei ulike grensene mellom morfema. Slike morfemgrenser kan spesifiserast gjennom morfologiske kategoriar: rotnivåavleiingar, bøyingar, ordnivåavleiingar og samansetjingar.

(4) *Relevante omgjevnader for kvantitetsrepresentasjonen i vestnorsk*

| | | | | |
|---|-------------------|----|---------------|----------------|
| 1 | Rotnivåavleiingar | => | $K_1 + K_2$ | 'lysne' V |
| 2 | Bøyingar | => | $K_1 + K_2$ | 'ropte' V PRET |
| 3 | Ordnivåavleiingar | => | $K_1 \# K_2$ | 'søknad' M |
| 4 | Samansetjingar | => | $K_1 \## K_2$ | 'granbar' N |

Når vi skil mellom avleiingar på rotnivå og avleiingar på ordnivå, heng dette saman med at dei i utgangspunktet opptre ulikt med omsyn til fonologiske prosessar. Rotnivåavleiingar representerer her avleiingar som skjuler den morfologiske kompleksiteten, dei opptre som eikor uderivert ordform.⁸ Ordnivåavleiingar vil derimot opptre som morfologisk komplekse ordformer, dei synleggjer den morfologiske kompleksiteten gjennom affigeringa (jf. Harris 1994: 18ff.).⁹ Skilnaden i måten rotnivåmorfoloien og ordnivåmorfoloien handsamar fonologien på, vil spele ei viktig rolle i dette arbeidet. (Vi kjem attende til dei ulike morfologiske kategoriane i kapittel 8.)

Ei fonologisk beskriving eksisterer ikkje utanom eit teoretisk grunnlag og ei slik beskriving krev eit spesialisert vokabular som nødvendigvis er teoriladd (Scheer 2009: 2. Gussmann 2007: xi hevdar det same.). I beskrivingane av kvantiteten i denne studien har eg valt å nytte teoriar om fonologisk styring, slik dei kjem fram i arbeida til Jonathan Kaye (Kaye 1990, 1995, 2000, Kaye, Lowestamm and Vergnaud 1985, 1990). Når det gjeld framstillingane av segmentstruktur, vil eg gjere det innafor ein teori om element, slik han er

⁸ Jf. det som er sagt om bruken av omgrepet derivasjon tidlegare (s. 3 n.3). Gussmann (2007: 162) omtalar dette som 'parametric derivation', dvs. at "the derivation is said to be parametric since it is only a specific paradigm regarded as a set of desinences that distinguish the lexemes in question.", dvs. eit leksikalsk skifte.

⁹ I engelsk er desse nivåa omtala som "nivå 1-morfologi" og "nivå-2 morfologi", jf. Kristoffersen (1991: 177), Labov (1973: 209).

framstilt hjå John Harris (Harris 1990, 1994: 133ff., Harris and Lindsey 1995, 2000, Gussmann 2002, 2007, Rennison 1990). Det gir oss ein teoretisk basert terminologi som kan leggjast til grunn for analysen.¹⁰ Det må likevel understrekast at dette primært er beskriving av eit språkleg fenomen og utbreiinga av dette, og ikkje ei spesifikk testing av ein bestemt fonologisk teori. Styringsfonologien står i dette arbeidet fram som ein modell for beskriving og organiseringa av eit sett data.¹¹ På dette grunnlaget vil vi avstå frå teoretiske spekulasjonar som eit reint teoretisk studium vil krevje, sjølv om ein viss del av teoretisk refleksjon og diskusjon er ein nødvendig føresetnad også i eit arbeid som dette, då ei fonologisk beskriving av eit språkleg materiale ikkje kan gjerast utafør eit teoretisk grunnlag (jf. Gussmann 2007: xi). Gjennom teoriane, som eg skal gjere nærare greie for under handsaminga av analysemodellen i kapittel 3, kan derfor materialet i denne granskinga beskrivast gjennom sortering og kategorisering på ein måte som opnar opp for å avdekkje det som er interessant med materialet og samtidig gjev eit slikt teoretisk grunnlag moglegheiter for å peike på problema. I dette arbeidet vil dermed styringsfonologien inngå som eit grunnlag for å beskrive den nordvestlandske kvantiteten på ein relevant måte.

1.3. Oversyn over avhandlinga

Denne studien er delt i tre hovuddelar. Den første delen, som omfattar kapitla 1-3, er ei orientering om bakgrunnen for studien. I kapittel 2, *Kvantitet i norsk*, vert den tradisjonelle handsaminga av kvantitet i norsk drøfta, samtidig som eg diskuterer grunnlaget for ein teori om morfologisk-fonologisk samhandling og viser at ein slik samhandlingsteori må orientere seg mot grensesignala (junkturane) i fonologien. Slike grensesignala er viktige for analysen i avhandlinga.

Kapittel 3, *Teori og modell*, er ein presentasjon av teoriane som vert nytta i arbeidet. Her blir teorien om fonologisk styring presentert med særleg vekt på korleis teorien handsamar relasjonane mellom dei prosodiske einingane i den fonologiske representasjonen. Her står styringsrelasjonane mellom einingane i det fonotaktiske domenet sentralt, dvs. relasjonane mellom konsonantar som inngår i konsonantsamband. I siste delen av kapitlet,

¹⁰ Desse teoriane vert det gjort nærare greie for i kap. 3.

¹¹ Eg skil her mellom teori og modell slik ein vil finne hjå Helge Dyvik i *Grammatikk og empiri* (Dyvik 1980: 19ff.). Ein teori påstår noko om verda, medan ein modell er eit sett av termar som set oss i stand til å beskrive. No er det ikkje alltid like lett å handheve eit slikt skilje mellom teori og modell i ein brukssituasjon, då ein teori i visse samanhengar kan nyttast som modell.

Elementteorien, diskuterer eg organiseringa av det segmentale materialet gjennom såkalla syntagmatisk heimling som forklarar fonotaktiske mønster. Her vil eg leggje særleg vekt på den delen av elementteorien som legg kompleksiteten, dvs. elementrepresentasjonen, til grunn for den fonotaktiske organiseringa av segmenta. Kapittel 4, *Informantgrunnlag og materialinnsamling*, gir eit oversyn over informantar og materialet som ligg til grunn for denne studien, og her drøftar eg reliabilitet og validitet.

I del to av avhandlinga (kap. 5-7) diskuterer eg kvantitetsrepresentasjonen i det som blir omtala som 'rotord'. Dette er ordformer utan tillagde affiks, dvs. at dei er uderiverte former som inneheld berre eitt fonologisk domene (jf. Kristoffersen 1991: 4). Føremålet med analysen av desse ordformene er nettopp å få fram samanhengar mellom kvantiteten av rotvokalen og den etterfølgjande konsonantismen. Dei vil her bli forstått som monomorfemiske ordformer som er leksikalsk representerte. I kapittel 5, *Vokalkvantiteten før interkonstituente styringsdomene*, vil kvantitetsrepresentasjonen i dei uderiverte ordformene i vestnorsk som har mediale og marginale konsonantgrupper med ein sonorant som vokalnær konsonant, bli drøfta. Slike konsonantgrupper dannar rimkomplement + opptakt-samband. I kapittel 6, *Vokalkvantiteten før intrakonstituente styringsdomene*, vil analysen verte utvida til å gjelde ordformer med mediale og marginale obstruent + sonorant-grupper, dvs. konsonantgrupper som har obstruentar som vokalnære konsonantar. Slike konsonantgrupper dannar opptakter i vestnorsk. Spørsmålet som blir drøfta her, er om det fonotaktiske mønstret i dei ulike konsonantgruppene verkar inn på vokalkvantiteten. I kapittel 6, *Kvantiteten i rotorda: ei oppsummering*, summerer eg resultatet av analysen i den første delen av avhandlinga.

I del tre av avhandlinga (kap. 8-14) vil eg sjå nærare på vokalrepresentasjonen i deriverte ordformer i vestnorsk. Her vil eg analysere dei morfologisk komplekse ordformene, dvs. ordformer som har meir enn eitt morfologisk domene i den fonologiske strukturen. Desse ordformene har fått tillagt eit bøyingssuffiks eller eit avleiingssuffiks til rota, eller dei er samansette av to røter (kompositum).

I kapittel 8, *Morfologisk kompleksitet*, diskuterer eg først grunnlaget for å rekne med at morfologi gjer seg gjeldande i den fonologiske representasjonen (overflata). Her vil eg freiste å kaste lys over problemet med grenser i fonologien, og spesielt spørsmålet om i kva grad morfologisk informasjon og morfologiske grenser kan opptre i og influere på fonologien, og om morfologiske og fonologiske strukturar er identiske eller forskjellige. Styringsfonologien har eit minimalistisk syn på interaksjonen mellom morfologi og fonologi (jf. Charette 1989, Kaye 1988: 141, 1995, Hulst and Ritter 1999, Gussmann 2007: 288). Teorien hevdar at

morfologiske strukturar ikkje har nokon effekt på den fonologiske representasjonen, i teorien omtala som *syntetisk* (eller *ikkjeanalytisk*) morfologi. Dersom morfologien likevel har nokon effekt, så er denne effekten liten og avgrensa til ei gruppe morfologiske strukturar, morfologiske domene som kjem til syne i den fonologiske representasjonen. I teorien er det sistnemnde alternativet omtala som *analytisk* morfologi (jf. Kaye 1995: 302, 318).

I kapittel 9, *Kvantiteten i rotnivåavleiingar*, drøftar eg kvantiteten i ordformer som har fått eit *d-*, *ne-* eller *e-*suffiks lagt til rota. I kapittel 10, *Kvantiteten i verb- og adjektivbøyingar*, vert analysen utvida til bøygde former med dentalsuffiks, dvs. preteritum og partisipp av verb og nøytrumsformer av adjektiv. I kapittel 11, *Kvantiteten i adjektiv og substantiv med synkopert vokal i fleirtal*, handlar det om fleirtalsbøying av adjektiv og substantiv med synkopert vokal i fleirtalsformene. Desse ordformene har realisert *-el*, *-er* eller *-en* i den ubøygde forma. I kapittel 12, *Kvantiteten i ordnivåavleiingar*, vert dei avleidde ordformene som får tillagde avleiingsaffiks som *-ning*, *-nad*, *-leg*, *-skap* osv., diskuterte, og i kapittel 13, *Kvantiteten i komposita*, dei samansette ordformene. I kapittel 14, *Element, konstituentstruktur og fonologisk-morfologisk samhandling i nordvestlandsk*, summerer eg resultatet av drøftingane. Kapittel 15 er eit oppsummerings- og avrundingskapittel.

1.4. Målområdet

Dette er eit dialektgeografisk arbeid. Målområdet som ligg til grunn for granskinga, er omtala som *nordvestlandsk*. I vår samanheng omfattar det Sogn og Fjordane fylke og den sørlege delen av Møre og Romsdal fylke, fogderia Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre (jf. kart 1 s. 345). Desse områda er ikkje omtolka til språkområde, som kan ha eit anna innhald enn det som ligg i det geografiske området. Det vestnorske målområdet vert tradisjonelt oppfatta som målføra på Vestlandet, f.o.m. Romsdalen til og med Aust-Agder på Sørlandet (Papazian og Helleland 2005: 105). Bruken av 'vestnorsk' vil i dette arbeidet dermed ikkje svare til den tradisjonelle forståinga av det vestnorske målområdet. 'Nordvestlandsk' vil vere meir i samsvar med tradisjonell oppfatning av det målområdet som er granska her. Men sognemålet er vanlegvis ikkje rekna med til dei nordvestlandske måla. Eg har likevel valt nordvestlandsk som samleomgrep for dei måla som er gjenstand for denne granskinga.

'Sognemålet' vert då oppfatta som dialektane som geografisk ligg i Sogn (indre, midtre og ytre Sogn), 'sunnfjordmålet' som dialektane i Sunnfjord, 'nordfjordmålet' som

dialektane i Nordfjord og 'sunnmørsmålet' som dialektane på Sunnmøre. Delar av sognemålet høyrer inn under dei vestnorske *a*-måla (indre og midtre Sogn til og med kommunane Vik og Balestrand). Resten av området høyrer med til dei nordlege *e*-måla (ytre Sogn frå Høyanger kommune) (Ølmheim 1983: 26). Måla i ytre Sogn høyrer dermed ikkje med til det språkområdet som tradisjonelt er oppfatta som sognemål. (På kart 1 er ytre Sogn med i området Sogn.)

Det vil stundom vere naudsynt å dele inn desse geografiske områda (Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre) nøgnare. Eg vil då referere til indre Sogn (kommunane Lærdal, Årdal, Luster), midtre Sogn (kommunane Aurland, Leikanger, Sogndal, Vik og Balestrand) og ytre Sogn (kommunane Høyanger, Gulen, Hyllestad, Solund). For Nordfjord går grensa mellom ytre Nordfjord og indre Nordfjord mellom kommunane Bremanger og Vågsøy på den eine sida og Gloppen og Eid på den andre, slik at ytre Nordfjord omfattar kommunane Selje, Vågsøy og Bremanger, og indre Nordfjord omfattar kommunane Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal. På Sunnmøre vert kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid og kommunane rundt Ålesund, som er Sula, Giske og Haram, omtala som ytre Sunnmøre, medan indre Sunnmøre omfattar Volda, Ørsta, Stranda, Norddal, Sykkylven, Stordal, Ørskog og Skodje.

Kapittel 2

Kvantitet i norsk

2.1. Innleiing

Som nemnt innleiingsvis er utgangspunktet for denne studien dei variasjonane som kan observerast når det gjeld vokallengd før konsonantgrupper i det nordvestlandske målområdet, med særleg vekt på realiseringa av lange vokalar før konsonantgrupper (overlang kvantitet). Vi har allereie vore inne på at moglegheita for realisering av lang vokal før ei konsonantgruppe, slik vi kan finne det i det fonologiske systemet i ymse delar av landet, kan gje signal om evna språket har til å synleggjere morfologien (jf. s. 9). Dette kan oppfattast som ei *forklaring* av kvantitetsrealisasjonen i vestnorsk (jf. Sandøy 1994b). Ein hypotese som dette arbeidet byggjer på, er at representasjonen av vokallengd i den fonologiske overflata av ordet kan kode informasjon om den morfologiske strukturen, dvs. at han kan implisere grensesignal som markerer morfologisk kompleksitet. Ein slik morfologisk struktur vil på eit vis vere knytt til mentale strukturar som er involverte når uttrykket blir produsert og forstått. Ei slik forklaring byggjer på ei forståelse om fonologisk-morfologisk samkvem, at morfologi på eit eller anna vis kan kome til uttrykk gjennom fonologisk prosessar. Slike kvantitetsrealisasjonar er beskrivne i mykje av målførlitteraturen her i landet, men utan at dei her har vore underlagde noka grundigare teoretisk handsaming (jf. m.a. Bjørkum 1968, Dalen 1984, Flom 1915, Hellevik 1938, Hjellbrekke 1967, Jenstad 1985, Papazian 1971). Eg skal vidare i dette kapittelet drøfte grunnlaget for eit morfologisk-fonologisk samkvem og korleis eit slikt samkvem kan kome til uttrykk gjennom signal om grenser (junkturar) i fonologien (jf. Gussmann 2007: xi). Men først kan det vere relevant å gi eit oversyn over korleis kvantiteten har vore handsama tidlegare i arbeid om norsk (og nordisk) fonologi.

2.2. Kvantitet i norsk fonologi

2.2.1 Oversyn

Det har vore skrive mykje om kvantitet i norsk gjennom åra (viktige arbeid her er Fretheim 1969, Haugen 1967a, 1967b, Kristoffersen 1992, 1999, 2000, Papazian 1998, Vogt 1942). Kvantiteten i norsk har også vore teken opp i arbeid i andre nordiske land (Árnason 1978, 1980, 1998, Eliasson 1972, 1978, 1985, Eliasson and La Pelle 1973). Derfor skal eg først presentere eit oversyn over ulike tolkingar av kvantitet i norsk, der eg viser til desse arbeida.

Den norske (og skandinaviske) kvantiteten er mykje diskutert, og det har vore ei teoretisk utfordring korleis kvantiteten skal beskrivast (Eliasson and Le Pelle 1973, jf. også Eliasson 1985: 101). Det heng m.a. saman med at kvantiteten er knytt saman med andre strukturelle trekk ved desse språka, og desse på ein avgjerande måte verkar inn på kvantitetsrealisasjonen. Dette gjeld særleg plasseringa av trykket. Problemet har først og fremst vore knytt til korleis ein skal handsame den gjensidige avhengigheita mellom vokallengd og etterfølgjande konsonantlengd i trykkstavingar (Kristoffersen 1999: 631). Kvantiteten i norsk er nemleg til vanleg regulert av ein komplementaritet mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme. Prinsippet om komplementær lengd, at anten vokalen eller den postvokaliske konsonanten i trykkberande stavingar er lang (Eliasson 1985: 101), gjeld både for svensk, norsk, islandsk og færøysk. Dersom vokalen og dei etterfølgjande konsonantane er i komplementær distribusjon, har spørsmålet vore om kvantiteten skal markerast på vokalen eller den etterfølgjande konsonantismen. Eit anna problem er at denne komplementariteten ikkje er gjennomført systematisk, korkje i norsk eller svensk. (Også i islandsk og færøysk finst der unntak frå regelen om komplementær kvantitet, jf. Árnason 1978, 1980, 1998, Gussmann 1985, 2002, 2003, Harris and Gussmann 1998, 2002, Papazian 1998: 185). Lange vokalar er ikkje avgrensa til omgjevnaden V:(K), lang vokal opptrer i omgjevnadene V:KK# også (jf. Papazian 1998: 168). Slik overleng kvantitet vedrører både morfemstruktur og morfofonologi (Eliasson and La Pelle 1973).

Fretheim (1969: 315) framhevar at det er tre ulike måtar å sjå kvantiteten på, anten som ein indre faktor ved vokalsegmenta, konsonantlengd er då redundant, ein prosodisk faktor som karakteriserer stavingar meir enn individuelle segment, eller som ein faktor som er relevant for konsonantar og vokalar samtidig. Fretheim deler sjølv dei ulike løysingane i to ulike retningar, ei segmental og ei prosodisk. Den segmentale retninga vil då oppfatta kvantiteten som ein indre faktor ved segmentet. Den prosodiske retninga vil på si side knyte kvantiteten til ei spesiell kvantitetseining i det prosodiske hierarkiet, då særleg stavinga, for å fange opp komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme. Det er då vokallengd som har vore føretrekt, dels pga. at den fonetiske durasjonsforskjellen er tydelegast der.

Ein annan måte å dele inn dei ulike framstillingane av kvantiteten, som vi skal gjere bruk av her, er å skilje mellom *strukturalistiske* og *generative* modellar for beskrivinga av kvantiteten (jf, Eliasson 1985, Kristoffersen 1999). Då er ein oppteken av å oppfatte kvantiteten som anten eigenskapar ved segmenta, eller som resultat av fonologiske prosessar (derivasjonar).

2.2.2. Strukturalistiske analysar av norsk kvantitet

I ei strukturalistisk tilnærming til kvantiteten er ein oppteken av einingane i den fonologiske strukturen. Typisk for den strukturalistiske tilnærminga er spørsmålet om korleis den fonemiske lengdemotsetninga i norsk (og dei andre skandinaviske språka) skal representast. Diskusjonen går på fonemstatusen til segmenta, anten vokalen eller etterfølgjande konsonantisme (Árnason 1980: 12).¹ Dersom vokallengd er fonemisk, må konsonantlengda oppfattast som allofonisk, og fonemisk konsonantlengd vil medfør allofonisk vokallengd (Kristoffersen 1999: 315). Hovudperspektivet mellom strukturalistane er at lengd er distinktiv for vokalar og allofonisk for konsonantar (Eliasson 1985: 102). Dette omtalar Eliasson som *the consistent duplicative solution*, dvs. at alle fonetisk lange vokalar, uavhengig av omgjevnader, utgjer lange fonem.

Strukturalistiske analysar av norsk kvantitet med grunnlag i segmentlengd finn vi m.a. hjå Vanvik (1969, 1978). Vanvik ser bort frå stavingslengd og hevdar at det er redundant å skilje mellom lange og korte stavingar. Han legg til grunn at vokallengd og konsonantlengd ikkje spelar same rolle i den fonologiske representasjonen, berre vokallengd er differensierande. Konsonantlengd er det ikkje.

Only vocoid duration (= vowel sound) length is differentiating in Norwegian (apart from a few dialects). Contoid (= consonant sound) length is not. Two words can be differentiated by varying vocoid duration alone, while variation in contoid duration alone will not produce different words. (Vanvik 1969: 75)

Dei durasjonsskilnader som kan påvisast, spelar ikkje avgjerande inn på eit systematisk skilje mellom lange og korte konsonantar, slik det gjer mellom lange og kort vokalar. Den

¹ Ulike løysingar er diskutert i Haugen (1958).

variasjonen mellom lange og korte konsonantar som kan påvisast i ord som [ˈmɑ:t] M 'mat' og [ˈmɑ:t:] ADJ 'matt', er ikkje funksjonell (fonemisk).²

Også Hovdhaugen (1967) vil knyte den relevante kvantitetsmotsetnaden til eigenskapar ved segmentet og ikkje til ei overordna prosodisk eining, som stavinga. Og som Vanvik vil Hovdhaugen hevde distinktiv vokallengd, og dermed allofonisk konsonantlengd (Hovdhaugen 1967: 327). Det er elles eit poeng for Hovdhaugen å knyte vokalkontrasten ikkje berre til kvantiteten, men òg til kvalitative eigenskapar ved vokalane, når han forsøker å knyte vokallengd saman med distinksjonen spent/slakk ('tense'/'lax') (jf. Fretheim 1969: 316).

Meir vanleg innafor dei strukturalistiske analysane av kvantitet i norsk er at opposisjonen mellom vokallengd og konsonantlengd utgår frå eit prosodisk mønster knytt til ei prosodisk eining i den fonologiske strukturen (Borgstrøm 1947, Haugen 1967a, 1967b, Papazian 1971, Vogt 1942). Det har vore ulike namn knytt til denne prosodiske eininga, som 'staving', 'prosodem' (Vogt 1942, Haugen 1967a, 1967b) eller 'kvantitetskjerne' (Papazian 1971) og 'kvantitetseining' (Papazian 1998). Vogt (1942) står fram som ein klassikar innafor ei slik prosodisk tilnærming til kvantiteten. Vogt (1942: 9) oppfattar kvantiteten som ein eigenskap knytt til stavingsnivået i den prosodiske strukturen, når han hevdar at "[t]he distinction must be of prosodic nature, because phoneme sequences as a whole and not single phonemes are opposed". Han knyter dermed kvantiteten til den prosodiske eininga som utgjer kombinasjonen av vokal og etterfølgjande konsonantisme, og han nyttar omgrepet prosodem om eininga som kan gripe denne opposisjonen, eit omgrep som er nytta av fleire (m.a. Haugen 1967a).

Målet med Vogts artikkel er å beskrive og analysere strukturen til dei norske (austnorske) monomorfemiske orda ved hjelp av 'funksjon'. Med funksjon til eit fonem meiner han evna til å inngå i samband med andre fonem (Vogt 1942: 7). Han beskriv kombinasjonsevna til dei ulike einingane i artikkelen. På grunnlag av funksjon kan så fonema klassifiserast.³

Vogt (1942: 21) omtalar også dei overlange rima i artikkelen sin, og han framhevar at lange vokalar opptre når den etterfølgjande konsonantismen inneheld morfologiske grenser, bøyings- og avleingssuffiks. Han hevdar såleis at denne kvantitetstypen har ein klar

² Vanvik viser at antatt korte konsonantar har om lag 90 % av durasjonen til dei antatt lange konsonantane. Opptre konsonantane i innlyd, er dei korte konsonantane 70 % av durasjonen til dei tilsvarande lange (Vanvik 1978).

³ Og han nyttar omgrepet styring ('government') om relasjonane mellom einingane i strukturen, fonem og prosodem, utan å gå nærare inn på omgrepet her (jf. tidlegare s. 8 note 7).

morfologisk funksjon, men han går ikkje nærare inn på dette då denne artikkelen omhandlar monomorfemiske ord. Den einaste monomorfemiske forma med overlang kvantitet han omtalar, er [¹pru:st] M 'prost', ei form han forklarar med at *st*-gruppa opptretr som eit enkelt fonem, som han omtalar som 'composite phonemes'. Denne fonemtypen fungerer som einskildfonem, men utgjer ei fonemgruppe som skil seg frå dei andre fonema (Vogt 1942: 14).

Einar Haugen tar opp kvantiteten i norsk i to artiklar, begge frå 1967 (Haugen 1967a, 1967b). Også han har ei prosodisk tilnærming til kvantiteten når han hevdar at "[l]ength is not a property of certain vowels, but rather of the syllabic nucleus as a whole, since it can be applied either to the vowel or to a following consonant, but never to both at the same time" (Haugen 1967a: 49). Fonologisk lengd er dermed ein faktor som er knytt til vokalen og den påfølgjande konsonantismen. Den kvantitetsberande eininga omtalar han som prosodem, og domenet for denne suprasegmentale eininga er stavinga og ikkje ordet (Haugen 1967a: 47). Han lanserer ein modell for ei gjensidig avhengigheit mellom trykket, kvantiteten og tonemet som binære storleikar. For Haugen er ei staving anten lang eller kort, dei lange stavingane har anten trykk eller dei er trykkause, og trykkstavingane er anten tonale eller nontonale (Haugen 1967a: 51, 1967b: 188). Han framhevar her at kvantiteten har ein vidare distribusjon og er dermed overordna trykket på ein slik måte at "[q]uantity, then divides syllables into two classes, long or short; stressed is a more restricted feature, normally found only in long syllables, in which it characterizes stressed syllables as distinct from unstressed ones." (Haugen 1967b: 188). Eit slikt perspektiv som Haugen her framhevar, og som vil medfør at kvantiteten og ikkje trykket er koda leksikalsk og dermed dreg til seg trykket, er han, så vidt eg kan sjå, åleine om.

Lengd er for Haugen ein privativ eigenskap ved segmenta, anten til stades i segmentet eller fråverande. Innafor desse prosodiske einingane er lengda på vokalar og lengda på konsonantar komplementær under primærtrykk, men denne komplementariteten forsvinn i trykksvake einingar. Dermed framhevar Haugen komplementariteten når han hevdar at "in any stressed syllable this peak must rest on either the vowel or the following consonant" (Haugen 1967b: 188). Fonemisk vokallengd gir allofonisk konsonantlengd og vice versa.

Haugen framhevar samtidig at lengd ikkje er det einaste fonetiske korrelatet som er involvert ved vokalane.

Particularly in vowels there are marked differences in quality: long vowels may be higher than corresponding short ones, and more or less diphthongal. We can subsume both these qualities under a common term and refer to the long vowels as 'tense', and

the short as ‘lax’; an opposition that associates them with a well-known if not wholly clarified set of terms in the Jakobson feature system. (Haugen 1967b: 187)

Han drøftar likevel ikkje denne samanhengen mellom kvalitative og kvantitative eigenskapar ved vokalane.

Av seinare arbeid om kvantiteten i norsk har Papazian (1998) det vi kan kalle ei *neostrukturalistisk* tilnærming til kvantiteten i norsk (jf. Eliasson 1978). I denne artikkelen drøftar Papazian det han omtalar som det ”normalnordiske” kvantitetssystemet (Papazian 1998: 166). Han hevdar at det er misvisande å snakke om stavingslengd som ”et språklig trekk på linje med fonemlengde”, både i eldre og nyare nordisk då stavingslengd er avleidd av fonemlengd og ikkje ein uavhengig eigenskap ved stavinga (jf. Kristoffersen 1992: 189). Det er dessutan berre ein del av stavinga som er relevant i samband med lengd, nemleg ’rimet’ – vokalen og den eventuelt etterfølgjande konsonanten. Papazian avviser såleis at stavinga eksisterer som fonologisk eining, og dermed kan heller ikkje kvantiteten knytast til stavinga. Kvantiteten er knytt til segmenta, men slik at lengd opptre som eigenskap ved sekvensen av vokal og etterfølgjande konsonantisme. Denne kvantitetssekvensen omtalar han som ’lengdesegment’ (Papazian 1998: 181). Konsekvensen er då at både vokalen og konsonanten kan vere lang i dei aktuelle stillingane, men ikkje begge på en gang - og ein av dei *må* vere lang. Korte og lange vokalar og konsonantar er komplementært fordelt innafør sekvensen VK. Dette er det sentrale trekket ved det ”normalnordiske” kvantitetssystemet som gjeld dei nordiske språka unntatt dansk (Papazian 1998: 170).

2.2.3. Generative analysar av norsk kvantitet

Generative analysar av norsk (og skandinavisk) kvantitet dukka opp på slutten av 1960-åra. Kvantitetsrepresentasjonen vart her knytt til den fonologiske prosessen på ein slik måte at lange segment opptre i bestemte kontekstuelle samanhengar. Lange vokalar vart oppfatta som deriverte frå ein underliggjande kort vokal. Ei slik derivert lenging vart knytt til opne stavingar som var berarar av trykk. Vokallenging og lange konsonantar opptre i den same restriktive omgjevnaden, nemleg ei trykkstaving (Kristoffersen 1999: 634f.).⁴ Dermed har

⁴ Hjä Árnason (1998: 23) er dette omtala som ”weight to stress”: ”Icelandic, Norwegian and Swedish have in common that stressed syllables follow what is sometimes referred to as Prokosk’s Law (cf. e.g. Vennemann 1988: 30), i.e. they are heavy by stress (weight to stress). The effect is that stressed syllables are lengthened in proportion to the amount of stress, and the lengthening occurs on the vowel if it is long, but on the consonant if

diskusjonen gått på om segmentslengd skal markerast i leksikonet, då leksikalsk markering av trykk samtidig var ei markering av kvantitet (Kristoffersen 1999: 635).⁵

Fretheim (1969) introduserte den generative analysen av norsk kvantitet. Her vert det understreka at vokallengd og konsonantlengd er komplementære i norske stavingar og at denne gjensidige avhengigheita er knytt til trykkstavingar (Fretheim 1969: 315). Trykket er knytt til stavingar gjennom autonome fonologiske reglar (Fretheim 1969: 318). Dermed rangerer trykket over segmentlengd i det prosodiske hierarkiet (jf. det som er sagt om Haugen 1967 tidlegare), og dei trykkberande stavingane er fonetisk lange. Men fonologisk lange stavingar er berre dei som har ein kort vokal som er følgd av ein geminat eller ei konsonantgruppe, dvs. VKK. Vokallenging skjer då gjennom ein fonologisk regel, og då knytt til vokalar i trykkstavingar som er etterfølgde av enten ingen eller éin konsonant. Dermed skil Fretheim mellom opne og lukka trykkstavingar, der berre dei lukka er leksikalsk representerte. Han avviser samtidig lengd som inherent faktor ved konsonantane. Når konsonantar er lange, er det på grunn av geminasjon (Fretheim 1969: 316).

Også Weinstock (1970) representerer ein tidleg generative analyse av trykk og kvantitet i norsk. Weinstock tar opp Haugens perspektiv om ei hierarkisk fordeling av trykk, kvantitet og tonelag, men framhevar at trykket ikkje treng vere representert i leksikonet, men kan knytast til ordet gjennom ein fonologisk regel. Trykk er dermed føreseieleg. Konsonantlengd kan føreseie trykkplasseringa når ho vert plassert på vokalen før konsonantismen som er berar av lengd (Weinstock 1970: 575). Konsonantlengd (geminerte konsonantar og konsonantgrupper) er leksikalsk representert, men ikkje vokalkvantitet, som er generert/derivert gjennom reglar (Weinstock 1970: 576). Dermed opnar han for ei derivert vokallenging i opne stavingar, men ikkje i stengde:

according to one of the marking conventions, vowels will be [+ TENSE] in open syllables and [- TENSE] in closed syllables [...] This convention is important for Norwegian rime it will account for most of the differences between long and short vowels (Weinstock 1970: 576)

Weinstock knyter også vokallengd til spent/slakk skilje mellom lange og korte vokalar (Weinstock 1970: 584).

the vowel is short”.

⁵ Innafor standardteorien for den generative grammatikken (SPE-tradisjonen) såg ein bort frå stavingane som teoretiske einingar i fonologien (Chomsky and Halle 1968). Dermed vart kvantiteten knytt til segmentale skilnader, enten som vokallengd eller konsonantgeminasjon (jf. Kristoffersen 1999: 634).

Eit interessant poeng i Weinstock (1970) er handsaminga av den overlange kvantiteten. Han fører opp tre grupper som berarar av denne kvantitetstypen: i) monomorfologiske former som 'jern' N, 'garn' N, ''Karl' PROP, 'dårleg' ADJ, 'ærlig' ADJ, ii) bøygde og avleidde former som 'adle' V, 'nedre' ADV, 'åkrer' M FLT, 'edru' ADJ og iii) bøygde former som 'limte' V PRET, 'malte' V PRET, 'ment' V PTS, 'lært' V PTS, 'svakt' ADJ N, 'sent' ADJ N, 'kjært' ADJ N, 'stivt' ADJ N. Den lange vokalen som opptrer i dei førstnemnde ordformene (i), må handsamast som ein vokallengingsregel frå ein underliggjande kort vokal (Weinstock 1970: 592). Den andre gruppa hevdar han har ein underliggjande lang vokal (Weinstock 1970: 590). For dei morfologisk komplekse formene ordformene i gruppe (iii) er den underliggjande vokalen også lang, slik at desse formene held fast på den underliggjande lange vokalen her. Ein kort vokal, som opptrer i former som 'skimte', 'likte' osv., opptrer gjennom ein vokalkortingsregel (Weinstock 1970: 593) eller geminasjonsregel som i 'blått' ADJ N osv. (Weinstock 1970: 594).

Stig Eliassons analyser av svensk kvantitet har også ei rekkje tilvisingar til norsk (Eliasson and La Pelle 1973, Eliasson 1978, Eliasson 1985). Eliasson framhevar at lenging i skandinavisk språka skjer gjennom derivasjon, som han omtalar som "the prosess solution", som vil seie at "Swedish quantity is actually, for the most part, predictable by general rules" (Eliasson 1978: 112). Vokallengd er dermed føreseieleg i svensk (og norsk) og den distinktiv kvantiteten må flyttast frå segmentstadiet til det prosodiske nivået (Eliasson 78: 118). Kvantiteten er eit resultat av trykkplasseringa, og han er knytt til morfemet gjennom ein enkel trykkregel:

If the stressed vowel is followed by at most one consonant within the morpheme, length is assigned to the vowel; if more than one consonants follows within the morpheme, the assignment of length is postponed to the postvocalic consonant (Eliasson 1978: 112).

Det vil seie at vokallengd ikkje i seg sjølv er den viktigaste oppfatninga her, men det viktige elementet er relasjonen mellom den trykkberande vokalen og den etterfølgjande konsonantismen (Eliasson 1978: 117-18).

Det er eit problem med denne derivasjonsbaserte kvantiteten i høve til det generative førstellinga av leksikalsk representasjon som redundansfri informasjon. Ved å hevde at trykkplassering er overordna kvantiteten, vert den leksikalske representasjonen eit problem. All markering av kvantitet som lengd i den underliggjande strukturen vil vere det same som ei

leksikalsk markering av trykk, noko som vil dublere ”or even blur the constraints governing stress placement” (jf. Kristoffersen 1999: 635).

Gjert Kristoffersen tar sjølv opp den norske kvantiteten i tre arbeid frå 1990-åra (Kristoffersen 1992, 1999, 2000). Kristoffersen følgjer Eliasson når han hevdar at vokallengd er oppfatta som derivert eller prosodisk basert på grunnlag av trykket (Kristoffersen 1992: 191). Kristoffersen analyserer kvantiteten i norsk ut frå ein morateori der kvantiteten er knytt til realisasjonen av moraer i den fonologiske strukturen. Vekta til ei staving vil då vere representert ved hjelp av moraer, der ei tung staving vil innehalde to moraer, medan ei lett staving berre ein. Lengd vil vere underlagt trykk på den måten at trykket tvingar fram lengd gjennom kravet om at stavingar som tiltrekkjer seg trykk, vil vere bimoraiske for å møte kravet om at trykkstavingar må vere tunge (Kristoffersen 1992: 196, 1999: 634-5). Kvantitetskontrasten i norsk kan dermed representerast gjennom ulike tilknytingsmønster mellom rotstrengen og morastatusen til lette og tunge stavingar: ei vokalisk rot som er knytt til begge moraene i ei tung staving, er realisert som lang, og ei vokalisk rot knytt til berre ein mora er kort. I sistnemnde tilfelle vil den etterfølgjande konsonanten vere knytt til den andre mora i den trykkstunge stavinga (Kristoffersen 2000: 117). Lange vokalar opptre då i to kontekstar, i opne trykkstavingar og i finale trykkstavingar som er lukka av ikkje meir enn ein postvokalisk konsonant. Dersom det opptre meir enn ein konsonant ordfinalt i ei trykkstaving, vil denne konsonanten ha status som ekstrametrisk, og bli syllabisert som opptakt dersom det vert lagd til ei staving gjennom derivasjonen. Dermed vil

[f]inal consonant extrametricality is called upon to account for lengthening before single consonants at word ends, and lexical moraicity of single intervocalic and final consonants is assumed in order to block lengthening in environment where the normal syllabification rules which give onset formation priority would have created open syllables. Gemination are derived when another syllabic head follows a moraic consonant, because the need to supply syllables with onsets will link the latter to the second syllable as well. In word-final positions no geminate is derived, however, but the moraic of the consonant will block extrametricality from being assigned.

(Kristoffersen 1999: 634-5)

Kvantiteten vil dermed ikkje vere knytt til segmentet direkte, men til den prosodiske strukturen gjennom moraer. Moraknyttinga avgjer dermed både vokalkvantiteten og konsonantgeminasjonen ved at ein moratilknytt konsonant vil spreie seg til den etterfølgjande

opptakt gjennom trykkplasseringa. Dermed vil ikkje berre vokalkvantiteten vere derivert i Kristoffersens system, men også konsonantkvantiteten (geminasjonen). Vokallengd og konsonantgeminasjon opptrer dermed i den same avgrensa omgjevnaen, i ei staving som er base for trykket.

Morateorien får klarare fram enn andre teoriar at kvantiteten i norsk er forårsaka av trykket, og dermed at kvantiteten er derivert lenging av vokal så vel som ein geminert konsonant (Kristoffersen 1999: 634-5). Det er likevel eit problem å fastslå kva denne moraen er, ut over at det finst ei i trykkklause stavingar og to i trykkstavingar.⁶ Samtidig er ikkje problemet med redundansfri leksikalsk representasjon løyst med innføringa av moraer i strukturen. Dersom moras er kvantitetsberande einingar, vil moraer i leksikalsk representasjon vere trykkplasseringsdublerande. Det kan vere ei utfordring å slå fast kva som er grunnleggjande i den leksikalsk representasjonen, om det er vokalen eller konsonanten som er markert underliggjande (for å oppnå ein redundansfri leksikalsk representasjon). Vokallengd og konsonantgeminasjonen er eigenskapar som er knytt til trykkstavingar i og for seg, slik at kvantiteten er avhengig av trykket og vil dermed vere eit resultat etter at trykktilnytinga har skjedd. Det vil seie at vekt realisert som vokallengd og konsonantgeminasjon må opptre etter trykket, og kan ikkje kodast direkte i den prosodiske strukturen. Dersom trykk ikkje direkte skal referere til vokallengd og konsonantgeminasjon, som ikkje skal kodast leksikalsk, vil eit regelbasert "stress-to-weight"-prinsipp "that insures that light, stressed syllables that had a disyllabic foot will be expanded to bimoraic size after stress has been assigned" (Kristoffersen 2000: 160), kunne løyse problemet gjennom to reglar, morainnsetjing ('Mora Insertion') som set inn ein mora i ei lett staving som knyter til seg trykk, følgd av moratilknytning ('Mora Linking'), som knyter anten vokalen eller den postvokaliske konsonanten til den innsette moraen (Kristoffersen 2000: 160). Det vil bety at trykkstavingane vert ekspanderte etter at trykket har blitt knytt til stavinga, og denne ekspansjonen er basert på morainnsetjing og moratilknytning. Slik sett føyer Kristoffersens analysar av kvantiteten i norsk seg inn i det tradisjonelle regelbaserte SPE-paradigmet, som uttrykkjer fonologiske prosessar gjennom ein ordna regelkomponent.

Dei fleste av dei analysane av norsk kvantitet som det er referert til i dette oversynet, baserer analysane av norsk kvantitet på austnorsk. Både Papazian (1998), Fretheim (1969) og Kristoffersen (1992, 1999, 2000) ser kvantiteten i norsk ut frå eit austnorsk perspektiv. Det er eit poeng i Árnason (1980) at vestnorsk følgjer islandsk og færøysk gjennom m.a. gjennom

⁶ Árnason (1998: 12) peikar dessutan på at kortdiftongane i islandsk er eit argument mot moras.

lenging av vokalen framfor konsonantismen i kvantitetsomlegginga. Samtidig rår det ei førstelling om at den gjensidige avhengigheita mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme opptreir meir konsekvent i det vestnorske kvantitetssystemet enn i austnorsk, m.a. i bøygde ordformer. Spørsmål til den vestnorske kvantitetsrepresentasjonen er m.a. om kort vokal er avgrensa til omgjevnaden VKK #, og om lange vokalar også opptreir i omgjevnader som VKK og VK\$K (der \$ markerer ei morfemgrense). Det er dette som skal drøftast vidare her. Vi skal derfor sjå nærare på vokalrepresentasjonen innafor eit morfofonologisk perspektiv.

2.3. Kvantitet i eit morfofonologisk perspektiv

2.3.1. Oversyn

Den rådande førstellinga er altså at dei moderne vestsandinaviske dialektane har ein vokalkvantitet som er avhengig av kvantiteten til dei etterfølgjande konsonantane, uavhengig av grensa mellom opptakt eller rimkomplement i konsonantismen (Papazian 1998: 170, Torp 1982: 56). Ein har då meint at vestnordiske dialektar (vestnorsk, færøysk og islandsk) har eit fonologisk system som ikkje toler lange vokalar før konsonantgrupper. Desse talemåla skal ha eit felles kvantitetssystem med ein konsistent relasjon mellom vokalkvantitet og etterfølgjande konsonantkvantitet. Vokallengda kan her seiast å vere føreseieleg i fonologien, bestemt av den etterfølgjande konsonantismen (Árnason 1980: 22, Sandøy 1985: 168, 1994b: 237, Torp 1982: 34). Eit slikt mønster overser altså spørsmålet om konsonantgruppene inneheld ei morfemgrense, slik at vi ikkje vil vere i stand til å avkode den morfologiske strukturen i ei form som /kvi:l+tə/ V PRET 'kvilte' gjennom overflateforma [²kviltə].

Eit anna system ser ut til å vere realisert i austnordiske talemål (austnorsk, svensk). Ei tradisjonell førstelling er her at kvantiteten til stammevokalen ikkje vert korta dersom den etterfølgjande konsonantgruppa inneheld ei morfemgrense: /ly:s+te/ V PRET 'lyste', /kvi:l+te/ ADJ N 'kvilte', /jũ:p+t/ ADJ N 'djupt'. I desse dialektane vil det dermed vere ein kontrast mellom stammen til substantivet /mɑst/ F 'mast' og stammen til verbet /mɑ:s+t/ V PART 'mast'. Det einaste generelle unntaket er at i dagens dialektar vil vokalen alltid vere kort før geminatar, som i /mœt+te/ V PRET 'møtte' (Sandøy 1994b: 238, Kristoffersen 1999: 631).

Den overlange kvantiteten, slik han opptrer i dei austnordiske dialektane, ser då ut til å vere ein struktur som markerer ei morfemgrense (Jahr and Lorentz 1983: 11, Sandøy 1994b: 240, 1997: 283) medan den lange kvantiteten tilsvarande vil maskere morfemgrenser. Ei slik forklaring av kvantiteten byggjer på eit bestemt perspektiv på fonologiske prosessar, ei forståing om at det kan skje ei samhandling mellom fonologi og morfologi. Ein slik fonologisk-morfologisk samhandlingsmodell fører med seg forståinga om at morfologisk materiale kan kome til syne i den fonologiske realisasjonen gjennom vokalkvantiteten. Helge Sandøy (1997) har vore inne på at den såkalla 'kvantitetsomlegginga', som representerer ei avvikling av dei gammalnorske overlange stavingane, også representerer ei avmorfologisering av gamle suffiks. Dermed vart morfologien kamuflert gjennom kvantitetsendringa, slik at

[e]in stor del av avviklinga av overlange stavingar kan vi sjå på som ei avmorfologisering av ein del derivasjonssuffiks. Dei er ikkje lenger produktive, og blir heller ikkje lenger så gjennomsluktige. Eit indisium på at det er slik, er at desse "stavingsinnkortingane" – eller rettare vokalforkortingane – ikkje skjeddde en masse. Ein del fekk tidleg forkorta vokalen, fordi dei ikkje var lett morfologisk gjennomsluktige lenger, f.eks. blómstr. Det ordet er i dag mangstad uttalt som /blómster/, dvs. med /ɔ/ som kjem av norr. kort *o*. Det er mange tidlege vokalkortingar som støttar opp om dette, mens derimot f. eks. verbformene med opplagd morfemgrense ikkje får denne utviklinga. Det heiter /dotter/ (norr. dóttir) med tidleg vokalkorting, og dermed ein /ɔ/ som reflekterer norr. *o*, men /tutte/ (norr. þótti pret. av þykja) med sein vokalkorting og dermed ein vokal som reflekterer norr. *ó*. (Sandøy 1997: 276-7)

Kvantitetsomlegginga representerer ei språkending der vokalkvantiteten, som hadde vore autonom i gammalnorsk, begynte å bli bestemt av den språklege konteksten, dvs. den etterfølgjande konsonantismen. Ein har òg tradisjonelt rekna med at trykk var avgjerande involvert i denne endringa (eller desse endringane), og at resultatet var å produsere ei eining som står sentralt i moderne norsk, den trykktunge stavinga (Árnason 1980: 2, jf. også Kristoffersen 1992: 205). Árnason (1978: 140) omtalar dette som ein prosess der

the present distribution of length in Scandinavian languages (except Danish and some Swedish and Norwegian dialects) came about through what can be called a uniformization of the quantity (Allen 1973) of stressed syllables. This can be set in a real world perspective by describing it as an articulatory habit that spread, may be even semi-consciously, from speaker to speaker within the Scandinavian dialect area.

Tradisjonelt blir ei staving med trykk oppfatta som tung, og her vil det i utgangspunktet vere ein enkel regel som styrer segmentlengda (Kristoffersen 1992: 194).

No er situasjonen den at vi ikkje treng rekne med at den overlange kvantiteten forsvann under kvantitetsomlegginga, fordi det finst overlang kvantitet i dei fleste norske dialektar i dag.⁷ Skilnaden mellom gammalnorsk og moderne norsk når det gjeld kvantitet, slik det vert aktuelt å framstille han i dette arbeidet, vil då vere at i gammalnorsk var segmentlengda i større grad uavhengig av den prosodiske strukturen enn ho er i moderne norsk. I gammalnorsk var prosodisk kvantitet (såkalla ”stavingskvantitet”) utelukkande bestemt av segmentlengda, sidan ein kort vokal som vart følgd av ein kort konsonant, forma ei kort eller lett staving, medan ein lang vokal eller ein lang konsonant (eller konsonantgrupper) alltid forma ei tung staving. Det var ein distinktiv skilnad mellom lange og korte segment i både trykktunge og trykklette stavingar i gammalnorsk. I moderne norsk vil derimot segmentlengd vere deriverbar frå den prosodiske strukturen (kvantiteten i såkalla trykksterke ”stavingar”). ”Trykkstavingar” er lange eller tunge, og distribusjonen av segmentlengd følger ganske enkelt frå reglar i moderne norsk: lang vokal + kort konsonantisme eller kort vokal + lang konsonantisme (Kristoffersen 1992). På segmentnivået er lengd i moderne norsk *syntagmatisk*, medan lengd i gno. var *paradigmatisk*, slik Árnason (1980: 12) hevdar.

Except for those first mentioned, then, every sequence of two or more consonants is preceded by a short vowel. This is unlikely to be coincidences and is probably an aspect of the same rule that gives short vowels in front of long consonants (Árnason 1980: 22).

Ei slik bunden segmentlengd finn vi i vestnorsk og i islandsk, ifølgje Árnason (1980: 65).

Det austnorske systemet derimot, vil vere bestemt også av andre vilkår. Det vil her vere snakk om morfologiske strukturar som intervenerer i den fonologiske strukturen, dvs. at segmentlengda til ein viss grad er avhengig av morfologiske grenser (Sandøy 1997: 282). Slike morfologiske grenser kan dermed påverke den fonologiske strukturen nettopp ved at vokalkvantiteten i ei underliggjande form blir halden ved lag gjennom fonologiske prosessar. I vårt arbeid vil vi tolke dette som *analytisk* morfologi, til skilnad frå *syntetisk* eller

⁷ Det finst belegg i dei fleste dialektmonografiar frå ulike kantar av landet som kan oppfattast som empiriske kartleggingar. Karakteristisk for slike empiriske kartleggingar er anomalistatusen tilfella med overlang kvantitet får, gjennom analogiforklaringar. Eit typisk døme er Dalen (1984: 176f.)

ikkjeanalytisk morfologi, der vokalkvantiteten opptrer som ein funksjon av den etterfølgjande konsonantismen (jf. kapittel 8). Dette skulle tyde på at mønsteret i islandsk er konsekvent syntetisk (jf. Gussmann 2002: 164), dvs. at morfemgrenser ikkje påverkar vokalkvantiteten ved at ”a rule defining the length of vowels in stressed syllables as a function of the following consonantism: *vowels are short before two or more consonants, but long otherwise*” (Árnason 1980: 22.),⁸ Vi skal argumentere meir for eit slikt skilje mellom kvantitetssystem seinare (jf. kap. 3 s. 81f.).

2.3.2 Relevansen av morfologi i fonologien

Forklaringa av ulikskapar i kvantitetsovrिंगane i dei vestnordiske og dei austnordiske dialektane byggjer på moglegheita for morfologisk-fonologisk samhandling. Grenseflatene mellom morfologi og fonologi er mykje diskuterte (jf. m.a. Papazian 1998), og det vil vere uråd å drøfte dei i detalj i dette arbeidet. Samtidig står samanhengen mellom morfologi og fonologi så sentralt i dei drøftingane og analysane eg skal gjere, at det er naudsynt å kome inn på han. Når ein skal sjå nærare på den påverknaden ei etterfølgjande konsonantgruppe har på den føreståande vokallengda, kjem ein ikkje utanom at dei konsonantgruppene som skal omtalast, også representerer konsonantgrupper som er resultat av morfologiske prosessar, gjennom tillagde bøyings- og avleiingsendingar og gjennom komposisjonsformer. Analysen av kvantiteten vert difor motivert av morfologiske omsyn. Spørsmålet er då i kva grad den morfologiske konteksten verkar inn på den fonetiske realisasjonen (overflata). Fleire analysar av lengd i nordiske språk argumenterer nettopp for at morfologiske tilhøve har innverknad på fonologien. Dette gjeld særleg generative analysar som Eliasson (1972, 1978, 1985), Eliasson and La Palle (1973), og Riad (1992) for svensk, Árnason (1980, 1998) for islandsk og Fretheim (1969) og Weinstock (1970) for norsk.

Det er to måtar ein kan nærme seg grenseflatene av fonologi og morfologi på. Den *morfofonologiske* tilnærminga fokuserer på typar av fonologisk informasjon som er naudsynlege for operasjonen til dei såkalla ’ordformasjonsreglane’ (Szpyra 1990: viii).⁹ Eit

⁸ Nokre unntak finst, uavhengig av om gruppene inneheld morfemgrenser eller ikkje, slik det går fram av Árnason (1980: 22): ”There is one exception to the length rule [...] This is that before sequences in which the first consonant is a member of the set /p, t, k s/ and the second of the set /v, r/ vowels are long.” Før desse konsonantgruppene er det alltid lang vokal, uavhengig av morfologien (jf. også Árnason 1978, 1998: 6, Gussmann 1985, 2002, 2003, Harris and Gussmann 1998, 2002).

⁹ Eit anna perspektiv kan vi kalle ’phono-morphological’, som i hovudsak konsentrerer seg om fonologiske aspekt ved problema, m.a.o. granskar på kva måte fonologiske reglar interagerer med morfologien (Szpyra 1990: viii).

sentralt spørsmål er her sammenhengen og plassen til denne morfofonologien: Er han ein del av morfologien, ein del av fonologien, eller konstituerer han ein separat komponent? Når Árnason (1980) opererer med syntagmatiske og paradigmatiske relasjonar, er dette eit døme på blandingsnivå mellom strukturnivåa (jf. s. 30). Slike blandingsnivå har vore eit av dei sentrale emna for diskusjonane i den fonologiske teoridanninga i mange år (jf. Hyman 1977: 76).

I tråd med somme fonologar kan ein fonologisk analyse berre rettferdiggjera med basis i dei fonetiske variasjonane, slik Papazian (1998: 175) hevdar at "en fonologisk analyse bør bygge utelukkende på *fonetiske* forhold (og selvsagt funksjonelle, inkl. distribusjonelle). Det fonologiske er det som *høres*, og fonologi er d.s.s. funksjonell fonetikk."¹⁰ I dette perspektivet kan ikkje informasjon frå eitt grammatisk nivå (som morfologisk eller syntaktisk) nyttast for å rettferdiggjera ein analyse, fordi "[d]en morfologiske strukturen i en ordform – om den består av ett morfem eller flere, og i siste tilfelle hvor grensa mellom dem går og hvilke morfemer det er – er irrelevant i en fonologisk analyse" (Papazian 1989: 175). Hockett (1942: 20-21) oppsummerer denne posisjonen når han hevdar at "[t]here must be no circularity; phonological analysis is assumed for grammatical analysis, and so must not assume any part of the latter. The line of demarcation between the two must be sharp". Dette standpunktet var vanleg mellom fonologar som fokuserte på såkalla 'oppdagingsprosedyrar', der lydar kan bli knytte til fonologiske einingar (fonem), som igjen ved andre prosedyrar kan knytast til grammatiske einingar (morfem, ord) (Hyman 1977: 76).¹¹

Når Eliasson (1985: 104) hevdar at "the presence or absence of vowel length is for the most direct predictable from the phonetic/morphemic context (with basis of the number and nature of overt consonants after the stressed vowel in the morpheme", understrekar han at morfologiske element påverkar vokallengda, ved sida av dei omgjevande konsonantsegmenta i overflata. Også Benediktsson (1963: 142), Eliasson and La Pelle (1973: 137) og Árnason (1980: 20-21) reknar med morfologiske element i handsaminga av kvantitetsmotsetninga. Benediktsson (1963: 142) seier at "morphological relations are not only a valid and admitted, but also an essential criteria in phonemic analysis." Det morfologiske argumentet er at lang vokal ofte førekjem i ord som elles har lang vokal, dvs. i bøyingsformer der endingar vert lagde til ordstammar med lang vokal, og i ordsamansetjingar.

Det har vore vanleg å blande nivå i dei fleste framstillingane av fonologi.

¹⁰ Eit slikt standpunkt argumenterer Papazian (1998) for når han opererer med det han kallar "fonetisk realisme".

¹¹ Chomskys kritikk av oppdagingsprosedyrar ("discovery procedures") finst i Chomsky (1957: 50-53).

All one needs to disprove the claim that phonological analysis can be done without recourse to grammatical information is to find a language where the phonology cannot be described without reference to the grammar, where "grammar" is used as a cover term for both morphology (word structure) and syntax (sentence structure). (Hyman 1977: 76)

Det avgjerande spørsmålet vert då kva slag informasjon som den morfologiske komponenten kodar inn i det fonologiske nivået i beskrivinga. Mange fonologiske beskrivingar krev slik informasjon som morfologiske grenser og klassekategoriar, som substantiv og verb, slik Sandøy (1985: 33) framhevar:

fonologiske reglar kan også vise til morfologiske vilkår, eller morfologiske omgivnader. Vi kallar dei morfofonologiske reglar, og slike reglar har dermed ikkje like stort verkeområde som dei generelle fonologiske reglane. (I somme lærebøker blir morfofonologien behandla som ein del av morfologien. Men som det går fram ovafor, er morfofonologien eigentlig ein del av både fonologien og morfologien. Derfor blir det bare eit val i framstillinga kvar vi plasserer han.)

Referansen til grammatiske grenser i fonologiske analysar har sidan standardteorien inkludert ordgrenser (##), interne ord- eller stammegrenser (#) og dei generelle morfemgrensene (+). Skiftinga mellom velare og palatale konsonantar i norsk er eit døme på korleis morfologiske vilkår verkar inn på den fonologiske representasjonen.

(5) *Ordformer med veksling mellom velar og palatal konsonantisme*

| $/k/ > /c̟/$ | $/g/ > /j̟/$ | $/sk/ > /s̟c̟/$ |
|---|---|--|
| [² na:c̟e - ² nakne] | [¹ veg: - ¹ vej̟:en] | [¹ fisk - ¹ fiš̟c̟en] |

Sandøy presiserer det idiosynkratiske i desse formene på det fonologiske planet:

For dialektane i dag kan vi ikkje formulere noen generell fonologisk regel som kan gjøre greie for desse skiftingane. [...] Her må vi derimot opplyse om kva for bøyingsklassar regelen skal gjelde i, og kva for bøyingsendingar palataliseringa skal skje før (Sandøy 1985: 34).

Hyman (1977: 79) vil derfor hevde at "[i]t is thus possible that the phonetic reflexes or realizations of phonemes not only reveal phonetically determined oppositions but also are determined by grammatical facts."

Problemet som Sandøy (1985) reiser, er å få fram at skiftinga mellom velar og palatal konsonantisme i desse formene på ein avgjerande måte er knytt til ulike morfologiske kategoriar, i det første tilfellet ei veksling mellom eintal og fleirtal, i dei to andre ei veksling mellom ubestemt og bestemt form. To løysingar er foreslått når det gjeld dette problemet. Den første, som er karakteristisk for amerikansk fonemikk, er å identifisere det fonetiske uttrykket til segmentet som ein finn i posisjonen for den 'nøytraliserte' fonologiske representasjonen: Palatal og ikkje-palatal vert nøytraliserte som ikkje-palatal (Hyman 1977: 79f.).

(6) Ordformer før veksling mellom velar og palatal konsonantisme

| I | II | III |
|-------------------|-------------------|-------------------|
| /nɑ:ke/ - /nakne/ | /veɡ:/ - /veɡ:en/ | /fisk/ - /fisken/ |

Den andre løysinga, som var karakteristisk for Prag-skulen, er å lansere eit 'arkefonem' i den nøytraliserte posisjonen: [²nɑ:⊘̄ɕe] ADJ og [²nɑ:kne] ADJ FLT vert presenterte som [²nɑ:Kə] og [²nɑ:Knə] (Kristoffersen 1991: 285f.).

Men begge desse løysingane gjev avkall på moglegheita til å uttrykkje den kjensgjerninga at den eine realiseringa av ordet /nɑ:Ke/, [²nɑ:⊘̄ɕe], alternerer med ei form som uttrykkjer pluralis, [²nɑ:knə]. Det vi ikkje kan sjå bort frå, er at det er ein systematisk semantisk forskjell på dei to formene [²nɑ:⊘̄ɕe] ADJ og [²nɑ:knə] ADJ FLT på norsk. Sidan denne relasjonen er sakna gjennom den reine fonemiske analysen, vert eit separat, meir abstrakt nivå introdusert, kalla morfofonemisk nivå, som har morfofonemet som grunnleggjande eining.

The basic motivating principle is that it should be possible to give one representation to each morpheme (minimal meaning unit of grammar) and derive all of the allomorphs from this one "base form" (barring, of course, the possibility that the two allomorphs may not be phonologically related to one another, for example, *go* and *went*) (Hyman 1975: 79).

Morfemet 'glo' V har to alternative fonemiske former (allomorfar) i norsk: {gloT} V PTS av 'glo' og {gloT} V SUP av 'glo' (Dei store bokstavane er her representantar for morfofonem og må ikkje koplant til arkefonem.) Her er {T} eit morfofonem som stundom er representert med fonemet /t/ og stundom med fonemet /d/. Det er likevel utan vidare klart "dass jeder Versuch, solche Paradigmen im Sinne eines "taxonomischen" Strukturalismus zu segmentieren und durch Allomorphe zu beschreiben, zu erheblichen Schwierigkeiten führt", som Werner formulerer det (1973: 775). Dermed er det heller ikkje slik at ein på ein adekvat måte kan beskrive dei mekanismane som er verksame ved bøyning i eit språk som norsk.

Samanhengen mellom to ordformer som opptrer i eit bøyingsparadigme, kan ein derimot få fram gjennom å utnytte den generative lingvistikken bruk av 'base' eller underliggjande form og 'transformasjonar'.

Danach müssen wir bei den Stämmen und Flexiven jeweils von abstrakteren, zugrundeliegenden Formen ausgehen, die isolierbar sind. Sobald man aber diese Stämme und Flexive in Kontakt bringt, werden Transformationsprozesse in Gang gesetzt, wobei die Stämme und Flexive zueinander als auslösender Kontext wirken. Wenn diese Reaktionen alle abgelaufen sind, ergeben sich die Oberflächenform, die [...] ein taxonomisch (mechanisch) unauflösliches Ergebnis darstellen (Werner 1973: 775).

Slik er det mogleg å handtere samanhengen mellom grunnforma og bøyingsformene på ein adekvat måte.¹² Denne førestellinga om ein base for morfema er innordna i modellar av generativ fonologi presentert så tidleg som i Halle (1959) og førestellinga er framleis karakteristisk for mykje av det arbeidet som er gjort i denne teorien, eller 'standardmodellen' (jf. Chomsky and Halle 1968).¹³ I denne modellen vil då grammatikken til eit språk utgjere ei avdekking av reglar og deira ytre organisering, som knyter saman dei underliggjande formene med overflateformene (Scheer 2009: 3). Denne SPE-tradisjonen opna opp for moglegheita til å kople saman dei ulike representasjonane av morfem som opptrer i ulik utforming i overflata og som har ei enkel underliggjande form.¹⁴ Denne knytinga av overflateformer til

¹² Gjennom ei slik deling i separate former og generelt verksame fonologiske transformasjonar er det mogleg å forklare korleis ein relativt lett kan lære seg ekstremt kompliserte fonologiske språk, som t.d. færøysk (Werner 1973: 775).

¹³ For ein enkel og konsis introduksjon av systematisk fonemikk sjå Schane (1973).

¹⁴ Av Kaye er dette omtala som "the central dogma of SPE", og Scheer (2009: 4) hevdar at "[t]he tacit law in SPE and in post-Spe period was that no generalizations could be missed which meant that morphemes that appeared in different shapes on the surface have to have one single underlying form."

underliggjande former utvikla seg til eit komplekst system med omsyn til transporten av underliggjande former til overflateformer, som opna opp for nær sagt uendelege kombinasjonar av djupne til overflate (Scheer 2009: 4). Dette gav opptakta til ein diskusjon om kor abstrakt ein fonologi kan vere,¹⁵ og målet vart då å redusere denne kompleksiteten uttrykt gjennom avstanden mellom underliggjande form og overflateformer. I styringsfonologien vart målet å avvikle all ytre regelordning og eliminere regelkomponenten i det heile (jf. Kaye 2005: 283). Dette kunne gjerast gjennom ein reduksjon eller ei total avvikling av regelkomponenten som låg i derivasjonsaspektet mellom overflata og djupna, i retning av det som Vennemann omtalar som 'fonologisk realisme' (Vennemann 1976). Utviklinga har ført fonologien bort frå dette gjennom reduksjon av abstraksjonen, der siktemålet nettopp har vore ein «monostratal» og «non-derivational» fonologi, slik det vert uttrykt hjå Harris and Lindsey (1995: 46):

There is no level of "systematic phonetic" representation distinct from some systematic phonemic or underlying any more than there is "systematic phonemic level" distinct for anything else.

Som Gussmann (2007: 45) uttrykkjer det, er det "[i]n brief [...] just one level of representation, whether it is called phonetic or phonemic is totally irrelevant. This is a single level of interpreted representations which reflects all the linguistic relevant properties of the same structure of the language." Dermed kan ein få ei tilbakevending til eit system med representasjon der den morfologiske vekslinga kan handsamast gjennom allomorfi. Opptakta til dette kom gjennom Kaye (1995), der han utvikla eit system for handsaming av morfofonologien gjennom å introdusere grenser og fonologiske domene i fonologien. Dette vart seinare utvikla m.a. gjennom Gussmann (2007: 6), som vil hevde at

all theories to some extent admitted that semantically, paradigmatically or etymologically related morphemes do not necessarily amount to a single underlying form. Different shapes of the same morpheme are not necessarily related by phonological computation but may also be controlled by allomorphy selection (or related mechanisms).

¹⁵ Allereie i 1973 diskuterer Kiparsky dette i "How abstract is Phonology?" (Kiparsky 1973).

Distansen mellom underliggjande former og overflateformer vart opplevd som eit problem for teorien på ein slik måte at ein vende seg bort frå dette og erstatta den ytre regelkomponenten og regelordninga med overflaterepresentasjonar. Den moglege samanhengen mellom dei ulike formene innafor eit paradigme vart såleis knytt til allomorfi (eller supplesjon). Dette opna opp for morfofonologien, dvs. ei samansmelting av eit fonologisk og eit morfologisk nivå (som tidlegare i strukturalistisk tradisjon var ulike analysenivå). Ei samankjeding av stamme og bøyingsaffiks skjer gjennom prosessar der dei morfologiske einingane på ein eller annan måte kan sporast i den fonologiske strukturen (eller 'overflata'). Eit viktig spørsmål som reiser seg, er i kva grad morfologien er synleg i den fonologiske representasjonen, og ikkje minst på kva måte. Skilnaden mellom /mast/ F 'mast' og /mɑ:s+t/ V PTS 'mast' er at den sistnemnde ordforma er ei morfologisk kompleks form, som nemnt ovafor. Denne kompleksiteten kjem til uttrykk ved at vokalen er lang før konsonantgruppa. Morfologiske domene kan representerast i fonologien som ivaretaking av ei basisform gjennom at ein opprettheld ein lang trykberande vokal. Strukturen held fast på det opphavlege domenet i den morfologisk komplekse ordforma med dei to involverte morfema [mɑ:s] og [t]. Det er denne strukturen som her vert omtala som analytisk, ein struktur som held fast den morfologiske basisforma gjennom derivasjonar ved tillagt bøyingsaffiks, ein struktur som er synleg i overflateforma.

Eit alternativ er at denne strukturen ikkje kjem til uttrykk i overflata, at han så å seie er usynleg. Dette vil då tilseie at det skjer ei vokalkorting i slike former, slik at realisasjonen vert [l'mast] V PTS 'mast'. Denne forma er uskiljeleg frå den monomorfemiske forma [l'mast] F 'mast'. Når morfologisk komplekse former opptre slik at morfologien ikkje kjem til syne i overflata, vert dette omtala som syntetisk morfologi, ein morfologi som er usynleg i fonologien.

Vi vil i dette arbeidet ta det standpunktet at morfologien anten har liten eller ingen innverknad på fonologien (Kaye 1995: 302). Det er minimalt samkvem mellom morfologi og fonologi, og det er avgrensa til ei undergruppe morfologiske strukturar. Dersom morfologien er synleg, skjer dette gjennom morfologiske domene. Desse domena vert oppretthaldne gjennom den fonologiske prosessen, dei held fast på strukturen gjennom derivasjonen (samankjedinga). Den syntetiske morfologiske strukturen kan ikkje avkodast direkte frå den fonologiske overflateforma.

Dersom ein hevdar at moderne vestnorske dialektar har ein vokalkvantitet som er avhengig av kvantiteten til den etterfølgjande konsonantismen, uavhengig av om denne konsonantismen har status som opptakt eller rimkomplement, vil dette vere eit argument i

retning av distinktiv konsonantisme. Dette mønsteret opptrer også i konsonantgrupper som inneheld ei morfemgrense (Sandøy 1994b: 238).

(7) *Realisasjonen av nokre bøyde ordformer i vestnorsk og austnorsk*

| Grunnform | VNO | AUNO |
|----------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|
| [² kvi:lə] V 'kvile' | [² kvi:ldə] V PRET | [² kvi:ltə] V PRET |
| [² ly:sə] V 'lyse' | [² ly:stə] V PRET | [² ly:stə] V PRET |
| [¹ jʉ:pə] ADJ 'djup' | [¹ jʉpt] ADJ N | [¹ jʉ:pt] ADJ N |

I dei vestnorske formene er vi ikkje i stand til å avkode den morfologiske strukturen i overflateforma [²kvi:ldə] V PRET 'kvilte' osv. I dei austnorske formene derimot er det eit gjennomgåande mønster at kvantiteten til stammevokalen ikkje vert korta dersom den etterfølgjande konsonantgruppa inneheld ei morfemgrense: /ly:s+te/ V PRET 'lyste', /kvi:l+te/ V PRET 'kvilte', /jʉ:p+t/ ADJ N. Det einaste generelle unntaket til dette er at både dei vestnorske og austnorske dialektane har kort vokal før geminatar, som i /mæt+te/ V PRET 'møtte'.

I det vestnorske systemet vil samankjeda ordformer (bøyingar, avleiingar og samansetjingar) vere mindre transparente, og resultatet er eit språk med mindre synleg morfologi. Dette inneber at fonologien er meir autonom eller uavhengig av morfologien i dette systemet. Den morfologiske strukturen i ei ordform – om han utgjer eitt morfem eller fleire – og kor grensa mellom dei går, er irrelevant i den fonologiske analysen. Her blir 'slukt' V PTS og 'slukt' F fonologisk parallelle, endå om dei representerer ulike morfologiske mønster.¹⁶

Det andre systemet har ein meir synleg morfologi. Dialektar som har dette systemet, har halde på eit mønster der den overlange kvantiteten er eit signal om ei morfemgrense. Skilnaden mellom ordformer som 'slukt' V PTS og 'slukt' F vert i denne konteksten ei morfofonologisk veksling som kan avkodast i den fonologiske strukturen (overflata). Framstillingar av ein slik skilnad mellom kvantitetssystema i vestnorske og austnorske dialektar finn vi m.a. hjå Torp (1982: 34) og Sandøy (1985: 168, 1994b: 237).

¹⁶ Hellevik (1936:73f.) omtalar dette i *Fjaler målet* på denne måten: "I Fj.m. er tendensen mot nemnde bøyingsformer principielt ingen ting har å seie for vok. kvantiteten. Dette er eit viktig drag i målført, vokalen har regelrett blitt stytt, og for alle vokalar undanteke å og a (der brigdet snautt er merkande) har dette også ført til kvalitative brigde. Målet er soleis særleg rikt på indre bøyng." Det same systemet er representert i islandsk, jf. Gussmann (2002: 164).

2.3.3. Grensesignal i fonologien

Grunnlaget for forståinga om morfologisk-fonologisk samhandling er at samankjedinga av rot og affiks kan kome til syne gjennom dei fonologiske prosessane. Dei fonologiske beskrivingane representerer teoriar om kognitive og fysiske prosessar involverte i det som kan oppfattast som kommunikatív åtferd og det perseptuelle produktet som er grunnlaget for denne åtferda.¹⁷ Ein studie av morfologi som nedfeller seg i den fonologiske representasjonen, vil vere ein kognitiv innfallsvinkel til språkstudiet. Ein kognitiv fonologi har konsekvensar for korleis ein oppfattar dei fonologiske prosessane. Dei må på eitt eller anna vis knyte seg til delingsmekanismane i språket, ”phonological processes serve to facilitate parsing” hevdar Kaye (1989: 50). Grensesignala i fonologien er nettopp slike delingsmekanismar i språket. Samtidig som dei kan observerast i språket, må dei opptre som mentale prosessar, og Kaye (1989: 53) framhevar at

although phonological processes are expressed in phonetic terms, they do not have underlying phonetic motivation. On the other hand, there does seem to be some evidence that they play an important role in parsing. Specifically, they provide important cues as to the number and location of constituent boundaries. Such information, as we have seen, is vital for syntactic processing to take place at the observed transmission rate of oral speech. One might wonder why demarcative cues are not constant across languages.

Med ein kognitiv innfallsvinkel til fonologien spelar dei syntagmatiske relasjonane i strukturane ei stor rolle. Syntagmatiske mønster eller organisasjonsprinsipp avgrensar kva vi kan finne på å tolke inn i eit signal. Slike syntagmatiske mønster viser oss kva som er ’limt saman’, og kva som ikkje kan henge saman, men opptre som grenser i den kontinuerlege straumen av lydølgesignal.¹⁸ Dei fonologiske prosessane (eller i alle fall mange av dei) viser kva som fonologisk heng saman, kva som er fonologiske domene. Sterke fonotaktiske restriksjonar hjelper oss med å orientere oss om kvar i ordet vi er. Når morfemgrenser er markerte i somme språk, hjelper det oss til å kjenne att kva som er bøyingsendingar,

¹⁷ Ei framstilling av fonologiens stilling som vitenskap vil ein finne m.a. i Burton-Roberts mfl. (2000: 2f.).

¹⁸ Allereie Trubetzkoy (1939) var inne på slike grensesignal eller ’junkturar’ ”Juncture (notion: +) refers to the boundary between two morphemes which, among many other things, prevents regular application of phonetic processes which would otherwise occur between two neighbouring sounds. With juncture, Good day! Is pronounced [god + dey], as opposed to [gudey].” (Jf. Scheer 2011)

avleingsuffixs og komposisjonseiningar. Slike grensesignal eller junkturar kan t.d. vere at fonologiske prosessar ikkje opptre mellom segmenta i den fonologiske strukturen, eller at det opptre uvanlege kombinasjonar av segment (uekte konsonantgrupper).

(8) *Ordformer som syner grensesignal (junktur)*

| | Overflateform | Morfologisk form | Ordform |
|---|---------------------------|------------------|----------------|
| a | [¹ grɑ:n̥ɑ:r] | [grɑ:n][ba:r] | 'granbar' N |
| b | [¹ sa:gtɪnd] | [sa:g][tɪnd] | 'sagtind' M |
| c | [¹ tɑn:ga:r] | [tɑn:][ga:r] | 'tanngard' M |
| d | [¹ tɛŋgɛ] | [tɛŋgɛ] | 'tenger' F FLT |

I (8a) kjem /n/ og /b/ i ein 'uventa' posisjon, ein posisjon som dei ikkje kan stå i i ikkje-komposita. I (8b) syner mangel på regressiv assimilasjon det same. Når to segment er morfeminterne, syner dei stemtheitsharmoni, heile konsonantgruppa er anten stemt eller ustemt. Tilsvarende mangel på homorganitet viser ordforma 'tanngard' (8c). Her er det realisert eit palatalt nasalsegment, /ɲ/, før ein velar, /g/. Mangel på velar homorganitet viser at dei to segmenta høyrer til ulike domene. Dette er derimot ikkje tilfelle i ordforma 'tenger' (8d). Her syner nettopp den velare uttalen av /n/ at desse to konsonantane må vere morfeminterne. I (8a–c) er det ikkje noko signal som blir laga for å markere ei grense, men det dreier seg om eit brot på ei forventning. Under føresetnad av at desse segmenta var limte saman, venta vi ikkje å finne ein /n/ saman med ein /b/, ein /g/ saman med ein /t/ osv.¹⁹

Inkorporeringa av grenser i den fonologiske representasjonen stiller oss overfor to ulike typar konsonantsamband, *ekte* eller *uekte* konsonantgrupper. I dei uekte konsonantgruppene vil dei fonologiske prosessane generere fonotaktiske mønster som syner at desse konsonantgruppene opptre innafor eitt domene, medan dei uekte konsonantgruppene vil synleggjere ei morfemgrense som fell mellom medlemene i konsonantgruppa. Det er nettopp lokaliseringa av grensa som "løyser ut" bruken av desse prosessane (Kaye 1989: 79). Det kan då vere spørsmål om korleis slike grenser skal markerast i fonologien, som ein tom plass eller som parentesar som viser syklisk nivå.

(9) *Markering av morfemgrenser i fonologien*

- a. [tɑn:Øga:r]
- b. [tɑn:][ga:r]

¹⁹ Denne mangelen på fonetisk samsvar valdar problem dersom ein skal halde seg fonemisk til slike former (jf. Sandøy 1994a: 11).

I (9a) er det den tome plassen, her markert som /Ø/, som synleggjer grensa, i (9b) er det parentesane.

Dei fonologiske prosessane skal ikkje tolkast berre i det tradisjonelle perspektivet at dei legg til rette for eller forenkler artikulasjonen, dei har også ein kognitiv funksjon og viser kva som heng saman. Alt dette hjelper oss med å orientere oss i lydmassen og å organisere straumen av lydbølgesignal, slik at vi lettare kan lage ein tentativ analyse som vi prøver på signala vi høyrer.²⁰

Dersom grensesignala i fonologien kodar informasjon om den morfologiske strukturen, vil utfordringa vere å finne fram til kriterium for slik informasjon, dvs. på kva måte morfologien nedfeller seg i fonologien, og korleis han i så fall skal 'lesast' i fonologien. For dialektane med overleng kvantitet kan distinksjonen mellom lang og kort vokal i den fonologiske representasjonen av ordformene knytast til den morfologiske integrasjonen i fonologien. Dei morfologiske einingane nedfeller seg altså i den fonologiske arkitekturen på ein måte som lar seg empirisk påvise og adekvat beskrivast.

Vokalkvantisiteten (realisasjonen av lang versus kort vokal før konsonantgrupper) kan kode informasjon om statusen til den etterfølgjande konsonantgruppa, om denne er ei ekte konsonantgruppe eller ei uekte (her vil det seie ei konsonantgruppe skild av ein tom kjerne). Realisasjonen av ein tom kjerne mellom konsonantar signaliserer at desse konsonantane ikkje opptre som naboar på skjelettstrengen. Slik mangel på naboskap kan vere forårsaka nettopp av realisasjonen av morfologi ved at dei to konsonantane høyrer til ulike morfologiske domene, slik det kjem fram i analysen av [sløkt] F 'slukt' og [slu:kt] V PTS 'slukt' nedafor. (Hakeparentesen markerer morfologisk domene.)

- (10) a *Realisasjonen av 'slukt' F*
 [sløkt]
 b *Realisasjonen av 'slukt' V PTS*
 [[slu:k]t]

²⁰ Poenget med at grenser kan vere viktige, representerer ein prinsipiell kritikk av den metoden som er brukt i for eksempel Vogt (1942) for å analysere stavingsstruktur. Vogt tar utgangspunkt i einstavingsord, for han reknar ord og staving som samanfalle i slike tilfelle. Ved at den stavingsgrensa som Vogt reknar med, her fell saman med ordgrensa, kjem det inn ei prinsipiell feilkjelde. Han blir ikkje i stand til å skilje mellom ordgrense og stavingsgrense. Ei reindyrka stavingsgrense finn vi berre inne i ord (Sandøy 1994a: 10).

'*Kt*' er ei umogleg morfemintern opptakt i vestnorsk. Dersom denne konsonantgruppa opptrer som rimkomplement + opptaktssamband, den einaste fonotaktiske moglegheita, så skulle det vere umogleg å realisere lang vokal før dette konsonantsambandet, slik det går fram (10a). Dersom lang vokal opptrer i denne ordforma, kan grunnen vere at *k* og *t* begge høyrer til ulike morfologiske domene, slik det går fram av (10b).

Denne analysen byggjer inn ei erkjenning om at morfologien nedfeller seg som domene i den fonologiske realisasjonen. Denne domenestatusen kan observerast i delingsmekanismane i fonologien, *kt* realisert etter lang vokal representerer eit (morfemgrense)signal, som vert uttalt gjennom den lange vokalen før konsonantgruppa.

Skilnaden mellom den deriverte og den uderiverte forma vert koplta til komposisjon versus ikkje-komposisjon. Meinnga er nedfelt som medvit om nettopp komposisjonaltitet, slik at komposisjonen reflekterer eit meiningspotensiale som byggjer inn skilnader mellom ordavleiingar, bøyingar og ordsamansetjingar, og uderiverte eller leksikalsk bestemte ordformer. Dei morfologisk uderiverte formene er ikkje-komposisjonelle, dei vil handsame fonologien (segment og fonotaks) som uavleidde, ubøygde eller usamansette morfem. Morfologien i komposisjonsformer på ordnivået kan derimot innehalde strukturar (konsonantgrupper) som ikkje er tillatne i uderiverte ordformer. Her vil ein kunne møte sjeldne sekvensar, som elles ikkje kan opptre innafor eit ord eller morfem, som '*dn*', '*mt*' osv.

Distinksjonen mellom morfologien i deriverte ordformer på den eine sida og morfologien i uderiverte ordformer på den andre introduserer oss for to former for morfologiske prosessar (Haugen 1973: 300). Den eine av desse er representert i ordformer der dei deriverte formene ser ut som morfologiske simpleksformer, og frå eit fonologisk perspektiv opptrer dei som simpleksformer. Denne morfologien er usynleg i fonologien, og vil her bli omtala som syntetiske strukturar. Dei analytiske strukturane vil på den andre sida synleggjere morfologien i den fonologiske representasjonen. Denne strukturen bidreg til definisjonen av separate fonologiske domene, $[[A][B]]$, som komposisjon, eller $[[A]B]$, som er avleiing og bøyning (Kaye 1995: 302ff.). Domenestatusen kan lesast i fonologien gjennom det fonotaktiske mønsteret og gjennom vokalrepresentasjonen.

For den einskilde språkbrukaren vil kjennskapen til lang eller kort vokal vere basert på intuisjon. Slik intuisjon må vere koplta til den lingvistiske kompetansen deira, førstelingane om mogleg språkbruk (Chomsky 1986a: 27). Vokalkvantiteten i relasjon til den etterfølgjande konsonantismen kan dermed forklarast som nedfelling av medvit om morfologiske grenser og dermed realisasjonar av tyding i den fonologiske strukturen. Vi tolkar grensene ut frå kvantitetsrepresentasjonen. For dialektar som ikkje realiserer lange vokalar før

konsonantgrupper, vil morfologien vere usynleg. Dersom morfologien på denne måten er usynleg i det fonologiske domenet, vil dette seie at grensesignal ikkje påverkar den fonologiske arkitekturen i det fonologiske domenet (jf. Kaye 1995: 310). Slike ordformer, som ikkje viser teikn til morfologisk kompleksitet, inneheld ingen interne domene eller andre teikn på at dei er morfologisk komplekse ordformer, dei inneheld dei same fonologiske eigenskapane som uderiverte ordformer. Ei konsonantgruppe vil, i ein struktur som kamuflerer morfologisk kompleksitet, opptre som ei ekte konsonantgruppe, og dermed påverke vokalkvantiteten på same vis som i uderiverte ordformer. Ein syntetisk morfologisk struktur vil derimot synleggjere ein kvantitet som er regulert av den etterfølgjande konsonantismen. I ein slik kontekstavhengig kvantitet vil ordformene 'mast' F og 'mast' V PTS ha den same fonologiske overflateforma, [¹mast]. På denne måten kan distinksjonen mellom ein analytisk og ein syntetisk morfologi korrelere med tolkinga av morfologi i det fonologiske domenet. Vi skal vidare i dette arbeidet byggje på denne skilnaden mellom moglege modellar for avkoding av det fonetiske uttrykket og bruke dei på det vestnorske språkmaterialet. Det teoretiske grunnlaget for desse modellane vil liggje i styringsfonologien, som vi skal gje ei samanfatning av i kapittel 3.

Kapittel 3

Teori og modell

3.1. Innleiing

I dette kapittelet (som er eit teorikapittel) vil eg presentere ein modell for analysen av kvantiteten i vestnorsk. Med kvantitet meinst her tolking av fonetisk lengd. Målet med analysemodellen er å knyte kvantitetsrepresentasjonen til vilkår i fonologien som er prinsipp- og parameterbestemte. Det vil seie at eg meiner å vise at kvantitetsrepresentasjonen i norske trykkstavingar er regulerte av universelle prinsipp og parameter, slik at dei variasjonane som kjem fram, må knytast til parametriske variasjonar i den universelle grammatikken. Som Eliasson (1978: 111) hevdar, er det slik at

[e]very language investigated so far seem to confront the analyst with certain quite puzzling spots in its structure [...] the puzzles arise as consequences of general and regular structural principles which, however, interact in such complex ways that the underlying system is very hard to unlock.

Ved å bruke dei prinsippa og parameterane som er utvikla i styringsfonologien, meiner eg det er mogleg å utvikle ein modell for beskrivinga av den vestnorske kvantiteten på ein adekvat måte.¹ Denne modellen byggjer då på ein generell teori om den prosodiske strukturen eller konstituentstrukturen, teorien om *fonologisk styring* (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985, 1999, Kaye 1990) og ein teori om den melodiske strukturen eller segmenta, *elementteorien* (Harris 1990, 1994, Harris and Lindsey 1995, 2000).

Denne delinga dannar grunnlaget for framstillinga i dette teorikapittelet, der eg først presenterer styringsfonologien med vekt på prinsippa om fonologisk styring og tome kjernar. I denne delen tar eg opp diskusjonen om stavinga og lanserer termen *radikal* for samanføringa av opptakt og etterfølgjande rimkonstituent. I den andre delen av kapittelet, *Elementteorien*, beskriv eg elementa, som er dei minste fonologiske einingane. Ut frå element kan ein beskrive strukturen i dei relevante segmenta i vestnorsk. Den siste delen av teorikapittelet er ein presentasjon av teorien om

¹ Styringsfonologien er ein teori som i særleg grad har utnytta erkjenninga om at den språklege strukturen er regulert av prinsipp og parameter (jf. m.a. Kaye 1990: 301).

kompleksitet, som byggjer på elementstrukturen til segmenta, og som spelar ei avgjerande rolle for dei moglege fonotaktiske mønstra som konsonantgrupper kan danne. Desse mønstra spelar ei viktig rolle i drøftingane som kjem seinare. I siste delen av kapittelet presenterer eg modellen.

Dei avgrensingane eg vil gjere, er for det første å handsame kvantiteten i norsk med særleg vekt på vestnorsk.² Det andre er at eg i denne delen av avhandlinga vil avgrense drøftingane til dei monomorfemiske omgjevnadene for kvantiteten. Kvantiteten i polymorfemiske ordformer vil måtte integrere også morfofonologiske perspektiv i handsaminga av kvantiteten i norsk, noko som eg kjem attende til i kapittel 8. Eg vil likevel kommentere kvantiteten ut frå polymorfemiske perspektiv der dette er nødvendig for dei aktuelle drøftingane, t.d. der den fonetiske overflata inneheld spor av andre nivå i fonologien.

3.2. Den prosodiske strukturen

3.2.1. Oversyn

Til grunn for den modellen som vert nytta for kvantitetsanalysane i dette arbeidet, ligg altså ein teori om den grammatiske arkitekturen, teorien om *fonologisk styring* og ein teori om representasjonen eller segmentstrukturen, *elementteorien*. Derfor vil eg her gje ei (kort) framstilling av hovudtrekk i desse teoriane. Eg vil likevel understreke at dette ikkje er noka fullstendig framstilling av styringsfonologien eller utforminga av han.³ I denne framstillinga er det lagt vekt på å få fram dei momenta som ligg til grunn for utforminga av analysemodellen vår.

Modellen for handsaminga av kvantiteten byggjer på ei førestelling om at den fonologiske strukturen er bestemt av eigenskapar ved den fonologiske arkitekturen bak den språklege overflata og at desse eigenskapane er regulerte av prinsipp og parameter.⁴ Prinsippa, som er universelle i sin

² Dei mange arbeida om kvantitet i norsk har i stor grad vore konsentrerte om austnorsk, slik vi m.a. kjenner frå Vanvik (1969), Fretheim (1969), Kristoffersen (1992, 1999), Weinstock (1970) ofl.

³ Styringsfonologien har gjennomgått ei sterk utvikling og store endringar sidan han vart utforma i slutten av 1980-åra og byrjinga av 1990-åra. Dei grunnleggjande framstillingane av styringsfonologien er Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985, 1990). Viktige arbeid elles er Brockhaus (1995, 1999), Charette (1988, 1989, 1990, 1991, 1992, 1998), Harris (1990, 1992, 1994, 1996, 1997), Harris and Gussmann (1998), Harris and Kaye (1990), Harris and Lindsey (1995, 2000), Kaye (1987, 1988, 1989, 1990, 1992, 1995, 1996, 2000), Lindsey and Harris (1990), Yoshida (1990, 1991, 1993, 1996). Brockhaus (1995) gjev eit kritisk og godt oversyn over hovudpunkta i teorien. Gjennom monografiar har teorien vorte tilpassa til ulike språk som fransk (Charette 1990, 1991, 1992), engelsk (Harris 1994), tysk (Brockhaus 1995, 1999), japansk (Yoshida 1996) og seinast til polsk (Gussmann 2007). I dette arbeidet byggjer eg på det som er omtala som Standard Government Phonology (jf. Scheer 2004). Scheer (2004), som representerer ei utvikling i retning av ein CV-fonologi, gjev ein kritisk gjennomgang av standardteorien.

⁴ Det er ei sentral oppdaging i moderne lingvistikk at på det abstrakte planet ser det ut til å vere ein sams anatomi i alle ord i språket. Viktige premisser her er at alle komplekse kategoriar i naturlege språk er forma i samsvar med universelle strukturelle prinsipp, at alle leksikalske kategoriar kan bli definerte i samsvar med eit avgrensa inventar av faktorar, og

karakter, regulerer kva for strukturar og kombinasjonar som er moglege, og språkspesifikke parameter bestemmer kva for moglegheiter som faktisk er realiserte i det einskilde språket (Lowenstamm and Kaye 1986, Kaye 1990: 301).⁵ Slike prinsipp er anten paradigmatisk (strukturelle) eller fonotaktiske (relasjonelle eigenskapar ved segmenta) i sin natur (jf. Hulst and Ritter 1999). Paradigmatisk eigenskapar er knytt til konstituentstrukturen, syntagmatiske eigenskapar til styringsrelasjonar mellom segmenta. Dei fonologiske representasjonane er velforma innafor parametersettjinga dersom alle prinsippa og heimlarmekanismane er tilfredsstilte (Hulst and Ritter 1999: 114). Det er desse førestellingane om at språkstrukturen er regulert av universelle prinsipp og språkspesifikke parameter, vi skal utnytte når vi i dette arbeidet skal handsame kvantiteten i vestnorsk. I det følgjande vil eg introdusere den grunnleggjande ingrediensen i teorien som er relevante for denne studien. Dei endringar av teorien som nyare utvikling har ført til, som t.d. Scheers CV-struktur (Scheer 2004), vert ikkje omtala dersom det ikkje har relevans for den analysen som skal gjerast her.

3.2.2. Fonologisk styring

Den fonologiske strukturen har ulike representasjonsnivå, eit konstituentnivå og eit melodisk nivå (Gussmann 2002: 57, 2007: 24). Innafor og mellom konstituentane i den fonologiske strukturen opptre det syntagmatiske relasjonar som her vert omtala som styringsrelasjonar.⁶ Slike styringsrelasjonar ligg til grunn for konstitueringa av den fonologiske strukturen (Cyrano 2010: v).⁷ Desse syntagmatiske relasjonane skal kunne presenterast som generelle eller universelle prinsipp i den fonologiske teorien, slik at det ligg eit universelt mønster til grunn for organiseringa av segmenta på tidsaksen eller skjelettstrengen (Charette 1991: 5). Ein sentral påstand i teorien om fonologisk styring er at den fonologiske strukturen er best framstilt gjennom binære hovudkomplementrelasjonar, og at denne strukturen gjeld på alle nivå av den hierarkiske organiseringa

at ein distinksjon kan gjerast mellom ulike nivå med ulik kompleksitet i frasestrukturen (jf. Bussmann 1996: 527). Det er semje om at dei generaliseringane som kan gjerast om korleis lydar er grupperte saman, kan utviklast frå språk som i utgangspunktet ser ut til å ha svært ulike overflatestrukturar. Desse generaliseringane har vore gjorde ut frå eit prinsipielt grunnlag. Sentralt i det som vert omtala som styringsfonologien er nettopp at nokre av dei universelle prinsippa som har vore foreslegne for syntaksen, også kan gjerast gjeldande for den fonologiske komponenten i lingvistikken (jf. Anderson and Ewan 1987, som introduserte *the Structural Analogy Hypothesis*, som gav uttrykk for førestellinga om at morfosyntaks og fonologi byggjer på den same (eller analoge) strukturelle prinsipp og parameter).

⁵ Samtidig vert den systematiske variasjonen, dvs. skilnaden mellom ulike fonologiske system, redusert til ei rekkje parameter, den delen av informasjonen som gjer eit språk forskjellig frå eit anna. Prinsippa er berre brukbare etter at dei er kombinerte med språket sine særskilde parameter, som t.d. konstituentrekkefølga. Den lineære rekkjefølga av konstituentar er ikkje universelt fiksert.


⁶ Jf. også Vogt 1942.

⁷ Slike styringsrelasjonar spelar ei avgjerande rolle i styringsfonologien, og dei har gitt opphav til namnet.

(Hulst and Ritter 1999: 114). Teorien om fonologisk styring byggjer såleis på førestellinga om at fonologien i alle språk er styrt av ein asymmetrisk avhengigheitsrelasjon mellom eit hovud og eit komplement, og at denne relasjonen ligg under den fonologiske representasjonen og avgjer kva som er moglege fonologiske einingar, og han er motoren som driv dei fonologiske prosessane (Honeybone 1999: 189). Desse relasjonane manifesterer seg gjennom heimlingsmekanismar som har til oppgåve å autorisere dei einingane som kan gå inn i den fonologiske representasjonen. I dette arbeidet vil vi fokusere på korleis denne asymmetriske avhengigheitsfonologien er tenleg for å analysere komplekse fonotaktiske mønster (Kaye 1995, Hulst and Ritter 1999).

Det at dei ulike leksikalske kategoriane fell saman i ein struktur, gjer det mogleg å erstatte dei ulike leksikalske einingane med variablar, X. Basiselementa i leksikonet fell innafor dei tre kategoriane *opptakt, kjerne* og *rim*, X(O, N, R).⁸ For kvar av desse kategoriane spesifiserer den universelle grammatikken ein projeksjon ut frå kjernen. Kjernen i projeksjonen er ein nullnivåprojeksjon (X₀). I fonologien er dette nullnivået representert gjennom einingar på eit skjelett (Hulst and Ritter 1999). Teorien skil vidare ut to andre projeksjonsnivå, eit mellomliggjande nivå, konstituentnivået og eit maksimalt nivå, styringsnivået (jf. Chomsky 1988, Hulst and Ritter 1999), slik det går fram av figur (11).⁹

(11) *Projeksjonsnivåa i den fonologiske strukturen*



Figur (11a) framstiller representasjonen av ein konsonant (O) etterfølgt av eit 'ope' rim (lang vokal) (N), figur (11b) ein konsonant etterfølgt av eit forgreina rim med ein 'lukkande' konsonant. (Dette kjem vi attende til seinare.)

Basen for representasjonen, skjelettet, er organisert i tidseiningar. Dei fonologiske hendingane går føre seg på dette nivået, samtidig som dei er regulerte av strukturelle vilkår på dei to


⁸ O, N og R er forkortingar for respektive opptakt, kjerne og rim.

⁹ Ein diskusjonen om talet på nivå finn vi i Hulst and Ritter (1999).

andre nivåa. Slik kan den variasjonen vi observerer på overflata (det språklege uttrykket), vere regulert av strukturar med universell karakter.

Eit fonologisk ord er dermed oppbygt av tre typar prosodiske konstituentar: opptakt (O), kjerne (N) og rim (R), og kvar av konstituentane kan ha maksimalt to plassar på skjelettet, slik det går fram i analysen av ordforma 'merke' N nedafor. (Dei disponible plassane på skjelettet er markerte med x-ar.)


(12) *Representasjonen av 'merke' N*



Innafor og mellom desse konstituentane rår det relasjonelle styringsegenskapar. For styringsrelasjonane mellom konstituentane i den fonologiske (prosodiske) strukturen er *prinsippet om fonologisk styring* det sentrale prinsippet (Kaye 1990: 307). Denne typen styrings- eller avhengigheitsrelasjonar (som vert omtala som hovud-komplementsrelasjonar) vil seie at eit hovud er i stand til å projisere eit komplement innafor styringsdomenet, dvs. med ein annan konstituent i naboskap (Hulst and Ritter 1999: 119).

Ein forgreina konstituent er eit styringsdomene der det rår intrakonstituent styring (Charette 1989: 160). Intrakonstituentstyringa er lokal, α og β må vere naboar, og retningsbestemt, hovudet er initialt og styringa går til høgre (Charette 1989: 61). Dermed får vi følgjande samband (Hovudet er understreka, og styringa er markert gjennom piler, '→'):

(13) *Intrakonstituent styring*




Figur (13) viser den fonologiske styringa mellom einingar som dannar høvesvis forgreina opptakt, forgreina kjerne og forgreina rim.

Dei strukturelle styringsrelasjonane godkjenner berre binære relasjonar mellom einingane ('the Binary Theorem', jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 199, Kaye 1990: 306). Dette gjeld som eit universelt strukturelt skjema for m.a. opptakter (O) og rim (R). (Men dei gjeld òg for føter, ord osv., i tråd med Hulst and Ritter 1999.) Gjennom eit slikt prinsipp om fonologisk styring kan den fonologiske strukturen organiserast. Styringsrelasjonane må definerast både på eit strukturelt og eit lineært grunnlag. Dette vil seie at ein styringsrelasjon berre opptre når det er naboskap mellom dei aktuelle einingane (*prinsippet om naboskap*) og når vilkåra for styreretninga (*prinsippet om styreretning*) er oppfylde (jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 198, Kaye 1990: 306, Yoshida 1991: 11). Prinsippet om naboskap krev at ein styrar må vere nabo til det styrte segmentet på skjelettnivået (P0-projeksjonen) (Polgárdi 2006: 4). Prinsippet om styreretning krev at styreretninga på skjelettnivået er universell og ikkje parametrisk regulert (Polgárdi 2006: 4-5). Prinsippet om styreretning krev at styreretninga går frå venstre mot høgre når styringa skjer innafør konstituenten (*intrakonstituent* styring, jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 202f.), og frå høgre mot venstre når styringa skjer mellom konstituentar (*interkonstituent* styring, jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 210f.).

Slike strukturelle relasjonar av styring mellom nabosegment er grunnlaget for den hierarkiske konstituentstrukturen. Eit hovud er i stand til å projisere ein konstituent ved hjelp av potensialet sitt til å styre eit nabokomplement. Denne avhengigheita dannar dei to rimstrukturane som teorien tillet.


(14)



(14a) er eit døme på strengt naboskap, dvs. at den første knuten som dominerer hovudet direkte, også dominerer komplementet.¹⁰ (14b) illustrerer tilfellet der det ikkje eksisterer minimal konstituentkommando sidan den intermedierande knuten R ikkje dominerer direkte både hovudet og komplementet. Sjølv om minimal konstituentkommando ikkje er oppfylt i det siste tilfellet, er det ein hovud-komplementsrelasjon som oppfyller krava til både binaritet og styreretning ved at komplementet er i naboskap til hovudet (Charette 1989: 184). Dermed er begge desse strukturane moglege rimstrukturar, der (14a) karakteriserer lange vokalar, og (14b) karakteriserer ein kort vokal og ein lukkande konsonant.¹¹

Fonologisk styring involverer m.a.o. segment som vert assosierte med forgreina konstituentar. Det vil alltid vere slike styringsrelasjonar innafor ein forgreina konstituent. Prinsippet om fonologisk styring vil samtidig ekskludere sambandet forgreina kjerne i eit forgreina rim, som vist i figur (15):

(15)



I dette sambandet vil den forgreina kjernen blokkere for moglegheita til hovudet i kjernen har til å styre rimkomplementet, dersom prinsippet om naboskap skal oppfyllest. Det vil seie at dersom kjernehovudet må styre alle skjelettposisjonane innafor rimet, vil ein forgreina kjerne ikkje opptre innafor eit rim som òg er forgreina. Dermed kan vi hevde at teorien avviser den overlange kvantiteten i (15) på eit teoretisk grunnlag, overlang kvantitet er i strid med prinsippa om fonologisk styring, som krev både strengt naboskap og streng styreretning mellom hovudet og komplementet i eit styringsdomene (Charette 1989: 163, Gussmann 2007: 21).¹² Av same grunnen følgjer at kodaen ikkje kan vere forgreina heller. Sidan kodaen ikkje då er eit styringsdomene, følgjer det at han heller ikkje kan vere ein prosodisk konstituent. Termen 'koda' vert dermed brukt om 'postkjerneposisjonen' eller rimkomplementet (jf. Polgårdi 2006: 5).

Den fonologiske styringa opptre ikkje berre *innafor* strukturelle konstituentar, styringsrelasjonar kan òg observerast *mellom* slike konstituentar (Kaye, Lowenstamm and


¹⁰ Dette kan ein kalle *minimal* konstituentkommando (Charette 1989: 170f.).

¹¹ Hulst and Ritter (Head-Driven Phonology) gjer ikkje bruk av minimal konstituentkommando for forgreina strukturar, jf. Hulst and Ritter (1999: 120).

¹² Derfor er (15) merkt med *.


Vergnaud 1985, 1990: 219). Den interkonstituelle styringa opptrer innafor to kontekstar. Den første har vi når eit rimkomplement er bunde til ei etterfølgjande opptakt, som vist i figur (16).

(16) *Interkonstituent styring mellom rimkomplement og etterfølgjande opptakt*



Den andre typen av styring har vi når ein kjerne er bunden til ein direkte etterfølgjande kjerne, som vist i figur (17). Denne styringa er også kalla 'projeksjonsstyring' (Charette 1990).

(17) *Interkonstituent styring mellom to kjernar*



Projeksjonsstyringa opptrer på kjerneprojeksjonsnivået (jf. s. 44). Denne typen interkonstituent styring er også direksjonal, men her går styreretninga frå høgre mot venstre, dvs. at hovudet styrer ein konstituent til venstre for seg. Den interkonstituente styringa er strengt lokal for ein relasjon mellom ei opptakt og det direkte føreståande rimkomplementet (figur 16), hovudet må vere i direkte naboskap til komplementet (Charette 1990: 235). For den interkonstituente styringa mellom kjernar (figur 17) blir vilkåret om naboskap tolka på det aktuelle projeksjonsnivået, det nivået der kjernekonstituentane vert projiserte og derfor opptrer i naboskap med kvarandre, dvs. at det ikkje er *streng* naboskap (Charette 1990: 235).


Ved sida av dei formelle vilkåra knytte til styring som er diskuterte så langt (prinsippet om naboskap og prinsippet om styreretning), er det også substansielle vilkår for kva for segment som

kan opptre som styrarar og for kva for segment som må opptre som styrte. Desse vilkåra er i hovudsak knytte til kompleksitet, gjennom et prinsipp om at det styrte segmentet ikkje kan vere meir komplekst enn styraren (jf. kompleksitetsvilkåra i Harris 1990: 271). Dette vert teke opp i drøftingane av elementteorien seinare (s. 57ff.).

3.2.3. Radikalet

Den interkonstituente styringa kan forklare korleis konstituentar er grupperte saman. Eit ord vil vere organisert av sekvensar av opptakter og rim (kjernar) som er knytte saman gjennom fonologisk styring (styringsrelasjonar). Konstituentane er knytte til melodiske einingar gjennom skjelettnivået, slik det er vist i figur (18).

(18) *Styringsfonologisk representasjon av ordforma 'smerte' M*




Teorien om fonologisk styring forkastar stavinga som ein sjølvstendig konstituent i strukturen på prinsipielt grunnlag.¹³ Ein slik konstituent er heller ikkje naudsynleg i den fonologiske teorien, då alle argument til fordel for stavinga kan reduserast til fordel for ei opptakt og eit forgreina rim (Kaye 1987: 143, Brockhaus 1995: 202). Likevel vert omgrepet staving hyppig nytta i litteraturen

¹³ Dersom det eksisterte ein slik konstituent, ville det bety at opptakta må opptre som hovudet i stavinga, dersom ein skal følgje prinsippet om intrakonstituent styring, som seier at hovudet er den venstre medlemen av ein forgreina konstituent. Kravet om at kvar kjerne styrer den direkte førestilte opptakta, vil i så fall vil gjere stavinga til den einaste konstituenten som er høgrehovuda (Charette 1989:165). Samtidig vil prinsippet om naboskap vere tilsidesett, då ei maksimalt binær staving vil bli ein for restriktiv konstituent for å fange opp det som vert oppfatta som staving. Dersom den syllabiske knuten skulle bli dominert av tre eller fleire skjelettposisjonar, ville styraren ikkje vere i direkte naboskap til ein eller fleire av dei styrte, slik Kaye (1987: 134) argumenterer når han hevdar at "if there were a constituent syllable, either one would have to stipulate that this is the one constituent that is head-final, or else make the claim that the onset is the head of the syllable. Neither alternative is particular appealing. In addition, given the existence of branching rimes and branching onsets, inclusion of a constituent syllable would render the strict locality condition discussed below inoperative at this level. This would allow for constituents with more than two members, in clear violation of [Binary Theorem]."


om styringsfonologien. Ein omtalar konfigurasjonen av opptakt og rim som staving samtidig som ein avviser omgrepet som grunnleggjande eining. Dette kan vere uheldig og uøkonomisk for framstillinga. For å forenkle omtalen og framstillinga vil eg i denne samanhengen bruke termen *radikal* om konfigurasjonen som er sett saman av opptakt og rim (jf. Kaye 1987: 140/14)¹⁴. (Radikalet er her representert som ρ. Klammeforma er brukt for å markere at radikalet ikkje representerer eit eige nivå i strukturen.)¹⁵

(19) *Strukturen til radikalet*



I og med at alle ordformer må ende på ein kjerne (jf. det som vert sagt om kodaheimling og tome kjernar s. 52ff.), vil ei ordform i teorien vere minimalt biradikal.

(20) *Strukturen til biradikale ordformer*



Radikalet er ikkje eit formelt nivå i den prosodiske strukturen. Det er eit lite avklara problem kor vidt det rår styringsrelasjonar innafor radikalet, mellom kjernen og ei føreståande opptakt. Den diskusjonen skal vi la liggje her (jf. det som er sagt om styring i 3.2.2).


Som eit resultat av styringsrelasjonane mellom segmenta skal det ikkje vere tvitydigheit i konstituentstatusen til to ordinterne eller ordfinale konsonantar som følgjer etter kvarandre på

¹⁴ Kaye (1987: 140/143) omtalar t.d. dei to siste konstituentane i verbstamma som "radicals".


¹⁵ Omgrepet 'radikal' er m.a. brukt innafor fysikken om ei gruppe atomar som har to eller fleire atom av ulike grunnstoff (*Nynorskordboka*). Jf. også Eliasson (1978: 116), som bruker *radical* på om lag same måten som eg bruker radikal her.

melodistrengen. Det er følgjande moglegheiter for realisering av ordinterne konsonantgrupper C_1 og C_2 , avhengig av styringsegenskapane til C_1 og C_2 :¹⁶


(21) a. C_1 og C_2 utgjer ei forgreina opptakt



b. C_1 er rimkomplement og C_2 er etterfølgjande opptakt



c. C_1 og C_2 er to ulike opptakter



I tilfellet (21c) kan det rå *interopptaktsstyring* mellom dei to opptaktene. Interopptaktsstyringa vart introdusert av Charette (1992) og diskutert i Gussmann and Kaye (1993) (jf. Cyran and Gussmann 1999: 229). Denne styringa er enno lite avklara innafor teorien (jf. Toft 2002: 133). Interopptaktsstyring vert nærare omtala i kap. 8 (jf. s. 187).

¹⁶ Desse moglegheitene er knytte til språk som tillet forgreina opptakter, kjernar og rim. Det er typologiske skilnader språka imellom i spørsmålet om enkle eller binære konstituentar (Kaye 1990: 323f.).

3.2.4. Skikkeleg styring og tome posisjonar

Skjelettet er ankerpunkt for såkalla x-posisjonar (jf. ovafor s. 43).¹⁷ X-nivået, eller skjeletteiningane, er dominerte av segmenta. Dette nivået kodar også informasjon om tid, slik at ein her kan skilje mellom lange og korte segment. Desse x-posisjonane er synlege i fonologien, og dei er dermed grunnlag for prinsippet om styring innafor og mellom konstituentar.


Ifølgje teorien om fonologisk styring må eit fonologisk domene ende på ein kjerne. Dette er ein konsekvens av *kodaheimlingsprinsippet*.

(22) *Coda licensing principle (CLP)*

Post-nuclear rhymal positions must be licensed by a following onset (Kaye 1990: 11).

Kodaen opptre ikkje som ein sjølvstendig konstituent i teorien (jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990, Kaye 1990, 1995).¹⁸ Kodaen er her analysert som spesifisert på rimnivået. I tråd med kodaheimlingsprinsippet kan ein koda berre opptre dersom han vert følgd av ei heimlande optakt, slik det kjem fram i figur (23) (Kaye 1990, Charette 1992, Gussmann and Kaye 1993, Harris 1994: 66-83, Harris and Gussmann 1998, 2002, Gussmann 2002).

(23)




Dette fører med seg at ordfinale konsonantar ikkje kan vere koda, men opptakter (Gussmann 2007: 23).¹⁹ Ordet 'kart' N vil dermed ha ein representasjon som vist i figur (24).

¹⁷ Hulst and Ritter (1999: 121) nemner terminalpunkt som 'zero positions'.

¹⁸ Argumenta mot koda som konstituent og ekstrametrikalitet finn vi hjå Kaye (1987: 134). Hulst and Ritter (1999: 124) argumentet er at det ikkje er noko empirisk behov for ein slik konstituent. Sidan kodaposisjonen ikkje er minimalt konstituentkommandert (jf. s. 47) av kjernehovudet, kan ein konkludere med at den gjeldande strukturen ikkje er mønsterforma. No er standpunktet til styringsfonologien noko mindre restriktivt, kodaposisjonen er tillaten, men under føresetnad om ekstra heimling. Det er det som er omtala som kodaheimling (Kaye 1990: 311).


¹⁹ Dette er omtala som "the word-final onset claim" (Gussmann 2007: 23).

(24) *Realisasjonen av [l^hkart] N*



Som Kaye (1990) har synt, er ein konsekvens av kodaheimlinga (dvs. standpunktet om at alle kodaer må følgjast av ei opptakt) at stengde rim ikkje kan opptre ordfinalt. Likevel er det slik at leksikalske ordformer har finale konsonantar. I denne samanhengen kan ikkje desse heimlast av noka etterfølgjande opptakt. Det er ein annan måte å heimle desse på, dersom vi hevdar at utlydskonsonanten formar opptakter som er knytte til den følgjande kjerne, som er ein domenefinal 'tom' kjerne. Konsekvensen av kodaheimlingsprinsippet er at ein utlydskonsonant må oppfattast som ei opptakt, då ein kodakonsonant må heimlast gjennom ein etterfølgjande opptaktsposisjon (jf. Harris 1994: 66-83, Harris and Gussmann 1998, 2002, Gussmann 2002). Dersom ei opptakt ikkje kan eksistere utan støtte frå ein etterfølgjande kjerne, vil dette krevje at ein final konsonant er følgd av ein kjerneposisjon. Denne posisjonen må då vere 'skjult' dersom ordforma har utlyd på konsonant. Då er dette eigentleg ein tom kjerne, ein kjerne som er heimla og dermed usynleg i overflata, slik det kjem fram i analysen av 'kar' N.²⁰

(25) *Representasjonen av 'kar' N*



No krev kodaheimlingsprinsippet at opptakter står over kodaen. Ein streng VC(V) kan ikkje, for å vere i samsvar med kodaheimlinga, bli delt som VC.V, sidan kodaen i dette tilfellet ikkje vil vere

²⁰ Dersom ei opptakt ikkje kan opptre utan støtte frå ei etterfølgjande kjerne (kodaheimlingsprinsippet), må konsekvensen vere at ei final opptakt, C], må etterfølgjast av ei 'usynleg' tom kjerne (Harris and Gussmann 1998: 152).

heimla av ei opptakt som følgjer etter. Kodaheimlinga sikrar også at opptakter er maksimerte (etter prinsippet om maksimal opptakt, jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990, Kaye 1990).

Samtidig kan ei opptakt ut frå *kompleksitetsvilkåra* (eit anna universelt krav i styringsfonologien, som vi kjem attende til i s. 66ff.), berre styre ein føreståande koda dersom opptaktskonsonanten er meir kompleks enn kodakonsonanten (jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 218, Harris 1990, Gussmann 2007). Ein streng *VtrV* kan såleis ikkje bli delt inn som *Vt.rV*, fordi ein /r/ ikkje kan kodaheimle ein /t/ (grunna kompleksiteten). Ein slik streng må delast inn som *V.trV* (dersom språket tillet forgreina opptakter), eller som *V.t[Ø].rV*, med ein tom kjerne etter /t/ (dersom berre ikkje forgreina opptakter opptreer ordinalt) (Charette 1990: 234).

Ein konsekvens av kodaheimlingsprinsippet er at ein ordfinal konsonant okkuperer ei opptakt i eit 'skjult' radikal, eit radikal som manglar melodisk materiale i kjernen.

(26) V.CØ]

Argumentet mot kodakonstituenten heng dermed saman med lanseringa av prinsippet om *tome kategoriar* (Empty Category Principle).²¹

(27) *Empty Category Principle*

A properly governed empty nucleus has no phonetic realization (Kaye 1990: 313, jf. òg Kaye 1987: 138).²²

Det er ein direkte samanheng mellom realisasjonen av tome kjernar og teorien om *skikkeleg styring* ('Proper Government'). Det er fleire heimlingsmekanismer som tvingar fram tome kjernar, men den viktigaste er altså skikkeleg styring. Uttrykt gjennom styring er framlegget til Kaye (1990) at ein underliggjande tom kjerne er realisert som tom i overflata når han er skikkeleg styrt. Vi skal seinare sjå at dette er aktuelt i nokre ordlagingsuffixar i norsk, som vi skal sjå i analysen av *galen* ADJ SG og *galne* ADJ PL nedafor. I hovudsak vil prinsippet om tome kjernar hevde at skikkeleg styring

²¹ Ideen om at tome posisjonar er til stades i fonologien, skriv seg frå Anderson (1982) og Kaye and Lowenstamm (1984). Seinare har Kaye (1990) lagt fram ein teori om ein vokal som har den spesielle eigenskapen at han alternerer med null, er underliggjande tom (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985: 219, Charette 1990: 235). Dermed er teorien om tome kjernar naudsynleg for å kunne heimle ordinalt konsonantar eller andre 'ulovlege' konsonantgrupper (omtala som 'the Domain Final Empty Nucleus parameter', jf. Honeybone 1999: 197). Dette er ein stipulasjon i teorien.

²² Hulst and Ritter (1999: 125) hevdar at ein tom kjerne må heimlast for å vere usynleg i overflata. Dette er kalla "the 'phonological ECP' og det vart første gongen formulert i Kaye (1992) for å beskrive den fonologiske heimlinga av segment som var fonologisk aktive men fonetisk usynlege (jf. Honeybone 1999: 197).

opptrer når den tome kjernen har ein synleg kjerne i naboskap, dvs. anten ein fylt kjerne eller ein tom kjerne som er uheimla (og dermed synleg) (Kaye 1990: 313).²³

(28) *Proper Government*


A properly governs B iff

- a) A governs B (A and B are adjacent on the nuclear projection)
- b) A is not licensed
- c) No governing domain intervenes between A and B (Charette 1990: 236).

Skikkeleg styring opptrer alltid frå høgre til venstre, dvs. at denne styringa er hovudfinal (Polgárdi 2006: 7).

Dersom skikkeleg styring ikkje lukkast i å opptre, vil ein tom kjerne måtte realiserast med fonetisk innhald i overflata.²⁴ Vi kan illustrere den tome kjernen med følgjande dømme:

(29) *Realisasjonen av [ʰgalnɛ] ADJ FLT. 'galne'*



I dette tilfellet vil skikkeleg styring opptre, då den finale kjernen /ɛ/ er ein realisert kjerne, dvs. ein kjerne som sjølv ikkje er heimla. (Merk at dette er eit syntetisk domene, ei morfologisk simpleksform.) Ein tom kjerne som er skikkeleg styrt av ein etterfølgjande uheimla tom kjerne, er


²³ I tidlege versjonar av styringsfonologien (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985) var tome kjerner dominerte av ein såkalla 'kald vokal'. Dette elementet hadde ikkje fonetisk innhald og produserte ein usynleg kjerne dersom den aktuelle kjernen ikkje var heimla. I fråver av heimling ville det såkalla identitets-elementet verte realisert som ein høg, sentral vokal: [ɪ]. Alternativt ville dette elementet motta eit 'innsett' element, som [A], og dermed realisere ein schwa-liknande lyd. I seinare versjonar av styringsfonologien har identitets-elementet vorte eliminert (jf. Kaye 1995), og dermed har ein gjort dei tome kjernane verkeleg tome.

²⁴ I vestnorsk kan denne tome kjernen ha ulik uttale, anten som ein schwa, [ə], eller som ein sentral e-liknande lyd, [ɛ]. (Her skal vi bruke [ɛ] for markering av tome kjerner, dersom ikkje noko anna vert framheva.)

usynleg i overflata. Konsonantane mellom kjernane utgjer her ikkje noko styringsområde då ein (tom) kjerneposisjon intervenserer mellom dei.

I samsvar med definisjonen av skikkeleg styring opererer denne styringa på eit eige nivå i den prosodiske strukturen, kjerneprojeksjonsnivået (N', jf. s. 43). Det er på dette nivået dei to kjernane er i naboskap. På kjerneprojeksjonsnivået er ein tom kjerne skikkeleg styrt dersom ein uheimla kjerneposisjon følgjer etter – som i (29). I (30) er det ikkje tale om skikkeleg styring.

(30) *Realisasjonen av [²ga:lən] ADJ 'galen'*



Streken på tvers syner at styringa sviktar, i dette tilfellet fordi den domenefinale kjernen er tom og ein tom kjerne ikkje kan styre skikkeleg den føreståande kjernen. Derfor må denne føreståande kjernen vere fylt av ein vokal. Styringsfonologien har, gjennom dei omtala teoriene om styring og tome kjerner, utforma ein modell som gjer det mogleg å fange opp dei spesielle eigenskapane som utlydande konsonantar har universelt.²⁵ Konklusjonen er at alle fonologiske domene endar på ein (realisert eller tom) kjerne. Dette har òg konsekvensar for moglege fonotaktiske ordfinale strukturar, då konsonantgrupper som støyter opp mot ei domenegrense, ikkje treng vere 'ekte' samband, fordi dei kan vere skilde av ein intern tom kjerne. Samtidig er det slik at desse uekte konsonantgruppene ikkje treng å ha fonotaktisk og kvantitetsmessig innverknad på det føregåande rimet. Samanhengen mellom vokalen og etterfølgjande konsonantisme i eit ord er dermed langt meir samansett enn tradisjonelle teoriar om stavinga har vore i stand til å uttrykkje.

²⁵ Modellen svarar til teorien om ekstrametrikalitet i andre teoriar (Hayes 1981, Itô 1986, Halle and Vergnaud 1987, McCarthy and Prince 1989, Borowsky 1989. Jf. Kristoffersen 1991 for eit oversyn).

3.3. Elementteorien

3.3.1. Oversyn

Eit anna aspekt ved analysemodellen vi gjer bruk av for å framstille kvantiteten i vestnorsk, er elementteorien.²⁶ Vi har tidlegare vore inne på at eigenskapar som er koda inn i den fonologiske representasjonen, kan vere av strukturell eller substansiell art. Dette gjev oss to ulike og innbyrdes uavhengige subsystem i den fonologiske representasjonen, eit *prosodisk* og eit *melodisk* (jf. s. 41). Dei prosodiske einingane, som skjelettposisjonar, konstituentar, føter og prosodiske ord, kodar den relasjonelle informasjonen, medan dei melodiske einingane kodar den kvalitative informasjonen som er knytt til desse posisjonane. Vi skal no sjå nærare på settet av melodiske grunneiningar, *elementa*, og korleis dei formar segmenta i vestnorsk. I motsetning til teorien om den prosodiske strukturen, som har endra seg lite frå byrjinga, har elementteorien gjennomgått store endringar sidan han først vart formulert i Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985, 1990). Det har i særleg grad dreidd seg om ein reduksjon av talet på element.²⁷

Elementteorien er ein teori om den fonologiske representasjonen. Den grunnleggjande eininga i denne representasjonen er *elementet*. I teorien kjem fonologiske opposisjonar til uttrykk gjennom univalente element som konstituerer segmenta (Harris 1990: 262). Desse elementa er einingar mindre enn fonem, og dei kan då knytast direkte til det akustiske signalet (Harris 1994: 138-39, Honeybone 1999: 200). Elementa kan opptre uavhengig av andre element, og dermed ha ein uavhengig artikulasjon (Harris 1990: 255). Den høyrande er i stand til å fange opp elementmønsteret i talesignalet ('input'), og produsenten prøver å kople det saman i produksjonen og avlyttinga av talestraumen ('output').

²⁶ Framstillingar av elementteorien finn vi m. a. i Anderson and Jones (1974), Schane (1984), Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985, 1990), Goldsmith (1985), Hulst (1989), Rennison (1987, 1990, 1993, 1999), Harris (1990, 1994), Harris and Lindsey (1995, 2000). Teorien har gjennomgått diverse endringar sidan han vart presentert første gongen i Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985) (jf. Brockhaus 1995, Harris and Lindsey 1995, Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990).

²⁷ Medan styringsfoniologiens førestellingar om den syllabiske organiseringa i stor grad er unik, er teorien om subsegmentale strukturen mykje til felles med det som er adoptert i andre fonologiske retningar, som Dependence Phonology (Anderson and Jones 1974, Anderson and Ewen 1987), endå om der er aspekt ved den styringsfoniologiske modellen som skil seg frå andre retningar (jf. Honeybone 1999: 199). Den reviderte elementteorien har vorte utvikla ved SOAS i London i 1990-åra (jf. Kaye 2000, 2001, Ploch 1998, 1999, 2003, Cobb 1997a, 1997b) og han har gått i retning av å redusere talet på fonologiske grunnelement til fem eller seks element, for å redusere faren for overgeneraliseringar. Ulike strukturelle eigenskapar, som hovudskap, har kome til i denne samanhengen. Kaye (2000, 2001), Charette and Göksel (1994, 1996), Cobb (1997a) og Ritter (1995) viser dette (jf. også Scheer 2004: 46). Vi skal ikkje drage desse nyorienteringane inn i dette arbeidet med mindre det har noko å seie for utforminga av segmentsrepresentasjonen i nordvestlandsk (t.d. spørsmålet om hovudskap).

Alle segment er anten element sjølve eller utgjer ein kombinasjon av element (Harris and Lindsey 1995, Coleman 1995, Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985, 1990, Harris 1990, Kaye 1990, Honeybone 1999: 199). Eit segment kan då oppfattast som ei kompleks matrise av slike element, som let seg realisere fonetisk.²⁸ Den fonologiske representasjonen skjer då gjennom monovalente einingar som mogleggjer førestellingar om isolerte fonetiske representasjonar gjennom heile derivasjonen ('the autonomous interpretation hypothesis') (Harris and Lindsey 1995: 46-50).²⁹ Det er ein universell karakteristikk av elementa at dei er fullt fonetisk spesifiserte på alle stadia i derivasjonen.

Sentralt i elementteorien står det såkalla *one-mouth prinsippet*:³⁰ Konsonantar og vokalar vert uttrykte gjennom dei same grunnleggjande einingane eller *elementa* på den måten at elementa kan inngå i strukturen til både vokal- og konsonantsegment (kjerne- og ikkjekjernekonstituenter).³¹ I dette arbeidet byggjer eg i hovudsak på den versjonen av elementteorien som er utforma av Harris (1990, 1994) og Harris and Lindsey (1995, 2000) med visse modifikasjonar, som eg skal kome inn på nedafor.

3.3.2. Elementa

Dei aktuelle elementa i styringsfonologien har variert noko etter kvart som elementteorien har utvikla seg. I dette arbeidet reknar vi med i alt 8 element (etter Gussmann 2007: 25. Jf. også Kaye 1997, Cyran 2001: 28f.).³²

²⁸ Segmentet blir her oppfatta som det melodiske materialet innlemma i ein prosodisk posisjon. Den ikkjelineære fonologien har dekomponert segmentet, slik at dette ikkje lenger har noka sjølvstendig stilling (jf. m.a. Anderson and Jones 1974, Schane 1984, Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985, Goldsmith 1985, Hulst 1989, Rennison 1990, Harris 1990, 1994). Slik sett er det melodiske nivået i fonologien dekomponert i einingar (eller faktorar) som er mindre enn segmentet. Elementa er dei minimale einingane i den fonologiske strukturen og den fonetiske tolkinga.

²⁹ Dvs. at elementa er dei minste einingane i både den fonologiske strukturen og det fonetiske uttrykket (jf. Polgardi 1998: 85).

³⁰ Termen "one mouth principle" stammar frå Anderson (1985: 121). Dette prinsippet var allereie til stades i Jakobsons arbeid. I seinare tid har det vore teke opp i Anderson and Ewan (1987), Smith (1988), Clements (1991), Harris (1990, 1994) og i styringsfonologien.

³¹ I SPE var det ulike grunnleggjande einingar for vokalar og konsonantar. (Chomsky and Halle 1968)

³² Talet på element har endra seg gjennom styringsfonologien (Gussmann 2001: 230). Kaye (1997, 2000, 2001) reknar med 6 element og eit "identity element", til vanleg representert som ___ i det fonologiske uttrykket (Kaye 2001: 252f.). Her gir han eit samandrag av nyare retningar i elementteorien. Cobb (1997b) reknar med berre 5 element. Når vi opererer med 8 i denne avhandlings, er det fordi det er hensiktsmessig for drøftingane i dette arbeidet.

(31) *Elementa i styringsfonologien*

| Element | Eigenskap | Uavhengig realisasjon |
|---------|---|-----------------------|
| {I} | 'fremre' for vokalar 'palatalitet' for konsonantar | [i] |
| {U} | 'runda' for vokalar 'labialitet' for konsonantar | [u] |
| {A} | 'låg' eller 'open' for vokalar 'koronalitet' for konsonantar | [ɑ] |
| {h} | 'friksjon' for konsonantar | [h] |
| {ʔ} | 'stenging' for konsonantar | [ʔ] |
| {N} | 'nasalitet' | [ŋ] |
| {L} | 'stem' for konsonantar | |
| {H} | 'ustem' for konsonantar | |

Resonanselementa {I}, {U} og {A} har det til felles at dei vert identifiserte gjennom akustiske svingingar i lydstraumen.³³ Desse elementa dannar grunnelementa i vokalsystemet, og dei vert realiserte som hjørnevokalane /i/, /u/ og /ɑ/. Elementet {I} representerer 'fremre' for vokalane, og elementet opptrer i vokalane /i, e, æ, y, ø, u/. Elementet dukkar opp i dei palatale konsonantane /j, ʎ, ʂ, ɲ, ʧ̥, ʤ̥/. Elementet {U} står for eigenskapen 'runda' for vokalane og er representert i vokalane /y, u, ø, ɔ/. Elementet dukkar opp i dei labiale konsonantane /p, b, f, v/. {A} står for eigenskapen 'open', som vi finn i vokalane /ɑ, e, æ, ø/(Harris and Lindsey 1995: 66). I konsonantane står elementet for eigenskapen koronalitet (som tidlegare var representert med eit eige element, jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990, Harris and Kaye 1990, Harris and Lindsey 1995: 67) og finst i dei dentale konsonantane /t, d, s, ʃ, ʒ, n, l, r/.³⁴

To element er karakteriserte som 'måte-element' (Lindsey and Harris 1990, Harris and Lindsey 1995, Harris 1990, 1994). Desse to elementa er knytte til variasjonar i straumen av stemmesvingingar (periodiske svingingar) som resultat av avbroten luftstrøm, {ʔ}, eller friksjon, {h}. Det såkalla 'plosiv'-elementet opptrer i talestraumen som eit avbrot og eit vedvarande fall i akustisk energi. Isolert kjem elementet til uttrykk som ein glottal plosiv, {ʔ}, noko som tilseier at dette elementet manglar ein indre resonanseigenskap. I komposisjonseiningar vil produksjonen av

³³ Vi skal ikkje gå nærare inn på denne identifiseringen, som er knytt til luftstraumen gjennom vokaltrakta (amplitude og frekvens), jf. Harris and Lindsey (1995: 53f.).

³⁴ Hjå Harris (1990) er det eit eige element som representerer koronalitet, {R} og som er uhovert i vokalisk uttrykk (jf. Harris and Lindsey 1995: 68). Koronalitet har seinare vorte ekskludert som eige element og erstatta med elementet {A}, som representerer "lowness" mellom vokalane og koronalitet mellom konsonantane (jf. Scheer 2004: 47).

plosivmønsteret til {ʔ} bli lokalisert til den aktuelle plassen som elles er knytt til resonanselementet i den aktuelle lyden, ein labial, dental eller velar plosiv. Denne effekten er aktivisert ved den luftstraumavbrotne artikulasjonen som vi finn ved orale plosivar: /p, b, t, d, k, g, $\widehat{c\check{c}}$, $\widehat{j\check{j}}$ /.³⁵

Elementet {h} er karakterisert som friksjon eller aperiodisk energi i det akustiske signalet. Denne friksjonen finn vi representert i alle plosivar, affrikatar og frikativar: /p, b, t, d, k, g, v, f, s, j, \check{s} , $\widehat{c\check{c}}$, $\widehat{j\check{j}}$ /, men han manglar i sonorantar.

Nasalelementet {N}, som er karakterisert gjennom lågfrekvent luftstraum, inngår i alle nasale konsonantane, /m, n, ɲ, ŋ/.

Stemtheit vert uttrykt gjennom dei laryngale elementa {L} og {H}. Harris (1994: 134) argumenterer for ei løysing av den laryngale dimensjonen i konsonantane som vik frå den tradisjonelle stemt/ustemt-dimensjonen. Det er ikkje slik at begge dei laryngale elementa er aktive ved konsonantane, slik tilfellet er ved dei tradisjonelle faktorteoriane, der stemtheit/ustemtheit representerer binære opposisjonar, [+/- stemt]. Innafor elementteorien vil både stemtheitselementet L og ustemtheitselementet H vere privative eigenskapar ved segmentet, og slik sett er alternativa anten {L} versus nøytral eller {H} versus nøytral.


Det er to typar av stemtheit: spontan stemtheit, som karakteriserer sonorantane (jf. Gussmann 2007: 295), og den ikkjespontane eller aktive stemtheita, som er knytt til obstruentane. Dette vil seie at representasjonen av eit aktivt laryngalt element er avgrensa til obstruentar, og elementet er berre tillate i sonorantar i visse høve (Harris 1994: 135-36).³⁶ For vestnorsk vil ustemtheitselementet {H} vere aktivt til stades i segmenta /p, t, k, f, s, \check{s} , $\widehat{c\check{c}}$ /, slik vi ser i 'lågt' ADJ N av 'låg' ADJ.³⁷

³⁵ Harris (1990, 1994) vil hevde at plosivelementet også er til stades i dei nasale konsonantane. Vi skal her leggje til grunn den oppfatninga som kjem til uttrykk m.a. hjå Cyran (2010) at nasalar berre har to element i strukturen, plasselementet ved sida av nasalelementet.

³⁶ Harris (1994) kjem med forslag om ein typologi for dette aspektet ved fonologien gjennom framlegg om at språk som engelsk berre utnyttar {H}-elementet i ustemte segment, og dermed har nøytrale stemte plosivar, medan språk som fransk har elementet {L}, som markerer stemtheit, i stemte plosivar, og dermed nyttar nøytrale ustemte plosivar. (jf. Honeybone 1999: 212).

³⁷ Når elementet {H} opptreir t.d. i segment som /t/, skjer det ved spreiring frå eit nabosegment som har dette elementet i strukturen, som /t/ i dette tilfellet.

(32) Representasjonen av [^llɔkt] ADJN



(Understrekinga markerer eit såkalla ’tomt hovud’ for det velare segmentet. Dette kjem vi attende til nedafor.) Som vi ser, er det er berre ustemte obstruentar som inneheld eit laryngalt element, her H. Obstruentar i rimkomplement + opptakt-sekvensar må vere samsvarande m.o.t. den laryngale identiteten (Kaye 1995: 325). Den leksikalske representasjonen av dei ustemte obstruentane inneheld elementet H, og dette elementet spreier seg til ein stemt plosiv når han inngår i ein styringsrelasjon, som her frå ei opptakt til eit rimkomplement.

Tome posisjonar eller fråvære av element utgjær også ein faktor i elementteorien. Når kombinasjonar opptre og formar meir komplekse uttrykk, vil det eine elementet vere framtrédande og utgjere hovudet i uttrykket, medan dei andre elementa opptre som operatørar. Hovudposisjonen i slike komplekse uttrykk kan opptre utan innhald. Denne eigenskapen representerer ’spent’ (’lax’) for vokalar og velaritet for konsonantar (Gussmann 2007: 25).³⁸ Her representerer mangel på hovudskap fråveret av andre elementmønster (Harris and Lindsey 1995: 64). Dette kjem vi attende til nedafor.

Det er naudsynleg å seie noko om samankjedinga av element (elementkomposisjonen), då han er avgjerande for segmentdanninga. Grunnlaget for danninga av segment er at elementa kan fusjonere.³⁹ Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985) hevdar at dei primære einingane (eller

³⁸ Tidlegare vart denne eigenskapen uttrykt gjennom eit eige element. Elementet {@} er oppfatta som det nøytrale elementet som per definisjon ikkje har nokon markert eigenskap. Elementet er lik resonanselementet, og det inngår i alle vokalsegmenta, men òg i ikkjevokaliske segment som dei velare konsonantane /k, g/ (Harris and Lindsey 1995: 66).

³⁹ Dei grunnleggjande fonologiske prosessane i teorien er komposisjon og dekomposisjon, eller fusjon- og fisjonsprosessar. (Kaye 1995: 312, Harris 1990: 268).

atoma) i fonologien er univalente og uavhengig realiserbare element, og at alle segmenta er anten element sjølve eller kombinasjonar av element. Gjennom fusjonsprosessar vert segmenta bygde opp av element, der eit element kan kombinerast med eit anna element for å forme eit komposisjonssegment gjennom *fusjonsoperasjonar*. Kvar fusjon involverer to element: eit hovud ('head') og ein operatør ('operator').⁴⁰ Eigenskapane til segmenta er ein kombinasjon av eigenskapane til både hovudet og til operatøren, men slik at verdien til den markerte eigenskapen til hovudet dominerer over verdien til tilsvarande eigenskap i operatøren. Segmenta sin styringsverdi er knytt til verdien av elementa.⁴¹ Styringsverdien til elementa set avgrensingar på kombinasjonsmåtane. Dette er uttrykt gjennom kompleksitetsvilkåra (jf. seinare s. 71) (Harris 1990: 274).

3.3.3. Vokalsegmenta

Det er fleire måtar å gruppere elementa på. Elementa {I, A, U} er kjerneelementa, dvs. dei som dannar segmenta i kjernen. Det er ein tredimensjonal plasskontrast mellom dei, som vert representert gjennom opningsrom ('cavity'), anten som supralaryngalt, faryngalt og laryngalt opningsrom. Dermed vil vokalane vere kombinasjonar av anten eitt eller fleire av elementa {I, U, A}. Desse vert uttala isolert som respektivt /i, u, a/, eller som komposisjonar av meir enn eitt element. Når dei kombinerer med kvarandre, opptre meir komplekse vokalar. Kombinasjonen av elementa {I} og {A} gir vokalen /e/, medan kombinasjonen {I} og {U} gir vokalen /y/. Kombinasjonen kan opptre på to måtar, anten ved at elementa er likeverdige, eller ved at eitt av dei formar hovudet i uttrykket (markert gjennom understreking). Når elementa er likeverdige, vil hovudposisjonen vere realisert som tom.⁴² Elementa {I} og {A} kan til dømes gi det hovuda uttrykket {A•I}, som gir /e/, eller det hovudlause uttrykket {A•I• }, som gir /ε/.⁴³

Vokalismen i vestnorsk involverer då tre vokaliske element, I, U og A og ein tilleggsegenskap gjennom hovudskap (som står for ATR, jf. nedafor). Dermed kan

⁴⁰ Styringsfonologien byggjer her på Dependent Phonology (jf. Coleman 1995), som opererer med at eit par primærelement ('primes') α og β kan opptre i tre relasjonar: (a) α er avhengig av β , (b) β er avhengig av α , (c) gjensidig avhengigheit mellom elementa. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985) og Hulst (1989) opererer med berre dei relasjonane som er uttrykte gjennom a og b.

⁴¹ Opphavleg var denne knytt til styringsverdiane +, - og nøytralitet (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985).

⁴² I elementteorien kan segment vere hovudlause, dvs. at hovudet er tomt. Denne eigenskapen karakteriserer dei ATR-lause vokalane og velarane mellom konsonantane (jf. Gussmann 2007).

⁴³ Denne eigenskapen har erstatta eit tidlegare element som representerte 'ATR-skap' (Harris and Lindsey 1995: 62f.). I denne modellen vert det uttrykt strukturelt (jf. Polgárdi 2006: 10).

representasjonen av vokalsegmenta framstillast som distinksjonar mellom hovudskap og melodisk uttrykk (hovudet er understreka):

(33) *Vokalsegmenta i vestnorsk med elementstrukturen* (_ markerer hovud)

| | | | | | | | |
|-----|----------------|-----|------------------|-----|----------------|-----|----------------|
| /i/ | { <u>I</u> } | /y/ | {U• <u>I</u> } | /ɥ/ | {I• <u>U</u> } | /u/ | { <u>U</u> } |
| /e/ | {A• <u>I</u> } | /ø/ | {A•I• <u>U</u> } | /æ/ | {I•A} | /o/ | {A• <u>U</u> } |
| /ɔ/ | {U•A} | /ɑ/ | { <u>A</u> } | | | | |

Det går fram av dette at vokalane /e/ og /æ/ utgjer dei same elementkombinasjonane. Det same gjer /y/ og /ɥ/. Skilnaden ligg i kva for element som er hovud, og kva for element som er operatør.

Det vestnorske vokalsystemet utnyttar periferiteten i vokaltrakta gjennom relevansen av framskoten tungestilling. Den akustiske verknaden av den framskotne tungestillinga er minkande periferitet i vokaltrakta. Denne eigenskapen representerer artikulorisk eit drag som fleire fonologiske teoriar syner til, og elementbaserte teoriar har postulert ein ATR-representasjon (der ATR står for 'Advanced Tongue Root', jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985) for dette. Det er, grovt sett, to elementbaserte tilnærmingar til ATR-representasjonen: Ved sida av å postulere eit uavhengig (privativt) {ATR}-element kan skilnaden mellom ATR- og ikkje-ATR-vokalar avleia strukturelt ved hjelp av ulike kombinasjonar av elementa {A}, {I} og {U} og ein nøytral eigenskap, uttrykt gjennom elementet {@} (jf. s. 62).⁴⁴ Utfordringa er korleis ein rein strukturell definisjon av {ATR} kan vere mogleg utan å ofre prinsippet om førestellingsmessig og uttalemessig autonomi gjennom elementetableringa. Den autonome realisasjonen av dette nøytrale elementet er "some scwa-like object constitutes 'pure' attenuation, the absence of other elements' patterns", dvs. at den fonetiske realisasjonen av {@} manglar fonologisk relevans (Harris and Lindsey 1995: 60). Seinare er denne eigenskapen av nøytralitet knytt til at det finst hovud i det fonologiske uttrykket (Polgárdi

⁴⁴ Argumenta mot eit privativt {ATR}-element innafor styringsfonologien tilseier at vokalar som inneheld eit {ATR}-element, vil vere meir merkte enn vokalar som manglar {ATR}-elementet, då dei inneheld eitt element i tillegg, samtidig som dei representerer dei minst perifere vokalane (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985: 313). Dette paradokset (kjent som 'ATR-paradokset', jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985: 312) kjem fram når det vert hevda at "it detaches the theory from the original insight that the bounds of vowel space are defined by the extremes represented by *i*, *a* and *u*. It implies that non-ATR vowels are less complex than their ATR congeners. The independent manifestations of [I] and [U] are thus taken to be non-ATR *I* and *U* respectively - not *i* and *u*, which are now represented as [I, ATR] and [U, ATR]. (The realization of [A] remains as *a*, which is non-ATR at any event.) The prediction inherent in this arrangement - that the unmarked three-vowel system as *a-I-U* - fails to tally with the empirical record" (Harris and Lindsey 1995: 63). Eit anna argument er teoriinternt, når ein hevdar at det er grunn til å vere "suspicious of an independent [ATR] element. As Kaye et al. (1985) acknowledge, it is anomalous in being the only element whose contribution to the make-up of compound expressions must be considered constant, irrespective of whether it is head or dependent. According to these authors, the ability of elements to combine within a compound is controlled by their 'charm' values. [...] The overall charm value of an expression is determined by the head element. This is assumed to hold of all cases - except those involving [ATR], which anomalously imposes its charm value on an expression even as a dependent." (Harris and Lindsey 1995: 63)

2006: 95).⁴⁵ ATR-representasjonen kjem dermed fram både i den artikulatoriske vokaltrakta og i det akustiske gjennom periferitet, at vokalar som har ein ATR-representasjon (vokalar som er 'lax'), er mindre perifere enn deira ATR-motpartar (vokalar som er 'tense'). I representasjonen kan denne skilnaden framstillast gjennom ein distinksjon mellom uttrykk med og uttrykk utan hovud (Gussmann 2007: 52. Jf. også Charette and Göksel 1996: 31).

| (34) a. | ATR vokalar | b. | Ikkje-ATR vokalar |
|---------|------------------|----|---------------------|
| | { <u>I</u> } | | {I• <u> </u> } |
| | {A• <u>I</u> } | | {A•I• <u> </u> } |
| | {U• <u>I</u> } | | {U•I• <u> </u> } |
| | {A•I• <u>U</u> } | | {A•I•U• <u> </u> } |
| | {I• <u>U</u> } | | {I•U• <u> </u> } |

Dermed får vi fram det merkte ved vokalane /i, e, y, ø, ʉ/ vis a vis dei umerkte vokalane /ɪ, ε, γ, œ, u/. Ei ATR-alternering står då fram som eit skifte av hovud. Dei umerkte vokalane vil her vere vokalar med ein ikkjeaktiv ATR-representasjon (Harris and Lindsey 1995: 64). I den bakre rekkja av vokalar vil dei nordvestlandske dialektane mangle opposisjon mellom ATR og ATR-lause vokalar, slik at vokalsegmenta i denne rekkja vil utgjere vokalane /u og o/. Vi kan då setje opp vokalsystemet for nordvestlandsk på denne måten:

(35) *Vokalsystemet for nordvestlandsk*

| | | | | | | | | | | | | | | |
|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| i | ɪ | e | ɛ | æ | y | γ | ø | œ | ʉ | o | u | ɔ | ɔ | ɑ |
| x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| <u>I</u> | I | I | I | I | I | I | I | I | I | I | I | I | I | I |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | U | U | <u>U</u> | U | <u>U</u> | U | <u>U</u> | <u>U</u> | U | U |
| | | A | A | A | | | A | A | | | A | A | A | A |
| | | | | | | | | | | | | | | |

⁴⁵ Eigenskapen 'hovudskap' har dermed teke over plassen til elementa som har markert ATR-skap. Dermed vert eigenskapen ATR-skap uttrykt strukturelt, ved at vokalar som er hovuda, uttrykkjer ATR-skap og dei segmenta som er 'hovudlause', uttrykkjer ikkje-ATR (jf. Polgårdi 2006: 86). Dvs. at hovudskap kan vere totalt fråverande i eit gjeve vokalsystem ved at ATR-dimensjonen i eit slikt system ikkje er aktivt (eller 'sovande').

Det går også fram av oversynet at det ikkje finst ATR-variantar av dei låge vokalane i nordvestlandsk,⁴⁶ slik at vokalsystemet også manglar ATR-representasjonar for vokalane /ɔ/, /æ/ og /a/.⁴⁷

3.3.4. Konsonantsegmenta

Konsonantsegmenta omfattar segment som ikkje opptre som kjernesegment.⁴⁸ Dei plosive konsonantsegmenta inneheld alle plosivelementet {ʔ}, som representerer 'occlusion' (jf. Scheer 2004: 47) saman med støyelementet {h}. Skilnaden mellom dei ulike plosivane er dermed stadelementet, som definerer dei som labiale, koronale eller velare plosivar.⁴⁹ /b/ er den labiale plosiven med elementsamansetjinga {U•h•ʔ}. /p/ er den ustemde utgåva av den labiale plosiven, med elementsamansetjinga {H•U•h•ʔ}. Den koronale plosiven er /d/, med elementstrukturen {h•ʔ•A}, og /t/ den ustemde koronale plosiven med elementoppbyggnaden {H•h•ʔ•A}. Dei velare konsonantsegmenta i vestnorsk er /k/ og /g/. Velaritet i konsonantane kjem fram gjennom tome hovud (Gussmann 2007: 52).⁵⁰ /g/ er ein velar plosiv med elementsamansetjinga {h•ʔ•_}. /k/ er den merkte utgåva av den velare plosiven med elementsamansetjinga {H•h•ʔ•_}.

Den frikative rekkja av konsonantar er /f, v, s/. Dei labiale frikativane er bygde opp av ein kombinasjon av elementa {h} og {U}. I tillegg kjem det laryngale elementet {H} for dei konsonantane som vert oppfatta som ustemde. /h/ er den glottal spiranten, eit hovuda uttrykk som utgjør berre elementet {h} og ingen operatørar, dvs. {h} (jf. Gussmann 2007: 88). /f/ er ein labial frikativ med elementsamansetjinga {H•U•h}, den leniserte utgåva av den labiale frikativen. /v/ er den labiale frikativen med elementsamansetjinga {U•h}. Skilnaden mellom /f/ og /v/ kjem fram gjennom spreieing av elementet H, som *ft* > *vd*, jf. derivasjonen [²kravdø] V PRET 'kravde' > [¹kraft] V PTS 'kravt':

⁴⁶ Ein eigenskap som er knytt til eit parametrisk mønster som ekskluderer moglegheita for elementet {A} til å kunne heimle eit anna element som operatør (jf. Charette and Göksel 1998: 69, Kaye 2001: 257).


⁴⁷ I teorien der ein opererer med eit eige ATR-element [i], vert dette forklart ved at desse uttrykka vil ha sjarmerdien [ʔ] frå før, dvs. at [A⁻] og eit ATR-element [F⁺] har ein positiv sjarmerverdi, dei kan m.a.o. ikkje fusjonere (sjarmertheorien seier at element med lik sjarmerverdi avviser kvarandre, medan dei med ulik sjarmerverdi tiltrekkjer kvarandre.)

⁴⁸ Dei var markerte som [-syll] i tradisjonell generativ fonologi, jf. Chomsky and Halle (1968).


⁴⁹ Etter Harris and Lindsey (1995), Scheer (2009) og Gussmann (2007) er labiale konsonantar U-hovuda, palatale I-hovuda og velare har tome hovud.

⁵⁰ Tidlegare vart velariteten i konsonantane framstilt gjennom eit eige element, elementet {@}.

(36) a. *Representasjonen av [²kravdə] V PRET 'kravde'*



b. *Representasjonen av [¹kraft] V PTS 'kraft'⁵¹*



Det går fram av figuren (36b) at segmentet /v/ ikkje er spesifisert m.o.t. stemtheit, men at denne eigenskapen spreier seg frå nabosegmentet når dette er ein plosiv (jf. s. 60).

/s/ er den koronale frikativten som har elementsamansetjinga {A, h}, der elementet {h} markerer den frikative eigenskapen. Etter det som er sagt tidlegare, blir den umerkte utgåva av

⁵¹ Forma [¹kraft] vert her oppfatta som ikkjesyklisk, dvs. ei syntetisk form (jf. kap. 8).

frikativen då den stemde utgåva /z/, som har elementsamansetjinga {A•h}. Dermed har den merkte utgåva elementsamansetjinga {H•A•h}, dvs. fortisvarianten. Det er denne som er representert i vestnorsk, slik at vi har former som [ˈgʊts] av grunnforma [ˈgu:d] 'Gud', der /d/ > /t/ gjennom sprenging av elementet {H} frå /s/.

/l/ er den koronale lateralen som har elementsamansetjinga {A•ʔ}. Skilnaden mellom koronale lateralar og koronale plosivar er såleis eit spørsmål om hovudskap, der lateralar er ʔ-hovuda, medan koronale plosivar er A-hovuda (jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985).⁵²

Den palatale rekkja av konsonantsegment vert her oppfatta som ei merkt utgåve av tilsvarende ikkje-palatale segment, dvs. at skilnaden mellom palatale og ikkje-palatale segment utgjer representasjonen av elementet {I} i dei palatale konsonantane (som er dei merkte), men ikkje i dei ikkje-palatale (som er dei umerkte). Den uavhengige manifestasjonen av det palatale elementet {I} vil vere den palatale vokalen /i/. Palatale konsonantar vil då vere dei konsonantane som har elementet {I} som hovud i representasjonen (jf. Gussmann 2007: 105). /k/ er ein lateral palatal med elementsamansetjinga {ʔ•I}. Dette er den palatale utgåva av lateralen /l/, som då har fått tilførd eit palatalt element. /k/ vil vere den merkte utgåva av /k/, ei ustemt utgåve. Elementsamansetjinga her vil vere {H•ʔ•I}. Historisk er dette eit kontursegment, ein affrikat, som ikkje har greidd å sameine /t/ eller /s/, som begge har elementet {H}, med /l/ (Cyran 2010: 12).⁵³ /s/ er den palatale utgåva av den koronale frikativen. Segmentet har elementsamansetjinga {h•I}.

/c/ er ein palatal alveolar med elementsamansetjinga {ʔ•h•H•I}. /ç/ er ein tilsvarende frikativ med elementstrukturen {H•h•I} (Gussmann 2007: 94). Segmenta har ikkje nokon sjølvstendig status i vestnorsk, men inngår som del av affrikaten /ç/ (jf. s.68).

Palatale frikativar har ein kombinasjon av elementa {h} og {I}, saman med elementet {H} for dei ustemde. /j/ er den frikative varianten av palatalen, med elementsamansetjinga {h•I}. /j/ er ein plosiv palatal med elementsamansetjinga {ʔ•I•h}. Denne lyden har ingen uavhengig status i vestnorsk, men opptrer berre i affrikaten /j/.

Dei nasale konsonantane i vestnorsk er /m/, /n/, /ɲ/ og /ŋ/. Desse er karakteriserte gjennom elementet {N} (Gussmann 2007: 66), som i isolert uttale gjev velaren /ŋ/. Elles er nasalane

⁵² Dette kan vere bakgrunnen for den segmentasjonen som finst i vestnorsk, der *ll* > *dl*. Bakgrunnen er ein frekvent alternasjon mellom /l/ og /t, d/ der "whether or not [R] is the head of an expression might be expected to be reflected in the degree of lingual contact associated with the closure contributed by [ʔ]. The [R]-headness of coronal stops is consistent with full contact, both medial and lateral. The partial (medial) contact required for the production of laterals is consistent with the relegation of [R] to dependent status." (Harris and Lindsey 1995: 173)

⁵³ Vi skal kome attende til dette under drøftingane av kontursegment (jf. s. 70f.).

karakteriserte gjennom at dei manglar spesifikk plassorientering.⁵⁴ Dermed vil desse ta farge av eventuelle segment som dei er i relasjon til. [m] er ein labial nasal med elementsamansetjinga {U•N}. /n/ er ein koronal nasal med elementsamansetjinga {A•N}, /ɲ/ er ein palatal nasal med elementsamansetjinga {I•N}.

Dei koronale konsonantsegmenta inneheld alle det koronale elementet {A}. Dersom {A} vert uttalt åleine, vert dette markert gjennom segmentet /r/, som vil ha ein minimumsvariant i /r/, ein tapp. I delar av vestnorsk må denne erstattast av ein trill med elementsamansetjinga {A•h}.

Vi kan då framstille ikkje-kjernesegmenta i vestnorsk med følgjande elementstruktur:

(37) *Elementstrukturen til konsonantsegmenta i vestnorsk*


| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| p | b | t | d | k | g | v | f | s | h | ç | ç | j | ʃ | ʃ | ʃ | m | n | ɲ | l | r |
| x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| h | h | h | h | h | h | h | h | h | h | h | h | h | | | | h | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ? | ? | ? | ? | ? | ? | | | | | ? | ? | | ? | ? | | | | | ? | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| U | U | | | | | U | U | | | | | | | | | U | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | A | A | | | | | A | | | | | | | | | A | | A | A |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | - | - | | | | | I | I | I | I | I | I | | | I | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | H | N | N | N | N | |

⁵⁴ Hjä Harris (1990) er nasalane plass-hovuda. Dessutan er /p/ og /b/ {?}-hovuda (jf. Scheer 2004: 767). "Nasal vowels are regarded as phonological units which are adjusted depending on the phonological environment" seier Gussmann (2007: 248).

3.3.5. Kontursegment

Standardoppfatninga av dei affrikate konsonantsegmenta er at dette er kontursegment som inneheld to separate melodiske uttrykk som knyter seg til ein sams posisjon på skjelettstrengen, ein plosiv følgd av ein frikativ (Harris 1994: 39). I vestnorsk finst det berre palatale affrikatar. Vi skal følgje Harris (1990: 270, 1994: 40, 131) ved å oppfatte affrikatane som ein konturstruktur der to segmentale matriser er knytte til ein enkel skjelettposisjon.⁵⁵

(38) Realisasjonen av affrikatane i vestnorsk



Representasjonen til affrikatane $/tʃ/$ går fram av figur (38a), og representasjonen til $/tʃ/$ går fram av figur (38b). Separasjonen av elementa $\{?\}$ og $\{h\}$ viser den tofasa naturen til kontursegmenta. Den plosive lukkefasen er karakterisert ved det første elementet $\{?\}$, og den frikative opningsfasen er knytt til realiseringa av det andre elementet $\{h\}$. Realiseringa av dei to elementa viser mangel på fusjon mellom $\{?\}$ og $\{h\}$. Elementet $\{I\}$ definerer palatal stad for begge segmenta (Harris 1994: 131).

Vi tar altså her den posisjonen som vart introdusert av Ladefoged (1971) og vidareført av Harris (1990), nemleg at affrikatane er segment som står mellom plosivar og frikativar når det gjeld kompleksitet. (Eit slikt kompleksitetshierarki, eller 'styrkehierarki' for konsonantane skal vi kome attende til, jf. s. 73). Harris (1990) klargjer at dei såkalla "high German-affricates" til plosivsegmenta har gjennomgått eit mellomsteg knytt til spirantisering. Dette inneber med omsyn til styringsegenskapar at affrikaten vil verte oppfatta som svakare enn plosivsegmenta, men sterkare enn frikativsegmenta. Affrikatane av plosivsegment vil involvere ein dekomposisjon av eit eksisterande element til ein konturstruktur, utan tap av elementet. Det opptreir ei *bryting*

⁵⁵ Kontursegment representerer ein struktur der element kan opptre i ein posisjon utan å vere fusjonerte. (Harris 1994: 130)

(‘breaking’) som resultat av denne dekomposisjonen (Harris 1990: 270), slik at {ʔ} og {h}-elementa opptrer på kvar sin streng.

3.3.6. Teorien om kompleksitet

Elementteorien gjev uttrykk for at segment er komponerte av element, og at det er denne elementsamansetjinga som skil segmenta frå kvarandre. Elementstrukturen avgjer samtidig styringsegenskapane til segmenta, dvs. om dei kan opptre som styrarar eller styrte (hovud eller komplement) i eit segmentsamband. Samanhengen mellom elementstruktur og styringsegenskapar kjem til uttrykk gjennom teorien om *kompleksitet*, som vi no skal sjå nærare på.⁵⁶

Syntagmatiske relasjonar (som i fonologien kjem til uttrykk gjennom fonotaksen) er i styringsfonologien regulerte av innhaldet til segmenta på melodistrengen (x-posisjonar på skjelettstrengen). Dette kjem til uttrykk gjennom *kompleksitetsvilkåra* (‘the Complexity Condition’), som kravde ein fallande nivåskilnad mellom styraren og det styrte segmentet (styrar og komplement)⁵⁷.

(39) *Complexity Condition*

Let α and β be segments occupying positions A and B respectively. Then, if A governs B, β must be more complex than α . (Harris 1990: 274)⁵⁸

Kompleksitetsverdien til eit segment er bestemt gjennom talet på element som det er sett saman av. Ifølgje kompleksitetsvilkåra er det eit minimumskrav at komplementet i eit samband av segment ikkje kan vere meir komplekst enn styraren (Harris 1990: 271).⁵⁹

Kompleksitetsvilkåra har konsekvensar for analysen av styringsnivåa som vi tidlegare har vore inne på (intrakonstituent styring og interkonstituent styring, jf. teorien om fonologisk styring s.

⁵⁶ Kompleksitetsteorien vart lagt fram av Harris (1990). Diskusjonar om kompleksiteten innafor styringsfonologien kan vi finne i Harris (1990, 1994, 1997), Cyran (1996, 2001, 2010), Scheer (1996), Gussmann (1998), Rennison (1998).

⁵⁷ Hulst and Ritter (1999: 136) hevdar m.a. at hovud-avhengigheitsrelasjonar betre kan forklare samanbinding av segment, som tradisjonelt har blitt forklart gjennom sonoritetsskilnader mellom segmenta.

⁵⁸ På eit vis har Harris gjennom si reformulering av kompleksitetsvilkåra, styrkt Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1985, 1990) framlegg om kompleksitet ved å hevde at alle segment, uansett sjarmverdi, må oppfylle visse kompleksitetskrav for å opptre i ein styringsposisjon. Samtidig representerer kompleksitetsvilkåra ei svekking av kravet om kompleksitetskurve ved å opne opp for at ein styrt posisjon kan ha ein kompleksitetsprofil som er lik kompleksiteten til det styrande segmentet. Dermed opnar kompleksitetsvilkåra opp for at det under visse vilkår ikkje treng vere kompleksitetskilnad mellom hovud og komplement, t.d. når to plosive segment kan danne ein interkonstituent styringsrelasjon. (Harris 1990: 273-4)

⁵⁹ Kompleksitetsvilkåra har erstatta teorien om sjarm i styringsfonologien (jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1985, 1990).

37ff.) gjennom ei avgrensinga av moglegheitene for kva for segment som kan opptre som hovud, styrar, og kva for segment som kan opptre som komplement, styrt (jf. s. 57). Den interne strukturen til konsonantane (utforma i Harris 1990, Harris and Lindsey 1995, 2000) vil vere grunnlaget for hovudgruppene i representasjonen ved at obstruentar er naturlege styrarar og sonorantar er naturleg styrte segment. Dette følgjer som ein konsekvens av at obstruentane er meir komplekse enn sonorantane. Dermed vil ein *tr*-sekvens berre kunne opptre som ei forgreina opptakt dersom det er streng naboskap mellom segmenta på skjelettstrengen. Ein *rt*-sekvens vil på den andre sida berre opptre som koda-opptakt i strukturen dersom dei rår streng naboskap mellom segmenta på skjelettstrengen då ein koda-opptakskonfigurasjon er hovudfinal. Dette er den ideelle situasjonen, men også obstruentar og sonorantar vil opptre som forgreina opptakter og rimkomplement + opptakt, som t.d. *kv*-sekvensar initialt i ord som [¹kvi:lɛ] V 'kvile' og [²klatrɛ] V 'klatre' og *mn*-sekvensar medialt og finalt i ord som [¹ömn] M 'omn' og [²sömnɛ] V 'somne'. Slike sekvensar vil då ha mindre 'konstituentidentitet' då dei har veike styrarar (frikative obstruentar og sonorantar er veikare styrarar enn obstruentane på grunn av kompleksiteten), eller kompleksitetskurva er mindre bratt enn den ideelle konstituentstrukturen av obstruentar og sonorantar (jf. Scheer 2004: 770). Ein konsonants evne til å opptre i ein nærare bestemt posisjon kan, ifølgje Harris (1990, 1994: 133ff.) knytast direkte til elementstrukturen eller den relative 'styrken' til segmentet. Styrke vert då direkte knytt til kompleksiteten eller talet på element som konstituerer segmentet (jf. Harris 1994: 133, Gussmann 1998: 113, Cyran 2010: 18).⁶⁰ Frikative og sonorante konsonantsegment vil i dette arbeidet bli omtala som veikare styrarar enn obstruentane, og når slike styrarar styrer komplementet sitt, vil konstituenten bli oppfatta som ein konstituent med veikare konstituentidentitet enn den ideelle konstituenten, med plosive obstruentar som hovud og sonorantar som komplement.

3.4. Kvantitet og styring

3.4.1. Opne og stengde rim

⁶⁰ Styrke er enno ikkje akseptert som ein formell eigenskap ved segmenta i styringsfonologien. Likevel er denne eigenskapen mykje diskutert innafor teorien (for eit oversyn jf. Gussmann 1998: 116, note 13). Såkalla 'styrkehierarki' vert m.a. drøfta av Gussmann (1998: 118). Han vil hevde at kompleksitet og styrke ikkje kan forståast som identiske storleikar, og viser til at segment med lik kompleksitet (t.d. ulike stemte plosivar) vil opptre med ulik styrke. Vi vil vidare i dette arbeidet nytte styrke om eit segments evne til å styre eit anna segment i ein styringsrelasjon, og at denne evna er knytt til elementsamansettinga eller kompleksiteten til segmentet (jf. Cyran 2010: 18).

Det er ein samanheng mellom trykk og kvantitet i dei skandinaviske språka (jf. Haugen 1967a, 1967b, Kristoffersen 1992, 1999, 2000). Det er ei vanleg oppfatning at kvantiteten er underlagt trykket på den måten at lange segment berre opptrer i trykktunge stavingar. Resultatet er at alle stavingar med trykk må vere tunge, dvs. sett saman av anten vokal og etterfølgjande konsonant (VC) eller ein lang vokal (VV) (jf. Kristoffersen 1992, 1999).⁶¹ Innafor den generative fonologi vil ein oppfatte dette som ei derivert lenging skapt av trykket (Eliasson 1972, 1985, Kristoffersen 1992, 1999, 2000).⁶² Dette vert omtala som 'metrisk lenging' (Kaye 1990: 327, Harris and Gussmann 1998: 7, 2002: 62)⁶³ eller 'Tonic Lengthening', dvs. lenging av ein underliggjande kort vokal gjennom trykk (Scheer 2004: 256). I slike system vil lange og korte vokalar alternere etter omgjevnadene.⁶⁴

Det er ein samanhengen mellom kvantitet og den fonologiske strukturen på den måten at kvantiteten er knytt til posisjonar på skjelettstrengen. Lange segment vil då okkupere to posisjonar på skjelettstrengen, ei dobbeltknytning, medan korte segment vil okkupere ein posisjon, ei singelknytning. På konstituentnivået vil kvantiteten bli markert som forgreining versus ikkjeforgreining. Lange vokalar vil då måtte oppfattast som kvalitativt simpleks men kvantitativt komplekst (Harris 1994: 38). Dei er simpleks på melodisk nivå og kompleks på skjelettnivået. I den prosodiske eininga som er trykkberande, rimet, vil to posisjonar vere tilgjengelege for markering av kvantiteten, kjernen og rimkomplementet (eller kodaen). Desse kan då fyllast av ein vokal eller ein vokal og ein konsonant. Ein lang vokal vil fylle begge posisjonane, medan ein kort vokal vil fylle ein posisjon, og rimkomplementet vil då vere fylt av eit konsonantsegment, som vist i figur (40).


⁶¹ Noko som har fått m.a. Kristoffersen til å hevde at kvantiteten kan avleias av trykket i norsk (1991, 1992).

⁶² No kan samanhengen mellom trykket og kvantiteten diskuteras. Det kan også vere slik at trykket er bestemt av den fonologiske strukturen og dermed etablerer seg i dei strukturane som i utgangspunktet er tunge' (jf. Harris 1994: 39). Dette vert ikkje drøfta nærare her.

⁶³ Diskusjonen innafor den generative verksemda har då vore kor vidt kvantiteten er markert i leksikonet eller ikkje. Dersom lenginga er derivert (jf. Eliasson 1985, Kristoffersen 1999), vil det seie at vokalkvantiteten ikkje distinktiv i leksikonet, "om kvantiteten verkligen vore distinktiv i lexiconet, borde den generelt kunne opptråda oberoende av trykk" (Eliasson and La Pelle 1973: 135). "Trykket i svenskan är nämligen i huvudsak predicerbart på grundval av generella regler och skall såleis i allmänhet icke markeras i de lexikala representationerna." (73: 136). Dersom trykket åleine markerer skilnaden, ville former som [¹ta:k] N 'tak' og [¹tak:] M 'takk' vere identiske og umogleg å skilje frå kvarandre.


⁶⁴ Harris and Gussmann (2002: 9f.) omtalar metrisk lenging i islandsk: "Modern Icelandic displays the widespread phenomenon of metrical lengthening, the requirement that a stressed open syllable contain a long vowel (for extensive discussion see Árnason 1980, Gussmann 1985, 2000 are the reference here). The overall result is that any stressed rhyme in Icelandic must be long, being composed of either VC or VV. One consequence is that a word-final stressed vowel must be long, as the following examples: svo: 'so', Ðu: 'you', fai: I get', fje: 'livestock'. Domain-internally, stressed vowels are long before single consonants, which clearly belong to the onset of a following syllable [...], and before clusters of two consonants which form complex onsets [...] Before an internal coda, on the other hand, a vowel must be short... As described to this point, the Icelandic pattern is quite straightforward: Stressed nuclei must branch in open syllables and must not branch in closed syllables." Scheer (2004: 55) seier om "Tonic Lengthening": "vowels that are assumed to be underlyingly short lengthen iff 1) they receive stress (main and sometimes secondary) and 2) occur in an open syllable. Unstressed vowels are always short regardless of the position in which they appear."

(40)



(Her står *a* for vokal og *β* for konsonant.) Kvantiteten er dermed knytt til vilkåret om at konstituentar kan vere forgreina. Skandinaviske språk toler forgreina konstituentar.⁶⁵ Dermed er rimkonstituenten den eigentlege berar av trykket, og "a rhyme counts as heavy as long as it contains two positions, irrespective of whether these are occupied by a long vowel or by a short vowel followed by a coda consonant" (Harris 1994: 63). Samtidig er kvantiteten regulert gjennom knyting til dei tilgjengelege posisjonane: ein lang vokal eller ein vokal og ein etterfølgjande konsonant. Desse variasjonane ligg bak det som er omtala som *opne* versus *stengde* rim. Konklusjonen er at eit oppe rim vil vere tilgjengeleg for lang vokal (men treng ikkje), eit lukka rim vil ha ein kort vokal (universelt), slik at "stressed nuclei must branch in open syllables and must not branch in closed syllables" (Harris 1994: 39, Harris and Gussmann 1998: 145). Dermed kan skilnaden mellom ordformer som [ˈta:k] N 'tak' og [ˈtak:] M 'takk' framstillast som ein skilnad mellom opne og stengde rim, som vist i ordformene 'tak' N og 'takk' M nedafor.

(41)




I (41a) er rimposisjonane okkuperte av vokalene, som då vert lang. I (41b) er rimkomplementet okkupert av ein konsonant, som dermed utelukkar moglegheita for realisasjonen av ein lang vokal her. Det går fram av figuren at den finale konsonanten opptre i ei opptakt etterfølgd av ein ikkjerealisert (tom) kjerneposisjon (jf. Harris and Lindsey 1995: 53).

⁶⁵ Dette er ikkje universelt. Språk som t.d. Yawelmani toler ikkje forgreina konstituentar (jf. Kaye 1990).


Ein konsekvens av dette er for det første at ordfinale rim som er trykkberarar, må ha lange vokalar, som vist i analysen av [¹stɔ:] V 'stå' nedafor.

(42)




For det andre må domeneinternale trykkberande vokalar vere lange føre enkle konsonantar, som høyrer inn under det etterfølgjande rimet, som i [¹stɔ:vɛ] F 'stove' nedafor.

(43)




For det tredje må vokalen vere kort føre ein intern kodaposisjon (stengd rim), som vist i [²smerte] M 'smerte' nedafor.

(44)



Lenging av vokalen skjer berre i opne rim, og ikkje i lukka rim. Kort vokal vil ein også kunne ha føre to konsonantar som formar ei intern opptakt, som vist i figur (45) nedafor (Harris and Gussmann 1998: 7).

(45)




(Kvifor *tr* må opptre som ei opptakt og ikkje eit rimkomplement (koda) + opptakt, har eg gjort greie for tidlegare, jf. s. 71.) Likevel er den korte vokalen her ikkje ein naudsynleg konsekvens av strukturen, då det ikkje er universell restriksjon mot lange vokalar føre opptakter. Distinksjonen mellom opne og stengde rim er dermed ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg føresetnad for å skilje mellom lange vokalar og korte vokalar i trykkeiningane i norsk. Det er såleis universelt at korte vokalar opptre i stengde rim, men det er ikkje nødvendigvis slik at lange vokalar opptre i opne rim.⁶⁶ Her trengst det tilleggsrestriksjonar (jf. nedafor s. 78).

3.4.2. Kvantitet som spreining

Skjelettstrengen kodar fonologisk kvantitet ved at skilnaden mellom ein eller to posisjonar på skjelettstrengen avgjer om eit segment opptre som langt eller kort. Eit langt segment vil då vere kvalitativt simplekst men kvantitativt komplekst, simplekst sett frå melodistrengen men komplekst sett frå skjelettstrengen (Harris 1994: 38). Dei lange vokalane vil då okkupere to posisjonar innafør rimkonstituenten (46a), medan dei lange konsonantane vil okkupere rimkomplementposisjonen og den etterfølgjande opptaktsposisjonen (46b).

⁶⁶ Islandsk har lange vokalar føre konsonantsamband som opptre som opptakter (jf. Árnason 1980, 1998, Gussmann 2002 o.fl.)

(46)



Ein lang vokal inngår i eit forgreina rim, medan ein lang konsonant opptrer over ei rimgrense (han er biradikal). Det grunnleggjande skiljet mellom dei lange vokalane og dei lange konsonantane er demed at lange vokalar står innafor eit konstituentdomene, medan lange konsonantar involverer to konstituentar, opptakt og rimkomplement. Statusen som biradikal gjeld også dei heteromorfemiske konsonantar, dvs. dei konsonantane som opptrer over ei morfemgrense, men desse involverer to opptakter. Slike morfofonologiske omsyn har gjort at ein har tolka lange konsonantar som sekvensar av to 'identiske' fonem (Elert 1955: 142, 1965: 40, 199; 1970: 55f, Dahlstedt 1965: 72n.20; Haugen 1967: 806). Eliasson and La Pelle (1973: 137) hevdar nemleg at fonetisk sett finst det ingen skilnad mellom dei lange dentale klusilane som er morfofonemiske geminatar og dei som er homomorfemiske.⁶⁷ Kombinasjonen av to identiske fonem svarer til forbindelsen av to like konsonantar, som dermed gir tolking av enkle lange homomorfemiske konsonantar som fonologiske geminatar (jf. Eliasson and La Pelle 1973: 138).⁶⁸

Dersom norsk (og dei andre skandinaviske språka) har såkalla metrisk lenging, vil kvantiteten vere knytt til den fonologiske eininga som trekkjer til seg trykket, dvs. tilgjengelege posisjonar på skjelettstrengen. Lang vokal, som okkuperer to posisjonar innafor rimet, vil då vere ei derivert lenging skapt av trykket. Dersom rimet er stengd av ein konsonant, vil vokalen berre ha ein posisjon til rådvelde, og dermed opptre som kort: "the vowel of an open syllable [...] is lengthened when stressed. No such lengtheneing occurs in closed syllables, something which applies as much to geminates as to consonant clusters straddling a syllable boundary" (Harris 1994: 39). Vilkaoret for lenging av vokalen er at det opptrer ei opptakt etter kjerneposisjonen, og ikkje eit rimkomplement. Det er samtidig nødvendig at rimkomplementet vert etterfølgt av ein opptaktsposisjon fylt av ein konsonant (i styringsfonologien kjent som kodaheimlingsprinsippet, jf. side 53). Dermed vil det

⁶⁷ Benediktsson (1963: 142f.) viser også til ei geminattolking av konsonantar som løysing på kvantitetsproblemet i moderne islandsk.

⁶⁸ På same grunnlaget vert det argumentert mot fonologisk doble vokalar når Eliasson and La Pelle (1973: 136) hevdar at "[g]rupper av ulike vokaler förekommer överhuvudet icke i inhemska morfem ock kan altså ej tjäna som en indication på att förbindelsar av lika vokaler bör antas."


etter ein kort vokal i eit trykkstaving opptr to konsonantar, den ein okkuperer ein kodaposisjon, den andre ein opptaktsposisjon.

Vi har tidlegare vore inne på at to konsonantar kan opptr etter ein vokal utan at vokalen nødvendigvis er kort, heller ikkje innafor eit morfem (jf. former som [²hɑ:vrə] M 'havre'). At det opptr to konsonantar etter vokalen er dermed ikkje eit tilstrekkeleg vilkår for realisasjonen av ein kort vokal, dersom konsonanten ikkje er ein geminat. Ein geminat etter vokalen vil alltid tvinge fram ein kort vokal, jf. former som [²tak:ə] V 'takke' (Kristoffersen 1999). Dette gjeld også om geminasjonen går over ei morfemgrense, som i [¹kvɪt:] ADJ N 'kvitt'.

Skjelettstrengen har som funksjon å kode fonologisk kvantitet, samtidig som "they help define the level at which *phonotactic* relations are established. Phonological constraints place restrictions in the ability of particular segment-types to stand next to one another" (Harris 1994: 47). Geminatane vil dermed okkupere to posisjonar på skjelettstrengen, og samtidig vil desse posisjonane opptr som eitt fonotaktisk domene, eit område der det rår fonotaktiske restriksjonar. I vår samanheng vil dette seie styring mellom segmenta.⁶⁹ Det vil dermed vere ein isomorfi mellom tolkinga av lange vokalar og lange konsonantar.

Vi skal vidare i dette arbeidet argumentere for ein forskjell mellom lange vokalar og lange konsonantar. Dei representerer begge ei spreieing av element frå ein hovudposisjon til ein komplementposisjon (jf. Scheer 2004: 258, Kristoffersen 2000). Vokallengd kan då oppfattast som ei spreieing av melodisk materiale til ein ledig posisjon på skjelettstrengen (i eit trykktungt rim), som vist i figur (47).


(47)



Tilsvarande kan geminatar oppfattast som spreieing av melodisk materiale frå ein opptaktsposisjon til ein rimkomplementposisjon (koda) på skjelettstrengen, som vist i figur (48):

⁶⁹ Ámason (1998: 22) seier om geminatar: "we assume that there are no phonetically long or short consonants, rather there are single consonants and geminates, i.e. ambisyllabic consonants. Ambisyllabic consonants belong to simultaneously two syllables, in other words, they close the preceding syllable and form an onset to the following one at the same time."

(48)



Vilkåra for denne spreinga er at det opptrer styringsrelasjonar mellom dei to posisjonane (interkonstituent styring i dette tilfellet, jf. s. 48). Denne styringa skjer då mellom eit styrande hovud (opptakta) og eit styrt komplement (koda). Geminatar vil då opptre med maksimal kontrast, mellom ein plosiv og ein tom posisjon. (Vi skal seinare vise korleis denne kontrasten spelar inn for realisasjonen av konsonantgrupper i denne posisjonen.)⁷⁰ Til skilnad frå vokalspreinga kan ikkje denne konsonantspreinga deriverast.

Kvantiteten vil dermed vere knytt til fonotaktisk asymmetri, han er systematisk avgrensa til vise kontekstar kalla fonotaktiske domene, som er definerte ved hjelp av konstituentstrukturen.

3.4.3. Komplementariteten


Den herskande førestellinga mellom fonologar er at det er kvantitativ komplementaritet mellom vokal og etterfølgjande konsonantar i dei skandinaviske språka. Den strenge versjonen av denne komplementaritetsførestellinga finn vi m.a. hos Eliasson and La Pelle når dei hevdar at ”[k]orta betonade vokalar førekommer föra fonologiska konsonantförbindelser vare sig dessa består av olika eller identiska fonem. Långe vokalar uppträder hovudsakligen framför morfemgräns, enkel konsonant (i främmande morfem) og vokal” (Eliasson and La Pelle 73: 138). Her vil kort vokal opptre systematisk når det førekjem meir enn ein konsonant etter vokalen, uansett om konsonantane er geminat eller konsonantgruppe.

No vert det opna opp for at unntak finst. I hovudsak gjeld dette når vokalismen er diftong, som i [¹be:ɪst] N ’beist’, men også i einskildord er slik overleng kvantitet nemnd, som t.d. [je:rn] N ’jern’, [ga:rn] N ’garn’, [ba:rn] N ’barn’, [ka:rɪ] PROP ’Karl’ (jf. Weinstock 1979: 592, 1973: 765). At det finst overleng kvantitet føre morfemgrenser, er det stort sett semje om (jf. side 1). Kort

⁷⁰ Innafor ei opptakt kan det ikkje opptre ein geminat, som **tt*. Men heller ikkje homorgane konsonantgrupper, som *tn* er moglege innafor dette domenet. Harris hevdar at konsonantar som opptre innafor den same opptakta, ikkje må vere bundne med meir enn eitt element (Harris 1990: 278, 1994: 171).


vokal opptrer derimot utan unntak dersom konsonantismen utgjer ein geminat (jf. Kristoffersen 1999).

Vi har tidlegare vore inne på at det er ein universell restriksjon mellom vokal og den etterfølgjande konsonanten når dei opptrer innafør eit rim. I slike samanhengar vil konsonantgruppa etter vokalen utgjere ei optakt som styrer eit rimkomplement (ein intrakonstituent styringsrelasjon, jf. s. 46). Førre slike konsonantkonfigurasjonar vil det vere eit universelt krav om kort vokal, som vist i figur (49) nedafor.



Konsonantgruppa vil her opptre som rimkomplement + optakt-konfigurasjon.

Når konsonantgruppa etter vokalen ikkje opptre innafør rimet, vil vokalen vere følgd av ein optaktskonfigurasjon (forgreina optakt). Også her vil det opptre styring mellom dei to konsonantane, men i dette tilfellet rår det intrakonstituent styring (begge segmenta opptre innafør den same konstituenten), som vist i figur (50).



Det vil likevel ikkje vere nokon universell restriksjon som krev kort vokal førre eit optaktssamband. Det er vanleg i mange språk at vokalen førre optaktssamband opptre uavhengig av den etterfølgjande konsonantismen (jf. t.d. Gussmann 2002 når det gjeld islandsk). Når vokalen likevel opptre kort førre konsonantgruppa her, må vi oppfatte dette som ein tilleggsrestriksjon som gjeld språkspesifikt, ein parametrisk regel som krev kort vokal både førre konsonantgrupper når det

rår intrakonstituent styring mellom konsonantane i sambandet. Dette er i så fall tilfellet i dei skandinaviske språka, kjend som komplementaritetsregelen. Vokalkvantiteten er regulert av konsonantgruppa etterpå, uavhengig av det fonotaktiske mønsteret i denne gruppa. Komplementariteten, slik han ligg føre i dei skandinaviske språka, representerer dermed ei maksimal regulering av relasjonen mellom vokal og den etterfølgjande konsonantismen. (No er det likevel slik at ei maksimal regulering ikkje ser ut til å vere gjennomført i norsk heller, bortsett frå når det opptre geminatar i konsonantposisjonen. Ved dei andre konsonantgruppene er unntaka mange. Lange vokalar her representerer dermed ei svekking av komplementariteten, ved at han ikkje er maksimalt utnytta ved konsonantgrupper som danner opptakskonfigurasjonar. Kor vidt ei slik svekking av komplementariteten også opptre i dei vestnorske dialektane, vil bli drøfta nærare i kapittel 5 og 6.)

Dersom den etterfølgjande konsonantismen har ein innverknad på vokalkvantiteten, kan denne innverknaden dermed knytast til fonotaksen i konsonantgruppa og dermed til styringsrelasjonane som opptre mellom konsonantsegmenta. Slike fonotaktiske mønster vil utgjere grunnlaget for den modellen av ulike kvantitetssystem som blir brukt for beskrivinga av kvantiteten i den vidare diskusjonen om den vestnorske kvantiteten. I eit slikt kvantitetssystem vil konsonantgruppa som følgjer etter vokalen gje kort vokal uansett fonotaktisk mønster i konsonantgruppa (system 1 i tabell 51), slik at vokalen vert realisert som kort føre både rimkomplement + opptakt-konfigurasjonar og føre forgreina opptakter. Dette paradigmatiske systemet har tidlegare vore omtala som segmentteljande (jf. s. 8), ved at dei strukturelle eigenskapane i systemet verkar inn på vokalrepresentasjonen, uavhengig av relasjonelle eigenskapar mellom dei involverte segmenta. Eit anna system (system 2a og 2b i tabell 51) vil vere syntagmatisk ved at vokalkvantiteten i sterkare grad vil vere avhengig av det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa på den måten at det er skilnad mellom konsonantgrupper som danner rimkomplement + opptakts-konfigurasjonar (interkonstituente styringsdomene) og konsonantgrupper som danner forgreina opptakter (intra-konstituente styringsdomene). I eit slikt system kan kort vokal opptre føre intra-konstituente styringsdomene, men ikkje føre interkonstituente styringsdomene (system 2a).⁷¹ Eit system der kort vokal opptre føre intra-konstituente styringsdomene, men ikkje føre interkonstituente styringsdomene (system 2b), vil vere i strid med restriksjonen om at korte vokalar opptre i ein stengd-rimkonstruksjon. Eit tredje system vil ha ein kontekstuvhengig kvantitetsrepresentasjon i den forstand at vokalkvantiteten er uavhengig av det etterfølgjande konsonantsambandet (system 3). Vokallengda vil i eit slikt system

⁷¹ Eit slikt system kan ein finne i islandsk, som fleire har peika på (Árnason 1978: 138, 1980, 1998: 15, Gussmann 2002, 2003: 167, Harris and Gussmann 1998, 2002).

vere leksikalsk bestemt. Disse ulike kvantitetssystema kan illustrerast gjennom ordformene i tabell (51) nedafor.

(51) *Kvantitetssystem*

| Ordform | System 1 | System 2a | System 2b | System 3 |
|----------------|------------------------|-------------------------|-------------------------|--|
| 'fart' M | [¹ fart] | [¹ fart] | [¹ fa:rt] | [¹ fart]/[¹ fa:rt] |
| 'agn' N | [¹ agn] | [¹ a:gn] | [¹ agn] | [¹ agn]/[¹ a:gn] |
| 'smerte' M | [² smerte] | [² smerte] | [² smɛ:rtɛ] | [² smerte]/[² smɛ:rtɛ] |
| 'klatre' V | [² klatre] | [² kla:tre] | [² klatre] | [² klatre]/[² kla:tre] |

Samankoplinga av vokalkvantiteten og den etterfølgjande konsonantismen gjennom ulike kvantitetssystem vil danne grunnlaget for dei vidare drøftingane av den nordvestlandske kvantiteten i dette arbeidet.

Kapittel 4

Metode

4.1 Informantgrunnlag og materialinnsamling

Føremålet med ei språkundersøking er på eit eller anna vis å kunne generalisere om språkbruk. Føremålet med denne språkgranskninga er å studere førekomsten av den overlange kvantiteten på nordvestlandet (jf. innleiinga). Studien byggjer på fleire slag kjelder. Det primære korpuset er samla inn via spørjelister som informantar frå området har fylt ut. Den vesentlege delen av datainnsamlinga gjekk føre seg mellom 1999 og 2001. Innsamlinga av data vart gjort gjennom detaljerte spørjelister sende ut til dei utvalde informantane, som skulle svare på spørsmåla utforma i listene. Utvalet av informantar vart gjort gjennom utsending av spørjeskjemaa til alle ungdomsskulane i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre, med førespurnad om å sende dei over til personar som hadde dialektbakgrunn frå området. Av dei 100 utsende skjemaa kom om lag halvparten attende, og informantane som hadde svart, fordelte seg nokolunde jamt over heile området (jf. kart 2 s. 346). Informantane var bedne om å gje opplysningar om sin eigen bakgrunn, alder, kjønn, føde- og oppvekststad, kor lenge dei hadde budd i kommunen, og kvar foreldra var oppvaksne. Eit overordna kriterium for utvalet av informantar var dermed at dei skulle ha kjennskap til dialekten, primært gjennom at dei var fødte og oppvaksne i området. Dette kunne kontrollerast gjennom opplysningane informantane gav om seg sjølve.

I tillegg plukka eg ut nokre supplerande informantar blant dei som har skrivne hovudoppgåver eller monografiar om dialekt eller stadnamn frå området (Bjørkum 1968, Breisnes 1975, Fitje 1995, Flokenes 1961, Goksøyr 1980, Losnegaard 1981, Nistad 1976, Skogen 1937, Ølmheim 1983, Øyehaug 1972). Denne strategien vart vald ut frå tanken om å få etablert ei informantgruppe med både språkteoretisk kompetanse og kunnskap om dialekten.

For at informantutvalet i størst mogleg grad skulle dekkje heile målområdet, var det viktig å få ei geografisk spreiding på informantane som skulle inngå i granskninga. I alt var det 11 informantar frå Sogn, 9 frå Sunnfjord, 12 frå Nordfjord og 18 frå Sunnmøre. Måten informantane vart valde ut på, kan nok ha ført til ei skeiv alderssamansetjing på informantane. Dei fleste er over 50 år. Dermed er ikkje utvalet representativt for heile befolkninga. Målet for informantutvalet var at alle områda skulle vere representerte, men ikkje nødvendigvis at

utvalet skulle vere representativt for alle innbyggjarane i kvar kommune. Grunnlaget for at det innsamla materialet skulle gjenspegle kunnskap og innsikt om visse grunnleggjande trekk ved den lokale dialekten, skulle likevel vere til stades.

Frå samtlege informantar i denne gruppa ligg det føre utfylte lister, i alt 50, kvar med 392 former, dvs. at det er nær 20 000 ordformer som er undersøkte (jf. vedlegg 7 s. 409ff.). Skjemaa var utforma slik at informantane skulle gje opplysningar om uttalen til ei rad ordformer, som var førde opp i listene i skriftmålsforma. Informantane skulle spesielt markere uttalen av lang eller kort vokal føre visse konsonantsamband. Utvalet av former var gjort ut frå samanhengen mellom vokalen og den etterfølgjande konsonantismen. Ordformene var systematiserte etter morfologisk kompleksitet, og det var ein progresjon i utvalet av former frå leksikalske (monomorfemiske) former til deriverte former med aukande grad av morfologisk 'gjennomsiktigheit' (Harris and Gussmann 2002: 76): rotnivåavleiingar, bøyingar, ordnivåavleiingar og samansetjingar. For kvar morfologisk kategori var fleire ordformer førde opp, valde ut etter det fonotaktiske mønstret til den postvokaliske konsonantismen. Dessutan var grammatisk kategori også markert. Det vart ikkje gjeve informasjon om formene var leksikalske eller deriverte. Informantane skulle berre avgjere om dei oppfatta representasjonen av vokalen i ordforma som lang eller kort i den aktuelle konteksten. Det var dermed meir den intuitive oppfatninga av vokallengd som vart lagd til grunn for analysane enn ei 'objektiv' registrering av eit datagrunnlag.

Denne framgangsmåten hadde som føremål å registrere språkbrukarens førestellingar om språkbruk. Slik sett kan dette arbeidet seiast å vere bygd meir på eit kvalitativt datagrunnlag enn på kvantitative metodar for språkinnsamling. Eg har samtidig gjort bruk av eit høvesvis stort tal informantar. Slik sett har eg brukt eit kvantitativt 'grep' (jf. Labov 1973). Dette vart gjort for om mogleg å eliminere feilkjelder i den kvalitative registreringa, ved at fleire informantar svarar på dei same spørsmåla.

For eit par av informantane (JS, KFL) gjorde eg sjølv nedteikningane gjennom telefonintervju. I desse tilfella kunne eg følgje opp med spørsmål der det var tvil om uttalen. Nokre av informantane (AB, KN, LR) har eg dessutan hatt høve til å følgje opp med spørsmål om aktuelle former. Desse har gjeve meg mange munnlege opplysningar.

4.2. Andre kjelder

I tillegg har eg nytta litteraturen om dialektane i området, særleg prenta og uprenta dialektmonografiar og stadnamnoppskrifter (Bjørkum 1968, Breisnes 1975, Fitje 1995, Flokenes 1961, Flom 1915, Goksøyr 1980, Hellevik 1938, Hjellbrekke 1967, Losnegaard 1981, Monsson 1992, Rygg 1969, Selmer 1948, Skulerud 1922, Søreide 1930, Ølmheim 1983, Øyehaug 1972). Denne litteraturen, som inneheld opplysningar om kvantiteten i dei ulike dialektane i målområdet, er systematisk ekserpert. No kan det reisast nokre innvendingar til bruken av slike kjelder. Mange av nedskrivningane, t.d. i stadnamnoppskriftene, er gjorde med andre føremål enn å studere fonologien i dialektane, endå om dei har skulla registrere fonologisk form. Fleire av desse skil ikkje mellom fonetisk og fonemisk nivå i transkripsjonen, slik at mi tolking av materialet har blitt lagt til grunn.

Ei tredje kjeldetype eg har gjort nytte av, er dei synoptiske oversyna som Norsk Målførearkiv (NMA) har laga av oppskrifter frå målføreområde rundt om i landet. Dette gjeld først og fremst Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre (*Synopsis Fjordane* NMA og *Synopsis Sunnmøre* NMA). Desse oppskriftene er utan unntak gjorde i lydskrift, der vokalkvantiteten er markert. Her er nedskrivningar både av monomorfemiske og deriverte ordformer. For sognemåla ligg det ikkje føre slike nedskrivningar samla i *Synopsis*. Men her har eg hatt tilgang til Amund B. Larsens fyldige *Sognemålene* (Larsen 1926), med mange nedfelte former frå ulike kommunar i Sogn. (Oversynet over kjeldegrunlaget finst på kart 2 s. 346.) I tillegg har eg gått gjennom andre nedskrivningar av dialektmateriale frå området, særleg nedteikningane til professor Olai Skulerud, som ligg i NMA (Skulerud 1922, 1931, 1935). Hans nedteikningar, frå ulike reiser, dreier seg særleg om Nordfjord og søre Sunnmøre. Viktige innvendingar som kan rettast mot dette materialet, er at nedskrivningane er gjorde ut frå intervjupersonar som eg ikkje veit noko om. Eg veit ikkje noko om kriteriet for utvalet av informantar, om det ligg til grunn eit utval på grunn av typisk eller arkaisk språk. Tradisjonelt har ein i målføregranskingar gjerne valt ut av informantar på bakgrunn av tradisjonelle dialektdrag. Dette har gjort mykje av dette materialet noko konservativt, og materialet kan difor vitne om eit meir alderdommeleg språksteg. Dermed kan det seiast at informasjonen som kjem fram i desse skriftene, ikkje alltid er til å lite på, i høve til det vi her er ute etter. Likevel vert dette materialet brukt, men berre som korrigeringar til mitt eige materiale.

Del 2

Kvantiteten i rotord

Kapittel 5

Vokalkvantiteten før mediale og finale opptakter

5.1. Innleiing

I kapittel 5 skal vi sjå nærare på kvantiteten i rotorda med særleg vekt på samanhengen mellom vokallengd og den etterfølgjande konsonantismen. Rotorda er uderiverte ordformer som er syntetiske leksikalske einingar. (Vokalkvantiteten i deriverte ordformer vert handsama i del 3 av avhandlinga.) Vi er særleg opptekne av realisasjonen av lang vokal før ulike konsonantgrupper, ut frå ein hypotese om at kvantiteten i kjernen er ein funksjon av den etterfølgjande konsonantismen, dvs. om konsonantgruppa dannar opptakt eller rimkomplement + opptakt.

Figur (52) viser kompleksiteten for nokre av konsonantgruppene som kan danne opptaktskonstituentar.

(52) Kompleksiteten til nokre opptaktsgrupper

| | | | | | | | | | | | |
|-------|-----------|-------|-----------|-------|-----------|-----|-----------|-----|-----------|------|-----------|
| i) | kr | ii) | tr | iii). | pr | iv) | gr | v) | dr | vi) | br |
| | /k/ | | /r/ | | /t/ | | /r/ | | /d/ | | /b/ |
| | x | | x | | x | | x | | x | | x |
| | | | | | | | | | | | |
| | — | | A | | <u>A</u> | | A | | — | | A |
| | | | | | | | | | | | |
| | ? | | ? | | ? | | ? | | ? | | ? |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | h | | h | | h | | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | H | | | | | | |
| vii) | kn | viii) | pn | ix) | fr | x) | gn | xi) | gl | xii) | fl |
| | /k/ | | /n/ | | /p/ | | /n/ | | /f/ | | /l/ |
| | x | | x | | x | | x | | x | | x |
| | | | | | | | | | | | |
| | — | | A | | <u>U</u> | | A | | — | | A |
| | | | | | | | | | | | |
| | ? | | N | | ? | | ? | | N | | ? |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | h | | h | | h | | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | | | | | | | |
| xiii) | vr | xiv) | vl | | | | | | | | |
| | /v/ | | /r/ | | /v/ | | /l/ | | | | |
| | x | | x | | x | | x | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| | U | | A | | U | | A | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | ? | | | | | | |

(Merk då at konsonantgruppene *pn* og *vl* ikkje er realisert som opptakter i heimlege ord. Det er likevel her snakk om såkalla 'tilfeldige hol' i representasjonen og ikkje systematiske

manglar, jf. Vogt 1942.) Ut frå kompleksitetskurva mellom dei to konsonantsegmenta som inngår i konsonantgruppa, kan vi setje opp den relative kompleksitetsskalaen for desse konsonantgruppene (- markerer fallande kompleksitet).

| | | | | | | | | | | |
|------|-----------|-----|-----------|-----|-----------|-----|-----------|-----|-----------|-----|
| (53) | kr | - 3 | gr | - 2 | kn | - 2 | gn | - 1 | vr | - 1 |
| | tr | - 3 | dr | - 2 | pn | - 2 | gl | - 1 | vl | 0 |
| | pr | - 3 | br | - 2 | fr | - 2 | fl | - 1 | | |

Kr, *tr* og *pr* utgjer her typiske opptaktskonstituentar i norsk. Det er tydeleg kompleksitetsskilnad mellom ein plosiv obstruent og ein sonorant lateral eller vibrant. Slike konsonantgrupper vil utgjere såkalla sterke styringsdomene grunna den plosive obstruenten som styringshovud og ein klar kompleksitetsskilnad mellom segmenta i domenet (jf. Harris 1990, 1994: 133f., Gussmann 1998: 113, Gussmann 2007: 182, Cyran 2010: 18).¹ Samtidig vil ei konsonantgruppe som *vl* utgjere eit veikt styringsdomene. Kompleksitetsskilnaden mellom segmenta i gruppa er 0, og *v* må oppfattast som ein veik styrar (med berre to element i strukturen.)

Tilsvarande kompleksitetsskala kan utviklast for konsonantgruppene som utgjer opptakter + rimkomplement.

¹ Spørsmålet om ulike “strength hierarchy” for ulike dialektar (og språk) er drøfta i Gussmann (1998 113ff.). Han drøftar her også samanhengen mellom ‘strength’ og kompleksitet, og stiller seg skeptisk til tanken om styrke og kompleksitet som innbyrdes compatible storleikar, og han viser til at konsonantgrupper som har identisk kompleksitet, kan ha ulik styrke (Gussmann 1998: 116). Denne diskusjonen vil eg ikkje vidarefør her, då det ikkje har direkte konsekvensar for analysen eg skal gjere. Der dette kan ha betydning for realisasjonen av kvantiteten, vil dette bli kommentert særskilt.

(54) Kompleksiteten til nokre rimkomplement-opptaktsgrupper

| | | | | | | | | | | | |
|-------|-----------|-------|-----------|------|-----------|-------|-----------|--------|-----------|--------|-----------|
| i) | rp | ii) | rt | iii) | rk | iv) | rg | v) | rs | vi) | lp |
| /r/ | /p/ | /r/ | /t/ | /r/ | /p/ | /r/ | /g/ | /r/ | /d/ | /l/ | /p/ |
| x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| | | | | | | | | | | | |
| Δ | — | Δ | Δ | Δ | U | Δ | — | Δ | Δ | Δ | U |
| | | | | | | | | | | | |
| | ? | | ? | | ? | | ? | | h | ? | ? |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | h | | h | | | | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | H | | H | | | | H |
| vii) | lt | viii) | lk | ix) | ld | x) | lg | xi) | ls | xii) | mp |
| /l/ | /t/ | /l/ | /k/ | /l/ | /d/ | /l/ | /g/ | /l/ | /s/ | /m/ | /p/ |
| x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| | n | | | | | | | | | | |
| Δ | Δ | Δ | — | Δ | Δ | U | — | A | Δ | U | U |
| | | | | | | | | | | | |
| | ? | | ? | | ? | | ? | | h | N | ? |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | h | | h | | | | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | H | | H | | | | H |
| xiii) | nt | xiv) | nk | xv) | mb | xvi) | nd | xvii) | ng | xviii) | ms |
| /n/ | /t/ | /ŋ/ | /k/ | /m/ | /b/ | /n/ | /d/ | /ŋ/ | /g/ | /m/ | /s/ |
| x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |
| | | | | | | | | | | | |
| A | Δ | — | — | U | U | A | Δ | — | — | U | Δ |
| | | | | | | | | | | | |
| N | ? | N | ? | N | ? | N | ? | N | ? | N | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | h | | h | | h | | h | | h | | H |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | H | | H | | H | | H |
| xix) | ft | xx) | fs | xxi) | sp | xxii) | st | xxiii) | sk | xxiv) | pt |
| /f/ | /t/ | /f/ | /s/ | /s/ | /p/ | /s/ | /t/ | /s/ | /k/ | /p/ | /t/ |
| | | | | | | | | | | | |
| U | A | A | A | A | U | A | A | A | — | U | A |
| | | | | | | | | | | | |
| h | ? | ? | h | h | ? | h | ? | h | ? | ? | ? |
| | | | | | | | | | | | |
| H | h | H | H | H | h | H | h | H | h | h | h |
| | | | | | | | | | | | |
| | H | | H | | H | | H | | H | | H |
| xxv) | kt | xxvi) | gd | | | | | | | | |
| /k/ | /t/ | /g/ | /d/ | | | | | | | | |
| x | x | x | x | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| — | A | — | A | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| h | h | h | h | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| ? | ? | ? | ? | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | |
| H | H | | | | | | | | | | |

Dette gir følgende kompleksitetsskala (+ står her for stigande kompleksitet, - for fallande kompleksitet):

(55)

| | | | | | | | | | |
|-----------|-----|-----------|-----|-----------|-----|-----------|-----|-----------|---|
| rp | + 3 | lp | + 2 | mp | + 2 | ms | + 1 | pt | 0 |
| rt | + 3 | lt | + 2 | nt | + 2 | ft | + 1 | kt | 0 |
| rk | + 3 | lk | + 2 | nk | + 3 | sp | + 1 | gd | 0 |
| rg | + 2 | ld | + 1 | mb | + 1 | st | + 1 | | |
| rd | + 2 | lg | + 1 | nd | + 1 | sk | + 1 | | |
| rs | + 1 | ls | + 1 | ng | + 1 | fs | 0 | | |

Rp, *rt* og *rk* er her typiske rimkomplement + opptakts-konstituentar i norsk. Det er tydeleg kompleksitetsskilnad mellom ein plosiv obstruent og ein sonorant lateral eller vibrant. Slike konsonantgrupper vil også her utgjere sterke styringsdomene grunna ein plosiv obstruent, som er ein sterk styrar, som styringshovud og ein veikare eller mindre kompleks sonorant som komplement (Gussmann 2007: 182). Det er her sterk kompleksitetsskilnad mellom segmenta i domenet (jf. ovafor). Samtidig vil konsonantgrupper som *ls* og *fs* vere veike styringsdomene grunna manglande kompleksitetsskilnad mellom segmenta og veike styrarar, *f* er ein frikativ og *l* er ein sonorant, som hovud i domenet. Samtidig vil også konsonantgrupper som *pt*, *kt*, *gd* verte oppfatta som veike styringsdomene endå om opptakta utgjer plosive obstruentar, då kompleksitetsskilnadene mellom segmenta er lik 0.

Ordformene vi skal teste i dette kapitlet, har postvokaliske konsonantgrupper som utgjer obstruentar etterfødde av sonorantar: *pr*, *br*, *tr*, *dr*, *kr*, *gr*, *vr*, *fr*, *pl*, *bl*, *kl*, *fl*, *gl*, *sl*, *kn*, *gn*, *vn*, *fn*, *sn*, *sm* osv. Dette er alle typiske opptaktskonfigurasjonar, slik at styreretninga i desse sambanda går frå venstre mot høgre (jf. figur 15) mellom hovudet og komplementet innafør ei opptakt. I desse konsonantsambanda skulle det dermed rå intrakonstituent styring mellom konsonantane. (Kvantiteten før konsonantgruppene som dannar interkonstituente styringsdomene, vert handsama i kapittel 6.)

Vi deler materialet inn i mediale og marginale konsonantgrupper, det vil i vår modell tilseie at ordformene endar på ein realisert kjernekonstituent i det første tilfellet og ein undertrykt kjernekonstituent i det andre. Vi skal først sjå på vokalrepresentasjonen for dei mediale konsonantgruppene.

5.2. Vokalkvantiteten før mediale opptakter

5.2.1. Oversyn

Konsonantsamband av obstruentar og sonorantar dannar altså typiske opptakter, i tråd med kompleksitetsvilkår og vilkåra for den intrakonstituente styringa (jf. Harris 1990, 1994, Gussmann 2007: 182). Ordformene vi skal analysere i denne seksjonen har dessutan ein etterfølgjande realisert kjerneposisjon (jf. analysen av 'klatre' V s. 83).

I tabell (56) er dei aktuelle ordformene lista opp. Dei er delte inn etter den postvokaliske konsonantgruppa, som obstruent + /r/-samband (56a), obstruent + /l/-samband (56b) eller obstruent + /n/-samband (56c).

(56) Ordformer med postvokalisk obstruent + sonorant-samband


| a. | obstruent + /r/ | b. | obstruent + /l/ | c. | obstruent + /n/ |
|----|-------------------------------------|----|-----------------------------------|----|----------------------------------|
| | [² havre] M 'havre' | | [² atle] PROP 'Atle' | | [² egne] V 'egne' |
| | [² hegre] F 'hegre' | | [² dravle] F 'dravle' | | [² rekne] V 'rekne' |
| | [² høgre] ADV 'høgre' | | [² eple] N 'eple' | | [² tegne] V 'teikne' |
| | [² kavring] M 'kavring' | | [² fatle] F 'fatle' | | |
| | [² klatre] V 'klatre' | | [² jodle] V 'jodle' | | |
| | [² klapre] V 'klapre' | | [² koble] V 'koble' | | |
| | [² logre] V 'logre' | | [² navle] M 'navle' | | |
| | [² ofre] V 'ofre' V | | [² okle] F 'okle' | | |
| | [² pludre] V 'pludre' | | [² padle] V 'padle' | | |
| | [² sladre] V 'sladre' | | [² tavle] F 'tavle' | | |
| | | | [² ugle] F 'ugle' | | |

Tabell (57) syner vokalrealisasjonen før mediale obstruent + sonorant-samband i nordvestlandsk, der (57a) viser prosentvis fordeling av korte og lange vokalar før dei ulike konsonantgruppene og (57b) frekvensen av lange vokalar rangert etter konsonantgrupper. (Sidan analysen utgjer fleire sider med tabellar, har desse vorte plasserte under Vedlegg til slutt i avhandlinga. Lesaren er difor vist til denne delen for det empiriske materialet.)

(57) a. Vokallengd etter konsonantgruppe (jf. vedlegg 1.1)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /l/ | 96.1 | 3.8 | 440 |
| Plosiv + /n/ | 87.7 | 12.2 | 147 |
| Plosiv + /r/ | 87.3 | 12.6 | 323 |
| Frikativ + /r/ | 85.0 | 15.0 | 100 |
| Frikativ + /l/ | 81.8 | 18.1 | 143 |
| Snitt | 89.8 | 10.1 | 1153 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe



Tabell (57a) syner at majoriteten av dei realiserte ordformene har kort vokal før mediale obstruent + sonorant-samband i nordvestlandsk. (89,8 % av ordformene har kort vokal.) Lang vokal finn vi i hovudsak før konsonantgrupper som utgjer ein frikativ obstruent og ein sonorant (*vr-* og *vl-*gruppene), som i [²ta:vlɛ] F 'tavle', [²dra:vlɛ] F 'dravle', [²na:vlɛ] M 'navle', [²ha:vrɛ] M 'havre', og før konsonantgrupper som utgjer obstruente plosivar etterfølgde av nasalar (*kn-* og *gn-*gruppene), som i [²e:gɳɛ] V 'egne', [²te:gɳɛ] og [²re:kɳɛ] V 'rekne' (jf. tabell 56b).² Før konsonantgrupper som har ein plosiv obstruent som opptaktshovud etterfølgd av ein lateral eller vibrant, er vokalen stort sett kort, som i [²klatrɛ] V 'klatre', [²sladrɛ] V 'sladre', [²ɔfrɛ] V 'ofre' osv. Det er såleis ein høgare frekvens av lange vokalar før konsonantgrupper med obstruente frikativar før sonorantar enn for konsonantgrupper med obstruente plosivar før sonorantar i vestnorsk. Høgast frekvens av lange vokalar finn vi såleis før frikativ + /l/- og frikativ + /r/-sambanda, men også før plosiv + /n/-sambanda finn vi realisert lange vokalar i målområdet.


Også før plosiv + /r/-gruppa finn vi ein relativt høg frekvens av lange vokalar jamført med dei andre obstruent + sonorant-sambanda (jf. tabell 56b). Dette gjeld først og fremst *kr-* og *gr-*gruppene. Den relativt høge frekvensen av lange vokalar før desse konsonantgruppene er først og fremst knytt til lange vokalar i ordformer som [²hɛ:grɛ] F 'hegre' og [²hø:grɛ] ADV 'høgre' i vestnorsk. Desse representerer eit avvikande mønster som treng ei særskild forklaring (som vi kjem attende til s. 97f.). Dersom vi ekskluderer desse ordformene frå tabellen, vert kvantitetsmønsteret for vokalane før obstruent + sonorant-sambanda som vist i tabell (58).

² Eliasson and La Peller (1973: 145) har registrert tilsvarende lenging av vokalen før t.d. *vl-*samband i svensk. Også i islandsk kan lange vokalar opptre før visse obstruent + sonorant-samband (jf. Árnason 1980, 1998: 15). Vilkåra for vokallenginga og statusen til den etterfølgjande konsonantgruppa vert diskutert i m.a. Árnason (1980, 1998: 15), Gussmann (1985, 2002, 2003, 2005: 331), Harris and Gussmann (1998: 154f., 2002). Denne diskusjonen kjem vi attende til.

(58) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe når 'hegre' F og 'høgre' ADV er ekskluderte frå tabellen (jf. vedlegg 1.1)*

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /r/ | 97.5 | 2.4 | 247 |
| Plosiv + /l/ | 96.1 | 3.8 | 440 |
| Plosiv + /n/ | 87.7 | 12.2 | 147 |
| Frikativ + /r/ | 85.0 | 15.0 | 100 |
| Frikativ + /l/ | 81.8 | 18.1 | 143 |
| Snitt | 92.3 | 7.6 | 1077 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe når 'hegre' F og 'høgre' ADV er ekskluderte frå tabellen*



Som tabellen syner, er det ein klar samanheng mellom den postvokaliske konsonantgruppa og frekvensen av lange vokalar i dei vestnorske ordformene. Dei ordformene som har høgast frekvens av lange vokalar (förgreina kjernestrukturar), er ordformer med frikative obstruentar som vokalnær konsonant. Dersom det opptrer ein plosiv obstruent i den vokalnære posisjonen, er frekvensen av lange vokalar låg i dette målområdet bortsett frå for plosiv + /n/-gruppa. Før denne konsonantgruppa er frekvensen av lange vokalar høgare enn for dei andre obstruent + sonorant-sambanda. Dette skulle tyde på at det er ein korrelasjon mellom segmentetstrukturen i den mediale konsonantgruppa og kvantiteten til kjernekonstituenten. Dette vert nærare drøfta nedafør. Men først skal vi sjå nærare på den geografiske utbreiinga til desse ordformene.


5.2.2. Geografisk utbreiing

Vi skal no sjå nærare på den geografiske utbreiinga til ordformene med lang vokal i overflata med utgangspunkt i eit skilje mellom måla i Sogn, Sunnfjord, ytre og indre Nordfjord og ytre og indre Sunnmøre (jf. s. 14f.). Vokalrepresentasjon før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda i Sogn er vist i tabell (59).

(59) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 1.2)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 100.0 | 0.0 | 30 |
| Plosiv + /l/ | 98.9 | 1.0 | 96 |
| Plosiv + /n/ | 96.8 | 3.1 | 32 |
| Plosiv + /r/ | 95.6 | 4.3 | 69 |
| Frikativ + /r/ | 90.9 | 9.0 | 22 |
| Snitt | 97.1 | 2.8 | 248 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*




Det går fram av tabellen at korte vokalar dominerer før mediale obstruent + sonorant-samband i dette området. (Frekvensen av korte vokalar er heile 97,1 % før desse konsonantgruppene.) Tabellen syner dessutan at det her er liten skilnad i vokalrepresentasjonen om det er plosive eller frikative obstruentar i hovudposisjonen i styringsdomenet. Lange vokalar opptreer først og fremst før *vr*-sambanda. (Før *vl*-sambanda er frekvensen av korte vokalar 100 %, medan frekvensen av lange vokalar før *vr*-gruppa er 9 %.) Likevel er frekvensen av lange vokalar heller liten i denne gruppa også. For dei fleste formene er det snakk om at berre ein informant gir opp lang vokal. Når ein granskar talespråk på den måten som det her er gjort, vil det mellom målbrukarar finnast individuell variasjon og unntak som kan slå ut på statistikken gjennom marginale verdiar. Dette er eit naturleg særdrag ved språk. Om vi ser bort frå desse unntaka, er konklusjonen at sognemåla har konsekvent kort vokal før obstruent + sonorant-samband når dei er etterfølgde av ein realisert kjerne.

Også i sunnfjordmålet er det ein dominans av korte vokalar før mediale obstruent + sonorant-samband. Vokalrepresentasjonen før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda i Sunnfjord er vist i tabell (60).

(60) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 1.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /n/ | 100.0 | 0.0 | 27 |
| Frikativ + /l/ | 100.0 | 0.0 | 27 |
| Plosiv + /l/ | 98.7 | 1.2 | 81 |
| Plosiv + /r/ | 98.2 | 1.7 | 58 |
| Frikativ + /r/ | 94.4 | 5.5 | 18 |
| Snitt | 98.5 | 1.4 | 211 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*




Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før disse konsonantgruppene i sunnfjordmålet. (Frekvensen av korte vokalar er 98,5 % i dette området.) Som i Sogn er det her eit konsistent system med omsyn til vokallengda ved at korte vokalar vert realisert før mediale obstruent + sonorant-samband når dei vert etterfølgde av ein realisert domenefinal kjerne. Det er først og fremst for *vr*-gruppa at lange vokalar opptrer, men også her er frekvensen liten (5,5 %).

I nordfjordmålet syner vokalrepresentasjonen før mediale obstruent + sonorant-samband eit anna mønster enn det vi har no har påvist for Sogn og Sunnfjord, då representasjonen av lange vokalar før disse konsonantgruppene er høgare her. Representasjonen av lange vokalar er likevel ikkje jamt fordelte i Nordfjord. Formene som eg har registrerte med lange vokalar, skriv seg alle frå indre Nordfjord. I ytre strok (Bremanger, Selje og Vågsøy) vil korte vokalar dominere før alle desse konsonantgruppene. Derfor kan det vere grunn til å skilje mellom indre og ytre Nordfjord når det gjeld vokalrepresentasjonen i denne gruppa. Vokalrepresentasjonen før mediale obstruent + sonorant-samband i ytre Nordfjord går fram av tabell (61).

(61) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.4)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /l/ | 100.0 | 0.0 | 36 |
| Plosiv + /r/ | 100.0 | 0.0 | 25 |
| Frikativ + /r/ | 100.0 | 0.0 | 8 |
| Frikativ + /l/ | 100.0 | 0.0 | 12 |
| Plosiv + /n/ | 91.6 | 8.3 | 12 |
| Snitt | 98.9 | 1.0 | 93 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Tabellen viser at det er det ein dominans av korte vokalar før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda her. (Frekvensen av korte vokalar er heile 98,9 % i dette området.) Det er berre før konsonantgruppa plosiv + [n] vi finn lange vokalar i området, dvs. i ordformene 'rekne' V og 'teikne' V. Men også for denne gruppa dominerer korte vokalar i ytre Nordfjord. Konklusjonen er at i ytre strok av Nordfjord dominerer korte vokalar før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda, slik vi såg det i sognemålet og sunnfjordmålet.

Det er først og fremst i indre Nordfjord (Eid, Gloppen, Stryn, Hornindal) at frekvensen av lange vokalar før obstruent + sonorant-sambanda er høg. Vokalrepresentasjonen før mediale obstruent + sonorant-sambanda i indre Nordfjord kjem fram i tabell (62).

(62) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.5)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /l/ | 86.7 | 13.2 | 68 |
| Plosiv + /r/ | 70.3 | 29.6 | 54 |
| Frikativ + /r/ | 62.5 | 37.5 | 16 |
| Frikativ + /l/ | 50.0 | 50.0 | 24 |
| Plosiv + /n/ | 45.8 | 54.1 | 24 |
| Snitt | 69.8 | 30.1 | 186 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord




Tabell (62) syner ein høgare frekvens av lange vokalar før dei fleste konsonantgruppene. I indre Nordfjord er frekvensen av lange vokalar 30,1 % (mot 1,0 % i ytre Nordfjord). Ordformene med den høgaste frekvensen av lange vokalar har anten ein frikativ obstruent i hovudposisjonen i styringsdomenet, eller dei utgjer plosiv + nasal-samband, dvs. *vl-*, *vr-*, *kn-* og *gn-*gruppene. Det er særleg før konsonantgruppene *vr* og *vl* (frikativ + sonorant) at frekvensen av lange vokalar er høg i dette området (dvs. i ordformer som [²ha:vrɛ] M 'havre', [²ta:vɛ] F 'tavle', [²na:vɛ] M 'navle'. Også før konsonantgruppene med plosiv + nasal, *kn* og *gn*, er frekvensen av lange vokalar høg jamført med dei andre plosiv + sonorant-sambanda (plosiv + /l/, plosiv + /r/). Mellom dei analyserte ordformene i denne gruppa er 'teikne' V og 'rekne' V, som hadde historisk lang vokal (diftong) (jf. side 89). Målet i indre Nordfjord toler ikkje kortdiftongar, slik vi finn dei i sunnfjord- og sognemålet. Dette kan forklare representasjonen av lange vokalar (diftongar) i denne gruppa i området, som i formene [²rɛiknɛ] V 'rekne' og [²tɛiknɛ] V 'teikne'. Også før plosiv + /r/-sambandet er det ein høg frekvens av lange vokalar, men her dreier det seg først og fremst om lang vokal i formene 'høgre' ADV og hegre' F, som vi tidlegare har diskutert (jf. s. 89). Sett bort frå desse dominerer korte vokalar før konsonantsamband som utgjer obstruent + sonorant-samband i dette området.

Ser vi på sunnmørsmålet, er frekvensen av lange vokalar før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda høgare her enn i Sogn og Sunnfjord, men lågare enn i ytrenordfjordmålet. Heller ikkje i dette området er det jamn fordeling av ordformer med lang vokal før dei mediale opptaktene. Det er her, som i Nordfjord, ein viss skilnad mellom ytre og indre strok. Derfor vil vi også her skilje mellom desse områda. Dei formene som er registrerte med lang vokal før mediale obstruent + sonorant-samband, er sterkare representerte på indre Sunnmøre enn på ytre Sunnmøre. I ytre strok vil den korte vokalen dominere før alle desse konsonantgruppene, som det går fram av tabell (63).

(63) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.6)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + [r] | 100.0 | 0.0 | 20 |
| Plosiv + [l] | 98.8 | 1.1 | 88 |
| Frikativ + [l] | 93.3 | 6.6 | 30 |
| Plosiv + [n] | 92.5 | 7.4 | 27 |
| Plosiv + [r] | 84.6 | 15.3 | 65 |
| Snitt | 93.4 | 6.5 | 230 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*



Som tabell (63) viser, er frekvensen av lange vokalar lav i dette området. Målet på ytre Sunnmøre følger såleis måla i Sogn, Sunnfjord og ytre Nordfjord i dette.


Indre Sunnmøre vil ha ein høgare representasjon av lange vokalar i denne posisjonen.

Fordelinga av vokalar før mediale obstruent + sonorant-samband går fram av tabell (64).

(64) a. *Vokallengd rangert etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.7)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + [n] | 95.8 | 4.1 | 24 |
| Plosiv + [l] | 94.2 | 5.7 | 69 |
| Plosiv + [r] | 77.3 | 22.6 | 53 |
| Frikativ + [l] | 42.8 | 57.1 | 21 |
| Frikativ + [r] | 37.5 | 62.5 | 16 |
| Snitt | 78.6 | 21.3 | 183 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Her er frekvensen av lange vokalar høgare enn i ytre strok. Tabellen viser at frekvensen av korte vokalar før obstruent + sonorant-samband i dette området er 78,6 %. Det er før konsonantgruppene med frikative obstruentar i hovudposisjonen i styringsdomenet det er den høgaste frekvensen av lange vokalar, dvs. før *vl-* og *vr-*gruppene. Dette er dei same konsonantsambanda som hadde høg frekvens av lange vokalar i indre Nordfjord, dvs. konsonantsamband som utgjer ein frikativ etterfølgt av ein sonorant. Også før plosiv + /r/-gruppa er det høg frekvens av lange vokalar her, men som i indre Nordfjord dreier dette seg først og fremst om formene 'høgre' ADV og hegre' F. Før dei andre konsonantgruppene, plosiv + /t/ og plosiv + /l/, dominerer dei kort vokalane også på indre Sunnmøre.

5.2.3. Vokalkvantitet før dei mediale optaktene

Analysen av vokalrepresentasjonen før dei mediale obstruent + sonorant-sambanda har synt ein korrelasjon mellom vokalkvantiteten og strukturen til den etterfølgjande konsonantismen. Før plosive obstruentar held vokalen seg kort når det følgjer ein lateral eller ein vibrant etter konsonanten. Korte vokalar dominerer før konsonantgrupper som *pr*, *pl*, *kr*, *kl*, *gr* og *gl* (jf. tabell 57 s. 94).


Konsonantgrupper som utgjer obstruent + sonorant-samband, dvs. ein obstruent og ein ikkje-homorganisk konsonant, vert tolka som typiske optakter i norsk (jf. Vogt 1942: 14). I vår modell er det ein førsetnad for at ei konsonantgruppe skal ha status som optakt, at det kan dannast eit intrakonstituent styringsdomene, eit hovud skal styre eit komplement til høgre for seg. Kompleksitetsvilkåra må vere oppfylde for at denne styringa skal opptre (jf. s. 73). Slik sett dannar obstruent + sonorant-sambanda typiske optaktskonfigurasjonar (jf. Gussmann 2007: 182).

Lange vokalar kan opptre i opne rim, dvs. optakter. Det at den vokalnære konsonanten ikkje opptre i kodaen, opnar opp for moglegheita for lang vokal i denne posisjonen. Lange vokalar representerer ikkje noko problem dersom konsonantismen etterpå utgjer optakter og ikkje rimkomplement + optakter.³ På den andre sida er det ikkje slik at konsonantsamband som opptre som optakter, nødvendigvis fører med seg ein forståande lang vokal (som vist i tabell 57). Før plosiv + sonorant-samband, som *tl*, *tr* osv., opptre korte vokalar i nordvestlandsk.

³ Når lange vokalar opptre i islandsk før konsonantgrupper som *pj*, *sv*, *kr* osv., er det nettopp optaktsstatusen til konsonantgruppa som vert framheva som årsaka til dette (jf. Árnason 1998: 6). Gussmann (2003) diskuterer optaktsstatusen til slike konsonantgrupper, noko vi kjem vi attende til nedafor s. 104.

Lange vokalar opptrer først og fremst før konsonantgrupper som utgjør frikative obstruentar og sonorantar, og før plosive obstruentar når den etterfølgjande konsonanten er ein nasal, dvs. før *vr-*, *vl-*, *gn-* og *kn-*samband. Tabell (57) syner samanhengen mellom kompleksitetsdifferansen mellom konsonantane i den postvokaliske konsonantgruppa og lengda av vokalen i dei vestnorske ordformene. Dersom konsonantgruppa har sterke styrarar i hovudposisjon og det er kompleksitetsskilnad mellom segmenta som utgjør hovud og komplement, er frekvensen av lange vokalar låg. Dei ordformene som har kort vokal før ordmediale optakter, har alle samband med stor kompleksitetsskilnad mellom optaktshovudet og komplementet, som vist i forma 'mekre' V nedafør .

(65) *Representasjonen av [²mekrɛ]V*



I denne forma vil strukturen med ein forgreina optaktskonstituent etter ein kort vokal vere i tråd med førsetnadene for danninga av styringsdomene ved at hovudet kan styre komplementet, slik ein *k* kan styre ein *r*.

Når vokalar opptrer før konsonantgrupper som dannar typiske optaktskonfigurasjonar i vestnorsk, ser det derfor ut til å vere eit generelt mønster at desse vokalane vert realiserte som korte. Realisasjonen av lange vokalar i ordformer som 'høgre' ADV og 'hegre' F representerer dermed eit avvik frå denne tendensen. Den velare plosiven /g/ er ein sterk styrar, dessutan er komplementet her sonoranten /r/, slik at desse to segmenta dannar eit ideelt styringsdomene (jf. s. 90). Vi skulle difor vente at den korte vokalen dominerer i heile dette området. Når former som 'hegre' F og 'høgre' ADV likevel opptrer med lange vokalar, kan

forklaringa ikkje vere at konsonantgruppene manglar status som opptaktskonfigurasjonar i vestnorsk. No er det likevel ikkje eit problem for modellen vår at desse ordformene opptrer med lange vokalar, då vokalane opptrer i det som kan oppfattast som opne rimkonstruksjonar (jf. s. 73). Dei representerer likevel ei utfordring, då det generelle mønsteret i vestnorsk er, som vi har vist, at vokalkvantiteten før opptaktskonfigurasjonar med klar opptaktidentitet (jf. s. 71), gir grunnlag for kort vokal.

Når det gjeld forma 'høgre', kan den lange vokalen her knytast til ei historisk relik. Den lange vokalen i denne forma kan knytast til ein historisk lang vokal før konsonantgruppa *gr* (gno. *hógrī*).⁴ Eit anna problem representerer forma [ʰe:grɛ] F 'hegre', som også har høg frekvens av lange vokalar før konsonantgruppa. Ei slik form kan ikkje forklarast med ein historisk lang vokal (gno. *hegrī*). Ordet har forma 'heger' i tilstøytande område.⁵ Dermed kan dette oppfattast som ei form med ei uekte konsonantgruppe (konsonantgruppe skild av ei tom kjerne). Av den grunn kan forma kome i den gruppa av synkoperte ordformer som har lang vokal før konsonantgruppa, som [¹mɑ:grɛ] ADJ FLT', [¹la:grɛ] V osv. (som vi kjem attende til i kap. 10).


Eit meir systematisk avvikande mønster opptrer når frikativar, som *v*, utgjer opptaktshovudet i former som 'navle' M og 'tavle' F, dvs. der konsonantgruppe består av ein frikativ obstruent etterfølgd av ein sonorant. Dersom kompleksitetsskilnaden mellom hovudet og komplementet er liten, som i samband av ein labial frikativ og ein lateral, som *v*l-gruppa, vert opptaktsidentiteten til konsonantgruppa veikare. Når ein frikativ obstruent opptrer i hovudposisjon, vil dette utgjere veikare styringsdomene grunna manglande kompleksitetsskilnader mellom hovud og komplement. Konsonantgrupper med jamn kompleksitet mellom segmenta kan ikkje opptre som opptakter (Harris 1994: 171). Plosive obstruentar må oppfattast som sterkare styrarar enn dei frikative, som har færre element i strukturen. *V*l-gruppa har ein jamn kompleksitet, begge segmenta har to element i strukturen. (*V*l-gruppa opptrer ikkje som opptakt i norsk, noko som Vogt oppfattar som 'tilfeldig hol' i distribusjonen, jf. Vogt 1942: 18.) Samtidig er segmentstatusen til *v*-segmentet uklår i norsk. Vogt (1942) grupperer *v* saman med *j*, *n*, *r* og *l* som "semi-sonants", dvs. at det er definert av den same funksjonen som sonorantar. Kristoffersen (2000: 39) er inn på det same og omtalar *v*-konsonanten som "both an obstruent and a sonorant [...]" The reason for this is that it

⁴ Tilsvarende lange vokalar finn vi i former som lægre ('lågare') av gn. 'lægri'. Slik sett kan formene grupperast saman med framande former, som [se:bra] M 'sebra', [nɑ:trun] M 'natron', [ve:grɛ] V 'vegge', som har lang vokal her (jf. Eliasson and La Pelle 1973: 145, Eliasson 1972: 183 n. 13). Slike former har kvantiteten ivareteke frå formene i opphavsspråket (jf. Gussmann 2002: 167).

⁵ Eg har registrert slike former i Valdres.

presents a janus-like quality in that in some respects it behaves as a glide, in others as an obstruent”.⁶ Dersom det er slik at *v*-segmentet har status som sonorant, kan ikkje segmentet opptre som styrar for ein annan sonorant og dermed opptre som hovud for eit komplement i ei forgreina opptakt. Vi kan då rekne med at dei konsonantgruppene som her er omtala, *vl* og *vr*, ikkje kan danne opptakter i norsk, trass i at *vr*-sambandet kan opptre initialt. Dersom vi oppfattar *vr*- og *vl*-sekvensar som sonorantgrupper, kan dette forklare den høgare frekvensen av lange vokalar før desse konsonantgruppene i vestnorsk. *l*- og *vr*-gruppene opptre dermed ikkje som opptakter, men som opptakter som er skilde av ein tom kjernekonstituent (jf. Gussmann 2002: 167, 2003: 331).⁷ I dette tilfellet vil vi måtte rekne med ei konsonantgruppe splitta opp gjennom ein tom kjerneposisjon, som vist i figur (66).

(66) Representasjonen av [²na:vlɛ] M



Lange vokalar opptreer såleis før konsonantgrupper med veikare konstituentidentitet i målområdet, gjennom jamn kompleksitet mellom segmenta og veike styrarar (sonorantar) i hovudposisjon. Overlang kvantitet opptreer når den etterfølgjande konsonantgruppa ikkje har status som forgreina opptakt. Realisasjonen av lange vokalar skjer nemleg ikkje i same grad i

⁶ Det same finn vi hjå Cyran and Gussmann (1999: 240) når dei hevdar at "we need to achieve a better understanding of the phonological status of /v/ and /z/, which seem to be ambiguous in that sometimes act like sonorants and sometimes like obstruents". Árnason (1998: 16f.) omtalar *v* som "weak" saman med *r* og *j* i sitt "strength hierarki" i islandsk, og han viser til den funksjonen konsonanten har saman med sonorantane når han hevdar at "the phonetic naturalness of *v*, *j* and *r* as a class in the modern language is questionable, *v* and *j* normally being classified as fricatives, and *r* as a sonorant. But there is still no reason to deny them the status of some sort of structural class on the ground of a scale of strength, below nasals and the lateral /l/, simply because they can follow strong consonants within onsets." Gussmann (2007: 288) reknar ikkje *v* som obstruent, men som sonorant i polsk. (Jf. også Harris and Gussmann 1998: 154f.)

⁷ Gussmann (2002: 167, 2003: 331) har diskutert statusen til dei konsonantgruppene som opptreer etter lange vokalar i islandsk i tilsvarande posisjon, dvs. /p, t, k, s/ følgd av /v, j, r/. Han viser her at desse konsonantgruppene i islandsk, med unntak av *tr*, må oppfattast som opptakter skilde av ein kjerneposisjon og ikkje forgreina opptakter.

ordformer med konsonantgrupper som har klarare opptaktsidentitet, som før plosiv + /r/-sambandet.

Dersom lang vokal først og fremst opptrer før konsonantgrupper som ikkje har status som typiske opptakter, må dette vere tilfelle også for dei andre gruppene som etterfølgjer dei lange vokalane, dvs. obstruent + sonorant-sambanda *kn*, *gn*. Desse konsonantgruppene har ifølgje kompleksiteten ei fallande kompleksitetskurve (jf. figur 64), og slike konsonantgruppene kan opptre initialt i norsk. Det er likevel ikkje slik at det er opplagt at konsonantgrupper som opptrer initialt, nødvendigvis er opptakter.⁸ Statusen til slike konsonantgrupper er mykje diskutert innafor teorien vår (jf. Harris 1994, Gussmann 2003, 2007). Nokre vil hevde at kompleksitetskilnaden mellom konsonantane i desse konsonantgruppene gjer at dei ikkje kan definerast som opptakt, då *n*-segmentet er for komplekst. I det heile kan det sjå ut som om *n* her er for kompleks til å danne komplement i ein samansett konstituent (Gussmann 2003: 332, 2007: 236).⁹ Dermed må også *gn*- og *kn*-gruppene tolkast som ikkje opptaktssamband. Også her opptrer konsonantane som opptakter skilde av ein tom kjerneposisjon.

Det går dermed fram av materialet mitt at dersom eit obstruent + sonorant-samband opptrer ordmedialt i ordformer i vestnorsk, vil desse ordformene vere realiserte med kort stammevokal når det opptrer ein etterfølgjande realisert kjerne og konsonantsambandet har ein sterk styrar (obstruent) som hovud og ein sonorant som komplement. Slike konsonantgrupper representerer typiske opptaktskonstituentar i vestnorsk. Dersom opptaktsstatusen til den etterfølgjande konsonantruppa er meir uklår gjennom veike styrarar, eller det er ein jamn kompleksitet mellom segmenta, er tendensen til vokallenging høgare. Dette gjeld først og fremst konsonantgruppene *vl*, *vr*, *kn* og *gn*, som alle vert tolka som ikkjeopptakter grunna styringsevna til hovudet og den jamne kompleksiteten mellom segmenta. Realisasjonen av ordformer med postvokaliske obstruent + sonorant-samband kan då fortelje om eit mønster i målområdet der fonotaksen spelar ei viss rolle for vokalrepresentasjonen. Dei lange vokalane opptrer her ikkje før forgreina opptakter, men konsonantgrupper som må oppfattast som opptakter skilde av ein underliggjande kjerneposisjon (jf. Gussmann 2003: 331).


⁸ Homorgane konsonantgrupper av typen obstruent + nasal-sekvensar opptrer ikkje som opptakter. Grunnen til det er at opptakter ikkje kan vere bunde av meir enn eitt felles element (Gussmann 2003: 332, Harris 1994: 171, Kaye, Lowenstamm and Verganud 1990: 212).

⁹ Cyran vil hevde at nasalane ikkje har plosivelementet {?} i strukturen, og at dei derfor berre utgjer to element, plasselementet og nasalelementet (jf. Cyran 2010: 12).

5.2.4. Oppsummering

Gjennomgangen av vokalrepresentasjonen før mediale obstruent + sonorant-samband har synt varierende mønster for målområdet totalt sett. Det går fram av materialet mitt at dersom eit obstruent + sonorant-samband opptrer ordmedialt i ordformer i vestnorsk, vil desse ordformene vere realiserte med kort stammevokal framfor sambandet. Det er liten variasjon i vokalkvantiteten før desse konsonantsambanda i Sogn, i Sunnfjord og i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre, slik det går fram av tabell (67).

(67) Lange vokalar etter konsonantgrupper i dei ulike målområda



Som tabellen viser, er det først og fremst i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre at vokalkvantiteten skil seg ut. Her vil frekvensen av lange vokalar vere høgare framfor alle konsonantgruppene enn i dei andre områda. Det er særleg før frikativ + sonorant-sambanda at frekvensen av lange vokalar er høg i desse områda, dvs. før *vr* og *vl*. Om lag halvparten av ordformene vil ha lange vokalar før desse konsonantgruppene (jf. kart 3 s. 348). Men òg før plosiv + nasal-sambanda, *kn* og *gn*, er frekvensen av lange vokalar høg i indre Nordfjord. I sognemålet, sunnfjordmålet og ytre delar av Nordfjord og på Sunnmøre er desse formene derimot sjeldne.¹⁰ I desse områda held vokalen seg kort i alle former med opptaktssamband før realiserte kjernar. I delar av sunnmørsmålet vil vi finne forma 'navle' M med epentese, som [nɑ:vəl].

Unntaka som kan observerast i målområdet, kan knytast til former med veikare styringsidentitet. Lange vokalar opptrer såleis før konsonantsamband med ein uklar konstituentstatus. Ein slik uklar konstituentstatus (opptaktsidentiteten) vil vere knytt til ein veik styrar i hovudposisjon og jamn kompleksitet mellom dei involverte segmenta.

¹⁰ Eit mål som aurlandsmålet har ikkje teikn til lenging av vokal før *vl*-, *vr*- eller *vn*-gruppene, ifølgje Flom (1915: 51).

Realisasjonen av lange vokalar skjer nemleg ikkje i same grad i ordformer med konsonantgrupper som har klarare opptaktsidentitet, som før plosiv + /r/-sambandet.

Tendensen vi ser, først og fremst i måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre, er at frekvensen av lange vokalar før ikkjeideelle opptakter, dvs. opptakter med veike hovud i styringsposisjonen og manglande kompleksitetsdifferanse mellom hovud og komplement, aukar.¹¹ Realisasjonen av ordformene 'høgre' ADV og 'hegre' F understrekar denne skilnaden mellom sognemålet, sunnfjordmålet og måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre på den eine sida og måla i indre Nordfjord og indre Sunnmøre på den andre. Kort vokal dominerer i sognemålet (1 informant gav opp lang vokal i desse formene), sunnfjordmålet og måla i ytre delar av Nordfjord og på ytre Sunnmøre (1 informant gav opp lang vokal i 'høgre', 6 informantar gav opp lang vokal i 'hegre'), medan lang vokal dominerer i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre i desse to formene (11 av 13 informantar gav opp lang vokal i 'høgre', 14 av 16 gav opp lang vokal i 'hegre'). Dei mediale konsonantgruppene representerer tydelege opptaktssamband i desse ordformene, slik at vi skulle vente at den korte vokalen dominerer i heile dette området. Når former som 'hegre' F og 'høgre' ADV likevel opptre med lange vokalar, kan forklaringa difor ikkje vere veike styrarar i opptaktsposisjonen. Forma 'høgre' har historisk lang vokal før konsonantgruppa *gr* (gno. *hógri*). Når denne forma opptre med kort kjernevokal i Sogn, Sunnfjord og ytre delar av Nordfjord og på ytre Sunnmøre, understrekar det kor sterk tendensen er i desse områda til kort vokal før desse konsonantgruppene. At ei opphavleg form med lang vokal har halde denne strukturen i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre, syner på den andre sida at dette området har lausare komplementaritet mellom vokalkvantiteten og den etterfølgjande konsonantismen enn dei andre områda har.

Realisasjonen av ordformer med postvokaliske konsonantgrupper som dannar moglege opptakter og dermed intrakonstituente styringsdomene, kan då fortelje oss om eit mønster i målområdet der fonotaksen spelar ei viss rolle for vokalrepresentasjonen. Hovudmønsteret i nordvestlandsk (og mange andre målfør) er kort vokal før konsonantgrupper som dannar intrakonstituente styringsdomene. Det er først og fremst i ein del av området, indre Nordfjord og indre Sunnmøre, at dette mønsteret vert oppløyst. Her vil vi finne lang vokal før slike styringsdomene når det er realisert veike styrarar i hovudposisjonen og det er liten

¹¹ Otmar Werner (1970) har påvist korleis *v*-representasjonen vert vokalisert før dei sonorante segmenta *n*, *r*, og *l* (men også før *s*) i færøysk. Denne vokaliseringa av *v*-segmentet dannar difongar saman med den forståande vokalen, slik at komplementariteten mellom vokalen og den etterfølgjande konsonantismen vert oppretthalden her.

kompleksitetsskilnad mellom segmenta i konsonantgruppa (jf. kart 3 s. 347). Slike konfigurasjonar vil vi tolke som opptakter skilde av tome kjernar i modellen vår. Før desse konsonantkonfigurasjonane vil vokallengda ikkje opptre som ein funksjon av den etterfølgjande konsonantgruppa. Det er såleis språkspesifikke element i eit elles dominerande mønster. Eit område utnyttar ikkje komplementariteten mellom vokalkvantiteten og den etterfølgjande konsonantismen (ein parameterverdi) når opptakter med uklår konstituentsstatus opptre etter vokalen. Slike konsonantgrupper har vi, i tråd med modellen vår, tolka som konsonantar skilde av ein tom kjerneposisjon. Lange vokalar opptre dermed når den etterfølgjande konsonantgruppa manglar status som forgreina konstituent (opptakt). Vi skal sjå om eit slikt mønster også gjer seg gjeldande når konsonantgruppene opptre i marginen.

5.3. Vokalkvantiteten før marginale opptakter

5.3.1. Oversyn

Vi skal no sjå nærare på vokalrepresentasjonen før marginale konsonantgrupper der ein obstruent vert etterfølgd av ein sonorant, dvs. konsonantgrupper som *pl*, *pr*, *tl*, *tr* osv. Tabell (68) syner realisasjonen av ordformer med marginale obstruent + sonorantgrupper i vestnorsk. Desse ordformene har altså alle ei marginal konsonantgruppe som vert følgd av ein domenefinal (tom) kjerne som er parametrisk heimla i tråd med kodaheimlingsprinsippet (jf. Kaye 1990, Harris and Gussmann 1998, 2002) og dermed undertrykt i overflata. Vi kan dele dei inn etter materialet i den marginale konsonantgruppa (obstruent + /r/, obstruent + /l/ og obstruent + /n/).

(68) *Ordformer med marginale obstruent-sonorantsamband*


| a. | Obstruent + /r/ | b. | Obstruent + /l/ | c. | Obstruent + /n/ |
|----|--------------------------------|----|---------------------------------|----|--------------------------------|
| | [¹ levr] F 'lever' | | [¹ adl] M 'adel' | | [¹ tegn] N 'teikn' |
| | [¹ nevr] F 'never' | | [¹ av] M 'avl' | | |
| | [¹ utr] M 'oter' | | [¹ fugl] M 'fugl' | | |
| | [¹ setr] F 'seter' | | [¹ gavl] M 'gavl' | | |
| | [¹ økr] M 'åker' M | | [¹ skavl] M 'skavl' | | |

Ordformene i tabell (68) er førde opp med realiserte marginale konsonantgrupper, i tråd med uttalen i delar av målområdet. I andre delar av området vert konsonantgruppa splitta av ein epentetisk vokal (kjernekonstituent).¹² Den generelle utbreiinga av ordformene i vestnorsk går fram av tabell (69). (Tabellen viser frekvensen av former med epentese, som i [¹u:ter] M 'oter', former med kort vokal før intakt konsonantgruppe, som i [¹utr] M 'oter' og former med lang vokal før konsonantgruppa, som i [¹u:tr] M 'oter'.)

(69) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 1.8)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /n/ | 8.1 | 81.6 | 10.2 | 49 |
| Frikativ + /l/ | 24.6 | 69.7 | 6.3 | 142 |
| Plosiv + /l/ | 61.4 | 35.4 | 3.1 | 96 |
| Frikativ + /r/ | 73.0 | 22.4 | 4.4 | 89 |
| Plosiv + /r/ | 84.6 | 13.8 | 1.5 | 195 |
| Snitt | 54.6 | 41.1 | 4.2 | 571 |

b. *Korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Som det går fram av tabellen, er det høg frekvens av innskotsvokal (epentese) i dei marginale konsonantsambanda av obstruentar og sonorantar i det nordvestlandske målområdet. (54,6 % av ordformene er realiserte med innskotsvokal.) Skilnaden mellom konsonantgruppene er stor. Høgst frekvens av epentetiske former har vi ved konsonantgruppene plosiv + /r/ og frikativ + /r/, lågast frekvens ved konsonantgruppa plosiv + /n/.

Dersom konsonantgruppa er intakt (låg frekvens av epentese), er frekvensen av korte vokalar høg. Det er først og fremst før konsonantgruppa plosiv + /n/ og frikativ + /l/ at lange vokalar opptrer. Før plosiv + /l/-, frikativ + /r/- og plosiv + /r/-sambanda er frekvensen av lange vokalar marginal. Før vi går inn på ei drøfting av dette skal vi sjå nærare på den geografiske utbreiinga til dei ulike ordformene.

¹² Kor vidt ordformene med epentese vert oppfatta som underliggjande eller avleidde gjennom den fonologiske prosessen, vert drøfta seinare i kapittelet (jf. s. 117).


5.3.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før marginale obstruent + sonorant-samband i Sogn er vist i tabell (70).

(70) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 1.9)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /n/ | 40.0 | 50.0 | 10.0 | 10 |
| Frikativ + /l/ | 46.6 | 53.3 | 0.0 | 30 |
| Plosiv + /l/ | 66.6 | 23.8 | 9.5 | 21 |
| Frikativ + /r/ | 90.4 | 9.5 | 0.0 | 21 |
| Plosiv + /r/ | 100.0 | 0.0 | 0.0 | 42 |
| Snitt | 75.0 | 22.5 | 2.4 | 124 |

b. *Frekvensen av korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe*



Som vi ser av tabell (70a), har 75,0 % av ordformene i Sogn innskotsvokal mellom konsonantane i konsonantgruppa. Det er først og fremst ved konsonantgrupper som utgjør frikativ + /l/ og plosiv + /n/ at den marginale konsonantgruppa vert oppretthalden utan innskotsvokal. I dei andre ordformene dominerer epentesen.

I eitt område vil det vere ein dominans av epentese i alle dei marginale konsonantgruppene som utgjør obstruent + sonorant-samband. Informantar som gjev opp former med innskotsvokal mellom konsonantane i desse ordformene, kjem alle frå indre delar av målområdet (Lærdal, Årdal, Aurland, Luster). Lenger ute i målområdet vil konsonantgrupper med jamn kompleksitet mellom konsonantane, dvs. *vl- gn-, gl-*gruppene, i større grad vere oppretthaldne. Dei andre konsonantgruppene vil også her vere skilde av innskotsvokal.¹³ Før konsonantgrupper vil korte vokalar dominere.

Dette kan såleis peike mot eit kjerneområde i sognemålet som ikkje toler marginale konsonantgrupper, dei vil her systematisk verte skilde av ein innskotsvokal. I midtre Sogn

¹³ Dette samsvarar med tilsvarende former som er førte opp i *Sognemålene* (jf. Larsen 1926).


(kommunane Sogndal, Leikanger og Vik) og ytre Sogn (kommunane Høyanger, Gulen og Solund) opptrer marginale obstruent + sonorant-samband i større grad. Det er konsonantgrupper som har klar konstituentidentitet (stor kompleksitetskilnad mellom segmenta og sterke styrarar som hovud, som *tr-*, *kr-* og *dl-*gruppene) som i størst grad vert splitta av ein innskotsvokal. Konsonantgrupper med veikare konstituentidentitet (*vl-*, *gn-* *gl-*gruppene) vil også i dette området verte oppretthaldne.

Sunnfjordmålet syner eit anna mønster for vokalrepresentasjonen i ordformer med marginale obstruent + sonorant-samband enn det vi såg i sognemålet. Vokalrepresentasjonen før marginale obstruent + sonorant-samband i sunnfjordmålet er vist i tabell (71).

(71) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 1.10)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /n/ | 0.0 | 100.0 | 0.0 | 9 |
| Frikativ + /l/ | 0.0 | 96.1 | 3.8 | 26 |
| Plosiv + /l/ | 43.7 | 56.2 | 0.0 | 16 |
| Plosiv + /r/ | 61.7 | 38.2 | 0.0 | 34 |
| Frikativ + /r/ | 86.7 | 14.2 | 0.0 | 7 |
| Snitt | 36.9 | 61.9 | 1.0 | 92 |

b. *Korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe i Sunnfjord*



Som tabell (71a) viser, er representasjonen av former med epentese lågare i Sunnfjord enn i Sogn. Totalt har 36,9 % av ordformene i Sunnfjord innskotsvokal mellom konsonantane. Vi ser også at representasjonen av korte vokalar dominerer før intakte marginale konsonantgrupper. Før konsonantgrupper med jamn kompleksitet og veike styrarar som opptaktshovud i styringsdomenet (plosiv + /n/ og frikativ + /l/) er det ein dominans av korte vokalar. Før konsonantgrupper med større kompleksitetskilnad mellom segmenta (typiske opptaksgrupper) er det også her ein dominans av epentetiske former, endå om han ikkje er så total som i sognemåla. Hovudskilnaden mellom måla i Sogn og Sunnfjord er dermed at


frekvensen av innskotsvokal (epentese) som separerer konsonantgruppa i marginen, er lågare i sunnfjordmålet enn i sognemålet.

Vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda i ytre Nordfjord går fram av tabell (72).

(72) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.11)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 0.0 | 100.0 | 0.0 | 12 |
| Plosiv + /n/ | 0.0 | 100.0 | 0.0 | 4 |
| Frikativ + /r/ | 28.5 | 57.1 | 14.2 | 7 |
| Plosiv + /l/ | 50.0 | 50.0 | 0.0 | 8 |
| Plosiv + /r/ | 74.2 | 25.0 | 6.2 | 16 |
| Snitt | 36.1 | 61.7 | 2.1 | 47 |

b. *Korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Som tabell (72a) viser, utgjer former med innskotsvokal 36,1 % av realiseringane i ytre Nordfjord. Over halvparten av ordformene er her realiserte med marginale konsonantgrupper, eit tal som er om lag som sunnfjordmålet, men høgare enn i sognemålet. Også i dette området dominerer representasjonen av kort vokal før konsonantgrupper med ein uklår konstituentstatus, som frikativ + /l/-, plosiv + /n/- og plosiv + /l/-samband (*gn*, *gl*, *vl*).

I indre Nordfjord er situasjonen annleis for desse gruppene. Vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda her går fram av tabell (73).

(73) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.12)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 0.0 | 75.0 | 25.0 | 24 |
| Plosiv + /n/ | 0.0 | 50.0 | 50.0 | 8 |
| Frikativ + /r/ | 62.5 | 18,7 | 18,7 | 16 |
| Plosiv + /l/ | 43.7 | 25.0 | 31.2 | 16 |
| Plosiv + /r/ | 87.5 | 9.3 | 3.2 | 32 |
| Snitt | 46.8 | 33.3 | 19.7 | 96 |

b. Korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe i indre Nordfjord



Vi ser her at frekvensen av former med innskotsvokal er høgare i indre Nordfjord enn i ytre Nordfjord (46,8 % mot 36,1 % av realiseringane). Det vil seie at også her er over halvparten av ordformene realiserte med marginale konsonantgrupper. Også i dette området dominerer representasjonen av kort vokal før konsonantgrupper med uklår konstituentstatus (*gn, gl, vl*). Konsonantgrupper med stor kompleksitetsskilnad mellom segmenta (typiske opptaktsgrupper) vil også i dette området ha ein dominans av innskotsvokal, endå om han ikkje er så dominerande som i Sogn (50,0 % før plosiv + /l/- og 74,2 % før plosiv + /r/-sambanda i indre Nordfjord).


Tabell (73a) viser samtidig at 19,7 % av ordformene her har realisert lange vokalar før marginale konsonantgrupper i dette området. Desse representasjonane er avgrensa til indre strok (kommunane Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal). I dei ytre delane av målområdet er det, som i Sunnfjord, representasjonen av korte vokalar som dominerer før dei realiserte konsonantgruppene.

Som i Nordfjord er vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda i sunnmørsmålet ulik i ytre og indre strok. Vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda på ytre Sunnmøre er vist i tabell (74).

(74) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.13)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Plosiv +/n / | 0.0 | 100.0 | 0.0 | 9 |
| Frikativ +/l/ | 17.2 | 82.7 | 0.0 | 29 |
| Frikativ + /r/ | 60.0 | 40.0 | 0.0 | 20 |
| Plosiv +/l/ | 70.0 | 30.0 | 0.0 | 20 |
| Plosiv + /r/ | 80.0 | 20.0 | 0.0 | 40 |
| Snitt | 53.3 | 46.6 | 0.0 | 118 |

b. Korte/lange vokalar eller epentese etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre




På ytre Sunnmøre (kommunane Vanylven, Herøy og Ulsteinvik) finn vi i større grad korte vokalar før konsonantgrupper i desse ordformene (som i ytre Nordfjord og i Sunnfjord). Lange vokalar før konsonantgrupper, slik vi fann tendensar til i indre Nordfjord, manglar i dette området. Det vi elles legg merke til, er at innskotsvokal ikkje opptre framom konsonantgruppa plosiv + /n/, slik at vi her har formene [¹agn] N 'agn', [¹təgn] N 'teikn' osv., til skilnad frå måla i indre Sogn, der epentese opptre også i desse konsonantgruppene (jf. s. 110). Tabellen viser samtidig at frekvensen av former med epentese er høgare her enn i dei andre områda (53,3 %). Dette gjeld særleg for former med plosiv + /r/ og plosiv + /l/. Men også for konsonantgrupper med frikativar i vokalnær posisjon vil frekvensen av innskotsvokalar vere høg.

Vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda på indre Sunnmøre er vist i tabell (75)

(75) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.14)

| Konsonantgruppe | Epentese | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|----------|------------|------------|---------------|
| Plosiv +/n / | 0.0 | 100.0 | 0.0 | 8 |
| Frikativ +/l/ | 76.1 | 23.8 | 0.0 | 21 |
| Frikativ + /r/ | 100.0 | 0.0 | 0.0 | 16 |
| Plosiv +/l/ | 93.3 | 6.6 | 0.0 | 15 |
| Plosiv + /r/ | 100.0 | 0.0 | 0.0 | 30 |
| Snitt | 84.4 | 15.5 | 0.0 | 90 |

b. Korte/lange vokalar eller epentese rangert etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre




Tabellen viser at her er frekvensen av epentetiske formene høg (84,4 % av dei aktuelle ordformene i området har epentese.). For konsonantgrupper med plosiv + /r/ og plosiv + /l/ er det dominans av innskotsvokal, men også for konsonantgrupper med frikativar i vokalnær posisjon vil frekvensen av innskotsvokalar vere høg. Representasjonen av innskotsvokal er i hovudsak lokaliserte til den nordlege delen av målområdet (kommunane Giske, Haram, Ørsta, Stranda, Sykkylven, Stordal og Norddal). I ytre strok (kommunane Vanylven, Herøy og Ulsteinvik) fann vi i større grad korte vokalar før konsonantgrupper i desse ordformene (som i ytre Nordfjord og i Sunnfjord). Lange vokalar før konsonantgrupper, slik vi fann tendensar til i indre Nordfjord, manglar også i dette området. Det vi elles legg merke til, er at innskotsvokal ikkje deler konsonantgruppa plosiv + /n/, slik at vi også her har formene [¹agn] N 'agn', [¹tegn] N 'tekn' osv. (som på ytre Sunnmøre).

5.3.3. Skjebnen til dei marginale konsonantgruppene i nordvestlandsk

Materialet som vart analysert ovafor, har vist at evna til å tole marginale konsonantgrupper, dvs. om konsonantgruppa står i ordgrensa eller konsonantgruppa vert splitta opp av ein vokal mellom konsonantane, varierer mykje i målområdet. Vi skal no sjå nærare på vilkåra for denne vokalinnsetjinga.

Når den marginale konsonantgruppa vert splitta av ein intervererande tom kjerne, som er realisert i overflata, skjer dette i tråd med prinsippet om tome kjernar (ECP, jf. s. 53). Innsetjing av slike kjernar er vist i figuren nedafor.


(76) Innsetjing av tome kjernar




Figur (76) viser det som skjer når ein intervenerande tom kjerne splittar ei konsonantgruppe i marginen, gjennom former som [¹ɔ:kər] M 'åker', [¹nɛ:vər] F 'never' osv. Konsonantgruppa i marginen $\alpha\beta$ vert splitta av kjernen N, dvs. biradikal (delt mellom to radikal). Dermed opptrer eit intervenerande domene, ein kjerne saman med ei opptakt.¹⁴ Strukturen til ei slik form skal vi her illustrere gjennom ordformene [¹ɔkr] M 'åker' (77a) og [¹ɔ:kər] M 'åker' (77b).

¹⁴ Kor vidt det er snakk om to alternative realisasjonar (røter) eller resultatet av ein fonologisk prosess der den epentetiske forma er derivert frå ei rotform, har vore mykje diskutert. Det har vore tre ulike måtar å handsame desse formene på, anten som sletting av vokal (synkope), som innsetjing av ein vokal (epentese) eller gjennom synkope i nokre former og epentese i andre (jf. Eliasson 1972: 174). Kor vidt ordformene med epentese er underliggjande eller avleidde gjennom den fonologiske prosessen, skal vi ikkje drøfte nærare her. Jørgen Rischel førslo allereie i 1963 ei dobbelløysinga når han hevdar at "[r]oots like *hinder*, ²*himmel* are consequently considered basically bisyllabic in contradistinction to *vinter*, *ekkel*, which are basically *vintr*, *ekkl*. Segmentally, the two types of roots have the same phonemic appearances because the bisyllabic ones drop the *e* in those contexts where the monosyllables remain monosyllabic, while the monosyllables develop an *e* in those contexts where the bisyllabic roots remain bisyllabic." (Rischel 1963: 159) Stig Eliasson drøftar tilsvarende former i svensk, og han legg fram ei løysing som inneber underliggjande *e* og synkope, dvs. ein prosess (jf. Eliasson 1972: 187 og Eliasson and La Pelle 1973: 138). Vi skal ikkje før denne diskusjonen vidare her, men rekne med to alternative representasjonar (leksikalsk) for former med eller utan realisert vokal i overflata (jf. Gussmann 2007).

(77) a. Realisasjonen av [^lɔkr] M 'åker'




b. Realisasjonen av [^lɔ:kər] M 'åker'



Høgst frekvens av realiserte marginale konsonantgrupper i målområdet har plosiv + /n/- og frikativ + /l/-sambanda, dvs. konsonantgrupper som *kn*, *gn* og *vl*. Dette er konsonantgrupper med ein jamnare kompleksitet mellom dei involverte segmenta og dermed ein veikare konstituentstatus enn konsonantgrupper med større kompleksitetsskilnad, som t.d. konsonantgruppene *kr*, *gr* osb. (jf. side 90f.). Det er ein korrelasjon mellom vokalkvantiteten

og den fonotaktiske strukturen i den etterfølgjande konsonantgruppa. Konsonantgrupper som dannar typiske opptaktskonstituentar, gjennom kompleksitetsskilnader mellom segmenta og sterke styrarar som opptaktshovud, som *dr-* og *tr-*gruppene, genererer høgare frekvens av epentetiske former enn konsonantgrupper med jamnare kompleksitet og veikare styrarar som hovud, som *gn-* og *vl-*gruppene. Sistnemnde konsonantgrupper manglar opptaktsstatus gjennom manglande kompleksitetsskilnad mellom segmenta (jf. drøftingane side 102). Frekvensen av intakte marginale konsonantgrupper vil vere lågare når det er større kompleksitetsskilnad mellom segmenta. Det gjeld først og fremst plosiv + /r/- og frikativ + /r/-samband, men også plosiv + /l/-samband. Her vil marginale konsonantgrupper i større grad vere skilde av ein innskotsvokal (epentese). Analysen av ordformene kan illustrerast gjennom [¹utʀ] M 'oter' i figur (78).

(78) Representasjonen av [¹utʀ] M 'oter'




Opptakta *tr* er ein foregrena konstituent som opptre ordfinalt i overflata, og det rår intrakonstituent styring mellom dei to segmenta. Dette skal vere perfekte intrakonstituente styringsrelasjonar, i tråd med vilkåra for styringsrelasjonar og kompleksitet (Harris 1990, 1994). Dette er konsonantgruppene som dannar opptakter gjennom ein fallande kompleksitet mellom hovudet og komplementet i styringsdomenet. Det ser dermed ut til at ordformer med konsonantgrupper med klar opptaktsidentitet i større grad blir realiserte med innskotsvokal enn ordformer med konsonantgrupper med veikare konstituentidentitet.

5.3.4. Oppsummering

Analysen av vokalkvantiteten før dei marginale obstruent + sonorant-sambanda i nordvestlandsk viser eit variabelt mønster (jf. kart 5 s. 356). Materialet syner at det er ein sterk tendens til at marginale konsonantgrupper historisk sett har vorte splitta på to radikalar ved at ein epentetisk vokal opptrer mellom konsonantane i konsonantgruppa. Korleis ordformer med epentese fordeler seg i målområdet, går fram av tabell (78).

(79) *Frekvensen av epentese etter konsonantgruppe*




Som tabell (79) viser, er det først og fremst ved frikativ + /r/- og plosiv + /r/-sambanda at dei epentetiske formene dominerer. Ved desse konsonantsambanda er det høg frekvens av epentetiske former i alle delane av målområdet. Slike konsonantgrupper danner opptaksgrupper med sterk opptaktsidentitet (sterke styrarar i hovudposisjonen og kompleksitetsskilnad mellom konsonantane i konsonantgruppa).

Dersom konstituentidentiteten til den marginale konsonantgruppa er svakare ved ein jamn kompleksitet mellom konsonantane i konsonantgruppa (frikativ + /l/-, plosiv + /l/- og plosiv + /n/-sambanda), vil frekvensen av konsonantgrupper i marginen vere høgare. Dette gjeld alle delar av området.

I eitt område er frekvensen av epentetiske former høgare enn i dei andre, og det gjeld indre Sogn. I dette området er det langt på veg ein konsekvent representasjon av epentetiske former ved marginale obstruent + sonorant-samband. Også på indre Sunnmøre er frekvensen av former med innskotsvokal høg samla sett. Men til skilnad frå indre Sogn vil epentetiske former mangle for konsonantgruppa plosiv + /n/ i dette området.

Dersom den marginale konsonantgruppa er oppretthalden, vil korte vokalar dominere før desse konsonantgruppene. Utbreiinga av kort vokal før intakte marginale obstruent + sonorant-samband er vist i tabell (80).


(80) *Frekvensen av kort vokal rangert etter konsonantgruppe (tilfella med epentese/radikaldeling tekne vekk)*



Det går samtidig fram av tabell (80) at dersom målet opprettheld konsonantgruppa i marginen, vil frekvensen av korte vokalar før konsonantgruppa variere mellom områda. Det er særleg i områda Sunnfjord, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre at frekvensen av korte vokalar er høg. (Det er i dette området òg at frekvensen av ordformer med epentese er lågast.) Det er særleg før konsonantgrupper med jamn kompleksitet mellom konsonantane i sambandet (plosiv + /n/ og frikativ + /l/) at frekvensen av korte vokalar er høg.

Når det gjeld representasjonen av lange vokalar før marginale obstruent + sonorantsamband, er han i hovudsak knytt til indre Nordfjord. I dei andre områda er frekvensen av lange vokalar før konsonantgruppene liten. (Frekvensen av lange vokalar før intakte konsonantgrupper i marginen i dei ulike områda går fram av tabellen.)

(81) *Frekvensen av lange vokalar rangert etter konsonantgruppe (tilfella med epentese/radikaldeling tekne vekk)*



Tabellen viser at frekvensen av lange vokalar før marginale konsonantgrupper som danner intrakonstituente styringsdomene, er høgare i indre Nordfjord enn i dei andre områda. Det gjeld først og fremst før konsonantgruppa plosiv + /n/, men òg før konsonantsambanda frikativ + /l/ og frikativ + /r/ finn vi førkomstar av lange vokalar i dette området.

Dei epentetiske formene dominerer såleis i sør og i nord (jf. tabell 81). Det er likevel ein vesentleg skilnad på representasjonen i desse to områda. I Sogn vil informantane gje opp former med innskotsvokal mellom konsonantane i alle ordformer der den marginale konsonantgruppa utgjer eit obstruent-sonorantsamband. Eit område ser ut til å konsekvent unngå finale opptakter i det heile, slik at vi her vil finne former som [¹ɑ:gøn] N 'agn', [¹fug:ə] M 'fugl', [¹sɔ:gen] PROP 'Sogn', [¹te:gøn] N 'teikn' osb. ved sida av [¹ɔ:kər] M 'åker' og [¹skɑ:vəl] M 'skavl'. Dette kan peike i retning av eit kjerneområde i sognemålet som ikkje toler marginale konsonantgrupper med intrakonstituent styring (opptaktssamband). I dette området unngår ein marginale opptakter ved at konsonantane i sambandet systematisk vert skilde av ein innskotsvokal. Slike epentetiske former opptrer her i leksikonet (underliggjande, jf. Scheer 1998: 265).^{15 16}

I den nordlege delen av målområdet, på Sunnmøre, er frekvensen av epentetiske former også høg (jf. tabell 130). Men til skilnad frå kjerneområdet i Sogn har vi her realisert ordformer med kort vokal før marginale konsonantgrupper som *gn*, *gl* og *kn*, slik at vi finn former som [¹təgn] N 'teikn', [¹ɑgn] N 'agn' og [¹sokn] N 'sokn'.

Den lågaste representasjonen av former med epentese har vi i Sunnfjord og ytre Nordfjord. Her vil marginale konsonantgrupper som dannar opptaktssamband i større grad vere intakte enn i dei andre områda (jf. tabell 82). Det fonotaktiske mønsteret til konsonantgruppa spelar inn ved realiseringa av innskotsvokal her. Ved konsonantgrupper som har lik eller tilnærma lik kompleksitet mellom segmenta og veike styrarar i hovudposisjon (plosiv + /n/, frikativ + /l/), dominerer marginale konsonantgrupper. Dette er konsonantgrupper med uklar konstituentidentitet. For konsonantgrupper med klarare konstituentidentitet (plosiv + /r/-samband, plosiv + /l/-samband og frikativ + /r/-samband) vil frekvensen av innskotsvokalar vere høgare. Desse konsonantgruppene har sterke styrarar som opptaktshovud, og det er klare kompleksitetsskilnader mellom opptaktshovudet og komplementet, som i *pr*, *tr*, *dr*, *kr*, *gr*, *pl* osb. Men også før desse sambanda vil frekvensen av marginale konsonantgrupper vere høg, særleg i sunnfjordmålet. I eit kjerneområde som utgjer ytre Sogn, Sunnfjord, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre vil det vere ein tendens til å oppretthalde marginale konsonantgrupper i større grad enn i dei andre områda i ordformer som [¹ɔkr] M 'åker' og [¹otr] M 'oter'. Her ser vi at dei involverte konsonantgruppene *kr* og

¹⁵ Denne innskotsvokalen kan vere ein konsekvens av ei retolking av leksema på eit bestemt tidspunkt, men etter den tid har leksema ei fast synkron form i leksikonet, som til dømes [¹ɔ:kər] M 'åker'.

¹⁶ Tilsvarande restriksjonar mot marginale forgreina opptakter har Cyran påvist i irsk (Cyran 2001: 24).

tr har ein sterk styrar i opptakshovudposisjonen, og kompleksitetsskilnaden er stor mellom hovud og komplement. (Konsonantgruppene *kr* og *tr* har sterk opptaktsidentitet i vestnorsk.) Også i indre Nordfjord vil tendensen til å oppretthalde dei marginale konsonantgruppene vere sterk, særleg ved plosiv + /l/- og frikativ + /r/-sambanda. Vi kan her observere ein tendens til lenging av vokalen før slike konsonantsamband, særleg før konsonantgrupper som *gn*, *vr* og *vl* (jf. tabell 80). Som vi tidlegare har vist, vil representasjonen av eit styringsdomene som er heimla som ein forgreina opptaktskonstituent, ikkje verke inn på vokalrepresentasjonen. Teorien tilseier at lang vokal kan realiserast før desse konstituentane (jf. drøftinga s. 76). Det er såleis ikkje restriksjonar mot lange vokalar før opptaktskonstituentar universelt i modellen vår. Samtidig har vi vist at dersom korte vokalar krevst før konsonantgrupper som dannar opptakter, må dette regulerast gjennom eit parameter (jf. side 80). Komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme er regulert gjennom eit slikt parameter. Lange vokalar før marginale obstruent + sonorant-samband opptrer først og fremst før konsonantgrupper som *gn*, *vl*, *vr*, *tr* i indre Nordfjord, dvs. konsonantgrupper som har ein uklar konstituentstatus. Vi har tidlegare vist at desse konsonantgruppene ikkje opptrer som forgreina konstituentar, men som konsonantgrupper skilde av ein tom kjerneposisjon. (Konsonantgruppa *vl* opptrer ikkje som opptakt i vestnorsk, sjølv om det ikkje er ein universell restriksjon mot henne). Når vi no observerer ei svekking av den kvantitative komplementariteten mellom ei konsonantgruppe og den forståande vokalen, slik vi elles kjenner han i norsk, i dette området, skjer dette dermed før konsonantgrupper som kan oppfatast som uekte konsonantsamband.¹⁷ Denne tendensen finn vi typisk knytt til måla indre Nordfjord. Det er først og fremst i dette området at mange informantar gjev opp lange vokalar i slike posisjonar. I andre delar av målområdet vil ei slik vokallenging før konsonantgruppene vere utenkjeleg.

5.4. Vokalkvantitet og konstituentstruktur

Vi har i dette kapitlet sett nærare på vokalrepresentasjonen før mediale og finale konsonantgrupper som dannar moglege opptakter i vestnorsk. Analysen har dreidd seg om kor vidt lange vokalar (forgreina kjernekonstituentar) kan realiserast før slike konsonantgrupper.

¹⁷ Den same tendensen er det Gussmann har påvist for dei konsonantgruppene som skaper lange vokalar i islandsk (jf. Gussmann 2002, 2003).

Desse konsonantgruppene har alle obstruentar i vokalnær posisjon, og dessutan fallande kompleksitet mellom dei to segmenta i gruppa. Dei skulle dermed danne intrakonstituente styringsdomene.

Analysen syner at korte vokalar dominerer når det er realisert eit obstruent-sonorantsamband etter, og det følgjer ein realisert kjernekonstituent etter konsonantsambandet. Dette gjeld mest utan unntak i heile området. Vi finn til dømes utelukkande former som [²klatrɛ] V 'klatre', [²atɫɛ] PROP 'Atle', [²ɛplɛ] N 'eple' i målområdet.

Det er vidare ein tendens til lange vokalar før *vr-* og *vl-*gruppene, slik at vi har realisert former som [²ha:vɾɛ] M 'havre', [²ta:vɫɛ] F 'tavle' osb. Denne tendensen til lange vokalar er knytt til konsonantgrupper med veike styrarar som opptaktshovud, dvs. frikativar, og ei jamn kompleksitetskurve mellom segmenta når ordformene har ein final realisert kjernekonstituent.¹⁸ Det går fram av materialet mitt at dette først og fremst rammar måla i indre delar av Nordfjord og i indre delar av Sunnmøre. Dette avvikande mønsteret kan tyde på at i dette området skjer det ei svekking av komplementariteten mellom stammevokalen og den etterfølgjande konsonantismen. Vi ser her utviklinga av eit kvantitetssystem som tillet lange vokalar før konsonantgrupper med ein uklår konstituentidentitet. Dette er konsonantgrupper som vert tolka som uekte konsonantgrupper (konsonantgrupper skilde av ein tom kjerneposisjon).

Tilsvarande analyse vart gjort for dei marginale konsonantgruppene i vestnorsk. Analysen var konsentrert om realiseringa av kjernen før konsonantgrupper med ein fallande kompleksitet i marginen, dvs. også her konsonantgrupper som dannar moglege opptakter. Desse konsonantgruppene vil vere realiserte før heimla domenefinale (tome) kjernar, og mellom konsonantane rår det intrakonstituent styring på grunn av kompleksiteten.

I desse ordgruppene ser det ut til å vere eit noko uoversiktleg bilete som kjem fram i materialet mitt. Analysen syner nemleg at vokalkvantiteten før desse konsonantgruppene varierer svært mykje i målområdet. Sognemålet vil ha ein låg prosent av korte vokalar før konsonantgrupper som dannar typiske opptaktssamband i vestnorsk. Eit viktig trekk for dette målområdet er at slike konsonantgrupper er splitta av ein innskotsvokal (epentese), slik at vi her får to opptakter skilde av ein kjerne. I eit kjerneområde av sognemålet (indre Sogn) dominerer former med epentese, som t.d. [¹nɛ:vɛr] F 'never' og [¹le:vɛr] F 'lever'. Dette gjeld

¹⁸ Dette er omtala som indirekte styringsheimlinga frå ein etterfølgjande realisert kjernekonstituent av Charette (1991: 139).

systematisk i alle grupper som vert oppfatta som opptaktssamband, dvs. der det er opptaktshovud som kan opptre som styrarar for eit komplement innafor same konstituenten. Det kan sjå ut som det er ein restriksjon mot marginale konsonantgrupper med intrakonstituent styringsdomene i dette området.

Slik epentetiske former er også utbreidde i sunnmørsmålet. Denne epentesen er likevel av ein noko annan karakter enn den vi observerte i sognemåla, då dette området framleis opprettheld nokre marginale konsonantgrupper. Konsonantgruppene som vert oppsplitta i sunnmørsmålet, er særleg dei med klar opptaktsidentitet: sterke styrarar i hovudposisjonen og kompleksitetsskilnad mellom dei involverte segmenta.¹⁹

I Sunnfjord, ytre strok av Nordfjord og ytre strok av Sunnmøre finn vi derimot dominans av former med ei realisert ordfinal konsonantgruppe, som [¹nevr] F 'never' og [¹levr] F. 'lever'. I dette området vil vi også finne den høgste representasjonen av korte vokalar før ståande konsonantgrupper. Det er her vi har den mest konsekvente komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme også i slike ordformer. Dette skulle tyde på at det i dette området ikkje er nokon restriksjon mot realisasjonen av ei ordfinal opptaksgruppe. Dette mønsteret gjeld likevel ikkje absolutt i dette målområdet heller. Når nyare ordformer vert lånte inn i målet, vert desse ikkje underlagt desse vilkåra. Slike ordformer vert innlånte med epentetisk vokal som skil konsonantgruppene ordfinalt, som i [¹la:ger] N 'lager' osb.

Vi ser dermed ein parameterverdi i målområdet: om målet toler marginale opptaktssamband eller ikkje. Kjerneområdet for ei konsekvent avvising av eit slikt parameter er indre Sogn. Men også i sunnmørsmålet dominerer ei avvising av eit slikt parameter. Toleransen for dei marginale intrakonstituente styringsdomena er størst i Sunnfjord og i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre.

I dei indre strok av Nordfjord ser vi dessutan ein tendens til lenging av vokalen før intrakonstituente styringsdomene, i former som [¹tɛ:gn] N 'teikn', [¹ɑ:vl] M 'avl' og [¹le:vr] F 'lever'. Dette gjeld konsonantgrupper med uklar opptaktsidentitet. Ved slike strukturar melder det seg ei viss oppløysing av komplementariteten mellom vokalen og den etterfølgjande konsonantismen. Dette er konsonantgrupper som også vert tolka som uekte konsonantgrupper på grunn av kompleksiteten til segmenta. I det neste kapittel skal vi sjå nærare på vokalkvantiteten før mediale og marginale konsonantgrupper som opptre som rimkomplement + opptaktskonfigurasjonar, dvs. sonorant + obstruent-samband.

¹⁹ Eliasson and La Pelle (1973: 138) syner tilsvarende mønster for svensk.

Kapittel 6

Vokalkvantiteten før mediale og marginale rimkomplement + opptakter

6.1. Innleiing

I den vidare i handsaminga av fonotaksen i dei vestnorske rotorda skal vi analysere samanhengen mellom vokallengd og etterfølgjande konsonantisme når denne utgjer sonorant- eller sonorant + obstruent-samband. Dette er konsonantgrupper som kan danne rimkomplement + opptaktskonfigurasjonar pga. kompleksitetsmønsteret til konsonantane som inngår i konsonantgruppa (jf. s. 72). Jamn eller stigande kompleksitet mellom segmenta gjer at det kan dannar seg interkonstituente styringsdomene mellom eit rimkomplement og ei etterfølgjande opptakt (Harris 1990, 1994, 1997, Cyran 1996, 2010, Scheer 1996, 2004, Gussmann 1998, Rennison 1998). Styreretninga går her frå høgre mot venstre (jf. figur 16 s. 48). (Kompleksitetsskalaen for konsonantgrupper som dannar opptakter + rimkomplement er presenterte tidlegare, jf. s. 92f.)

Ordformene vi skal teste her, kan i utgangspunktet delast i to etter strukturen til konsonantgruppene. Den første gruppa har konsonantsamband som utgjer ein sonorant og ein obstruent, den andre har to sonorantar: *rp, rb, rt, rk, rg, rs, rv, rf, lp, lb, lt, ld, lk, lg, ls, lv, lf, nt, nd, nk, ng, ns, mp, mb, mt, ms, rl, rn, ln*. Også i dette kapitlet deler vi analysen inn i marginale og mediale konsonantgrupper etter om ordforma endar på ein realisert eller på undertrykt kjernekonstituent. I siste delen av kapitlet skal vi sjå nærare på vokalkvantiteten før konsonantsamband som utgjer to obstruentar, *st-*, *sk-* og *sp-*gruppene. Som vi skal sjå, dannar desse konsonantgruppene også rimkomplement + opptaktskonfigurasjonar etter modellen vår.

6.2. Vokalkvantiteten før mediale sonorant- og sonorant + obstruent-samband

6.2.1. Oversyn

Vi skal først sjå på vokalrepresentasjonen før dei mediale sonorant- og sonorant + obstruent-sambanda. Ordformene som vert handsama i denne delen, endar på ein realisert (trykklett) vokal. Konsonantgruppene, som har ein sonorant i kodaposisjonen (som rimkomplement), vert følgd av ein opptaktsposisjon som heimlar kodaen (i følgje kodaheimlingsprinsippet, jf. Kaye 1990, Harris and Gussmann 1998, 2002).

Ordformene som skal testast, er lista opp i tabell (82) nedafor. (Eg deler materialet inn etter konsonantgruppene.)

| (82) | a. | Sonorant + obstruent | b. | Sonorant + sonorant |
|------|----|--|----|--|
| | | [² smertɛ] 'smerte' M | | [² arne] 'Arne' PROP |
| | | [² jertɛ] 'hjerter' N | | [² jærne] 'gjerner' ADJ |
| | | [² hörve] 'horve' V ¹ | | [² jærne] 'hjørner' N |
| | | [² karve] 'karve' M | | [² ʃcçerne] 'stjerne' F |
| | | [² larve] 'larve' M | | [² ternɪŋg] 'terning' M |
| | | | | [² verne] 'verne' V ² |
| | | | | [² pørle] 'perle' F |
| | | | | [² erle] 'erle' F |

Formene i (82a) har ein sonorant, ein koronal vibrant (/r/), etterfølgd av ein obstruent, som medial konsonantgruppe.³ Formene i (82b) har ein sonorant etterfølgd av ein sonorant (/n/ eller /l/). Tabell (83) viser vokalrepresentasjonen før dei mediale konsonantgrupper.

(83) a. *Vokallengd etter konsonantgrupper i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 1.5)


| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 30 |
| /r/ + plosiv | 94.7 | 5.2 | 57 |
| /r/ + lateral | 78.1 | 21.8 | 96 |
| /r/ + nasal | 69.2 | 30.7 | 267 |
| Snitt | 76.4 | 23.5 | 450 |

¹ Her kan *e*-en i infinitivstammen reknast som suffiks, slik at stammen er [¹horv]. Dette vert ikkje spesielt markert då det ikkje verkar avgjerande inn på analysen.

² Denne ordforma kan også oppfattast som ei derivert form med *e*-suffiks til stammen [¹vern].

³ Forma representerer uttalen i den vestlege delen av det nordvestlandske målområdet. I Sogn vil slike ordformer ha /ə/ som domenefinal vokal i infinitivsformer av verb og svake hokjønnsord. I det resterande området vil ein ha variantar av /e/, /ɛ/ eller schwa. For å unngå unødvendige detaljar vert /ɛ/ gjennomført i desse formene.

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk



Tabellen viser at majoriteten av dei realiserte ordformene har kort vokal før mediale sonorant- eller sonorant + obstruent-samband i vestnorsk. (76,4 % av ordformene har kort vokal.) Lange vokalar opptrer først og fremst før gruppa av sonorantsamband. Når ein sonorant *r* opptrer i rimkomplementposisjonen etterfølgd av ein sonorant i opptaktsposisjonen, er frekvensen av forgreina kjernekonstituentar (lang vokal i overflata) totalt 28,3 % (21,8 % for *rl*-gruppa og 30,7 % for *rn*-gruppa). Det gjeld ordformer som [²ɛ:r|ɛ] F 'erle', [²vɛ:rnɛ] V 'verne' osv.⁴ Vokalen er kort når den etterfølgjande konsonantgruppa er eit sonorant + obstruent-samband (*rv*- og *rt*-gruppene), som i [²smɛrtɛ] M 'smer te', [²|arvɛ] M 'larve' osv. Før vi diskuterer desse realisasjonane, skal vi sjå nærare på den geografiske utbreiinga til formene med overlang kvantitet.

6.2.2. Geografisk utbreiing


Når vi no skal sjå nærare på den geografiske utbreiinga av formene med lang rotvokal i overflata, tar vi igjen utgangspunkt i eit skilje mellom sognemålet, sunnfjordmålet, ytre- og indrenordfjordmålet og ytre- og indresunnmørsmålet (jf. s. 96). Vokalrepresentasjonen før dei mediale konsonantgruppene i Sogn går fram av tabell (84) nedafor.

(84) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 1.16)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 6 |
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 13 |
| /r/ + lateral | 100.0 | 0.0 | 20 |
| /r/ + nasal | 97.7 | 2.2 | 44 |
| Snitt | 98.7 | 1.2 | 83 |

⁴ Weinstock (1970: 592) har påvist tilsvarande kvantitet i slike ordformer i færøysk .

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn




Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før desse konsonantgruppene i sognemålet. (Heile 98,7 % av vokalane er korte i denne posisjonen.) Det er liten skilnad mellom dei ulike konsonantsambanda, anten segmentet i opptaktsposisjonen er ein sonorant eller ein obstruent. Målet ser ut til å ha gjennomført kort vokal før mediale konsonantgrupper som danner sonorant- og sonorant + obstruent-samband når dei vert følgde av ein realisert kjerne.

Også i Sunnfjord er også frekvensen av korte vokalar før mediale sonorant- og sonorant + obstruent-samband høg, slik det går fram av tabell (85).

(85) a. Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord (jf. vedlegg 1.17)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 15 |
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 13 |
| /r/ + nasal | 91.8 | 8.1 | 49 |
| /r/ + lateral | 88.8 | 11.1 | 18 |
| Snitt | 93.6 | 6.3 | 95 |

b. Lange vokalar rangert etter konsonantgruppe i Sunnfjord



Tabellen viser at også her dominerer strukturar med korte vokalar før konsonantgrupper som har ein sonorant i kodaposisjonen (totalt 93,6 % av realisasjonane). Lange vokalar finn vi berre før sonorantgrupper, *rn*- og *rl*-sambanda. Men heller ikkje her er frekvensen av lange


vokalar høg i slike posisjonar. Korte vokalar dominerer før konsonantgruppene også i dette området.

Når det gjeld målet i Nordfjord, deler vi det også her i ytre og indre nordfjordmål. Grunnen til det er at desse områda opptrer ulikt når det gjeld vokalkvantiteten. I dei ytre delane av Nordfjord (Selje, Vågsøy, Bremanger) er vokalrepresentasjonen som i Sunnfjord og Sogn, her dominerer korte vokalar også før konsonantgruppene, slik det går fram av tabell (86).

(86) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.18)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 6 |
| /r/ +lateral | 100.0 | 0,0 | 8 |
| /r/ + nasal | 83.3 | 16.6 | 24 |
| /r/ + plosiv | 75.0 | 25.0 | 4 |
| Snitt | 88.0 | 11.9 | 42 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Tabellen viser at i dette området er frekvensen av korte vokalar før konsonantgruppene heile 88,0 %, dvs. om lag den same som i Sogn og Sunnfjord. Det er berre før konsonantgrupper med sonorant + obstruentar vi kan påvise lange vokalar i dette området, og også her er frekvensen av lange vokalar låg (16,6 % før *rn*-gruppa og 25 % før *rl*-gruppa).

Målet i indre Nordfjord skil seg frå både sognemålet og sunnfjordmålet ved at frekvensen av lange stammevokalar før slike konsonantgrupper er høgare her. Det er såleis særleg i dei indre delane av Nordfjord (kommunane Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn) at vi finn ein dominans av lange vokalar før sonorantsambanda, som vist i tabell (87).

(87) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.19)⁵

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | | | |
| /r/ + plosiv | 75.0 | 25.0 | 8 |
| /r/ + nasal | 19.5 | 80.4 | 46 |
| /r/ + lateral | 6.2 | 93,7 | 16 |
| Snitt | 22.8 | 77.1 | 70 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*



Som tabellen viser, er representasjonen av lange vokalar før konsonantgruppene heile 77,1 % i dette området. Men heller ikkje i dette området opptrer dei lange vokalane før konsonantgrupper med sonorant + obstruent-sekvensar. (Berre forma 'hjerter' syner ein representasjon av lange vokalar på 25,0 %, men dette utgjer berre tre realiserte former i informantgruppa.) Biletet er derimot eit anna for sonorantsambanda. Det går fram av tabellen at det først og fremst er før desse konsonantgruppene at frekvensen av lange vokalar er høg, heile 83, 8 % (80,4 % før *rn*-sambanda og heile 93,7 % før *rl*-sambanda). Før konsonantgrupper som utgjer homorgane sonorantgrupper, *rn*- og *rl*-sambanda, dominerer lange vokalar i indre Nordfjord.


På Sunnmøre er vokalrepresentasjonen før sonorant- og sonorant + obstruent-sambanda høgare enn i Sogn og Sunnfjord, men lågare enn i Nordfjord. Men også i sunnmørsmålet er det skilnader i vokalrepresentasjonen mellom ytre delar av målområdet (kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid) og resten av målområdet (indre Sunnmøre). Dette gjev grunnlag for å dele sunnmørsmålet i ytre og indre sunnmørsmål også i dette kapitlet. Vokalrepresentasjonen på ytre Sunnmøre går fram av tabell (88).

⁵ Ein tom rubrikk syner manglande døme i materialet.

(88) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.20)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 3 |
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 1 |
| /r/ + lateral | 88.8 | 11.1 | 18 |
| /r/ + nasal | 77.7 | 22.2 | 54 |
| Snitt | 81.5 | 18.4 | 76 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Tabellen viser at dei korte vokalane dominerer før desse konsonantgruppene på ytre Sunnmøre (slik situasjonen var for Sogn, Sunnfjord og ytre Nordfjord). I dette området har 81,5 % av ordformene korte vokalar. Det er berre før *rl*- og *rn*-gruppa at lange vokalar opptrer i dette området, men før slike sonorantsamband er innslaget av lange vokalar lågt (11,1 % for *rl*-gruppa og 22,2 % for *rn*-gruppa).

På indre Sunnmøre er situasjonen ein annan, slik tabell (89) syner.

(89) a. *Vokallengd rangert etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.21)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 8 |
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 1 |
| /r/ + lateral | 87.5 | 12.5 | 16 |
| /r/ + nasal | 56.8 | 43.1 | 44 |
| Snitt | 69.1 | 30.8 | 68 |

b. Frekvensen av lange vokalar rangert etter konsonantgruppe




Tabellen viser at på indre Sunnmøre er frekvensen av lange vokalar før konsonantgruppene 30,8 %. Også her er lange vokalar representert før sonorantsamband, men ikkje før sonorant + obstruent-samband. Det er særleg før *rn*-sambandet er representasjonen av lange vokalar høg (43,1 %), men også før *rl*-sambandet er representasjonen av lang vokal til stades her (12,5 %). Likevel har over halvparten av ordformene med desse konsonantgruppene kort vokal. Det er såleis i indre Nordfjord vi først og fremst finn former med lang vokal før konsonantgrupper som danner rimkomplement + optakt-konfigurasjonar, og dei lange vokalane opptrer i hovudsak før sonorantgruppene her. Vi skal drøfte nærare denne kvantitetsovringa nedafor.

6.2.3. Overlang kvantitet før dei mediale sonorantsambanda

Analysen av vokalrepresentasjonen før mediale sonorant- og sonorant + obstruent-samband i nordvestlandsk syner ein korrelasjon mellom vokalkvantiteten og strukturen til den etterfølgjande konsonantismen. Før konsonantgrupper som utgjer sonorant + obstruent-samband, held vokalen seg jamt over kort. Korte vokalar dominerer før konsonatgrupper som *rp*, *rt*, *rk*, *rv* osv. Den underliggjande representasjonen vil då vere som vist i figur (90). (Eg bruker ordforma 'hjerte' N som døme.)

(90) Representasjonen av [²jɛɾtɛ] N 'hjerter'⁶




Konsonantsambandet *rt* utgjer ein interkonstituent styringsrelasjon då rimkomplementet i det første radikalet, /r/ vert styrt av ein obstruent i det andre radikalet, /t/. Ein dental obstruent kan styre ein koronal vibrant på grunn av det høgare talet på element (jf. kap. 3). Styringsdomenet vert etterfølgd av ein realisert kjernekonstituent, /ɛ/.

Før sonorantgruppene syner vokalismen eit anna mønster. Her er frekvensen av lange vokalar jamt over høgare enn før sonorant + obstruent-sambanda. (Tabell (84b) syner realisasjonen av ordformer med mediale konsonantgrupper som utgjer to sonorantar.) Slike sekvensar kan representere moglege rimkomplement + opptakt-konfigurasjonar, der vilkåra er at ein sonorant styrer eit komplement (i dette tilfellet også ein sonorant) til venstre for seg (jf. Harris 1990: 274, 1994: 170). Grunnlaget for at ein sonorant skal kunne styre eit komplement, er at kompleksiteten er større (eller lik) kompleksiteten til komplementet (jf. Harris 1990, 1994, 1997, Harris and Gussmann 1998, 2002, Cyran 2010). Sonorantane vert likevel, som vi tidlegare har vore inne på (jf. s. 71), oppfatta som veikare styrarar enn obstruentane (jf. Charette 1990: 243, 1991: 14, Harris 1990: 271, 1994: 170, Cyran 2001: 29, 2010: 36ff.).⁷ Strukturen til slike konsonantgrupper er vist i analysen av 'verne' V nedafor.

⁶ Segmentteiknet er utelate for dei segmenta som er involverte i styringsdomenet. Dei vil heretter berre vere representerte gjennom elementstrukturen.

⁷ Jf. også styrkehierarkiet i Árnason (1998). Styrke vert i denne samanhengen knytt til kompleksiteten til segmentet, dvs. talet på element som komponerer segmentet (Harris 1994: 133ff., jf. også Gussmann 1998: 116, Cyran 2010: 18).


(91) *Representasjonen av [²verne] V 'verne'*



Den koronale nasalen /n/ har større kompleksitet enn den koronale vibranten /r/ (to mot eitt element), slik at grunnlaget for ein interkonstituent styringsrelasjon skulle vere til stades også her.⁸

Den vokallenginga som vi har påvist skjer før sonorantsambanda i nordvestlandsk, er ei utfordring for analysemodellen vår. Eller sagt på ein annan måte: Teorien som ligg til grunn for modellen, gjer desse tilfella ekstra interessante då han berre tillet forgreining av rimkonstituenten (jf. Kaye 1990). Ein slik restriksjon tillet ikkje ein kodaposisjon (rimkomplement) på skjelettet etter ein lang vokal, som vist i analysen av 'stjerne' nedafor.

(92) *Realisasjonen av [²šc̄ε:rne] F 'stjerne'*



Vi skulle difor kanskje ikkje vente lange vokalar i desse ordformene, då teorien legg til grunn ei universell restriksjon mot dei.⁹

⁸ Merk då at Harris mfl. reknar med tre element i komposisjonen til nasale segment, då medrekna plosivelementet {ʔ} (jf. Harris1994: 131). I denne samanhengen vil det ikkje ha konsekvensar for representasjonen.

Det materialet vi har analysert, syner at lange vokalar først og fremst opptrer før konsonantgrupper med veike styrarar i hovudposisjonen i styringsdomenet, dvs. før *rn-* og *rl-* sambanda. Når ein sonorant opptrer i kodaposisjon etterfølgt av ein sonorant i opptaktsposisjonen, opnar dette opp for lange vokalar i kjernen i nordvestlandsk. Konsonantane i desse posisjonane viser same plasselement, i dette tilfellet koronalitet {A}. Det rår såleis koronal homorganitet mellom segmenta i desse konstruksjonane. (Dei same restriksjonane fann Harris for dei overlange rimkonstruksjonane som han påviste i engelsk, jf. Harris 1994: 77, Harris and Gussmann 2002: 59).¹⁰ Harris opnar opp for godkjenning av slike ternære rimkonstruksjonar når vilkåra nettopp er at det er koronal homorganitet mellom segmenta (jf. Harris 1994: 69, Harris and Gussmann 2002: 59).¹¹ Slik vil Harris' påvising av overlang kvantitet i engelsk svare til den tendensen til lange vokalar som vi har påvist i vestnorsk. Vilkår for at denne lenginga skal skje, er altså at opptakta som følger etter det overlange rimet er okkupert av eit koronalt segment (/n/ eller /l/ i dette tilfellet).¹² Ei slik løysinga kjem vi attende til under diskusjonen av dei overlange rimkonstruksjonane etter marginale konsonantgrupper (s. 145ff.)

Dei ordformene som er analyserte i denne seksjonen, utgjer alle biradikale monomorfemiske ordformer. Den overlange kvantiteten opptrer dermed i desse tilfella i ordformer som endar på realiserte domenefinal kjerneposisjon. I dette tilfellet kan dette opne opp for ei alternativ beskrivingsmoglegheit, nemleg å tolke desse postvokaliske sonorantgruppene som uekte konsonantgrupper, dvs. at konsonantane i konsonantsambandet er skilde av ein undertrykt kjerneposisjon (som i dette tilfellet er heimla gjennom skikkeleg stryking frå den domenefinale kjernen, i tråd med prinsippet om tome kjernar, jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 219), slik det går fram av figur (93).


⁹ Dette var Gussmann inne på allereie i 1992, når han hevdar at "one wonders how Charette would handle the monomorphemic forms *field*, *mount*, *find* and the like, where no morphological domain can be evoked. Here one would like to argue that the first consonantal clusters constitute interconstituent governing domains if only because they are all homorganic and the negatively charmed obstruent is head final. This would mean that each of the words contains three nuclei, a conclusion which raises new questions about governing relations in English" (Gussmann 1992: 492, jf. også Gussmann 1998: 113). Dette har seinare vore diskutert av mange, som Harris (1994), Cyran (1994, 2010), Harris and Gussmann (2002), Scheer (2004).

¹⁰ Seinare skal vi sjå at også frikativar opptrer i overlange rimkonstruksjonar når vokalen er lang før *st-* konsonantgrupper som i [pru:st] M 'prost', [pɔ:st] M 'post', [beɪst] N 'beist' osv. (jf. s. 151)

¹¹ Jf. Kaye, Lowenstamm and Vergnaud (1990). Eit konservativt standpunkt innafor styringsfonologien krev at alle konstituentar, inklusive rimet, er maksimalt binære. Eit mindre restriktivt standpunkt, som godkjenner ternære rim, er definert i Harris (1994: 163f).

¹² Vi skal kome attende til moglegheitene for å operere med slike ternære rimkonstruksjonar under drøftingane av den overlange kvantiteten ved marginale konsonantsamband (jf. s. 145ff.). Her vil vi berre konstatere at det i styringsfonologiske framstillingar er opna opp for slike konstruksjonar under spesielle vilkår (jf. Harris 1994: 65).

(93) Realisasjonen av [$^2\text{ʃc}\widehat{\text{ç}}\text{ɛ}:\text{r}\text{n}\text{ɛ}$] F 'stjerne'



Det vil med andre ord seie at desse overlange rimkonstruksjonane kan opptre som mønsterforma og dermed ikkje treng å vere problematiske for teorien i dette tilfellet. Denne analysen har demonstrert at desse realisasjonane av den nordvestlandske overlange kvantiteten har ein fonologisk struktur som ikkje set til side kravet om binaritet (the binary theorem, jf. KLV 1990) i teorien. Det vil seie at i dette tilfellet, gjennom realisasjonen av ein tom kjerne mellom segmenta i konsonantgruppa, vil talet på posisjonar i rimkonstituenten ikkje overstige to, noko som er svarar til det teorien førset. Dei to konsonantane i konsonantgruppa opptre som opptakter og ikkje som koda-opptaktskonfigurasjonar (jf Cyran 1994: 70).¹³

Vi skal ikkje vidarefør denne drøftinga her, men vi kjem attende til den overlange kvantiteten før sonorantsamband i neste kapittel, der vi ser på kvantiteten før dei marginale konsonantgruppene.


6.2.4. Oppsummering

Gjennomgangen av vokalrepresentasjonen før mediale konsonantgrupper som utgjer sonorant + obstruent-samband og sonorantsamband syner at i dette målområdet opptre kort vokal i kjernen når det er realisert ei konsonantgruppe som har ein obstruent i opptaktsposisjonen og ein sonorant i rimkomplementposisjonen. Når sonorante konsonantar opptre postvokalisk,

¹³ Scheer (1996, 1998, 2004) oppfattar alle konsonantgrupper som opptakter skilde av ein tom kjerneposisjon. Gussmann (2003) har i sine drøftingar av islandske overlange kvantitet påvist at dette er konsonantgrupper skilde av ein tom kjerneposisjon, kanskje med unntak av obstruentar etterfølgde av /r/ og kanskje /l/ (jf. Gussmann 2003: 336).

opnar dette opp for ei forlenging av vokalen. Vokalrepresentasjonen før dei mediale konsonantgruppene i nordvestlandsk er vist i tabell (94).

(94) *Frekvensen av lange vokalar rangert etter konsonantgrupper i dei ulike målområda*



Som det går fram av tabellen, er det først og fremst i indre Nordfjord desse overlange rimkonstruksjonane opptre, men òg til ei viss grad på indre Sunnmøre (jf. kart 3 s. 347). I dette området skil konsonantgruppene som utgjer obstruent + sonorant-samband, lag med konsonantgruppene som utgjer sonorantsamband. Dei sistnemnde konsonantgruppene opnar opp for lang forståande vokal. Det er såleis ved konsonantgrupper som danner homorgane sonorantsamband at dei lange vokalane opptre i dette området. Vi har tidlegare i dette kapittelet drøfta den overlange kvantiteten før slike sonorant- og sonorant + obstruent-samband, i og med at dei representerer ei utfordring for teorien som ligg til grunn for analysane. Den overlange kvantiteten før slike konsonantgrupper har opna opp for godkjenning av ternære rimkonstruksjonar (supertunge rim) hjå Harris (1994), og dermed ei svekking av kravet om maksimalt binære konstituentar. Ein annan moglegheit er å tolke konsonantgruppene som uekte konsonantgrupper (konsonantgrupper skilde av ein tom kjerneposisjon), slik Cyran (1994) opnar opp for i drøftingane av tilsvarande overlange rimkonstruksjonar i irsk. Det vil seie i desse tilfella, gjennom realiseringa av ein tom kjerneposisjon mellom segmenta i konsonantgruppa, vil talet på posisjonar i rimkonstituenten ikkje overstige to, noko som svarar til det teorien predikerer. Dei to konsonantane i konsonantsambandet opptre dermed som opptakt og ikkje koda-opptakskonfigurasjonar (jf. Cyran 1994: 70). Vi skal vidarefør denne drøftinga av overlange rimkonstruksjonar når vi handsamar kvantiteten før dei marginale konsonantgruppene, som vi no skal sjå nærare på.

6.3. Vokalkvantiteten før marginale sonorant- og sonorant + obstruent-samband

6.3.1. Oversyn

Ordformene som skal testast vidare i dette kapittelet, endar alle på ei marginal konsonantgruppe. Dei har ein domenefinal undertrykt kjerne som er heimla (parametrisk) gjennom prinsippet om tome kjernar (jf. s. 54). Dei marginale konsonantgruppene som er aktuelle her, utgjer sonorant- eller sonorant + obstruent-samband. Desse konsonantgruppene kan delast inn etter fonotaksen, ettersom dei har obstruentar eller sonorantar som mogleg opptaktshovud. Vi deler dei inn etter materialet i segmentet som utgjer hovudet i styringsdomenet, om dette er ein obstruent eller ein sonorant, slik det kjem fram i tabell (95).


| (95) | a. | Sonorant + obstruent | b. | Sonorant + sonorant |
|------|----|-----------------------------------|----|---------------------------------|
| | | [¹ kart] 'kart' N | | [¹ barn] 'barn' N |
| | | [¹ kört] 'kort' N | | [¹ bjærn] 'bjørn' M |
| | | [¹ kört] 'kort' ADJ | | [¹ jærn] 'jern' N |
| | | [¹ smärt] 'smart' ADJ | | [¹ tærn] 'tårn' N |
| | | [¹ horv] 'horv' F | | [¹ ærn] 'ørn' F |
| | | [¹ kors] 'kors' M | | [¹ jarl] 'jarl' M |
| | | [¹ mars] 'mars' M | | [¹ aln] 'alen' F |
| | | [¹ kurs] 'kurs' N | | |
| | | [¹ lars] 'Lars' PROP | | |

Tabellen (95a) syner realisasjonen av marginale konsonantgrupper med ein sonorant og ein obstruent som den domenefinale konsonantgruppa. Tabell (95b) syner ordformer med marginale konsonantgrupper som utgjer to sonorantar. For ein analyse av formene i (95) viser eg til figur (24). Tabell (96) nedafor syner vokalrepresentasjonen før marginale sonorant- og sonorant + obstruent-samband i målområdet.

(96) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 1.22)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + plosiv | 93.4 | 6.5 | 107 |
| /r/+ frikativ | 85.1 | 14.8 | 175 |
| /r/ + nasal | 58.0 | 41.9 | 162 |
| /r/ + lateral | 48.9 | 51.0 | 47 |
| Snitt | 74.5 | 25.4 | 491 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk



Tabellen viser at majoriteten av dei realiserte ordformene har kort vokal før dei marginale konsonantgruppene i nordvestlandsk. (74,5 % av ordformene med slike konsonantgrupper i marginen har kort vokal.) Tabellen syner vidare at det er ein markert skilnad i vokallengd før konsonantgruppene med obstruentar og sonorantar som marginal konsonant. Vokalen er kort når den etterfølgjande konsonantgruppa er eit sonorant + obstruent-samband (*rv-* og *rt-* gruppene), som i [²kart] N 'kart', [²hörv] F 'horv' osv. (Eit unntak ser ut til å vere propriet 'Lars', som har ein høg frekvens av lange vokalar i kjernen.)

Eit anna mønster avteiknar seg for formene som har sonorantar i marginen (*rn-* og *rl-* sambanda). Lange vokalar opptreer først og fremst før desse sonorantsambanda i målområdet. Når ein sonorant, *r*, vert etterfølgt av ein sonorant, er frekvensen av forgreina kjernekonstituentar (lang vokal i overflata) totalt 44 % (41,9 % for *rn*-gruppa og 51,0 % for *rl*-gruppa). Det gjeld ordformer som [¹ba:rn] N 'barn', [¹ja:rl] M 'jarl' osv. Representasjonen av lange vokalar korrelerer dermed til ei viss grad med fonotaksen i den postvokaliske konsonantgruppa, om den marginale konsonanten er ein obstruent eller ein sonorant.¹⁴ Denne samanhengen mellom segmentstruktur og vokalkvantitet vert drøfte nærare nedafør. Men først skal vi sjå nærare på den geografiske utbreinga til den overlange kvantiteten i desse ordformene.

6.3.2. Geografisk utbreiing


Vokalrepresentasjonen i sognemålet før dei marginale sonorant- og sonorant + obstruentsambanda kjem fram i tabell (97).

¹⁴ Weinstock (1970: 592) har påvist tilsvarande overlang kvantitet i slike ordformer i færøysk når han hevdar at "[i]n all of these cases we are dealing with a cluster of resonants, in particular *r* plus *l* or *n*."

(97) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 1.23)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 24 |
| /r/ + frikativ | 88.5 | 11.4 | 35 |
| /r/ + nasal | 69.6 | 30.3 | 33 |
| /r/ + lateral | 50.0 | 50.0 | 10 |
| Snitt | 81.3 | 18.6 | 102 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*



Som tabellen viser, er representasjonen av kort vokal før konsonantgrupper som utgjør marginale sonorant + obstruent-samband eller sonorantsambanda 81,3 % i sognemålet. Kort vokal dominerer her før slike konsonantgrupper.¹⁵ Før konsonantgrupper med ein domenefinal obstruent, *rt*-, *rv*- og *rs*-gruppene, er frekvensen av korte vokalar høg (100 % for *rv*- og *rt*-gruppene, og 86,6 % for *rs*-gruppa). (Eit unntak er ordforma 'Lars' PROP. I denne ordforma dominerer lange vokalar i kjernen. No er det få realisasjonar av denne ordforma i materialet, og fem av informantane i dette området gir opp forma [l̥a:s], jf. vedlegg 1.23).

Før marginale konsonantgrupper med sonorante konsonantar (*rn*- og *rl*-sambanda) er frekvensen av lange vokalar høgare, totalt 34,9 % (30,3 % for *rn*-gruppa og 50,0 % for *rl*-gruppa). Det er dermed ein sterkare tendens til lenging av vokalen før dei marginale konsonantgruppene som utgjør sonorantsamband enn marginale konsonantgrupper med ein obstruent domenefinalt. No er det etter måten få realisasjonar av desse konsonantgruppene i området då *rn* i fleire former er realisert som /dn/ ([l̥ba:dn] 'barn').¹⁶ Eitt område skil seg likevel ut med meir konsekvent kort vokal før dei marginale konsonantgruppene, både sonorant + obstruent-samband og sonorantsamband, ytre Sogn (som omfattar kommunane Høyanger, Gulen, Solund og Hyllestad).

¹⁵ Omgrepet 'dominans' vil eg her bruke når minst 4 av 5 (80 %) ordformer har den nemnde eigenskapen.


¹⁶ Vokalen vil her vere kort i formene [l̥jød:ŋ] N 'jarn' og [l̥bjød:ŋ] M 'bjørn', men lang i [l̥ba:dn] N 'barn' (jf. Larsen 1926: 412).

I sunnfjordmålet er frekvensen av korte vokalar før dei marginale sonorantsambanda og sonorant + obstruent-sambanda høgare enn i sognemålet, slik det kjem fram i tabell (98).

(98) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 1.24)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 22 |
| /r/ + frikativ | 97.7 | 2.2 | 45 |
| /r/ + nasal | 90.9 | 9.0 | 33 |
| /r/ + lateral | 88.8 | 11.1 | 9 |
| Snitt | 95.4 | 4.5 | 109 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*



Tabellen viser at kort vokal dominerer før konsonantgruppene i sunnfjordmålet. Frekvensen av korte vokalar er heile 95,4 % i desse ordformene. Kort vokal dominerer før konsonantgruppene med obstruentar i marginen, dvs. *rt*-, *rv*- og *rs*-sambanda. (Unntaket er her også ordforma 'Lars' PROP.) Før konsonantgrupper med sonorantar i marginen (*rn*- og *rl*-gruppene) er frekvensen av lange vokalar noko høgare, totalt 9,5 %. Men det er etter måten få realiserte former her, då ein i dette området har assimilert konsonantgruppa *rn* til /ɲ/ ([¹bjœɲ:] M 'bjørn') eller /n/ ([¹bɑ:n] N 'barn'), med kompensatorisk lenging.¹⁷ Difor vert grunnlagsmaterialet lite. Det er likevel rett å hevde at korte vokalar dominerer før marginale konsonantgrupper som utgjer sonorant + obstruent-samband og også før sonorantsambanda når sambanda vert følgde av ein ikkjerealisert domenefinal (tom) kjerne i dette området.

I Nordfjord er det ein skilnad mellom målet i ytre og indre strok. Målområdet er delt ved at korte vokalar før slike konsonantgrupper, særleg dei sonorante sambanda, er lokaliserte til den ytre delen av området (Bremanger, Vågsøy og Selje), medan dei indre delane av

¹⁷ Vokalen vil her vere lang før den dentale nasalen, som i [¹ja:n] N 'jam' og [¹bɑ:n] N 'barn', men kort før den palatale nasalen, som i [¹bjœɲ:] M 'bjørn'.


området (Eid, Gloppen, Hornindal Stryn) i større grad har lange vokalar her. Dette skiljet er ein isogloss i målområdet.

Ytre Nordfjord følgjer såleis måla i Sogn og Sunnfjord gjennom ein dominans av korte vokalar før sonorant- og sonorant + obstruent-sambanda. Vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene i ytre Nordfjord kjem fram i tabell (99).

(99) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. tabell 1.25)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 100.0 | 0.0 | 16 |
| /r/ + plosiv | 100.0 | 0.0 | 8 |
| /r/ + lateral | 100.0 | 0.0 | 4 |
| /r/ + nasal | 93.3 | 6.6 | 15 |
| Snitt | 97.2 | 2.7 | 43 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før konsonantgrupper som utgjer sonorantsamband og sonorant + obstruent-samband i ytre Nordfjord. Frekvensen av korte vokalar er heile 97,2 % i dette området, og det er liten skilnad mellom dei ulike konsonantgruppene her.

I indre Nordfjord skil vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene seg frå representasjonen i ytre Nordfjord. I indre Nordfjord frekvensen av lange vokalar før dei marginale interkonstituente styringsdomena høgare, slik det går fram av tabell (100).

(100) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. tabell 1.26)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/ + frikativ | 93.7 | 6.2 | 16 |
| /r/ + plosiv | 62.5 | 37.5 | 16 |
| /r/ + lateral | 37.5 | 62.5 | 16 |
| /r/ + nasal | 18.7 | 81.2 | 32 |
| Snitt | 46.2 | 53.7 | 80 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord



Tabellen syner ein varierende vokalkvantitet før konsonantgrupper som danner interkonstituente styringsdomene i indrenordfjordmålet. Som tabellen viser, har heile 53,7 % av ordformene med sonorantsamband og sonorant + obstruent-samband lang vokal her, og lang vokal dominerer før sonorantsambanda med 75 % av representasjonane. (Før *rn* er frekvensen 81,2 %, men også før *rl*-gruppa er frekvensen av lange vokalar høg, med 62,5 %). Kort vokal dominerer også her før sonorant + obstruent-sambanda, *rt*-, *rv*- og *rs*-gruppene. (Ordforma 'Lars' PROP er også her eit unntak.) Det som framfor alt særmerker dette målområdet, er representasjonen av lange vokalar før sonorante konsonantgrupper. Særleg før *rn*-gruppa er representasjonen av lange vokalar høg, med 81,2 %. (For ei ordform, 'bjørn' M, er representasjonen av lang vokal total, men denne forma er marginal historisk sett då ein i målområdet stort sett vil finne assimilerte konsonantgruppene i former som [¹bjœɲ:] M 'bjørn'.)


I dette området skil konsonantgruppene som utgjer obstruent + sonorant-samband seg frå konsonantgrupper som utgjer sonorantsamband, ved at den siste konsonantgruppa i større grad opnar opp for lenging av forståande vokal. Ved dei homorgane sonorantgruppene, *rn*- og *rl*-gruppene, dominerer ordformer med lang vokal.

Også i sunnmørsmålet er det skilnader i vokallengda før dei ulike konsonantsambanda. Dette området er også delt i to ved at representasjonen av korte vokalar før interkonstituente styringsdomene stort sett er lokalisert til den ytre delen av området (Vanylven, Herøy, Giske, Haram), medan dei indre delane av området har lang vokal (Volda, Ørsta, Stranda, Sykkylven Stordal, Norddal). Vokalrepresentasjonen før marginale sonorant- og sonorant + obstruentsamband på ytre Sunnmøre kjem fram i tabell (101).

(101) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. tabell 1.27)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/+ plosiv | 85.7 | 14.2 | 21 |
| /r/+ nasal | 80.0 | 20.0 | 30 |
| /r/+ frikativ | 75.7 | 24.2 | 33 |
| /r/+ lateral | 66.6 | 33.3 | 9 |
| Snitt | 78.4 | 21.5 | 93 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Tabellen viser at korte vokalar dominerer før disse konsonantgruppene i dette området. Det er ikkje særleg skilnad i vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper som har ein obstruent i marginen (*rv*-, *rs*- og *rt*-gruppene). Høgst frekvens av lange vokalar finn vi særleg før konsonantgrupper med sonorant i marginen (*rl*-gruppene), dvs. i former som [ja:rl] M ‘jarl’ og før konsonantgrupper med ein frikativ i marginen (*rs*-gruppene), som i [la:rs] PROP ‘Lars’.

Vokalrepresentasjonen på indre Sunnmøre før disse konsonantgruppene skil seg frå representasjonen på ytre Sunnmøre ved at frekvensen av lange vokalar er langt høgare i indre strok av området. Som i indre Nordfjord er frekvensen av lange vokalar før sonorantsamband og obstruent + sonorantsamband høgare i indresunnmørsmålet enn i Sogn og Sunnfjord, som det går fram av tabell (102).

(102) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. tabell 1.18)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| /r/+ plosiv | 100.0 | 0.0 | 16 |
| /r/+ frikativ | 69.5 | 30.4 | 23 |
| /r/+ nasal | 8.3 | 91.6 | 24 |
| /r/+ lateral | 0.0 | 100.0 | 8 |
| Snitt | 47.8 | 52.1 | 71 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre



Tabellen viser også her ein tydeleg skilnad i vokalrepresentasjonen før sonorant + obstruent-sambanda (*rv*-, *rt*- og *rs*-gruppene) og sonorantsambanda (*rn*- og *rl*-gruppene). Totalt har 47,8 % av ordformene her lang vokal, om lag det same som for indre Nordfjord. Korte vokalar dominerer også i sunnmørsmålet før sonorant + obstruent-sambanda, *rt*-, *rv*- og *rs*-gruppene, med 82,0 % av representasjonane. (Ordforma 'Lars' PROP representerer også her eit unntak.) Heller ikkje i dette området opptre lange vokalar før marginale konsonantgrupper som utgjer sonorant + obstruent-samband. Lange vokalar opptre derimot før sonorantsambanda. Frekvensen av lange vokalar før *rl*-gruppa er på heile 100 %, men også for *rn*-gruppa dominerer formene lange vokalar (91,6 %). Kort vokal dominerer dermed før konsonantgrupper som har ein obstruent som styrar (*rv*-, *rs*- og *rt*-gruppene), medan lang vokal dominerer før dei konsonantgruppene som har ein sonorant som styrar (*rl*- og *rn*-gruppene). Her vil då, som i indre Nordfjord, konsonantgrupper som utgjer obstruent + sonorant-samband skilje lag med konsonantgrupper som utgjer sonorantsamband ved at berre dei sistnemnde konsonantgruppene opnar opp for føreståande lange vokalar. Før sonorantgrupper som utgjer homorgane sonorantar, dominerer lange vokalar.

6.3.3. Overlange rim i nordvestlandsk¹⁸

Analysen av vokalrepresentasjonen før dei marginale sonorant- og sonorant + obstruent-sambanda har synt ein korrelasjon mellom vokalkvantiteten og strukturen til den etterfølgjande konsonantismen. Før konsonantgrupper som utgjer sonorant + obstruent-samband, held vokalen seg kort. Korte vokalar dominerer før konsonantgrupper som *rt*, *rv*, *rk* osv. (Den underliggjande representasjonen vil her vere som vist i ordform 'kart' s. 53 figur

¹⁸ Om overlange rimkonstruksjonar viser eg til Harris (1994: 76ff.), Gussmann (1998: 114), (Cyran 1994: 68), Harris and Gussmann (1998: 143-4), (2002: 59).

(24)). Konsonantsambandet *rt* representerer her ein interkonstituent styringsrelasjon då rimkomplementet i det første radikalet, /r/, vert styrt av ein obstruent i det andre radikalet, /t/. Styringsdomenet vert etterfølgd av ein heimla domenefinal kjernekonstituent (i tråd med prinsippet om fonologisk heimling, jf. Kaye 1990: 314, 1995: 295).

Før sonorantgruppene syner vokalismen eit anna mønster. Her er frekvensen av lange vokalar jamt over høgare enn før sonorant + obstruent-sambanda. Tabell (96b) syner realisasjonen av ordformer med mediale konsonantgrupper som utgjer to sonorantar. Slike sekvensar kan utgjere moglege rimkomplement + opptakt-samband, der vilkåra er ein sonorant i ei opptakt som styrer eit komplement (i dette tilfellet også ein sonorant) til venstre for seg. Sonorantane vert likevel oppfatta som veikare styrarar enn obstruentane (jf. Charette 1990: 243, 1991: 14, Cyran 2001: 29, 2010: 18, Harris 1990: 271, 1994: 170, Gussmann 1998). (Strukturen til konsonantgruppa *rn* er vist i analysen av 'barn' N s. 149 figur (103). Den koronale nasalen /n / har større kompleksitet enn den koronale vibranten /r/ (to mot eitt element),¹⁹ slik at kompleksitetsvilkåra er oppfylde og dermed skulle grunnlaget for ein interkonstituent styringsrelasjon vere til stades også her. Konsonantgrupper av sonorantar dannar styringsdomene med mindre kompleksitetskilnad mellom hovud og komplement enn sonorant + obstruent-sambanda, (både i *rl*-gruppa i *rn*-gruppa er det ein skilnad på eitt element mellom konsonantane som vist i figur (52) s. 75).²⁰

Lange vokalar før konsonantgrupper som opptre innafor rimet, som før sonorantsambanda her, er, som vi tidlegare har peika på (jf. s. 137), ei reell utfordring for modellen vår (styringsfonologien). Det er ein universell restriksjon mot dei (i og med at rimet berre kan fylle to plassar på skjelettet, jf. s. 47).²¹ Vi skulle ikkje vente at lange vokalar opptre i desse ordformene, då det normalt ikkje skal finnast ledig plass til eit rimkomplement på skjelettet etter ein lang vokal, som vist i figur (103).²²


¹⁹ Hå Harris (1990, 1994) har nasalane tre element, då han også reknar med plosivelementet {?} her.

²⁰ Cyran (2010: 29, 36) vil hevde at sonorantar har høgst to element i strukturen, og at nasalane derfor berre har to element, plasselementet og nasalelementet. Likevel vil kompleksitetskravet til ein interkonstituent styringsrelasjon vere ivaretatt. Gussmann (2003) har peika på at nasalar ikkje kan opptre som styrarar i interkonstituente styringsdomene, og han vil derfor avvise moglegheita for *rn* til å opptre som eit interkonstituent styringsdomene.

²¹ Slike overlange rimkonstruksjonar har vorte påviste i fleire språk, Eliasson and La Pelle (1973) for svensk, Harris (1994) for engelsk, Cyran (1994) for irsk ofl.

²² Som vi har vore inne på tidlegare, representerer desse formene i utgangspunktet ei utfordring for styringsteorien, med sitt krav om maksimalt binære konstituentar (jf. Gussmann 1992: 492, 1998: 113, Scheer 2004, Cyran 1994, Harris and Gussmann 2002).

(103) Realisasjonen av [¹ba:rn] N 'barn'



Det materialet syner, er at den lange vokalen i hovudsak opptrer før konsonantgrupper med veike styrarar i hovudposisjonen i styringsdomenet, dvs. før *rn-* og *rl-*samband. Ei slik lenging skjer ikkje når det er sterke styrarar i opptaktsposisjonen, som for *rt-*gruppa. Her er ein ustemd obstruent opptaktshovud.²³ Når ein sonorant opptrer i kodaposisjon etterfølgd av ein sonorant i opptaktsposisjonen, opnar dette opp for lenging av vokalar i kjernen utan at den etterfølgjande konsonanten vert frikopla. Slike overlange rimkonstruksjonar opptrer såleis for det første når kodaposisjonen er knytt til ein sonorant og for det andre når kodaposisjonen og den etterfølgjande posisjonen viser same plasselement, i dette tilfellet koronalitet {A}. Grunnlaget for lenginga kan liggje i den koronale homorganiteten som rår mellom dei to segmenta som danner konsonantgruppa *rn-* og *rl-*sambandet. Vi har former som [¹ba:rn] N 'barn', [¹ja:rn] N 'jern', [¹ga:rn] og [¹ja:rl] M 'jarl', men ikkje former som *[¹a:rv] M 'arv', *[¹a:rm] M 'arm' osv.²⁴ Dette understrekar den koronale homorganiteten mellom dei segmenta der denne lenginga skjer. (Dei same restriksjonane fann Harris for dei overlange rimkonstruksjonane som han påviste i engelsk, jf. Harris 1994: 77, Cyran 1994: 68, Gussmann 1998: 114, Harris and Gussmann 2002: 59).²⁵ Når Harris opnar opp for godkjenning av slike ternære rimkonstruksjonar, er vilkåra nettopp at det rår koronal homorganitet mellom segmenta. (Harris 1994: 77, Cyran 1994: 68, Gussmann 1998: 114). Vilkåret for denne lempinga av konstituentstrukturen ligg, ifølgje Harris, i heimlinga, dvs. at

²³ Eliasson and LaPelle (1973: 145) forklarar tilsvarende mangel på lenging i svensk før *rt-* og *rs-*gruppene med at desse gruppene har ein ustemd obstruent. Elles skjer lenging før *rn* og *rl* i svensk også. Dette viser at overlange rimkonstruksjonar opptrer ved dei same konsonantgruppene i både norsk og svensk. Det kan peike i retning av ein generell eigenskap ved desse konsonantgruppene.


²⁴ Den kjensgjerninga at den overlange kvantiteten opptrer før sonorantsamband og ikkje sonorant + obstruent-samband, gjer det relevant å diskutere kor vidt sonorantar kan danne hovud i interkonstituent styringsdomene i det heile. Manglande styringsevne blir m.a. påvist av Gussmann (2007) Dermed kan det diskuteras om dette eigentleg er konsonantgrupper splitta opp av tome kjernar (jf. Cyran 1994: 68).

²⁵ Seinare skal vi sjå at også frikative opptrer i overlange rimkonstruksjonar når vokalen er lang før *st-*konsonantgrupper som i [pru:st] M 'prost', [pɔ:st] M 'post' ofl.

kodaposisjonen i slike overlange rim er berre enkeltheimla (interkonstituentheimling frå den etterfølgjande opptakta), medan kodaposisjonen i ordinære rim må vere dobbeltheimla, frå den forståande kjernen (konstituentheimling) og den etterfølgjande opptakta (interkonstituentheimling).²⁶ Slik vil Harris' oppløysing av binaritetskravet ved rimkonstruksjonar svare til den tendensen til lenging av vokalen som vi har påvist i vestnorsk. Vilkåret for at denne lenginga skal skje, er altså for det første at opptakta som følgjer etter det overlange rimet, alltid er okkupert av eit koronalt segment (*n* eller *l* i dette tilfellet), og for det andre at konsonantgruppa er eit homorganisk sonorantsamband (eller sonorant + obstruent-samband), dvs. at konsonantgruppa danner ein partiell geminat.²⁷

Når ein skal prøve å forklare denne lenginga av vokalen før dei sonorantgruppene i nordvestlandsk, er det relevant å knyte dette til eit anna velkjent fenomen som opptrer i tilsvarande omgjevnader i området, omtala som erstatningslenging (jf. Harris 1994: 36, Scheer 2004: 271, Yoshida 1991: 156). Med dette meinest at eit segment som er knytt til ein posisjon på skjelettstrengen, vert fråkopla utan at den tilsvarande skjelettposisjonen vert eliminert. Dette opnar opp for at nabosegmentet kan spreie seg til den skjelettposisjonen som står tom, som vist i figur (104).²⁸

(104) *Erstatningslenging*



Dersom vi ser realisasjonen av det lange kjernesegmentet som eit resultat av erstatningslenging, vil dette krevje ei frikopling av det melodiske materialet til segmentet i

²⁶ Innafor tradisjonell styringsfonologi vil slike ternære rim bli avvist (jf. KLV 1990).


²⁷ I den nyorienteringa som ligg i CV-fonologien (jf. Scheer 1996, 1998, 2004), vert det opna opp for slike konstruksjonar fordi lange vokalsegment danner kjerner skilde av ein opptaktsposisjon. Grunnlaget for at desse konstruksjonane skal opptre, er at vokalane er høgrehovuda i desse tilfella, og dermed heimla av vokalen etterpå, i motsetnad til språk som har vokalane som er venstrehovuda, og dermed må heimlast av vokalen før (Scheer 2004: 270). Lange vokalane som ein streng av to melodiske punkt skilde av ein tom kjerne er påvist av Cyran for å forklare tilsvarande konstruksjonar i irsk (Cyran 1994: 68).

²⁸ Merk at styringsfonologien berre godkjenner to fonologiske operasjonar, komposisjon og dekomposisjon, og at ei erstatningslenging her då er å oppfatte som dekomposisjon og spreiding.


rimkomplementsposisjonen utan at den tilsvarende skjelettposisjonen vert eliminert, men i staden vert ståande tom. Dette opnar opp for spreieing av eit nabosegment, her kjernesegmentet, til den tome posisjonen, og dermed vert vokalen omgjord til lang som i [¹ba:n] F 'barn' nedafor. (Harris (1994: 34f.) har forklart tilsvarende fenomen i engelsk som ein kompensasjon for oppretthalding av kvantitetsstabilitet).

(105) *Analysen av [¹ba:n] N 'barn'*

a. *Fråkopling*



b. *Spreieing*



I tilfellet 'barn' N vert det 'flytande' segmentet, /r/, eliminert frå strukturen, og forma [¹ba:n] manifesterer seg i overflata. (Ei slik form er hyppig belagd i målområdet.)

Dersom slike kvantitetsovringer skal kunne oppfattast som erstatningslengingar, må det skje gjennom bortfall av eit segment i strukturen (jf. Yoshida 1991: 156, Harris 1994: 36, Sheer 2004: 271). Ei erstatningslenging skjer ved at eit opphavleg kort segment vert lengd ved ei spreieing til skjelettposisjonen til nabosegmentet. Grunnlaget for erstatningslenginga og den endra knytinga kan ligge i den koronale homorganiteten som rår mellom dei to segmenta som danner konsonantgruppa *rn-* og *r/-*sambandet. Den koronale likviden /r/ og den koronale nasalen /n/, har eit felles plasselement, [A]. Vi har former som [¹ba:n] N 'barn', [¹ja:n] N 'jern', [¹ga:n] og [¹ja:l] M 'jarl', men ikkje former som *[¹a:v] M 'arv', *[¹a:m] M 'arm' osv. Dette understrekar den koronale homorganiteten mellom dei segmenta der erstatningslenginga skjer. Ei slik lenging skjer heller ikkje når det er sterke styrarar i

opptaktsposisjonen, som for *rt*-gruppa. Her er ein ustemd obstruent opptaktshovud.²⁹ Vilkåret for at vokalkvantitetsendringa før desse konsonantgruppene skal tolkast som erstatningslenging, er at den koronale vibranten vert ekskludert frå kodaposisjonen (jf. Scheer 2004: 271).³⁰ Dette er tilfellet når formene opptrer som [ba:n] N 'barn', [ga:n] N 'garn', [ja:l] M 'jarl' i vestnorsk.³¹ Dette er likevel ikkje tilfellet for dei fleste formene som gjennom analysen er avdekte som overlange rimkonstruksjonar. Den overlange kvantiteten kan såleis ikkje forklarast som ei erstatningslenging i dei tilfella der det koronale segmentet står ved lag etter den lange vokalen.³²

Konklusjonen som kan dragast med bakgrunn i denne analysen, er at i vestnorsk er dei ordformene som har lang kjernekonstituent, ord med konsonantgrupper som har sonorantar som opptaktshovud (veike styrarar) og som er homorgane gjennom deling av koronalelementet {A}. Vi må samtidig slå oss til ro med at desse overlange rimkonstruksjonane, som på tilsvarande måte som dei overlange rimkonstruksjonane som Harris har brukt i si forklaring av fenomenet i engelsk, representerer ei avgrensing av styringsfonologiens krav om binaritet på konstituentnivået.³³

6.3.4. Oppsummering

Analysen av ordformene med ein domenefinal undertrykt kjerne i dei ulike delane av målområdet syner varierende mønster for vokalrepresentasjonen, slik det går fram av tabell (106).

²⁹ Eliasson and LaPelle (1973: 145) forklarar tilsvarande mangel på lenging i svensk før *rt*-og *rs*-gruppene med at desse gruppene har ein ustemd obstruent. Elles skjer lenging før *rn* og *rl* i svensk også. Dette viser at overlange rimkonstruksjonar opptrer ved dei same konsonantgruppene i både norsk og svensk. Det kan peike i retning av ein generell eigenskap ved desse konsonantgruppene.


³⁰ Den koronale homorganiteten mellom konsonantane i konsonantgruppa gjer at erstatningslenging kan oppfattast som eit resultat av eit anna prinsipp i fonologien, nemleg det obligatoriske konturprinsippet (OCP), opphavleg utforma av Leben (Leben 1973). Vi kan forklare dette prinsippet som ei motvilje mot at det på skjelettstrengen (melodivået) skal vere to identiske segment ved sida av kvarandre. 'Identisk' kan også oppfattast strukturelt, dvs. at identisk her relaterer seg til elementsamansetjinga til segmentet. Dersom to segment som opptrer i naboskal på skjelettstrengen, deler ein eigenskap i form av eit element, har dei to segmenta ein felles spesifisering for dette elementet, som bind dei saman (jf. Kristoffersen 2007: 110).

³¹ Dette kan vere resultat av ein historisk verksam prosess som no ikkje lenger er til stades i det vestnorske målområdet.

³² Historiske former som [¹ba:n] N 'barn', [¹ja:n] N 'jarn' og [¹ja:l] M. 'jarl' kan forklarast som erstatningslenging, på same måten som latinsk 'kasnus' til 'kanus' (jf. Scheer 2004: 271). Denne prosessen med konsonantbortfall gjeld derimot ikkje allment i desse formene.

³³ Jf. KLV 1990. Eit konservativt standpunkt innafor styringsfonologien krev nemleg at alle konstituentar, inklusive rimet, er maksimalt binære. Eit mindre restriktivt standpunkt, som godkjenner ternære rim, er såleis definert i Harris (1994: 163f). Dette gjeld berre einskilde språk, som engelsk, og opptrer dermed parametrisk.

(106) *Lange vokalar etter konsonantgrupper i dei ulike målområda*



Tabellen viser at korte vokalar opptrer i kjerneposisjonen før marginale sonorant + obstruent-samband i området. Slike konsonantgrupper har ein obstruent som er hovud i opptaktsposisjonen og ein sonorant som komplement i ein interkonstituent styringsrelasjon. I desse konsonantgruppene er det også kompleksitetsskilnad mellom hovud og komplement, slik at dei dannar det vi har omtala som sterke styringsdomene.

Når sonorante konsonantar opptrer i marginen, opnar dette opp for lenging av vokalen. Slike styringsdomene vil ha veikare styrar i opptaktsposisjonen (hovudet i styringsdomenet), og i sonorantgruppene er det mindre kompleksitetsskilnad mellom segmenta i styringsdomenet. Slik sett viser analysen av vokalkvantiteten før dei marginale konsonantgruppene at vokalen held seg kort før dei marginale konsonantgruppene som dannar sterke styringsdomene, og at det først og fremst er før dei veikare styringsdomena at det skjer ei forlenging av vokalen.

Analysen av vokalrepresentasjonen før dei marginale interkonstituente styringsdomena viser samtidig at der er måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre som syner ein avvikande tendens når det gjeld kva for innverknad ei postvokalisk konsonantgruppe har på den forståande vokalen. Lange vokalar opptrer i hovudsak i måla i indre strok (Indre Nordfjord og Indre Sunnmøre, jf. kart 3 s. 347). Når marginale konsonantgrupper har eit opptaktshovud som er okkupert av eit segment som må karakteriserast som ein veik styrar, vil tendensen til overlange rim dominere her. Dei lange vokalane finn vi i hovudsak før ei sonorantgruppe, og særleg før *rn*-gruppa. I indre strok dominerer korte vokalar før dei konsonantgruppene som har ein obstruent som hovud i opptaktsposisjonen og ein sonorant som komplement i kodaposisjonen.

Til slutt i dette kapittelet skal vi sjå på vokalkvantiteten før konsonantsekvensar som har ein ambivalent konstituentstatus, men som i ein styringsfonologisk modell må oppfattast som rimkomplement + opptaktskonfigurasjonar, nemleg *sp*-, *st*- og *sk*-gruppene.

6.4. Vokalkvantiteten før marginale obstruentsamband

6.4.1. Oversyn

Til slutt i dette kapittelet skal vi sjå nærare på vokalrepresentasjonen før marginale konsonantgrupper som utgjer to obstruentar, dvs. *sp*, *st* og *sk*. Eit oversyn over ordformene som vert testa, finn vi i tabell (107).

(107) Ordformer med marginale obstruentgrupper


| a. | Obstruent + labial | b. | Obstruent + dental | c. | Obstruent + velar |
|----|-----------------------------|----|---------------------------------|----|---------------------------------|
| | [¹ osp] F 'osp' | | [¹ lyst] F 'lyst' | | [¹ knusk] M 'knusk' |
| | | | [¹ post] M 'post' | | [¹ tysk] ADJ 'tysk' |
| | | | [¹ prust] M 'prost' | | [¹ frosk] M 'frosk' |
| | | | [¹ post] M 'pust' | | |
| | | | [¹ tust] M 'tust' | | |
| | | | [¹ beist] N 'beist' | | |
| | | | [¹ heust] M 'haust' | | |
| | | | [¹ neust] N 'naust' | | |
| | | | [¹ røyst] F 'røyst' | | |

Tabell (108) syner vokalrepresentasjonen før obstruentgrupper med /s/ + plosiv i nordvestlandsk.

(108) a. Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk (jf. vedlegg 1.33)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sk | 94.3 | 5.6 | 142 |
| sp | 91.3 | 8.6 | 46 |
| st | 80.7 | 19.2 | 425 |
| Snitt | 84.6 | 15.3 | 613 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk



Tabellen viser at dersom ein vokal vert følgd av eit obstruentsamband som dannar eit konsonantgruppe i marginen, vil han verte realisert som kort i vestnorsk. Former med lang vokal er i lita grad til stades her. (Totalt har 84,6 % eller 519 av 613 former kort vokal.) Det er først og fremst før koronale obstruentgrupper (*st*-gruppa) at den lange vokalen opptrer, dvs. i former som [¹pru:st] M 'prost', [¹pøst] M 'post', [¹beist] N 'beist' osv. Særleg ved diftongar opptrer lange vokalar i denne posisjonen. Då er frekvensen av lange vokalar (forgreina kjernar) 34,8 % (69 av 198 realiseringar, jf. vedlegg 1.33). Vokalrepresentasjonen før slike marginale obstruentgrupper skal vi drøfta nærare nedafor. Først skal vi sjå på den geografiske utbreiinga til desse overlange rimkonstruksjonane.


6.4.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før marginale obstruentsamband i sognemålet går fram av tabell (109).

(109) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 1.30)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sk | 100.0 | 0.0 | 91 |
| sp | 100.0 | 0.0 | 10 |
| st | 98.9 | 1.0 | 92 |
| Snitt | 99.2 | 0.7 | 132 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*



Tabellen syner at i sognemålet dominerer den korte vokalen før desse konsonantgruppene. (Berre 0,7 % av ordformene med marginale obstruentsamband har kort vokal.) Også i sunnfjordmålet er vokalrepresentasjonen før marginale obstruentsamband nokså eintydig, som i sognemålet, slik det går fram av tabell (110).

(110) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 1.31)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Totalt |
|-----------------|------------|------------|--------|
| sk | 100.0 | 0.0 | 27 |
| sp | 100.0 | 0.0 | 9 |
| st | 97.5 | 2.4 | 81 |
| Snitt | 98.2 | 1.7 | 117 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*



Tabellen viser at representasjonen av lange vokalar før marginale obstruentsamband er minimal i sunnfjordmålet. Her har 98,2 % av ordformer med obstruentsamband i marginen kort vokal.

I ytre Nordfjord er vokalrepresentasjonen før marginale obstruentsamband om lag som den vi fann i Sogn og Sunnfjord (jf. tabell 111).

(111) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.32)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sp | 100.0 | 0.0 | 4 |
| sk | 100.0 | 0.0 | 12 |
| st | 100.0 | 0.0 | 36 |
| Snitt | 100.0 | 0.0 | 52 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Tabellen for ytrenordfjordmålet syner at frekvensen av former med forgreina kjernekonstituentar (lange vokalar) er fråverande i desse ordformene. Alle førekomstane av lange vokalar før desse konsonantgruppene finn vi i indre delar av Nordfjord (kommunane Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal). I den ytre delen av målområdet (kommunane Bremanger, Selje og Vågsøy) dominerer korte vokalar før dei marginale obstruentgruppene. Det gjeld også når det opptrer diftongar i kjernen. Dei vert her monoftongerte (jf. vedlegg 1.32).

Vokalrepresentasjonen før marginale obstruentsamband i indre Nordfjord går fram av tabell (133).

(112) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 1.33)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sp | 71.4 | 28.5 | 7 |
| sk | 68.1 | 31.8 | 22 |
| st | 37.8 | 62.1 | 66 |
| Snitt | 47.3 | 52.6 | 95 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*




Tabellen viser at det er høg frekvens av lange vokalar før *st*-sambanda i indre Nordfjord. Frekvensen av lange vokalar er her heile 52,6 %.) Dette gjeld realisasjonen av diftongar i ordformene [¹beɪst] N 'beist', [¹heʊst] M 'haust', [¹neʊst] N 'naust' og [¹rœɣst] F 'røyst'. Også ordforma 'frosk' M har høg frekvens av diftongar i dette området, med realisasjonen [¹frœusk] (jf. vedlegg 1.33).

I sunnmørsmålet er det ein tilsvarande skilnad mellom ytre og indre Sunnmøre når det gjeld vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruentsambanda, som vist i tabellane (113) og (114) nedfor.

(113) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.34)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sp | 90.0 | 10.0 | 10 |
| sk | 96.5 | 3.4 | 29 |
| st | 94.0 | 5.9 | 84 |
| Snitt | 94.3 | 5.6 | 123 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Tabellen viser at også på ytre Sunnmøre er former med lang vokal før marginale obstruentgrupper omtrent fråverande (som i ytre Nordfjord). I dei ytre stroka (kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid) dominerer korte vokalar også ved diftongane, som også her vert systematisk monoftongerte (jf. vedlegg 1.40).

Førekosten av lange vokalar før desse konsonantgruppene er også her knytt til indre delar av målområdet (kommunane Volda, Ørsta, Stranda, Sykkylven, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje og kommunane rundt Ålesund). Vokalrepresentasjonen før marginale obstruentsamband på indre Sunnmøre går fram av tabell (114).

(114) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 1.35)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| sp | 87.5 | 12.5 | 8 |
| sk | 100.0 | 0.0 | 22 |
| st | 48.5 | 51.4 | 68 |
| Snitt | 65.3 | 34.6 | 98 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Tabellen viser at det også her først og fremst er før *st*-gruppa at dei lange vokalane opptre på indre Sunnmøre. Som i nordfjordmålet er det diftonguttalen i ordformene 'beist' N, 'haust' M, 'naust' og 'røyst' F som gir forgreina kjernekonstituentar i dette området.


6.4.3. Vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruentgruppene

Obstruentgruppene *sp*, *st*, *sk* opptre som typiske initiale opptaktssamband i nordvestlandsk, slik det går fram i tabell (115).

| | | | |
|-------|--------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| (115) | sp | sk | st |
| | [¹ spu:r] N 'spor' | [¹ skarp] ADJ 'skarp' | [¹ stu:r] ADJ 'stor' |


Den stigande kompleksiteten i konsonantgruppa er likevel eit problem her. (Kompleksiteten i konsonantgruppene kjem fram i tabell (54) s. 92). Etter kompleksiteten skulle slik konsonantgrupper danne rimkomplement + opptakt-samband. (Konsonantgrupper med stigande kompleksitet dannar interkonstituente styringsdomene ifølgje teorien, jf. s. 48). Ei slik stigande kompleksitetskurve kan illustrerast gjennom analysen av [¹knusk] M 'knusk':

(116) *Representasjonen av [¹knusk] M 'knusk'*



No er det ikkje slik at desse konsonantgruppene nødvendigvis dannar opptakter, heller ikkje i initial posisjonar av ordet. Styringsfonologien opnar opp for at desse konsonantgruppene kan inngå i heteroradikale konsonantgrupper, og at dei som heteroradikale grupper dannar interkonstituente koda + opptaktssamband der /s/ opptrer i kodaposisjonen i eit forståande rim (Harris 1994: 59f., Kaye 1996: 172, Hulst and Ritter 2001: 143, Gussmann and Cyran 1998: 130). Dette kan illustrerast gjennom ein analyse av ordforma [¹stu:rɛ] ADJ 'stor', der konsonantgruppa *st* opptrer initialt.

(118) *Representasjonen av [¹stu:rɛ] ADJ 'stor'*




Grunnlaget for ein slik analyse ligg i eit prinsipp om magisk heimling ('magic licensing', jf. Harris 1994, Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990, Kaye 1992, 1996: 172, Gussmann and

Cyran 1998: 133)³⁴. Kjerneposisjonen N₁, som her føregrip *st*-gruppa, vert ein heimla kjerne, som då opptrer som undertrykt i overflata.³⁵ Desse konsonantgruppene svarar då til realisasjonen av konsonantgrupper med ein sonorant i kodaen etterfølgd av ein obstruent i opptakta, slik at konsonantgruppa inngår i eit heteroradikalt rimkomplement + opptakt-samband.

Dei overlange rimkonstruksjonane som opptrer i desse ordformene, representerer også her ei utfordring. Vi kan illustrere dette gjennom ordforma [^lbεɪst] F' 'beist'.

(119) *Representasjonen av [^lbεɪst] F' 'beist'*



Denne ordforma er ikkje mønsterforma etter prinsippa i styringsfonologien (jf. s. 48). Dersom konsonantgruppa *st* opptrer som eit rimkomplement + opptakt-samband i desse formene, skulle vi vente kort vokal.


Desse overlange rimkonstruksjonane som her er påviste i nordvestlandsk, svarar også til dei supertunge rimkonstruksjonane som er påviste hjå Harris (1994: 76f.). Styringsfonologien opnar nemleg opp for slike ternære rimstrukturar (jf. diskusjonen side 134 og 149). Slike 'supertunge' rimstrukturar opptrer m.a. ved finale koronale frikativ-plosivsamband som *st* (Harris 1994: 69). Grunnlaget for at denne rimkonstruksjonen skal

³⁴ Jf. Honeybone (1999: 198)

³⁵ Ei tolking i samsvar med magisk heimling (Harris 1994, Kaye 1992, 1996).

opptre, er, ifølgje Harris, at kodaposisjonen er avgrensa til ein sonorant eller frikativ, og at segmenta i rimkomplementsposisjonen og opptaktsposisjonen deler det koronale elementet {A} (Harris 1994: 77). Når det opptre ordformer med lang vokal (diftong) før marginale konsonantgrupper i målområdet, kan forklaringa såleis liggje i homorganiteten til den aktuelle konsonantgruppa. Det er ei konsonantgruppe der dei involverte segmenta deler det koronale plasselement {A}. Elementidentiteten til dei to segmenta opnar opp for frikopling av det segmentale innhaldet frå skjelettposisjonen til rimkomplementet og spreining frå det andre segmentet (hovudet i styringsdomenet), som vist i på figur (120).

(120) *Representasjonen av [¹bɛɪst] F*




Konsonantgruppa *st* vert i denne strukturen oppfatta som ein semigeminat.³⁶ Semigeminatstatusen kan då forklare kvifor vokallenginga skjer før *st*-grupper gjennom former som [¹u:st] M 'ost', [¹ku:st] M 'kost', [¹plɔ:st] N 'plaster', men ikkje før *sp*-grupper, [¹osp] F 'osp', eller *sk*-grupper [¹knɔsk] M 'knusk' (jf. *Synopsis. Fjordane* § 10).

6.4.4. Oppsummering

³⁶ Vogt var inne på dette når han hevdar at *st* opptre som eit enkelt fonem i ordformer som [pru:st] M 'prost'. Han kallar slike konsonantgrupper for «composite phonemes» (Vogt 1942: 216).

Vi har i analysen sett at det er tydelege skilnader mellom måla i området når det gjeld vokalrepresentasjonen før dei marginale obstruentgruppene, slik det går fram av tabell (121).

(121) *Lange vokalar rangert etter konsonantgruppe og målområde*



Realisasjonen av forgreina kjernekonstituentar (lange vokalar) er bortimot fråverande i sognemålet, sunnfjordmålet og i dei ytre delane av Nordfjord og Sunnmøre. Dei er derimot hyppig belagde i indre delar av Nordfjord og i indre delar av Sunnmøre. Dette gjeld først og fremst i former med realiserte diftongar i kjernen. Her dominerer lange vokalar (forgreina kjernar). Eksempel på dette er former som [¹h^eust] M 'haust', [¹n^eust] N 'naust', [¹r^æyst] F 'røyst' og [¹b^eist] N 'beist'. Ein slik representasjon finn vi først og fremst i indre Nordfjord og i indre delar av Sunnmøre, eit område som svarar til det området som ikkje tillet kortdiftongar, i motsetning til slik vi finn det i sognemålet, sunnfjordmålet og målet i ytre delar av Nordfjord og i ytre delar av Sunnmøre (jf. kart 6). Området som tillet forgreina kjernar før konsonantgruppa *st*, svarar dessutan til det området der vi tidlegare har påvist supertunge rimkonstruksjonar ved *rn*-gruppa og *rl*-gruppa (jf. kart 4 s. 354). Eit slikt kvantitetsmønsteret opptrer då som ein strategi som ikkje involverer monoftongering eller realisering av ein kortdiftong i dette området.³⁷

I dei andre områda er formene realiserte med kortdiftong, som [¹h^eust] M 'haust', [¹n^eust] N 'naust', [¹r^æyst] F 'røyst' og [¹b^eist] N 'beist', eller med monoftong, som i [¹h^øest] M 'haust', [¹n^øest] N 'naust', [¹r^øest] F 'røyst' og [¹b^est] N 'beist' (jf. kart 6 s. 350).

³⁷ Den tilsynelatande opptaktsidentiteten til konsonantgruppa *st* kan vere ei medverkande årsak til at dette målområdet aksepterer lang vokalisme i denne posisjonen. Dei opptrer i det området som tillet lange vokalar før opptaktssekvensar, som vi har påvist tidlegare (jf. s. 124).

6.5. Vokallenging og kvantitetssystem

Vi har i dette kapitlet sett nærare på realisasjonen av vokalar før ulike konsonantgrupper som kan danne rimkomplement + opptakt-sekvensar i vestnorsk. Analysen har dreia seg om kor vidt lang vokal kan opptre før slike konsonantgrupper i vestnorsk. Granskinga har synt at før konsonantgrupper som dannar interkonstituente styringsdomene, vil vokalen i den føreståande kjernen vere kort dersom styringsdomena har ein sterk styrar som hovud. Lang vokal er utelukka før konsonantgrupper som utgjer plosive og likvide konsonantar, dvs. konsonantsamband som dannar sterke styringsrelasjonar. Men når det opptreir ei konsonantgruppe av sonorantar etter vokalen, syner vokalrepresentasjonen eit avvikande mønster. Før slike konsonantgrupper, der ein sonorant opptreir som hovud i eit interkonstituent styringsdomene, vil det vere ein høgare frekvens av lange vokalar i den føreståande kjernen. Representasjonen av lange vokalar har vi knytt saman med styringsegenskapane i konsonantsambandet ved at det opptreir veike styrarar, sonorantar, i posisjonen som opptaktshovud.

Diskrepansen mellom lang og kort vokal før desse konsonantgruppene har vi knytt saman med den koronale homorganiteten mellom segmenta i konsonantsambandet. Ved dei homorgane koronale konsonantgruppene er det eit klart skilje i målområdet når det gjeld vilkåra for at lange vokalar skal opptre. I Sogn og Sunnfjord dominerer korte vokalar før desse konsonantgruppene. Vokallenginga før dei sonorante konsonantgruppene er i særleg grad knytte til måla i Nordfjord og på Sunnmøre. Her vil lange vokalar opptre i over halvparten av tilfella. Slike vokalar er likevel ikkje jamt spreidde over heile området. I dei ytre delane av Nordfjord og Sunnmøre dominerer korte vokalar, på lik line med sognemålet og sunnfjordmålet. I dei indre delane av Nordfjord og Sunnmøre vil derimot den lange vokalen dominere før dei sonorante konsonantgruppene. Realisasjonen av former med forgreina kjernekonstituent er så sterk at vi må tolke dette som eit generelt drag ved dialektane i dette området (jf. kart 4 s. 348).

Skilnaden mellom ordformer med kort og lang vokal, slik vi i målområdet finn det i ordformer som [^lœrn] F 'ørn' i ytre og [^lø:rn] F 'ørn' i indre delar av Nordfjord og Sunnmøre, kan dermed sjåast som ein konsekvens av at ulike fonologiske prosessar er verksame i dette området, prosessar som er eit resultat av og avgrensa av dei universelle eigenskapane i fonologien. Vi vil hevde at skilnaden i vokalkvantiteten før grupper av sonorante konsonantar i nordvestlandsk er ein konsekvens av at kvantiteten vert regulert

gjennom tilhøvet mellom vokalen og den etterfølgjande konsonantismen. Dei områda som gjennomfører konsekvent kort vokal før konsonantgruppene, har det vi omtalar som ein konsekvent segmentteljande kvantitet, dvs. at kvantiteten er regulert gjennom strukturelle eigenskapar gjennom talet på segment i konsonantgruppa, same kva slag fonotaktisk mønster som opptrer i gruppa (jf. tidlegare s. 80).

Når måla i indre strok skil lag med måla i ytre når det gjeld realisasjonen av lang vokal før slike konsonantgrupper, skuldast dette at relasjonelle eigenskapar ved den etterfølgjande konsonantgruppa i dette området verkar inn på kvantiteten. Her vil eigenskapar ved det fonotaktiske domenet vere avgjerande ved at styringsrelasjonar mellom hovudet og komplementet regulerer moglegheitene for vokalrealisasjonen. Veike styrarar i opptaksposisjonen og koronal homorganitet mellom dei involverte segmenta vil før med seg lange vokalar i desse ordformene. Vi har også vist til den diskusjonen som går før seg innafør styringsfonologien om kor vidt dette kan løysast som overlange rimkonstruksjonar, som Harris gjer (jf. Harris 1994: 77).

Dette stadfestar hypotesen vår om at dei biradikale rotorda som endar på ein domenefinal ikkjerealisert (tom) kjerne, vil bli realiserte med kort vokal når konsonantgruppa etter dannar eit interkonstituent styringsdomene. Der rotkjernen er forgreina, dvs. det opptrer lange vokalar i overflata, skjer dette der segmenta deler eit koronalt element. Dette skjer då først og fremst i måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre (jf. kart 4 s. 348).

Kapittel 7

Kvantiteten i rotorda: ei oppsummering

Vi er då ved enden av analysen av rotorda i vestnorsk. Utgangspunktet for analysen var å avdekkje om kvantiteten av rotkjernen var påverka av det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa. Til grunn for analysen låg det ein hypotese om avhengigheit mellom vokallengd og den etterfølgjande konsonantismen. Vi delte ordformene i to grupper etter overflatestrukturen, rotord med realisert domenefinal (ordfinal) kjerne og rotord som endar på ein ikkjerealisert kjerne. Dei sistnemnde ordformene endar på marginale konsonantgrupper. Ordformene som låg til grunn for analysen, vart delte inn etter strukturen på konsonantgruppene som følgjer etter kjerneposisjonen: (i) ordformer der konsonantgruppene dannar sekvensar som berre opnar opp for interkonstituente styringsrelasjonar, dvs. rimkomplement + opptakt, og (ii) ordformer der konsonantgruppene representerer sekvensar som berre opnar opp for intrakonstituente styringsrelasjonar, dvs. opptaktshovud + opptaktskomplement. Dermed kunne konsonantgruppene sorterast etter kompleksiteten til konsonantane i gruppa, om desse konsonantgruppene dannar anten stigande eller fallande kompleksitetskurver. Dessutan vart kompleksitetsskilnadene grunnlag for inndeling av sterke og veike styringsdomene, alt ettersom domenet hadde opptaktshovudet som var plosive, frikative eller sonorante segment.

Analysen syner at vokalrepresentasjonen er påverka av det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa. Konsonantgrupper med stigande kompleksitet mellom segmenta opptre som rimkomplement + opptakt-samband, og dei dannar dermed interkonstituente styringsdomene etter styringsfonologien. Ordformer med slike postvokaliske konsonantgrupper og med ein realisert domenefinal kjerne har mest utan unntak korte vokalar før konsonantgruppene der konsonantgruppene utgjer sterke styringsrelasjonar, dvs. sonorant + obstruent-samband. Vi har såleis gjennomgåande realisasjonar som [²farte] V 'farte' og [¹smerte] M 'smerte' i vestnorsk. Når konsonantgruppene etter stammevokalen utgjer veikare styringsrelasjonar, dvs. at ein sonorant opptre i opptaktshovudet, syner realisasjonane ein høgare frekvens av lange stammevokalar. Om lag kvar tredje ordform i målområdet har lang stammevokal (forgreina kjernekonstituent) før desse konsonantgruppene. Vi har realisasjonar som [²ve:rne] V 'verne', [²s̥c̥e:rne] F 'stjerne' osv. Skilnaden er påfallande. Slike kvantitetsrealiseringar representerer ved første augnekast ei utfordring for styringsfonologiens

krav om binaritet innafor rimkonstituentar, dvs. at slike konstituentar berre kan omfatte forgreina kjernekonstituentar eller kjerne + koda etterfølgde av ei styrande opptakt. Slike overlange rimkonstruksjonar opptre innafor fleire språk, og det er framførde fleire forklaringsmodellar for desse. Men typisk for den norske realisasjonen er at dei skjer ved homorgane konsonantgrupper, i dette tilfellet når det er koronal homorganitet mellom dei to segmenta som er involverte i styringsrelasjonen. Vilkåret for lenginga er då at det er koronal homorganitet mellom segmenta i konsonantsambandet, dvs. at dei har [A]-elementet felles. Dette samsvarar med Harris forklarings av tilsvarande konstruksjonar i engelsk.

Den andre gruppa vi undersøkte, var ordformer med obstruentar som opptaktshovud som styrte eit komplement til høgre for seg. Desse konsonantsekvensane må oppfattast som forgreina opptaktskonstituentar med fallande kompleksitet mellom opptaktshovudet og komplementet. Det skal såleis rå intrakonstituent styring mellom dei to segmenta i konsonantgruppa. Desse opptaktene er forgreina konstituentar som opptre ordinitialt i dette tilfellet. Hovudet i konstituenten vert følgt av ein realisert kjerneposisjon, som domenefinal kjerne.

Analysen av desse ordformene syner at korte vokalar dominerer før desse konsonantsambanda i målområdet. Representasjonen av korte vokalar er bortimot total før konsonantgrupper med plosivar i opptaktshovudet. Vi har gjennomgåande realisert ordformer som [²klatrɛ] V 'klatre' og [²uɣlɛ] F 'ugle'.¹

Konklusjonen for denne delen av granskinga er at konsonantgrupper med både interkonstituente og intrakonstituente styring mellom segmenta opptre i vestnorsk i posisjonen før ein realisert kjerneposisjon, og at kort vokal i hovudsak er realisert før desse konsonantgruppene. Dei unntaka som er beskrivne, gjeld for konsonantgrupper med interkonstituent styring mellom konsonantane. Desse konsonantgruppene representerer veike styringsdomene, dvs. dei har veike styrarar i opptaktshovudposisjonen, og dei er homorgane konsonantgrupper. Strategien har som funksjon å fasthalde strukturen i desse ordformene.

Eit karakteristisk resultat av analysen var at det var påviselege skilnader innafor målområdet når det gjeld realisasjonen av dei ulike ordformene. Ordformer med lange stammevokalar (overlange rim) dominerer i delar av området, men er fråverande i andre. Realisasjonen av den overlange kvantiteten finn vi særleg knytt til dei indre områda i Nordfjord (jf. kart 3 s. 347). I dei andre delane av målområdet er det ein konsekvent

¹ Det var ei form som utmerka seg med sterkt avvik her, ordforma 'hegre' F med halvparten realisasjonar med overlangt rim: [²hɛ:grɛ].

representasjon av korte vokalar (ikkje-forgreina kjernar) før desse konsonantgruppene. Her er det berre unntaksvis innslag av overlange rimkonstruksjonar.

Den neste gruppa av ordformer som vart analysert, endar på ein heimla domenefinal (tom) kjerne. I desse ordformene kom den postvokaliske konsonantgruppa i ein marginal posisjon. Spørsmålet vi her stilte, var om interkonstituent og intrakonstituent styringsrelasjon kunne opptre marginalt i målområdet, og om dei influerte på vokalkvantiteten. Analysen vart gjort etter tilsvarende inndeling som dei biradikale gruppene, dvs. om konsonantgruppene i marginen kunne tolkast som rimkomplement-opptaktssekvensar gjennom stigande kompleksitet mellom konsonantsegmenta, eller som forgreina opptaktsgrupper gjennom fallande kompleksitet mellom konsonantane.

Granskinga av ordformer med marginale intrakonstituente styringsdomene syner då at desse formene opptre konsekvent med kort vokal (ikkje-forgreina kjerne) før konsonantgruppene når det er realisert sterke styrarar i opptaktsposisjonen i styringsdomenet, dvs. plosivar. Slike grupper utgjer sterke styringsdomene då ein obstruent her styrer ein sonorant, slik at det er stor kompleksitetsskilnad mellom konsonantane. Avvika kom også her i former med veike styrarar, sonorantar, i opptaktsposisjonen, slik at det er liten kompleksitetsskilnad mellom segmenta, og ved homorgane sekvensar, grupper som *rn-*, *rl-* osv. Før slike sekvensar var innslaget av forgreina kjernekonstituentar (lange vokalar) sterkt i området. Dette er i stor grad lokalisert til indre delar av Nordfjord, der slike former dominerer, og indre Sunnmøre. Innslaget av overlange rimkonstruksjonar er òg stort i sognemåla, sjølv om det her var noko større usikkerheit pga. fonologiske assimilasjonsprosessar, konsonantgruppene her er utsette for differensiasjon. Innslag av lange vokalar i denne posisjonen er minst i måla i ytre strok (i ytre Sogn, i Sunnfjord, i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre).

Den siste gruppa av ordformer som vart analyserte i denne delen av avhandlinga, var ordformer med marginale opptaktgrupper. Slike konsonantgrupper utgjer intrakonstituente styringsdomene, dvs. at konsonantgruppene i marginen har ei fallande kompleksitetskurve. Denne gruppa syner eit avvikande mønster. Desse ordformene vert i sterk grad realiserte som biradikale ordformer i overflata, dvs. med realisert vokal mellom konsonantane i konsonantgruppa i marginen, ein epentetisk vokal. Denne vokalen vert innsett nettopp i konsonantgrupper med fallande kompleksitet i marginen. Vi har ordformer som [¹u:ter] M 'oter', [¹ɔ:kɛr] M 'åker', [¹se:ter] F. seter'. Dei formene som markerer unntaket frå dette mønsteret, dvs. ordformer med korte vokalar (forgreina kjernekonstituentar) før ei intakt

konsonantgruppe, har veike styrarar i posisjonen for opptaktshovudet, frikativar, med ein sonorant som komplement, dvs. *vr-*, *vl-*gruppene. Vi har former som [¹levr] F 'lever', [¹nevɹ] F 'never' osb. Vilkåret for opprettholdinga av dei marginale konsonantgruppene er for det første at det er realisert ein veik styrar i hovudposisjonen, i dette tilfellet ein frikativ, som har færre element i strukturen enn plosivane, og for det andre at det er jamn kompleksitet mellom dei involverte segmenta, det etterfølgjande komplementet er ein sonorant. *VL-* og *vr-*gruppene var mindre utsette for slike innskotsvokalar enn *tr-* og *kr-* gruppene.

Dei epentetiske ordformene dominerer særleg i sognemålet, men også på indre Sunnmøre finn vi høg frekvens av innskotsvokal i desse ordformene. I måla i ytre strok av Sogn, Nordfjord og Sunnmøre, og i Sunnfjord, er det ein langt sterkare tendens til å halde på konsonantgruppene i marginen. Vi observerer dessutan ein tendens til vokallenging før desse konsonantgruppene i indre Nordfjord. Dette markerer ein tendens til svekking av komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantgrupper i dette området.

Den variasjonen vi har kome fram til, kan framstillast skjematisk på denne måten:

(122) *Vokalrepresentasjonen fordelt etter heimlareigenskapar og geografisk område*
 (+ står for kort vokal, ÷ for lang vokal, * for epentese)

| | | | Ordform | Sunnfj | YNfj | YSnm | Sogn | ISnm | INfj |
|---------------------|---------------------|-----------------|----------|--------|------|------|------|------|------|
| Undertrykte kjernar | Intrakonst. styring | Sterke styrarar | <otr> | +/* | +/* | +/* | * | * | * |
| Undertrykte kjernar | Intrakonst. styring | Veike styrarar | <avl> | + | + | + | * | +/* | +÷ |
| Undertrykte kjernar | Interkonst. styring | Veike styrarar | <barn> | + | + | + | + | ÷ | ÷ |
| Realiserte kjernar | Intrakonst. styring | Veike styrarar | <navle> | + | + | + | + | + | +÷ |
| Realiserte kjernar | Interkonst. styring | Veike styrara | <verne> | + | + | + | + | + | +÷ |
| Undertrykte kjernar | Interkonst. styring | Sterke styrarar | <kart> | + | + | + | + | + | + |
| Realiserte kjernar | Intrakonst. styring | Sterke styrarar | <klatre> | + | + | + | + | + | + |
| Realiserte kjernar | Interkonst. styring | Sterke styrarar | <smerte> | + | + | + | + | + | + |

Som tabell (122) syner, er det tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen for ulike konsonantgrupper i dei ulike delane av området. Den mest konsekvente vokalrepresentasjonen finn vi Sunnfjord (saman med ytre Sogn, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre). I ytre Sogn (kommunane Høyanger, Gulen og Solund), Sunnfjord, ytre Nordfjord (kommunane Bremanger, Vågsøy og Selje) og på ytre Sunnmøre (kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid) vil vi i utgangspunktet ha eit kvantitetssystem med kort vokal før

konsonantgruppene, uansett om dei dannar intrakonstituente eller interkonstituente styringsdomene (forgreina opptakt eller rimkomplement + opptakt). Denne vokalrepresentasjonen er også konsekvent før både mediale og marginale konsonantgrupper. I dette området er den segmentteljande kvantiteten mest konsekvent utbreidd, slik at komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme vert mest konsekvent utnytta i dette området.

Det same gjeld i stor grad Sogn, men her vil restriksjonen mot marginale opptaktssamband før til epentetiske realisasjonar. Konsonantgrupper som dannar intrakonstituente styringsdomene, dvs. konsonantgrupper som representerer opptakter, vert her oppsplitta av ein innskotsvokal når den domenefinale vokalen er ein undertrykt (heimla) kjerne. Dette peikar i retning av eit område som ikkje toler marginale intrakonstituente styringsdomene (opptaktssekvensar).² Det er ein paramterisk restriksjon mot dei her. Kjerneområdet for denne restriksjonen er indre Sogn (kommunane Lærdal, Luster og Aurland). Før typiske rimkomplement + opptakt-samband er representasjonen av korte vokalar eintydig i dette området.

Større avvik frå den segmentteljande kvantiteten finn vi på Indre Sunnmøre. Indresunnmørsmålet har sterkt innslag av epentetiske former ved marginale opptaktssekvensar med klar opptaktsidentitet, sterke styrarar og kompleksitetskilnader mellom konsonantsegmenta. Ved mindre klar konstituentidentitet, dvs. veike styrarar og jamn kompleksitet, vil den marginale opptakta i sterkare grad halde seg intakt, og realisasjonen av korte vokalar dominere.

Det største avviket finn vi i Indre Nordfjord. Før marginale konsonantgrupper som dannar intrakonstituente styringsdomene, dvs. marginale opptaktssekvensar, er frekvensen av korte vokalar låg. Konsonantgrupper med sterk konstituentstatus, dvs. sterke styrarar i hovudposisjon og kompleksitetskilnader mellom segmenta, vil også her i sterk grad vere splitta av ein innskotsvokal. Før intakte konsonantgrupper er det høg frekvens av lange vokalar, særleg før veike styringsdomene, dvs. konsonantgrupper som har frikativar i hovudposisjon og jamn kompleksitet mellom segmenta. Også før dei mediale konsonantgruppene med veik konstituentstatus finn vi stort innslag av lange vokalar her.

Før konsonantgrupper som dannar interkonstituente styringsdomene, dvs. rimkomplement + opptakt-samband, dominerer lange vokalar når konsonantgruppene har ein uklar konstituentstatus. Dette gjeld særleg før konsonantgrupper med koronal homorganitet,

² Tilsvarande restriksjonar finn vi i engelsk og irsk ifølgje Harris and Gussmann (1998: 151-2), jf. også Charette (1991: 120ff.) og Gussmann and Cyran (1998).

rn- og *rl-*gruppene. Høg frekvens av lange vokalar finn vi også før dei mediale konsonantgruppene med uklår konstituentstatus.

Det ser dermed ut til at målet i indre Nordfjord ikkje utnyttar komplementariteten mellom ein vokal og den etterfølgjande konsonantgruppa i same graden som måla i ytre strok. Ordformer med konsonantsamband med veike styrarar som opptaktshovud, sonorantar og frikativar, og dermed jamn kompleksitet mellom dei to involverte segmenta, er ustabile grupper med omsyn til vokalkvantiteten. Før desse konsonantgruppene er representasjonen av lange vokalar sterk. Desse konsonantgruppene gjev inntrykk av uklår konstituentstatus, og det er først og fremst før desse konsonantgruppene at frekvensen av lange vokalar er høg. Før konsonantgrupper med klårare konstituentstatus, dvs. sterke styrarar som opptaktshovud og kompleksitetsskilnader mellom segmenta, er tendensen til realisasjon av korte vokalar sterkare.

I den andre delen av avhandlinga skal vi sjå nærare på vokalkvantiteten før konsonantgruppene i morfologisk komplekse ordformene, dvs. ordformer som omfattar meir enn eitt fonologisk domene i strukturen og som ikkje føyer seg etter lengderegane for monomorfemiske ord. Slike ordformer er omtalte som analytiske former i styringsfonologien.

Del 3

Kvantiteten i bøygde, avleidde og samansette ordformer

Kapittel 8

Om morfologisk kompleksitet

8.1. Innleiing

I denne delen av avhandlinga skal vi sjå nærare på vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper i morfologisk komplekse ordformer, dvs. ordformer som inneheld to eller fleire morfologiske domene i strukturen. Dei konsonantgruppene som her er gjenstand for analyse, er uekte konsonantgrupper, dvs. konsonantar skilde av ein tom kjerneposisjon i vår modell (det som òg blir omtalt som ‘morfologisk grense’). I hovudsak vil analysen dreie seg om i kva grad vokalkvantiteten i baseforma held seg uendra gjennom den fonologiske prosessen eller ikkje.

Vi skal her handsame bøygde, avleide og samansette ordformer i vestnorsk. Desse ordformene har vi delt inn i desse kategoriane:¹

- rotnivåavleiingar
- verb- og adjektivbøyingar med dentalsuffiks
- fleirtalsbøyingar av substantiv og adjektiv
- ordnivåavleiingar
- samansetjingar.

Vidare i kapittel 8, som er eit teorikapittel, skal vi sjå nærare på samanhangen mellom morfologi og fonologi, slik først og fremst styringsfonologien handsamar morfofonologiske grenseflater (jf. Kaye 1992, 1995). Vi har tidlegare framheva at styringsfonologien har eit minimalistisk syn på interaksjonen mellom morfologi og fonologi ved at morfologiske strukturar kan anten ha liten eller ingen effekt på fonologien (jf. Kaye 1995 og tidlegare s. 11). Morfologiske strukturar kan anten

¹ Når vi i dette arbeidet skil mellom avleiingar på rotnivået og avleiinga på ordnivået, botnar dette i ei generell oppfatning innafor teoriar om syklisk derivaasjon om at forstillingar om den morfologisk kompleksiteten er affiksavhengig. Den fonologiska åtferda til morfologisk komplekse strengar er avhengig av affikstype (Scheer 2008: 381). Affiksa så å seie bestemmer når den fonologiske inkodinga skjer i den morfologiske samankjedingsprosessen, slik at den fonologiske oppførselen til ein morfologisk kompleks streng er avhengig av kor den ulike typen av affiks er plassert, anten innafor eller utafor det morfofonologiske ordet. Affiksa kan dermed klassifiserast i samsvar med kva for morfofonologiske system som opptrer i strengane når det gjeld den morfologiske samankjedinga, dei er anten spesifiserte som fonologikodande («cyclic affixes» hjå Halle and Vergnaud 1987) eller fonologinøytrale («non-cyclic affixes» hjå Halle and Vergnaud 1987). Slike affiksklassar er i Lexical Phonology omtala som klasse 1-morfologi versus klasse 2-morfologi, jf. Kristoffersen (1991: 177). Klassemedlemskapen til affiksa kan ikkje forutseiast og er derfor ein del av den leksikalske eigenskapen til kvart affiks. Rotnivåavleiingane opptrer med affiks som i utgangspunktet er fonologikodande (som bøyingsaffiks) medan ordnivåavleiingssuffiksa er fonologinøytrale. Kor vidt det er relevant å operere med slike klassifikasjonar og korleis fonologisk åtferd er knytt til slike morfologisk klassar, er mykje diskutert (ein diskusjon eg ikkje skal gå nærare inn på her, men viser til Scheer (2008, 2010, 2011).) Dette arbeidet byggjer på Kayes (1992, 1995, 2005) morfofonologiske system, som det vert gjort nærare greie for nedafor.

kamouflerast eller vere synlege i fonologien, og dette skiljet mellom kamuflert eller synleg morfologi tilsvarar analytisk og syntetisk (ikkje-analytisk) morfologi (jf. Polgardi 2006). Den syntetiske morfologien vil kamuflere dei morfologiske strukturane, slik at morfologisk komplekse ordformer opptre som morfologiske simpleksformer. Den analytiske morfologien vil derimot synleggjere dei morfologiske strukturane, slik at den morfologiske kompleksiteten kan lesast i overflateforma.² Denne synleggjeringa nedfeller seg m.a. gjennom kvantiteten, ved at lang vokal i ei baseform vert oppretthalden i ei derivert form. Ein analyse av kvantiteten til stammevokalen i den deriverte forma vil dermed vere ein mogleg framgangsmåte for å avgjere kva slag morfologisk system som opptre i dei einskilde ordformene.

Først skal vi i kapittel 9 *Kvantiteten i rotnivåavleiingar* sjå på kvantiteten i rotnivåavleidd ordformer. Dette er ordformer som får tillagde avleiingssuffiks, anten *ne*, *e* eller *d*, til rota. Rotnivåavleiingar representerer i utgangspunktet klasse 1-morfologi, ein morfologi som er kamuflert i den fonologiske strukturen (jf. Kristoffersen 1991: 177). Desse formene er høvesvis få i talet, og mange av dei er eldre avleiingar, slik at medvitet om den morfologiske kompleksiteten ikkje lenger er til stades hjå språkbrukaren i same grad som ved dei andre morfologiske kategoriane: bøyingar, ordnivåavleiingar og samansetjingar.

I kapittel 10 *Kvantiteten i verb- og adjektivbøyingar* skal vi sjå på ordformer som får tillagde eit dentalinitialt suffiks, *t* eller *d*. Dette dentalsuffikset kan i utgangspunktet leggjast til stammeutlydskonsonantar som utgjer både sonorantar og obstruendar, slik at konsonantgruppene her dannar sonorant + obstruentsamband eller obstruentsamband. Dessutan er det her ein skilnad mellom former med realiserte og undertrykte suffiksvokalar: *t-* versus *te-*endingar.

Den neste gruppa som skal analyserast, er fleirtalsbøyinga av substantiv og adjektiv. Dette blir gjort i kapittel 11 *Kvantiteten i adjektiv og substantiv med synkopert vokal i fleirtal*. Dei aktuelle formene her er ordformer med tillagde vokalsuffiks, *-e*. Gjennom ei synkopering av vokalen i grunnforma ved tillagde fleirtalssuffiks vil orda i overflata få ei konsonantgruppe med konsonantar som opptre som naboar på skjelettstrengen. Spørsmålet som reiser seg her, er korleis denne konsonantgruppa påverkar kvantiteten til stammevokalen (jf. Weinstock 1970).

I kapittel 12 *Kvantiteten i ordnivåavleiingar* vert avleiingar på ordnivået analyserte. Desse vert grupperte etter avleiingssuffikset: *-nad*, *-ning*, *-skap*, *-heit* osv.

² Gussmann (1998: 118) formulerer skilnaden på syntetisk og analytisk morfologi slik: "It goes without saying that the majority of domain boundaries coincide with morpheme boundaries but the statement is inadequate in both ways since there are morpheme boundaries without any corresponding phonological domain boundaries (Kaye 1995), and conversely, we may have to recognise phonological domain boundaries with little or no morphological justifications."

Den siste gruppa, kompositaa, vert analyserte i kapittel 13 *Kvantiteten i komposita*. Konsonantane som dannar konsonantgruppene her, er den stamteutlydande konsonanten i førstekomponenten og den initiale konsonanten i andrekomponenten.

Kapittel 14 *Element, konstituentstruktur og fonologisk-morfologisk samhandling i vestnorsk*, er ei oppsummering av det som er kome fram i del to og konklusjonar på arbeidet. I kapittel 15 oppsummerer og avrundar eg avhandlinga.

Vidare i dette kapittelet skal vi sjå nærare på korleis styringsfonologien handsamar morfologisk-fonologisk interaksjon gjennom morfologisk kompleksitet. Styringsfonologiens to prinsipielt ulike måtar å handsame den morfologiske kompleksiteten på, gjennom analytisk og syntetisk morfologi, vert presenterte i dette kapittelet.

8.2. Analytisk og syntetisk (ikkje-analytisk) morfologi

Vi skal først sjå nærare på samanhengen mellom fonologi og morfologi, naturen til leksikonet og statusen til derivasjonar innafor teorien som er lagt til grunn for avhandlinga. Eg har ikkje som mål å drøfte teorien her, men derimot å presentere oppfatningane som ligg til grunn for modellen som vert brukt i analysane i dette arbeidet.³ Teorien om morfologisk-fonologisk interaksjon har som hovudformål å syne korleis morfologien interagerer med den fonologiske strukturen, eller snarare korleis morfologien kjem til syne i denne strukturen. Ifølgje Kaye (1995: 302ff.) kan morfologisk struktur ha to slag effektar på fonologien, anten liten eller ingen. Den første måten som er mogleg ifølgje teorien, vil før med seg at morfologisk kompleksitet kan sporast i den fonologiske overflata, at morfologien så å seie vert synleg for fonologien. Kaye (1995) syner korleis styringsfonologien tillet visse typar av morfologisk samankjeding å skape nye domene slik at fonologiske prosessar kan opptre på nytt (Honeybone 1999: 183). Dette vert markert ved at morfemgrenser vert tekne inn i den fonologiske strukturen, slik at integriteten til dei interne domena er ivaretekne. Den alternative måten teorien handsamar morfologisk kompleksitet på, vil vere at denne kompleksiteten er skjult for fonologien, han er så å seie usynleg i overflata. Den første typen vert omtala som analytisk morfologi, den andre som syntetisk (eller ikkje-analytisk) morfologi (Polgardi 2006: 54).

³ For ei grundigare og kritisk drøfting av styringsfonologien viser eg til Scheer (2004).

Ein fonologisk derivasjon tar oss frå leksikonet og gjennom fonologien til det språklege signalet, den fonetiske realisasjonen (Kaye 1995: 219).⁴ For den fonologiske derivasjonen vil Kaye (1995) dermed hevde at minimalitetsprinsippet gjeld (jf. Gussmann 2007: 288).

(123) *Minimality Hypothesis*

Processes apply whenever the conditions that trigger them are satisfied. (Kaye 1988: 141, 1995: 291)

Dette vil før med seg at fonologiske prosessar ikkje er merksame på korkje «historia» til eller «framtida» til derivasjonen dei er involverte i.⁵ Dei fonologiske prosessane underlagde eit prinsipp om at konstituentstatusen frå den leksikalske representasjonen ikkje vert endra gjennom prosessen, det såkalla *projeksjonsprinsippet*.

(124) *Projection Principle*

Governing relations are defined at the level of lexical representations and remain constant throughout a phonological derivation. (Kaye, Lowenstamm and Vergnaud 1990: 221, Kaye 1995: 293. Jf. også Kaye 1987: 138)

Projeksjonsprinsippet er eit strukturivaretagingsprinsipp som regulerer moglegheitene for endringar ei ordform kan gjennomgå i den fonologiske prosessen. Dette vil seie at styringsrelasjonane er definerte på nivået til den leksikalske representasjonen, og dei held seg uendra gjennom derivasjonen. Dermed har styringsfonologien slått fast eit uniformitetskrav innafor den fonologiske derivasjonen, ved at klassifikasjonen i konstituentar er den same på kvart einaste nivå. Etableringa av konstituentar skjer på det leksikalske nivået, og denne konstituentstrukturen endrar seg ikkje gjennom derivasjonen, opptakter blir verande opptakter, kjernar blir verande kjernar.⁶

Samtidig hevdar styringsfonologien at den morfologiske interageringa med fonologien er minimal, og at ho skjer gjennom morfologiske domene. Det er det morfologiske domenet som vert synleggjort i den analytiske morfologien. Med andre ord er analytisk morfologi fonologisk deleleg

⁴ I styringsfonologien er derivasjon mykje diskutert. (Om bruken av omgrepet 'derivasjon', sjå side 3.) Det har vore eit mål innafor vise retningar av styringsfonologien å framskaffe ein derivasjonsfri fonologi (jf. Gussmann 2007). No har styringsfonologien allereie i Kaye (1988) akseptert ein såkalla "syklisk derivasjon" (jf. Schee 2009: 29, Schee 2011: 264ff.). I styringsfonologien er 'sykle' kalla domene (Kaye 1995) og ideen er at den strengen der den fonologiske 'utgreiinga' går før seg, er definert utafor fonologien, dvs. som morfofonologisk (Gussmann 2007: 288).

⁵ Dette er i syntaksen omtala som PIC (Phase Impenetrability Condition), jf. Chomsky (1973). Kaye (1992, 1995) overfører dette prinsippet til fonologien når han hevdar at under derivasjonen vert tidlegare strengar 'frosne' og såleis ugjennomtrengelege (Scheer 2008: 380).

⁶ Projeksjonsprinsippet forbyr såkalla 'resyllabifikasjon' ved å fasthalde at styringsrelasjonar mellom segment ikkje kan endrast i ein derivasjon (Honeybone 1999: 195).

(Kaye 1995: 305). Spørsmålet om korleis ein slik domenerelatert morfologi kjem til uttrykk i den fonologiske prosessen, kan knytast til to ulike funksjonar: *samankjeding* og *koding* (jf. Kaye 1995). Samankjeding vil seie at to fonologiske strengar, (A) og (B), blir kjeda saman til ein ny fonologisk streng, (AB). Kodinga av fonologi (denne funksjonen vert markert som φ) har som utgangspunkt ein fonologisk streng (x). Resultatet er ein ny streng, markert som $\varphi(x)$, der fonologien i den opphavlege strengen kjem til uttrykk.⁷

(125) $\varphi(\text{samankjed}(\varphi(x_1), \varphi(x_2)))$ (Kaye 1995: 304)

Den analytiske morfologien, slik han vert oppfatta her (og slik han vert framstilt i Kaye 1995), inneber då at dei morfologisk komplekse formene har to morfem, A og B, som kan inkorporerast i ein struktur, anten som $[[A]B]$, som $[A[B]]$ eller som $[[A][B]]$.⁸ Vi kjem attende til desse analytiske strukturane seinare i kapitlet.⁹ Den fonologiske derivasjonen kan setjast opp ved hjelp av funksjonar skjematisk representert i (126) med (126a) som analytisk suffiksasjon og (126b) som analytisk prefiksasjon. Den siste typen av analytisk morfologi, som her kan antakast som komposisjon, er representert i (126c).

(126) Analytisk morfologi

- | | | | |
|----|------------|---|-------------|
| a. | $[[A]B]$ | $\varphi(\text{samankjed}(\varphi(A), B))$ | suffigering |
| b. | $[A[B]]$ | $\varphi(\text{samankjed}(A, \varphi(B)))$ | prefigering |
| c. | $[[A][B]]$ | $\varphi(\text{samankjed}(\varphi(A), \varphi(B)))$ | komposisjon |

⁷ På denne måten viser Kaye (1995) korleis styringsfonologien tillet visse typar av morfologisk samankjeding for å skape nye domene som utgangspunkt for at fonologiske prosessar kan opptre på dette nivået (jf. Honeybone 1999: 183).


⁸ Strukturen $[[A]B]$ opptre i regulære bøyingsformer i engelsk, og i mange avleiingar, som '-nes' (darkness) og '-ment' ('enlargement'). (Kaye 1995: 304, jf. også Gussmann and Cyran 1998: 131)

⁹ Det er ein samanheng mellom styringsfonologiens bruk av analytisk versus syntetisk morfologi og førstellingane om syklisitet i fonologien. Sidan etableringa av den generative fonologien har ein vore klar over samhandlinga mellom morfologiske (eller syntaktiske) strukturar og ei rekkje fonologiske fenomen. Dette går i det minste attende til 1956, med postuleringa av *the transformation cycle* (Chomsky, Halle and Lukoff 1956). Den vidare utviklinga av det generative perspektivet inkluderer prinsippet om *streng syklisitet* ('Strict Cyclicity'). Prinsippet vart første gong formulert i syntaksen av Chomsky (1973) og første gong brukt i fonologien av Kean (1974) og Mascaró (1976). Kean formulerer prinsippet på den måten: "[...] on any cycle A no cyclic rule may apply to material within a previous cycle B without making crucial use of material uniquely in A" (Kean 1974: 179). Morris Halle har seinare framheva den idiosynkratiske naturen til suffigeringa når han hevdar at "whether or not an affix is cyclic is not a property of the morphological rule by which it is assigned, but is rather an idiosyncratic and variable property of the affix." (Halle 1986: 6). Styringsfonologien har, som Kaye (1988) framhevar, også delvis inntatt denne posisjonen når det gjeld affigeringa, gjennom førstellingane om den analytiske versus den ikkje-analytiske naturen til dei fonologiske prosessane. No vil likevel Kaye hevde at posisjonen til Halle er for pessimistisk, då m.a. element som produktivitet til eit suffiks, frekvens og andre moment kan spele ei rolle. Ein slik posisjon er i utgangspunktet mental.

Så snart som alle heimlingsprosessane er etablerte og rota har vorte fullstendig tolka, vil desse parentesane bli tekne bort og den same prosedyren kan no opptre i heile domenet, som då omfattar både rot og suffiks.¹⁰

Når det gjeld den analytiske morfologien, vil strukturen i det inste domenet bli oppretthalden. Det vil seie at stammen er uttala på den same måten som om han stod for seg sjølv. Grovt kan det seiast at der suffikset ikkje påverkar rota, er fonologien så å seie klar over at det er suffiks, og handsamar dei individuelle morfema separat. Vi kan bruke 'fint' ADJ N som døme.

(127) *Realisasjonen av [ʰfi:nt] ADJ N 'fint'*



Som vi ser av figur (127), gir derivasjonen oss to domene (parentesane markerer eit fonologisk domene): [ʰfi:n] og [ʰfi:nt]. Fonologien vil her først sjå berre rota, og alle fonologiske prosessane vert drivne av etableringa av heimlingsrelasjonar, som opptre i samsvar med prinsippa om lokalitet (Harris 1994: 26) og minimalitet (Charette 1989). Så snart som alle heimlingsprosessane er etablerte og rota har vorte fullstendig tolka, vil desse parentesane bli tekne bort og den same prosedyren kan no opptre i heile domenet, som då omfattar både rot og suffiks. Denne fonologiske derivasjonen kan setjast opp ved hjelp av følgjande funksjon:

(128) $\varphi(\text{samankjed}(\varphi('fin'), 't'))$ (jf. Kaye 1995: 304)

¹⁰ Ifølgje Kaye (1995) er den andre moglegheita (3b) ikkje empirisk realisert. Prefiksasjonar har i staden strukturen (3c). Ved sidan av det empiriske grunnlaget for å sjå bort frå (3b) har Kaye (1995) også ei teoriintern grunning for å sjå bort frå denne strukturen som ein mogleg domenestruktur. Den finale tome kjernen i ein slik struktur kan ikkje heimlast då skikkeleg styring ikkje opptrer over ei analytisk domenegrense. På den andre sida vil prefiksa i strukturen (3c) ha ei undertrykt kjerne som er heimla gjennom sin posisjon som domenefinal kjerne. (Polgardi 2006: 51). Det er likevel ikkje utan problem å analysere prefiks som (3c), noko som m.a. vert diskutert i Cyran and Gussmann (1999: 222). Derfor forslår m.a. Gussmann and Kaye (1993) å analysere slike prefiksformer med strukturen (3b). Også Polgardi (2006) vil opne opp for analysen (3b): "Therefore it seems reasonable to assume that the structure in (3b) is a viable one, contrary to the claim made in Kaye (1995), and the ad hoc stipulation prohibiting it can be dispensed with. In the case of analytic morphology, the integrity of the internal domains is preserved. That is, the stem is pronounced in the same way as it would be if it was standing on its own (abstracting away from the result of a cross-the-board process (Polgardi 2006: 54). Vi skal ikkje før denne diskusjonen vidare her, men vi vil tillate (3b) som ein mogleg analytisk struktur.

Uttrykt på ein annan måte: Fonologi blir først koda inn i domenet *fin*, som så blir kjeda saman med suffikset *t*, og til slutt blir fonologi koda inn i resultatet av samankjedinga. Utgangen på derivasjonen blir då forma [¹fi:nt]. Grunnen til at vokalen held seg lang før sambandet *nt*, er at dette ikkje er ei ekte konsonantgruppe. Konsonantane er skilde av ein heimla (tom) kjerne, som er usynleg i overflata. Sidan det ikkje er naboskap mellom dei to skjelettposisjonane, representerer dei ikkje eit domene for fonologisk styring. Derfor rår det ikkje styringsrelasjonar mellom dei. Vokalen [i:] vert ståande i eit ope rim og held seg av den grunn lang. N₂ og N₃ er her tome kjernar, som er heimla gjennom statusen sin som domenefinale tome kjernar, og er difor undertrykte i overflata.¹¹

Kriteriet for at ein analytisk struktur skal opptre i ei ordform, er dermed at ho inneheld ei uekte konsonantgruppe, og at ein lang vokal opptre før den uekte konsonantgruppa.¹² Prosessane som markerer ordinterne morfemgrenser, er dermed av same slaget som dei som markerer ordgrensene, dvs. at det ikkje er fonotaktisk avhengigheit mellom faktisk sidestilte posisjonar i overflata (Harris 1994: 182).

Eit spørsmål som melder seg, er då om det er samanfall mellom dei fonologiske domena og grensene mellom morfema. At det ikkje treng vere eit slikt samanfall, kan forma [¹hø:gd] F 'høgd', syne.¹³ Denne forma er i utgangspunktet leksikalsk representert gjennom [¹hægd] F 'høgd'.

(129) *Representasjonen av [¹hægd]F*

[hægdØ]

Her er det samanfall mellom det fonologiske domenet og grensa for morfemet.¹⁴ Når denne forma opptre med lang rotvokal i overflata, som [¹hø:gd] F, vil ho i styringsfonologien bli tolka som ei analytisk form.

¹¹ Eit norsk døme kan vere ordforma [¹su:gt] V PTS 'sugt', [[¹su:gØ]tØ]. Denne forma inneheld ei påviseleg uekte konsonantgruppe (i formelen markert gjennom realiseringa av ein tom kjerne, Ø, mellom segmenta), *gt*. Det eksisterer ikkje noka leksikalsk form i vestnorsk med *gt* som konsonantgruppe. (Det gjer derimot *kt*, jf. ord som 'slukt' F, 'bukkt' F.) Morfologi av denne typen skaper samband som ein normalt ikkje finn i monomorfemiske ord. At vokallengda er opprethalden for konsonantgruppa, understrekar at *gt* er ei uekte konsonantgruppe (Kaye 1995: 310). Forma 'sugt' står i kontrast til former som 'kjøpt' og 'ropt'. Her syner den deriverte forma vokalkorting, slik at vi får former som [¹cçæpt] V PTS 'kjøpt' og [¹rupt] V PTS 'ropt'. Desse formene har dessutan moglege interkonstituente konsonantgrupper, som *pt*.

¹² Kvantiteten som markering av morfologisk kompleksitet er Vogt (1942: 223) også inne på når han hevdar at "[f]inal clusters combined with prosodem I indicates unambiguously that we are in presence of a morpheme or a suffix. Thus the participle *spi:st* (eaten) from *spi:se*, *lu:kt* from *lu:ke* (to wheel), both with the morpheme *-t*, and *svi:nsk* (piggish) from *svi:n* (pig), swine), *po:lsk* (polish) from *Po:len*, *gre:sk* (Greek) from *gre:ker* (a Greek) etc. with the suffix *-sk*. This phonemic type has a clear morphologic function." Også Kristoffersen (1992: 206) er inne på det same når han hevdar at "[i] bøyingsformer finner vi en del unntak ved dentalsuffiks, jf. preteritumsformene /hylte/ og /limte/. Disse er imidlertid med svært få unntak begrunnet til morfologisk komplekse strukturer, slik at såkalte supertunge stavelser foran trykklett stavelse blir et klart tegn på at vi har å gjøre med bøyingsformer."


¹³ Denne forma er m.a. brukt i indre Nordfjord.

(130) *Representasjonen av* [¹hø:gd]F 'høgd'

[[hø:gØ]dØ]


Ein fonologi som på denne måten er følsam for den morfologiske strukturen, er analytisk. Å analysere [¹hø:gd] som eitt fonologisk domene er umogleg. Her vil analysen syne at den lange vokalen gjer det umogleg å finne nokon plass til sekvensen *gd*, ingen posisjon på skjelettet er ledig for segmentet *g*.

(131) *Representasjonen av* [¹hø:gd] F 'høgd'



Det går fram av figur (131) at dersom ordforma [¹hø:gd] skulle ha vorte tolka som eitt fonologisk domene, ville sambandet *gd* vore eit brot på dei fonotaktiske reglane, som vi har gjort greie for tidlegare. Ordforma vert derimot sett på som to domene. Stammen utgjer det eine domenet: [¹hø:gØ], og stammen + suffikset utgjer det andre: [¹hø:gØdØ]. Kjernen som avsluttar stammen [¹hø:g], splittar konsonantgruppa *gd*, som i røynda er ei uekte konsonantgruppe. *G* er heimla av den etterfølgjande tome kjernen og blir ikkje styrt av *d*, noko som forklarar at dei to konsonantane er uavhengige av kvarandre (jf. Harris 1994: 68-73,182). Vi får dermed denne strukturen:


(132) *Representasjonen av* [¹hø:gd] F 'høgd'



¹⁴ I eit diakront perspektiv kan dette vere ei opphavleg analytisk form der tidlegare grenser no er utviska.

Den analytiske morfologien ivaretek integriteten til interne domene ved at desse domena er oppretthaldne uendra, dei er ikkje følsame for fonologiske prosessar. Stammen vert uttala på same måten som om han stod for seg sjølv. Dette er ikkje tilfellet med all slags morfologi. Den syntetiske morfologien er karakterisert av at ordformer som vert bøygde ikkjeanalytisk, har ein fonologisk struktur som er ufølsam for morfemgrenser, eller, som Kaye uttrykkjer det, at "[n]on-analytic forms are not phonologically parsable" (Kaye 1995: 310). Dei deler dei fonologiske eigenskapane som uderiverte former, dvs. dei repspekterer dei same fonotaktiske restriksjonane. Dette kjem fram i analysen av 'fint' ADJ N.


(133) *Representasjonen av [fɪnt] ADJ N 'fint' i ein syntetisk struktur*



Stammevokalen vert forkorta i ei syntetisk fonologisk form, slik det går fram av figur (133).

Syntetisk morfologi vil dermed ikkje ha stammen upåverka. Dermed opptre det også ei moglegheit for at konstituentstrukturen kan forvekslast med ein struktur der O₂ er rimkomplement til vokalen, N₁. I ein leksikalsk representasjon vil eit ord som [fɪnt] ADJ N 'fint' då ha slik struktur:

(134) *Representasjonen av [fɪnt] ADJ N 'fint'*



Som vi ser av figur (134), vil konsonantgruppa her opptre som eit rimkomplement-opptaktssamband.¹⁵

¹⁵ Kaye vil hevde at *alle* ikkjeanalytiske former er leksikalsk representerte (jf. Kaye 1995: 310). Denne diskusjon kjem vi attende til seinare i dette kapitlet (jf. s. 192f.).


I teorien om morfologisk-fonologisk samhandling er tesen at den einaste effekten morfologi kan ha på fonologien, er at han skaper interne domene (Kaye 1995: 308–9). Det at morfologien ikkje kjem til uttrykk i den fonologiske derivasjonen, men er så å seie usynleg, vil før med seg at den fonologiske strengen manglar interne morfologiske domene. I den syntetiske morfologien vil ikkje stammen bli upåverka av dei fonologiske prosessane, noko som gjer den syntetisk deriverte ordforma uskiljeleg frå ei uderivert form. Morfologisk komplekse former vil dermed utgjere eitt fonologisk domene i ein syntetisk struktur (Kaye 1995: 309).

(135) $\varphi(\text{samankjed}(A,B))$

Funksjonen (135) viser at samankjedinga av ordformene A og B skjer utan at det er koda fonologi inn i dei på forhand. Det vil med andre ord seie at den fonologiske strengen (A) vert kjeda saman med den fonologiske strengen (B), og så vert fonologi koda inn i resultatet av samankjedinga. Grensene som skil syntetiske suffiks frå stammen vil dermed ikkje blokkere fonologiske prosessar på same måten som analytiske suffiksgrenser gjer (Polgardi 2006: 54). Syntetiske former er dermed ikkje delelege (Kaye 1995: 310). Dei respekterer dei same fonotaktiske restriksjonane som uderiverte ordformer.

Ordforma 'stort' ADJ N kan analyserast som eit syntetisk domene på denne måten:

(136) *Realisasjonen av [t^hsturt] ADJ N 'stort'*




Det går fram av (136) at *r* og *t* er skilde av ein ikkjerealisert tom kjerne, slik at desse to segmenta, O₂ og O₃ ikkje er naboar på skjelettstrengen: *rt* er ei uekte konsonantgruppe skild av ein tom kjerne. Konsonantsambandet *rt* kan tolkast som eit ekte samband fordi konsonantane i gruppa opptre som naboar i overflata (jf. simpleksformer som 'kart' N og 'hjord' M). Den syntetiske strukturen fungerer slik som ei maskering av den morfologiske kompleksiteten til ordforma 'stort' ADJ, som dermed kan opptre som ei simpleksform i vestnorsk.

Det er likevel eit problem med denne tolkinga av ordforma 'stort'. Dersom det er slik at kvantitetsrepresentasjonen i vestnorsk er regulert av fonotaktiske mønster, dvs. strukturen i den etterfølgjande konsonantismen, vil desse uekte konsonantgruppene ikkje kunne påverke vokallengda. Grunnen til det er at denne strukturen ikkje er open for vokalkortinga frå den uderiverte til den deriverte forma, då det ikkje er mogleg å etablere styringsrelasjonar (korkje intrakonstituente eller interkonstituente) mellom segment som er skilde av ein kjerne. Vi skulle dermed vente forma [¹stu:rt] her.

Det kan reisast to alternative løysingar på dette problemet. Den første er omtala som *interopptaktsstyring*. Styringsfonologien opererer med ein tredje styringsrelasjon (ved sida av interkonstituente og intrakonstituente styring), nemleg styring mellom opptakter skilde av ein tom kjerne (jf. Charette 1991, 1992, 1998, Gussmann and Kaye 1993).

(137) *Realisasjonen av [¹sturt] ADJ N som syntetisk domene*



Analysen som er vist i (137), har som førsetnad at det er eit styringsdomene mellom opptaktene O_2 og O_3 , slik at opptakta O_3 opptre som hovud i styringssekvensen og O_2 som komplement. Vilkkåret for at denne styringsrelasjonen skal opptre, er då at opptaktshovudet O_3 faktisk er i stand til å styre komplementet O_2 , dvs. at kompleksitetsvilkåra er oppfylde mellom komplementet og hovudet. Vilkkåret for ei slik styring er her til stades, då t er meir kompleks enn r , t kan styre r . Om det er realisert eit slikt interopptaktsstyringsdomene mellom opptaktene O_2 og O_3 , og om eit slikt styringsdomene krev kort vokal, er parametrisk styrt for kvar dialekt.

Ein universell kvantitetsrestriksjon i styringsfonologien slår fast at eit forgreina rim må innehalde ein lang vokal (VV), eller ein kort vokal og ein kort konsonant (VK). Når stammevokalen vert forkorta i nøytrumsforma av 'fin' ADJ, oppfører denne ordforma seg som om O_2 og O_3 tilhøyrrer det same radikalet, slik at ein lang stammevokal må forkortast for at kvantitetsrestriksjonen skal verte overhalden. Strukturen gir inntrykk av at n vert styrt av t , men i realiteten er n fonotaktisk heilt uavhengig av t . Denne uavhengigheita mellom dei to konsonantane

vert uttrykt innan ein analytisk fonologi, slik at den morfologiske strukturen vert avdekt, medan ein syntetisk fonologi dekkjer over ei slik morfemgrense. Ein syntetisk fonologi kan med andre ord gå langt i å skjule morfemgrenser.

Det er såleis to måtar å handsame morfologisk komplekse former på, samankjeding og oppslag. Kaye vil hevde at det er ein samanheng mellom regulær og analytisk versus irregulær og syntetisk morfologi.¹⁶ Ifølgje hans syn er irregularitet ein strategi for å oppretthalde slike former udelelege (Kaye 1995: 310). Irregularitet er ein arbitrær leksikalsk eigenskap, endå om han til ei viss grad korrelerer med komposisjonaltitet, dvs. at dess mindre komposisjonale meininga er, til meir irregulær er forma. Dersom vi førset at oppslag er ein meir effektiv strategi når det gjeld komposisjon, vil dette ha som konsekvens at dei irregulære formene skulle vere meir frekvente enn dei regulære for å syne denne tendensen. Det vil med andre ord seie at det er ein samanheng mellom frekvens og irregularitet ved at denne irregulariteten vert ivareteken gjennom frekvent bruk (Polgarid 2006: 55, jf. også Baybee 1985).

In the latter case, *kept*, the user is invited to simply look up the form, the way she would deal with *boy* or *go*. The relevant information concerning the morphological structure will be found in the lexical entry for *kept*. The form is ‘precomputed’ as it were, and the results are stored in the lexicon. This model has important implications for the nature of phonological derivations. Note that *keep* and *kept* are distinctive lexical entries. As such they do not necessarily share a common phonological representation. (Kaye 1995: 311–2)

Målet i denne delen av avhandlninga vil då vere å syne at ulikskapen mellom analytisk og syntetisk bøyning viser at domene som er syntaktisk og morfologisk relevante, ikkje alltid er samanfallande med domene som er fonologisk relevante, dvs. at dei morfologiske domena kan anten verte gjenspegla i den fonologiske strukturen eller oversjåast i den fonologiske strukturen (Harris 1994: 25). Morfologiske domene vert synleggjort i fonologien gjennom oppretthalding av vokallengda i grunnforma, som analysen av ’brukt’ V PTS syner.

(138) *Analytisk bøyning av ’brukt’ V PTS*

[[bru:kØ] + tØ] => [[bru:kØ]tØ] => [bru:kØtØ]

Klammene markerer her fonologiske domene, og fleire klammer utanpå kvarandre tyder at den fonologiske tolkinga av domena følgjar syklisk, dvs. i fleire omgangar. Den indre syklusen omfattar

¹⁶ Jf. også Kiparsky 1982.

tolkinga av [brʉ:kØ] og den yste heile ordforma, altså [brʉ:kt]. Den same fonologiske strengen kan altså ha potensiale til å bli tolka fleire gongar (Harris 1994: 25). Denne typen fonologiske prosessar opptrer i samband med bøyingar, avleiingar og samansetjingar.

Dersom morfemgrensene er usynlege, vil det seie at dei morfologiske domena på eit vis er fråverande i det fonologiske domenet. Ei syntetisk bøying vil oversjå ordinterne morfemgrenser, og handsame 'brukt' som eit kva som helst ubøygde ord.


(139) *Syntetisk bøying av 'brukt' V PTS*

[[brʉ:k]+tØ]¹⁷ => [brukt]


Det skjer her ei vokalkorting frå den leksikalske til den deriverte forma. Når denne vokalkortinga skjer, vert ordforma i styringsfonologien omtala som ei syntetisk form, dvs. at ho er ikkjesyklisk. Slike former vil ikkje bere spor av morfologi.

Tilsvarande vil ein ved samankjeding av to eller fleire ord halde fast på ordgrensene i den fonologiske strukturen og handsame den samankjeda ordforma som analytisk. Dette ser vi i representasjonen av den samansette ordforma 'granbar' N.

(140) a. *Representasjonen av [ˈgra:n] N 'gran'*




b. *Representasjonen av [ˈba:r] N 'bar'*



¹⁷ Ø markerer her ei ordgrense, og ikkje ei morfemgrense.

c. *Representasjonen av [¹gra:nba:r] N 'granbar'*



Ordforma 'granbar' er eit kompositum som utgjer to simpleksformer, 'gran' og 'bar'. Domena (140a) og (140b) endar begge på ein heimla tom kjerne gjennom den domenefinale posisjonen sin. Desse to simpleksformene blir deriverte til ei morfologisk kompleks form, 'granbar', som utgjer tre domene: 'gran', 'bar' og 'granbar'. Både 'gran' og 'bar' representerer eigne morfologiske domene, samtidig som kompositumet 'granbar' også representerer eit morfologisk domene. Vi kan framstille dette ved hjelp av funksjonen som vist i (141).


$$(141) \quad \varphi(\text{samankjed}(\varphi('gran'), \varphi('bar')))$$

Funksjonen viser at det vert koda inn fonologi i dei to ordformene 'gran' F og 'bar' F før samankjedinga skjer, og at den fonologiske strukturen vert fasthalden gjennom derivasjonen. Sambandet *nb* er dermed ikkje noko ekte konsonantsamband, då det er skilt av ein heimla (og difor usynleg) tom kjerne. På grunn av dette er ikkje *n* og *b* å oppfatte som naboar på den fonologiske strengen.

Dersom vokallengda i kjernen er regulert av dette vilkåret, skulle vi vente at vokalkvantiteten i slike deriverte former i vestnorsk skulle variere i tråd med nettopp moglegheita for å danne styringsdomene, som parallell til det vi framstilte i analysen av monomorfemiske ord. Vi skulle då vente skilnader mellom former som [²ma:grɛ] ADJ FLT 'magre', der *gr*-sambandet ikkje dannar eit interopptakt styringsdomene, i tråd med kompleksitetsvilkåra til dei involverte segmenta, og [²galne] ADJ FLT 'galne', der den deriverte forma inneheld eit mogleg styringsdomene mellom *l* og *n*.¹⁸ *N* kan opptre som hovud i eit styringsdomene der *l* er komplement, fordi *n* er meir kompleks enn *l*, slik det går fram av analysen av 'galne' nedafor.

¹⁸ Slike kvantitetsskilnader mellom ordformene 'galne' og 'magre' finn vi i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre.


(142) Realisasjonen av [²galne] ADJ FLT 'galne'



Det går fram av figuren at forma 'galne' inneheld ein realisert domenefinal kjerne N₃, som heimlar den forståande kjernen N₂ gjennom skikkeleg styring. Derfor er N₂ ein heimla kjerne og usynleg i overflata. Eit styringsdomene er realisert mellom opptaktene O₂ og O₃, då hovudet i styringsdomenet, O₃, har to element i strukturen, det same som komplementet, O₂. Det skulle dermed vere grunnlag for ein styringsrelasjon mellom dei to konsonantane i opptaktsposisjonane her (i figuren markert med pil).¹⁹

I forma 'magre' ADJ FLT får vi denne strukturen:

(143) Realisasjonen av [²ma:gre] ADJ FLT



Som figur (143) viser, vil den domenefinale kjernekonstituenten heimle den forståande kjernen slik at denne vert usynleg i overflata. I dette tilfellet er ein styringsrelasjon mellom opptaktene O₃ og O₂

¹⁹ Harris reknar med tre element i strukturen til [n], gjennom tilstadevering av plosivelementet (?). Dette påverkar ikkje styringsmogleghetene, då interkonstituent styring opptre mellom segment med lik eller aukande kompleksitet ifølgje kompleksitetsvilkåra (Harris 1990,1994).


likevel utelukka grunna kompleksiteten (i figuren markert med strek gjennom pila). Det potensielle opptaktshovudet, *r*, er mindre komplekst enn det potensielle komplementet, *g*: ein *r* kan ikkje styre ein *g*. Det er dermed ikkje grunnlag for noko styringsdomene mellom dei to konsonantane i opptaktsposisjonane her. Vi skulle difor kunne vente lang vokal (forgreina kjernekonstituent) i denne forma, noko som også er tilfelle.

Ein annan måte å sjå den syntetiske derivasjonen på, er at dei ordformene som opptrer i ein slik derivasjon, er leksikalsk representerte. For Kaye vil slike syntetiske former ikkje vere derivert i det heile, men lista som separate former i leksikonet. Dei tilsynelatande regularitetane mellom mellom grunnforma og dei deriverte formene er ikkje anna enn historisk relik, morfologisk relaterte former er lista separat i leksikonet, og regularitetane mellom dei er best ivareteke som ikkjederivert, dvs. ei form for allomorfi (Gussmann 2007, Polgardi 2006: 55). Det vil før med seg at det ikkje er nokon direkte samanheng mellom ei opphavsform og den deriverte forma i den syntetiske strukturen. Kaye (1995: 312) går svært langt i denne retninga når han hevdar at “[i]n our modell there is no direct relationship between keep and kept”. Det vil seie at den syntetiske morfologien involverer separate leksikalske einingar:

One of the most important results of the model proposed here is that *morphologically related forms which resemble each other phonologically are not necessarily derived from a common source*. [...] In providing evidence for a theory of phonological derivations, it is crucial to take into account the assumptions that are made about the phonology-morphology interface. It is equally important to know which portions of the available phonologically data are to be derived from a common source and accordingly, provide information on the phonological events involved in their derivation. (Kaye 1995: 313)

Dersom det er slik at deriverte former vert leksikaliserte, dvs. lagra i leksikonet, slik Kaye hevdar, vil dette før med seg at deriverte former vert handsama som kva som helst anna leksikalsk ordform. Konsekvensen for den deriverte forma ’stort’ ADJ N vil då vere at den postvokaliske konsonantgruppa vert handsama som ei ekte konsonantgruppe, dvs. som eit rimkomplement-opptaktssamband i dette høvet.

(144) Realisasjonen av [¹sturt]ADJN



Konsonantgruppa dannar altså her eit interkonstituent styringsdomene mellom rimkomplementet (kodakonsonanten) og den etterfølgjande opptakta.

Diskusjonen om ordformene i den syntetiske derivasjonen kan oppfattast som ulike leksikalske representasjonar, slik Kaye hevdar her, eller ikkje, vil vi ikkje før vidare i dette arbeidet då han ikkje direkte verkar inn på dei analysane som skal gjerast. Det er nemleg skiljet mellom den analytiske og den syntetiske representasjonen som det er aktuelt å drøfte, dvs. om den fonologiske strukturen synleggjer eller kamuflerer den morfologiske kompleksiteten. Skilnaden mellom den analytiske og den syntetiske morfologien ligg i at den første er fonologisk deleleg, at det er mogeleg å identifisere dei analytiske formene som morfologisk komplekse former. Denne identifikasjonen byggjer då på førstellingar om at desse formene har klare indikasjonar på morfologiske domene i strukturen.

Den syntetiske morfologien er derimot morfologisk udeleleg, det vil seie at dei syntetiske formene har dei same eigenskapane som morfologiske simpleksformer i norsk. Dersom desse formene opptre som maskerte former, dvs. at den morfologiske strukturen er skjult, vil det før med seg at dei fonologiske prosessane opptre i relasjon til konstituentstrukturen i den deriverte forma. Vi skulle då kunne vente at forgreining versus ikkjeforgreining av kjernekonstituentar skjer som ein konsekvens av den fonotaktiske strukturen, dvs. statusen til den etterfølgjande konsonantismen, i den samankjeda forma. Den prinsipielle skilnaden mellom ein analytisk og ein syntetisk morfologi vil då ikkje vere om formene er lista opp i leksikonet eller ikkje.

Sjølv om distinksjonen analytisk-syntetisk i hovudsak er leksikalsk arbitrær, er han til ei viss grad korrelert med komposisjon (jf. tap av analytisk morfologi i former som 'vadmål' N). Ordavleiingar kan gå over til ein syntetisk morfologi, dvs. at dei kan miste dei indre morfemgrensene, som representasjonen av ordforma [¹galnɪŋ] M 'galning' syner.


(145) *Realisasjonen av [ˈgalnɪŋg] M 'galning'*

[[ˈga:l] + nɪŋg] =>[ˈgalnɪŋg]

Ordforma [ˈgalnɪŋg] M vert tolka ikkjeanalytisk, dvs. at ho har mista dei indre domenegrensene. Morfemgrensene mellom 'gal' og 'ning' har forsvunne, og den opphavlege komposisjonsstrukturen, markert gjennom to morfologiske domene, [[A]B], har gått over til ei ordform med berre eitt domene, [AB]. Når ordet slik endra fonologisk struktur, måtte det få kvantitetsmessige følgjer. Strukturen med lang vokal + dobbel konsonant vart for lang i eitt fonologisk domene, og difor vart vokalen omtolka til kort [a] ved leksikaliseringa (altså når morfemgrensene forsvinn).

Tilsvarende kan samansette ordformer som 'granbar' N få syntetisk tolking i vestnorsk. Ein analytisk struktur vil oppretthalde domenestatusen, som vist nedafor.


(146) *Realisasjonen av 'granbar' N i ein analytisk struktur*



Her vil ordforma 'granbar' opptre med lang vokal i den første foten, då det ikkje er eit styringsdomene som etterfølgjer denne vokalen i den polymorfemiske forma.

I ein syntetisk representasjon vil vi vente ei ordform med kort vokal i første foten, då dei to konsonantane *n* og *b* vert realiserte innafør eit interopptaktsstyringsdomene.

(147) Realisasjonen av 'granbar' N i ein syntetisk struktur



Som figur (147) viser, vil dei to konsonantane O₂ og O₃ her danne eit interkonstituent styringsdomene, med *b* som hovud og *n* som komplement. I eit styringsdomene vil nasalen vere bunden til hovudet når det gjeld plass, slik at plasselementet U spreier seg frå hovudet til komplementet. Vi får difor realisert [mb] i overlata, og ikkje [nb]. Ein labial plosiv kan styre ein nasal i ein interopptakt styringsrelasjon, i tråd med kompleksitetsvilkåra. Vi får då realisert forma [¹grambar].

Sidan eg tek utgangspunkt i ein teori om den morfologisk-fonologiske interaksjonen, vil eg leggje til grunn ein tese om at morfologien kan manifestere seg i fonologien gjennom vokalkvantiteten. Overlange rim vil då vere ei synleggjering av morfologisk kompleksitet. Det er ein slik manifestasjon som her blir vist til som analytisk morfologi. Det er såleis teoretisk mogleg å tenkje seg ulike system for kvantitetsrealisasjonen i dei morfologisk komplekse ordformene, ut frå skilnaden syntetisk versus analytisk morfologi. Ein analytisk morfologi vil då gje eit kvantitetssystem med realisasjonar av lang vokal før dei uekte konsonantgruppene, slik at vi får realisert ordformene [¹stu:rt] ADJ N og [²ma:grɛ] ADJ PL. Dersom dei same formene opptrer i ein syntetisk struktur, vil vi vente formene [¹sturt] ADJ N og [²magrɛ] ADJ PL. I eit system med fonotaktisk bunden kvantitet, dvs. at kvantiteten er regulert av moglege styringsrelasjonar mellom segmenta, kan vi i tillegg tenkje oss variasjonar som [¹sturt] ADJ N og [²ma:grɛ] ADJ PL, men ikkje [¹stu:rt] ADJ N og [²magrɛ] ADJ PL.²⁰

²⁰ Jf. Polgardi (2006: 55), som også hevdar at det ikkje nødvendigvis treng vere slik at det er fullstendig korrespondanse mellom dei irregulære bøyingsformene og syntetisk morfologi, når ho hevdar at "what looks like irregular morphology

Gjennom ein analyse av morfologisk komplekse ordformer i vestnorsk vil eg vidare i dette arbeidet leggje til grunn desse aspekta ved ein analytisk og ein syntetisk morfologi.

is sometimes a case of compounding affixation, when a certain process does not apply, because it is restricted to single analytic domains”.

Kapittel 9

Kvantiteten i rotnivåavleide ordformer¹

9.1. Innleiing

I dette kapittelet skal eg analysere avleiingar på rotnivået, dvs. ordformer der eit *ne*-suffiks, eit *e*-suffiks eller eit *d*-suffiks vert lagde til rota. *Ne*-suffikset har som funksjon å omdanne adjektiv til verb, som når 'bleikne' V vert avleidd av 'bleik' ADJ. Dei avleide verbformene representerer her inkoative former, og dei vert bøygde som a-verb. *E*-en i *ne*-suffikset vil opptre berre i infinitivane her. Tilsvarande vil *e*-suffikset opptre som eit verbalsuffiks, eit suffiks som omdannar substantiv til verb, som når 'levre' V er avleidd av 'lever' F. Desse verba vert også bøygde som a-verb, slik at bøyingsuffikset faktisk er *a* i dei andre bøyingsformene av verbet. *E*-en er her eit bøyingsuffiks, men som abstrakt verbalsuffiks kan det etablerast som eit avleiingssuffiks. Den tredje suffikstypen, *d*-suffikset, avleier substantiv frå verb. Denne avleiinga skjer når t.d. 'høgd' F kan avleiast frå 'høg' ADJ.

Formene som skal analyserast i denne seksjonen, er framstilte i tabell (148) nedafor.

| (148) a. | ne-suffiks | b. | e-suffiks | c. | d-suffiks |
|----------|-------------|----|------------|----|-----------|
| | 'bleikne' V | | 'adle' V | | 'høgd' F |
| | 'hardne' V | | 'juble' V | | 'lægd' F |
| | 'klarne' V | | 'lagre' V | | 'kvild' F |
| | 'kovne' V | | 'levre' V | | |
| | 'kvitne' V | | 'nevre' V | | |
| | 'losne' V | | 'spikre' V | | |
| | 'modne' V | | 'stable' V | | |
| | 'opne' V | | | | |
| | 'rotne' V | | | | |
| | 'sovne' V | | | | |
| | 'spakne' V | | | | |
| | 'stivne' V | | | | |
| | 'stupne' V | | | | |
| | 'trutne' V | | | | |
| | 'vakne' V | | | | |
| | 'visne' V | | | | |

Gjennom samankjeding av stamme og avleiingssuffiks vert det danna uekte konsonantgrupper med ulike fonotaktiske mønster avhengig av den stammeutlydande konsonanten og kva for suffiks som vert tillagd stammen. I den første gruppa, *ne*-suffigeringa, vil samankjedinga av stamme og suffiks

¹ Skilnaden mellom rotnivåavleide og ordnivåavleide ordformer og grunnjvinga for denne skilnaden er gjort greie for tidlegare (jf. s. 9 og s. 177).

danne ei uekte konsonantgruppe med ein nasal som andresegment i konsonantgruppa. Dei ordformene som er danna gjennom *ne*-suffigeringa, må oppfattast som lite morfologisk transparente. Det er til dømes i utgangspunktet ikkje opplagt at forma 'klarne' V har opphavet sitt i forma 'klar' ADJ og er avleidd av denne.

I den andre gruppa, *e*-suffigeringa, vil grunnforma ha eit konsonantsamband splitta av ein realisert kjerne. Denne vokalen vert synkopert gjennom samankjedinga av stamme og suffiks. Synkopen er eit resultat av at suffiksvokalen kjem innafør styringsdomenet til stammevokalen gjennom samankjedinga og heimlar denne gjennom skikkeleg styring (Kaye 1990: 313, 1995: 295, Kaye, Lowenstamm and Verganud 1990: 220). Konsonantgruppa i den avleidda forma vert ei uekte konsonantgruppe som resultat av fonologisk styring.

Den siste gruppa har eit avleiingssuffiks *d* lagd til stammen. Denne suffigeringa er ikkje lenger produktiv, slik at det her er snakk om historiske former. Vi skulle dermed vente at språkbrukarane ikkje er medvitne om denne samankjedinga, og at dei avleidda formene her er leksikaliserte. (Dei opptre som monomorfemiske former.)

Vidare i dette kapitlet skal vi handsame dei ulike suffigeringane kvar for seg før vi samanfatar resultatet til slutt.

9.2. N-suffigering

9.2.1. Oversyn

Den første gruppa av ordnivåavleiingar vi skal sjå på, er avleiingar med *ne*-suffiks. Desse avleiingane utgjør inkoative former som er danna ved at eit nasalinitialt avleiingssuffiks, *ne*, er lagt til ordstammen. Ordformasjonen til desse formene kan framstillast som ei samankjeding av ein stamme med eit suffiks, [STAM₁ + SUF], til ein ny ordstamme, [STAM₂]. Strukturen som vert etablert gjennom avleiinga, resulterer i morfologisk komplekse ordformer som involverer to morfem, [A] og [B]. Gjennom derivasjonen vert det etablert ein morfologisk struktur som impliserer at dei to morfema, (A) og (B), vert kjeda saman til eit nytt domene, anten som [[A]B] i ein analytisk struktur eller som [AB] i ein syntetisk struktur. Samankjedinga av rot og suffiks er vist i figur (149).

(149) a. *Samankjeding av stamme og suffiks i ein analytisk struktur*

$[[^1kvi:t]_{STAM} + n\epsilon]_{SUF} \Rightarrow [^2kvi:tne]$

b. *Samankjeding av stamme og suffiks i ein syntetisk struktur*

$$[[^1kvi:t]_{\text{STAM}} + n\epsilon]_{\text{SUF}} \Rightarrow [^2kvitn\epsilon]$$

Gjennom avleiinga vert det skapt ei uekte konsonantgruppe som eit resultat av at den stammefinale konsonanten og den initiale konsonanten i avleiingssuffikset opptre som naboar i overflateforma. Dersom den stammeutlydande konsonanten er ein obstruent, vil det dermed danne seg eit obstruent-sonorantsamband, som vist i figur (150):

(150) *Representasjonen av 'kvitne' V*

$$[[^1kvi:t]n\epsilon] \Rightarrow [^2kvitn\epsilon]$$

Dersom den utlydande konsonanten er ein sonorant, vil det derimot danne seg sonorantsamband, slik det går fram av figur (151):

(151) *Representasjonen av 'klarne' V*

$$[[^1kla:r]n\epsilon] \Rightarrow [^2klarne]$$

Dersom samankjedinga av stamme og suffiks opptre analytisk, gjennom fasthalding av strukturen i den uderiverte forma, vil det seie at morfologi og fonologi interagerer, og denne interageringa er synleg i den fonologiske strukturen i overflateforma. Dei avleidde ordformene vil i den analytiske utforminga representere ein morfologisk struktur med $[[A] B]$, der A er rota og B er suffikset. Grensene mellom dei to morfologiske domena fell saman med grensene mellom dei fonologiske domena.

Ordformene som inngår i gruppa med *ne*-suffigering, endar på ein trykklett, realisert vokal. Vi kan dele dei i to grupper etter strukturen på dei ordmediale konsonantgruppene: ordformer med konsonantgrupper med ein obstruent og ein sonorant i overflata: *pn*, *tn*, *kn* osv., eller ordformer med konsonantgrupper med to sonorantar i overflata, som *rn*.

| (152) Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform |
|-----------------------------|--------------------------|--------------------------------------|---------------------|
| [¹ bleik]+[nε] | [² bleik]nε] | [² bl ^ε iknε] | 'bleikne' V |
| [¹ ha:r]+[nε] | [² ha:r]nε] | [² harne] | 'hardne' V |
| [¹ kla:r]+[nε] | [² kla:r]nε] | [² klarne] | 'klarne' V |
| [¹ ko:ven]+[nε] | [² ko:v]nε] | [² komne] ² | 'kovne' V |
| [¹ kvi:t]+[nε] | [² kvi:t]nε] | [² kvitne] | 'kvitne' V |
| [¹ lo:s]+[nε] | [² lo:s]nε] | [² losne] | 'losne, bli laus' V |

² Overgangen frå labial obstruent til nasal er forårsaka av nasalen i suffikset.

| | | | |
|------------------------------|---------------------------|-------------------------------------|--------------------------|
| [² mu:dɛn]+[nɛ] | [[² mu:d]nɛ] | [² mudnɛ] | 'modne' V |
| [² o:pɛn]+[nɛ] | [[² o:p]nɛ] | [² opnɛ] | 'opne' V |
| [² ro:tɛn]+[nɛ] | [[² ro:t]nɛ] | [² rotnɛ] | 'rotne' V |
| [² so:vɛ]+[nɛ] | [[² so:v]nɛ] | [² somnɛ] ³ | 'sovne' V |
| [¹ spa:k]+[nɛ] | [[² spa:k]nɛ] | [² spaknɛ] | 'spakne' V |
| [¹ sti:v]+[nɛ] | [[² sti:v]nɛ] | [² stimnɛ] ⁴ | 'stivne' V |
| [² stɔ:pɛ]+[nɛ] | [² stɔ:p]nɛ] | [² stɔpnɛ] | 'stupne, falle død om' V |
| [² tru:tɛn]+[nɛ] | [² tru:t]nɛ] | [² trutnɛ] | 'trutne' V |
| [² va:kɛ]+[nɛ] | [² va:k]nɛ] | [² vaknɛ] | 'vakne' V |


Formene i (152) har ein segmentsstruktur med varierende kompleksitetskilnad mellom dei to konsonantane som danner konsonantgruppa. I majoriteten av formene vil førstekonsonanten vere ein obstruent og andrekonsonanten ein sonorant. Unntaket er dei formene som har ein sonorant som førstekonsonant, her vil to sonorantar utgjere den uekte konsonantgruppa.

Tabell (153) syner realisasjonen av formene med nasalsuffiks, *ne*, som avleiingssuffiks:

(153) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 2.1)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 92.3 | 7.6 | 235 |
| Plosiv + /n/ | 78.1 | 21.8 | 412 |
| Sonorant + /n/ | 58.5 | 41.4 | 94 |
| Snitt | 80.1 | 19.8 | 741 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Som tabell (153) syner, har dei rotnivåavleide ordformene med *ne*-suffiks i vestnorsk i hovudsak kort vokal før dei uekte konsonantgruppene. (Totalt hadde 80,1 % av ordformene i denne gruppa kort vokal.) Det er først og fremst sonorant + /n/-sambanda (*rn*, *mn*) at vi finn ein høgare frekvens av lange vokalar. Dersom eit sonorant-/n/-samband danner ei postvokalisk konsonantgruppe, er frekvensen av lange vokalar på heile 41,4 %. Når obstruentar og sonorantar danner konsonantgruppa, frikativ + /n/ og plosiv + /n/, er frekvensen av lange vokalar mindre, men her er

³ Overgangen frå labial obstruent til nasal er forårsaka av nasalen i suffikset.

⁴ Overgangen frå labial obstruent til nasal er forårsaka av nasalen i suffikset.

det skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene. Før *sn-*, *tn-* og *vn-*sambanda er frekvensen av korte vokalar jamt over høgare enn før *kn-* og *pn-*sambanda. (Før *sn-*sambanda er det 94,6 % korte vokalar, før *tn-*sambanda 90,0 %, før *vn-*sambanda 90,7 %, før *kn-*sambanda 69,8 % og før *pn-*sambanda 67,8 % korte vokalar, jf. vedlegg 2.1).

Vi skal drøfte kvantitetsrepresentasjonen i desse avleiingane nærare nedafor. Men først skal vi klargjere den geografiske utbreiinga til desse kvantitetstypene.

9.2.2. Geografisk utbreiing

Vi grupperer formene etter geografisk utbreiing i dei fire målområda vi tidlegare opererte med: sognemålet, sunnfjordmålet, ytre- og indreindrenordfjordmål og ytre- og indresunnmørsmål (jf. s. 12f.). Tabellen nedafor viser vokalrepresentasjonen for konsonantgrupper danna gjennom samankjeding av ein ordstamme og eit *ne-*suffiks i sognemålet.

(154) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 2.2)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 100.0 | 0.0 | 45 |
| Plosiv + /n/ | 89.8 | 10.1 | 79 |
| Sonorant + /n/ | 81.2 | 18.7 | 16 |
| Snitt | 92.1 | 7.8 | 140 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*




Tabellen viser at kort vokal dominerer før konsonantgruppene i dei rotnivåavleide ordformene med *ne-*suffiks i sognemålet. (Totalt har 92,1 % av ordformene kort vokal her.) Skilnaden mellom dei ulike konsonantgruppene er ikkje så tydeleg i dette området. Heller ikkje *rn-*gruppa, med 18,7 % lange vokalar, skil seg nemneverdig ut (jf. vedlegg 2.2). Uekte konsonantgrupper skapte gjennom rotnivåavleiingar vil altså berre i lita grad generere lange vokalar i dette området.

I sunnfjordmålet er vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene danna gjennom ne-suffigeringa, som vist i tabell (155).

(155) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 2.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 100.0 | 0.0 | 45 |
| Plosiv + /n/ | 91.3 | 8.6 | 81 |
| Sonorant + /n/ | 83.3 | 16.6 | 18 |
| Snitt | 93.0 | 6.9 | 144 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*



Som tabellen viser, dominerer representasjonen av korte vokalar før konsonantgrupper i dei rotnivåavleidde ordformene med *ne*-suffiks også her. (Totalt vert 93,0 % av ordformene i denne gruppa realiserte med kort vokal.) Heller ikkje her er representasjonen av lange vokalar før sonorant + /n/-samband dominerande. Det er t.d. 16,6 % lange vokalar før *rn*-gruppa (3 av 18 realiseringar, jf. vedlegg 2.3).

Vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper skapte gjennom rotnivåavleiingar med *ne*-suffiks syner eit anna mønster i Nordfjord enn i Sunnfjord og Sogn. Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene i ytre Nordfjord kjem fram i tabell (156).

(156) a. *Vokallengd rangert etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 2.4)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 95.0 | 5.0 | 20 |
| Plosiv + /n/ | 94.4 | 5.5 | 36 |
| Sonorant + /n/ | 100.0 | 0.0 | 8 |
| Snitt | 95.3 | 4.6 | 64 |

b. Lange vokalar rangert etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord




Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før konsonantgruppene skapte gjennom *ne*-suffigering i ytre Nordfjord (som i Sogn og Sunnfjord). Frekvensen av korte vokalar er høg før alle konsonantsambanda i denne kategorien her.

I indre Nordfjord har derimot eit fleirtal av ordformene lang vokal, slik det kjem fram i tabell (157).

(157) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 2.5)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 58.0 | 41.9 | 31 |
| Plosiv + /n/ | 35.0 | 65.0 | 60 |
| Sonorant + /n/ | 27.7 | 72.2 | 18 |
| Snitt | 40.3 | 59.6 | 109 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord



Som tabellen viser, er frekvensen av lange vokalar før konsonantgrupper i dei rotnivåavleidde ordformene med *ne*-suffiks høgare i indre Nordfjord enn i Sunnfjord og i Sogn. (Frekvensen av lange vokalar 59,6 % før konsonantgruppene her.) Totalt vil 41,9 % av vokalane vere lange før frikativ + /n /-sambanda (*vn*, *sn*) i området. (Før *vn*-gruppa er det 47,0 % lange vokalar og før *sn*-gruppa 35,7 % lange vokalar, jf. vedlegg 2.4). Før plosiv + /n/-sambanda (*pn*, *kn*, *tn* og *dn*) er 65 %


av vokalane lange (47,6 % for *tn*, 69,2 % for *pn*, 71,4 % for *kn* og 100 % for *dn*) og 72,2 % av vokalane før sonorant + /n/-sambanda (*rn*, *mn*) er lange (50 % før *mn* og 78,5 % før *rn*).

I sunnmørsmålet er frekvensen av lange vokalar før konsonantgrupper danna gjennom *ne*-suffigering lågare enn i Nordfjord, men høgare enn i Sunnfjord og Sogn. Som for nordfjordmåla er det i dei indre delane (indre Sunnmøre) at frekvensen av former med lang vokal er høgast for alle gruppene. I dei ytre delane av målområdet (ytre Sunnmøre) dominerer derimot korte vokalar før alle desse konsonantgruppene, som tabell (158) viser.

(159) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 2.6)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 98.0 | 2.0 | 50 |
| Plosiv + /n/ | 89.7 | 10.2 | 88 |
| Sonorant + /n/ | 55.0 | 45.0 | 20 |
| Snitt | 87.9 | 12.0 | 158 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Som tabellen viser, er det i dette området dominans av korte vokalar før desse konsonantgruppene totalt sett. Dette tilsvarar den vokalrepresentasjonen vi fann i Sogn, Sunnfjord og i ytre Nordfjord. Det er berre før sonorantgruppene *rn*-gruppene) at frekvensen av lange vokalar er høg (heile 45 %).

På indre Sønmmøre er vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene som vist i tabell (158).

(158) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 2.7)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /n/ | 97.5 | 2.5 | 40 |
| Plosiv + /n/ | 54.2 | 45.7 | 70 |
| Sonorant + /n/ | 12.5 | 87.5 | 16 |
| Snitt | 62.6 | 37.3 | 126 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre




Som tabellen viser, er frekvensen av lange vokalar før disse konsonantgruppene høg på indre Sunnmøre. (Totalt er 37,3 % av vokalane lange før dei uekte konsonantgruppene skapte gjennom avleiingar med *ne*-suffiks.) Det er større skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike sambanda i dette området. Før frikativ + /n/-gruppa (*vn*- og *sn*-sambanda) er frekvensen av lange vokalar minimal (4,1 % før *vn*- og ingen før *sn*-sambanda). 45,7 % av vokalane før plosiv + /n/-sambanda er lange (4,1 % før *tn*, 58,3 % før *kn*, 75 % før *dn* og 78,5 % før *pn*). Før sonorant + /n/-sambanda (*mn*, *rn*) er frekvensen av lange vokalar heile 87,5 %. Den høgaste frekvensen av lange vokalar finn vi då før *pn*-og *kn*-sambanda og særleg før *dn*- og *rn*-sambanda i dette målområdet.

Vi kan dermed oppsummere analysen av vokalkvantiteten før konsonantgrupper danna gjennom rotnivåavleiingar med *ne*-suffiks. I sognemålet, sunnfjordmålet, og i ytre strok av Nordfjord og på ytre Sunnmøre dominerer kort vokal før konsonantgruppene i dei avleidde formene med *ne*-suffiks, og det er liten variasjon her (jf. kart 7 s. 57). I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre er frekvensen av lange vokalar i denne posisjonen høgare, og dette gjeld framfor alle konsonantgruppene. Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi før plosiv + /n/- og sonorant + /n/-sambanda. Over halvparten av vokalane som er realiserte før *pn*- og *kn*-sambanda i desse områda, er lange. Før *rn*-sambanda dominerer dei lange vokalane.

9.2.3. Vokalkvantiteten før konsonantgrupper skapte gjennom *n*-suffigering

Analysen av rotnivåavleidde ordformer med nasalinitialt suffiks har synt at vokalkvantiteten varierer til ei viss grad etter det etterfølgjande konsonantsambandet. Dersom desse ordformene representerer ein morfologisk gjennomsiiktig struktur, vil det seie at samankjedinga av stamme og suffiks vil danne ein struktur med synlege morfologiske domene. Domenegrensene vert då synleggjorte gjennom representasjonen av lange vokalar før den uekte konsonantgruppa, slik det går fram av ordforma [²kla:rne] V 'klarne' nedafor.

(160) Realisasjonen av [²kla:rne] V 'klarne'




Som figur (160) syner, er eit analytisk suffiks, her *ne*, skilt frå det domenet som danner rota.

Konsonantgrupper som vert danna gjennom slike derivasjonar, vil vere delte av ein domenefinal undertrykt vokal. Konsonantgruppa *rn* danner då ei uekte konsonantgruppe, fordi *r* og *n* ikkje er naboar på skjelettstrengen. Ein slik analytisk struktur vil opne opp for representasjonen av lange vokalar i den avleide ordforma.

Ordformer med kort vokal vert derimot tolka som syntetiske former, der strukturen utgjer berre eitt domene, slik det går fram av forma [²kvitne] V 'kvitne'.

(161) Realisasjonen av [²kvitne] V 'kvitne'




Konsonantgruppa som er realisert i denne ordforma, *tn*, er ei uekte konsonantgruppe, skild av ein undertrykt tom kjerne. Dersom denne strukturen genererer kort stammevokal, vil det seie at språkbrukaren tolkar slike konsonantgrupper som ekte konsonantgrupper. Dei oppførr seg som kva som helst anna konsonantgruppe i strukturen, rimkomplement + optakt-samband (med interkonstituent styring) eller forgreina optaktssamband (med intrakonstituent styring). Den grunnleggjande strukturen krev at ein vokal er kort når det kjem meir enn ein konsonant etter.

Det er såleis tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper danna gjennom samankjedinga av stamme og *ne*-suffiks i denne morfologiske kategorien. Det fonotaktiske mønsteret til det postvokaliske konsonantsambandet ser difor ut til å ha innverknad på vokalrepresentasjonen i desse formene. Analysen av rotnivåavleide ordformer med nasalinitialt

suffiks har synt tydelege geografiske skilnader når det gjeld vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene som er skapte gjennom *ne*-suffigeringa, skilnader som kjem fram i tabell (162) nedafor. Tabellen viser vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper danna gjennom *ne*-suffigering i dei ulike områda.


(162) *Representasjonen av lang vokal i rotnivåavleidd ordformer med ne-suffiks etter konsonantgruppe*



Ein syntetisk struktur ser ut til å halde seg godt i sognemålet, og også i måla i Sunnfjord, i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre dominerer korte vokalar i ordformer med *ne*-suffiks. Desse suffiksa opptre dermed syntetisk i desse områda.

Måla i indre strok (indre Nordfjord og indre Sunnmøre) syner derimot klare avvik frå eit slikt mønster. Samtidig er det her klare skilnader mellom konsonantgruppene når det gjeld realiseringa av lang vokal. Denne skilnaden må relaterast til fonotaksen, dvs. strukturen til dei aktuelle konsonantgruppene. Det er skilnader mellom desse sekvensane, frå *pn-*, *kn-*, *tn-* og *sn-* gruppene, som syner fallande kompleksitet mellom dei to segmenta, *vn* som viser jamn kompleksitet til *rn*-gruppa, som syner stigande kompleksitet. (Jf. figur (52) s. 90 når det gjeld kompleksiteten til segmenta i dei aktuelle konsonantgruppene.) Desse strukturane kan då tolkast som ulike konstituentstrukturar: Fallande kompleksitet dannar typiske opptaktssamband medan stigande kompleksitet dannar rimkomplement-opptaktssamband. Skilnaden i vokallengda før dei ulike konsonantgruppene i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre kjem fram gjennom tabell (163).

(163) *Frekvensen av lang vokal rangert etter konsonantgruppe*



Det er ein korrelasjon mellom kompleksiteten til segmenta i konsonantgruppene og vokalrepresentasjonen. Tabell (163) gjev tydelege signal om at kort vokal dominerer før konsonantgrupper som ikkje kan identifiserast som opptaktssamband, *sn-*, *vn-* og *tn-*gruppene. (*Sn*-gruppa opptrer som opptakt i norsk, men vi har tidlegare vist at konsonantgrupper som utgjer /s/ + konsonant, kan tolkast som rimkomplement + opptakt-samband gjennom magisk heimling, jf. s. 160. *Tn*-gruppa kan ikkje danne opptakter i vestnorsk grunna den koronale homorganiteten, jf. Harris 1994.) Tabell (163) syner også at i begge områda dominerer dei lange vokalane før konsonantgrupper som kan identifiserast som opptaktssamband, dvs. konsonantgrupper med kompleksitetskilnad mellom segmenta og fallande kompleksitetskurve. *Kn* er ein opptaktskonstituent i norsk. (*Pn* er ekskludert som opptaktskonstituent i vestnorsk i tradisjonelle ord. Når *pn* ikkje opptrer i denne posisjonen, skuldast dette eit tilfeldig høl i distribusjonen og ikkje strukturelle eigenskapar i gruppa, jf. Vogt 1942.)

Den mest konsekvente representasjonen av lange vokalar i begge områda finn vi før konsonantgruppa *rn*. Denne konsonantgruppa har også den største kompleksitetskilnaden mellom segmenta, men her er det stigande kompleksitet. Konsonantgruppa vil dermed ha status som rimkomplement + opptakt-samband, fordi ein *n* kan styre ein *r* som komplement.

I eit velforma uttrykk vil konsonantgrupper følgje ei kompleksitetskurve der den styrande konsonanten er meir kompleks enn den styrte konsonanten.⁵ Når ei konsonantgruppe har anten stigande eller fallande kompleksitetskurve, vil dette bli oppfatta som eit velforma uttrykk av høvesvis eit rimkomplement + opptakt-samband eller eit opptaktssamband. Ujamne strukturar kan dermed lettare identifiserast som ekte konstituentar. Ei slik ujamn kompleksitetskurve, anten stigande eller fallande, ser ut til å utdeleggjere den morfologiske strukturen.⁶ Ei jamnare kompleksitetskurve ber bod om morfemgrenser, då slike konsonantsamband vil ha ein veikare

⁵ Jf. kompleksitetsvilkåra (Harris 1990: 271).

⁶ Cruickshank (2000: 64) vil hevde at "[j]o brattere kurve, desto mer framstår et konsonantsamband som et velforma uttrykk, og desto viktigere er det å markere morfemgrensa ved hjelp av ei forlenga stammevokal."

konstituentstatus. For at kompleksitetskurva skal vere jamn, må dei to konsonantane i det uekte sambandet ha like eller tilnærma like mange element. Det er såleis mindre viktig kor mange element dei to konsonantane har, enn at talet er det same.

I desse rotderiverte formene vert konsonantgruppene splitta av ein tom kjerne, og dei dannar uekte samband. Dersom kompleksiteten er stigande, og stammevokalen i tillegg er kort, kan desse sambanda *tolkast* som ekte konsonantsamband. Den lange vokalen signaliserer då ein analytisk struktur og dermed morfologisk kompleksitet. Språket ser ut til å ville markere morfemgrenser først der det er størst fare for mistydingar, gjennom realisasjonen av lange vokalar før konsonantgrupper som kan identifiserast som forgreina optakter (jf. Cruickshank 2000: 63). Dei konsonantgruppene som genererer høgast frekvens av lange vokalar, er konsonantgrupper med store kompleksitetskilnader og som dannar moglege optaktssamband i vestnorsk gjennom fallande kompleksitet, *kn* og *pn*-sambanda. Den analytiske strukturen vil helst opptre i ord med konsonantgrupper med sterk konstituentidentitet, dvs. obstruent + sonorant-samband som *kn*, *pn*. Når konsonantgruppa derimot har ein veikare konstituentstatus, som i *vn*-, *tn*- og *sn*-gruppene, vil språkbrukaren lettare mistenke ei morfemgrense, fordi *vn*, *sn* og *tn* ikkje er optimale, stammeinterne konsonantgrupper. Sonorantgruppa *rn* er her den mest utmerkte gjennom høgast realisasjon av lange vokalar. Denne konsonantgruppa indikerer ikkje potensielle optaktssamband då kompleksitetskurva i denne konsonantgruppa er stigande; dermed kan denne identifiserast som ein rimkomplement + optakt-konfigurasjon. Samtidig utmerkar sonorantgruppene seg i desse områda som konsonantgrupper som har ein høg frekvens av lange vokalar i monomorfemiske ordformer.

Resonnementet er at konsonantsamband med ein uklar konstituentstatus (jamne eller nesten jamne kompleksitetskurver), ser ut til å halde lenger på ein syntetisk morfologi, fordi strukturen i mindre grad treng "hjelp" til å markere den morfologiske kompleksiteten (Cruickshank 2000: 63). Dersom den høge frekvensen av lange vokalar før desse konsonantgruppene i indremåla (indre Nordfjord og indre Sunnmøre) er eit signal om at den analytiske strukturen breier seg, skulle vi kunne vente denne strukturen i andre morfologiske kategoriar også. Vi skal først sjå nærare på vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper som oppstår gjennom synkopering av ein kjerne gjennom rotnivåavleiinga, dvs. *e*-suffigeringa.

9.3. E-suffigering

9.3.1. Oversyn

Kategorien vi skal sjå nærare på no, er rotavleiingar med tillagd suffiks, *-e*. Grunnforma har ein realisert vokal mellom to konsonantar. Ordformasjonen til desse formene kan også framstillast som ei samankjeding av ein stamme med eit suffiks, [STAM₁ + SUF], til ein ny ordstamme, [STAM₂]. Strukturen som vert etablert gjennom avleiinga, resulterer i morfologisk komplekse ordformer som involverer to morfem, [A] og [B]. Gjennom derivasjonen vert det etablert ein morfologisk struktur som impliserer at dei to morfema, (A) og (B), vert kjeda saman til eit nytt domene, anten som [[A]B] i ein analytisk struktur eller som [AB] i ein syntetisk struktur. Samankjedinga av rot og suffiks er vist i figur (164).

- (164) a. *Samankjeding av stamme og suffiks i ein analytisk struktur*
 [[¹jʊ:bɛl]_{STAM+ɛ}]_{SUF} => [²jʊ:bɛɛ]
- b. *Samankjeding av stamme og suffiks i ein syntetisk struktur*
 [[¹jʊ:bɛl]_{STAM+ɛ}]_{SUF} => [²jʊbɛɛ]

Gjennom avleiinga vert det dermed skapt ei uekte konsonantgruppe som eit resultat av at den stammefinale konsonanten og den initiale konsonanten opptrer som naboar i overflateforma. Dersom den stammeutlydande konsonanten er ein obstruent, vil det dermed danne seg eit obstruent + sonorant-samband, som vist i figur (165).

- (165) *Representasjonen av 'kvitne' V*
 [[¹ɑ:dɛl]ɛ] => [²ɑdlɛ]

Dersom den utlydande konsonanten er ein sonorant, vil det derimot danne seg sonorantsamband, slik det går fram av figur (166).

- (166) *Representasjonen av 'klarne' V*
 [[¹kla:r]nɛ] => [²klarɛ]

Dersom samankjedinga av stamme og suffiks opptrer analytisk, gjennom fasthalding av strukturen i den uderiverte forma, vil det seie at morfologi og fonologi interagerer, og at denne interageringa er synleg i den fonologiske strukturen i overflateforma. Dei avleidde ordformene vil i den analytiske utforminga representere ein morfologisk struktur med [[A] B], der A er rota og B er suffikset. Grensene mellom dei to morfologiske domena fell saman med grensene mellom dei fonologiske domena.

Avleiingsgruppa som skal analyserast her, vil ha konsonantgrupper med anten ein *r* som stammefinal konsonant, som i 'nevre' V av 'never' F, 'levre' V av 'lever' F og 'otre' V av 'oter' M, eller ein *l*, som i 'juble' V av 'jubil' M. Desse formene vil då anten ha ei uekte konsonantgruppe som utgjer eit obstruent-sonorantsamband med /r/ som andrekonsonant, eller dei er ordformer med eit obstruent-sonorantsamband med /l/ som andrekonsonant. Vi skal ta utgangspunkt i dei formene som er førde opp i tabell (167). Ordformene som inngår i gruppa med *e*-suffigering, endar på ein trykklett, realisert vokal.

| (167) Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform |
|-------------------------------|---------------------------|------------------------|------------|
| [¹ a :d(ε)l]+[ε] | [[² a:dl]ε] | [² adlε] | 'adle' V |
| [¹ ju:b(ε)l]+[ε] | [[² ju:bl]ε] | [² jublε] | 'juble' V |
| [¹ la:ger]+[ε] | [[² la:gr]ε] | [² lagrε] | 'lagre' V |
| [¹ le:v(ε)r]+[ε] | [[² le:vr]ε] | [² levrε] | 'levre' V |
| [¹ ne:v(ε)r]+[ε] | [[² ne:vr]ε] | [² nevrε] | 'nevre' V |
| [¹ u:d(ε)l]+[ε] | [[² u:dl]ε] | [² udlε] | 'odle' V |
| [¹ spi:ker]+[ε] | [[² spi:kr]ε] | [² spikrε] | 'spikre' V |
| [¹ sta:b(ε)l]+[ε] | [[² sta:bl]ε] | [² stable] | 'stable' V |

Formene i (167) har ein segmentsstruktur med varierende kompleksitetsskilnad mellom dei to konsonantane som dannar konsonantgruppa. I formene vil førstekonsonanten vere ein obstruent og andrekonsonanten ein sonorant. Struktura til konsonantgruppa er her avhengig av konsonantane i grunnforma. I dette tilfellet er konsonantgruppa *bl*.

No kan det vere eit spørsmål om desse ordformene har grunnformer som gjer ei einsarta handsaming mogleg. Struktura til desse grunnformene vil nemleg vere ulik i ulike delar av målområdet. For 'lever' F og 'never' F vil vi i sognemålet finne formene [¹lev:ər] F og [¹nev:ər] F (med kort vokal, jf. Larsen 1926), medan dei same formene i Sunnfjord og Nordfjord er realiserte som [¹levr] og [¹nevr] (for sunnfjordmålet også med metatase: [¹lrv] og [¹nevr], jf. *Synopsis Fjordane* § 26). I sunnmørsmålet møter vi formene [¹le:vr] og [¹ne:vr]. Det har vore ein diskusjon om den avleidde forma då er resultatet av ein synkopert vokal ut frå ei grunnform med realisert vokal mellom konsonantane, eller om grunnforma har ei underliggjande konsonantgruppe og vokalen dermed er ein innskotsvokal (epentese) (jf. Eliasson 1972).⁷ I styringsfonologien vil denne diskusjonen ikkje vere relevant for handsaminga av desse formene, då dei alle har ein underliggjande kjerne som skil konsonantane i den aktuelle konsonantgruppa.


Tabellen (168) syner realisasjonen av avleidde ordformer med vokalsuffiks.

⁷ Jørgen Ritschel (1963: 159f.) har lansert ei både-og-løysing, som vi har nemnt tidlegare (s. 139). Skilnaden mellom former med epentese og synkope er knytt til tonelaget i grunnforma, dvs. om grunnforma har einstavningstonelag, som i [²la:grε] V 'lagre' av [¹la:ger] N 'lager', eller tostavningstonelag, som i [²speglε] V 'spegle' av [²spe:gεl] M 'spegel'.

(168) a. *Vokallengd rangert etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 2.8)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 80.4 | 19.5 | 87 |
| Plosiv + /r/ | 47.8 | 52.1 | 94 |
| Plosiv + /l/ | 27.7 | 72.2 | 108 |
| Snitt | 50.1 | 49.8 | 289 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Tabellen viser at om lag halvparten (49,8 %) av disse avleiingane har lang vokal før den uekte konsonantgruppa. Det er tydelege skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene når det gjeld vokalkvantiteten. Før *vr*-gruppa (frikativ + /r/-sambanda) dominerer korte vokalar, medan før *bl*- og *dl*-sambanda (plosiv + /l/-sambanda) dominerer lange vokalar. Det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa ser dermed ut til å verke inn på vokalrepresentasjonen. Det skal vi kome attende til. Først skal vi sjå på den geografiske utbreiinga til dei ulike formene.


9.3.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper danna gjennom *e*-suffigering i sognemålet er vist i tabell (169).

(169) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 2.9)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 100.0 | 0.0 | 17 |
| Plosiv + /r/ | 61.1 | 38.8 | 18 |
| Plosiv + /l/ | 13.6 | 86.3 | 22 |
| Snitt | 54.3 | 45.6 | 57 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn




Som tabell (169) viser, er frekvensen av korte vokalar 54,3 % for denne gruppa i Sogn. Det kan tyde på ei ustabil gruppe. Vi merkar oss at før frikativ + /r/-sambanda (*vr*-gruppa), er det ein dominans av korte vokalar. (Grunnen til dette kan vere at grunnformene i denne gruppa, 'lever' F og 'never' M, begge har korte vokalar i målområdet, jf. Larsen 1926.) Den konsonantgruppa som har den høgaste frekvensen av lange vokalar før seg, er plosiv + /l/-sambanda: *bl*- og *dl*-gruppene.

I sunnfjordmålet er frekvensen av korte vokalar før dei uekte konsonangruppene skapte gjennom *e*-suffigeringa høgare enn i Sogn, som vist i tabell (170).

(170) a. *Vokalengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 2.10)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 90.0 | 10.0 | 10 |
| Plosiv + /r/ | 83.3 | 16.6 | 18 |
| Plosiv + /l/ | 67.8 | 32.1 | 28 |
| Snitt | 76.7 | 23.2 | 56 |


b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*



Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før konsonantgruppene i denne morfologiske kategorien i sunnfjordmålet. Her er heile 76,7 % av vokalane korte. Men også her er det skilnader mellom konsonantgruppene. Før frikativ + /r/-sambanda dominerer kort vokal. (Før *vr*-gruppa er det kort vokal heile 90,0 % av realisasjonane.) I dette området er grunnformene i gruppa av *vr*-

samband, som 'lever' F og 'never' F, monoradikale med kort vokal, som det går fram av analysen av 'lever' F i figur (171).⁸

(171) Realisasjonen av 'lever' F i sunnfjordmålet




Før obstruent + /l/-sambanda er frekvensen av lange vokalar noko høgare. (Før *dl*-sambanda, [²ɑ:dlɛ] V 'adle' og [²u:dlɛ] V 'odle', er frekvensen av lange vokalar 50,0 %, jf. vedlegg 2.12.)

I nordfjordmålet er frekvensen av lange vokalar før dei uekte konsonantgruppene danna gjennom *e*-suffigeringa høgare enn i Sogn og Sunnfjord. I ytre delar av området er det ein meir konsekvent representasjon av korte vokalar i denne kategorien, som tabell (177) viser.

(177) a. Vokalengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord (jf. vedlegg 2.11)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 100.0 | 0.0 | 8 |
| Obstruent + /r/ | 75.0 | 25.0 | 8 |
| Obstruent + /l/ | 25.0 | 75.0 | 8 |
| Snitt | 66.6 | 33.3 | 24 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord



⁸ Eller metateseformene [¹lɪrv] F og [¹nɛrv] F, jf. *Synopsis Fjordane* § 26.


I dette området er det særleg plosiv + /l/-sambanda som syner ein avvikande tendens, då lang vokal dominerer før desse konsonantgruppene. (Dette gjeld særleg vokalane før *dl*-sambanda, [²ɑ:dlɛ] V 'adle' og [²u:dlɛ] V 'odle'. Her er rekvensen av lange vokalar heile 75 %, jf. vedlegg 2.11.)

Det er i indre Nordfjord at det er høg frekvens av lange vokalar. Det gjeld først og fremst for plosiv + sonorant-sambanda. Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene i dette området går fram av tabell (178).

(178) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 2.12)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 69.2 | 30.7 | 13 |
| Plosiv + /r/ | 21.4 | 78.5 | 14 |
| Plosiv+ /l/ | 0.0 | 100.0 | 13 |
| Snitt | 30.0 | 70.0 | 40 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*




Som vi ser av tabellen, dominerer dei lange vokalane før konsonantgrupper som har obstruentar i den vokalnære posisjonen her. (70 % av ordformene har lang vokal før desse konsonantgruppene.) Før konsonantgrupper som utgjer frikativ + /r/-samband, er frekvensen av korte vokalar høg i dette området. Før plosiv + sonorantsambanda dominerer lange vokalar i indre Nordfjord, dvs. konsonantgrupper som utgjer plosiv + /r/-samband og plosiv + /l/-samband.

Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene danna gjennom rotnivåavleiingar med *e*-suffiks i sunnmørsmålet er om lag den same som i Nordfjord. I sunnmørsmålet, som i Nordfjord, er ordformene med kort vokal lokaliserte til dei ytre delane av området (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid), som tabell (179) viser.

(179) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 2.13)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 100.0 | 0.0 | 16 |
| Plosiv + /r/ | 50.0 | 50.0 | 20 |
| Plosiv + /l/ | 27.2 | 72.7 | 22 |
| Snitt | 55.1 | 44.8 | 58 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Tabellen viser at korte vokalar dominerer før frikativ + /r/-sambanda. Når det er ein plosiv som er vokalnær konsonant (plosiv + /r/-sambanda og plosiv + /l/-sambanda), er frekvensen av lange vokalar høgare i dette området.

Eit anna mønster kjem til syne på indre Sunnmøre, som tabell (180) viser.

(180) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 2.14)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /r/ | 47.8 | 52.1 | 16 |
| Plosiv + /l/ | 5.5 | 94.4 | 18 |
| Plosiv + /r/ | 0.0 | 100.0 | 16 |
| Snitt | 10.0 | 90.0 | 50 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Også i dette området er det høg frekvens av lange vokalar før desse konsonantgruppene. Tabellen viser at vokalrepresentasjonen på indre Sunnmøre er dominert av lange vokalar før

konsonantgrupper i desse avleiingsformene. Det er berre 10 % av ordformene som har kort vokal i denne posisjonen, og det er berre før konsonantsamband av frikativar og sonorantar at det er høg frekvens av korte vokalar (47,8 % av vokalane er korte her.) Dei lange vokalane dominerer før konsonantgrupper med plosive obstruentar i vokalnær posisjon.


Ein analyse av dei rotnivåavleidde ordformene med *e*-suffigering viser at det er fleirtal av desse ordformene som har korte vokalar i både sognemålet, sunnfjordmålet og i ytre delar av Nordfjord og på ytre Sunnmøre. I desse områda dominerer korte vokalar før frikativ + /r/-samband. Innslaget av lange vokalar er større før obstruent + /l/-sambanda.

Vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene skapte gjennom *e*-suffigeringar viser eit anna mønster i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre. Her finn vi høgare frekvens av lange vokalar før desse konsonantgruppene. Det er særleg før plosiv + sonorant-sambanda at vi finn lange vokalar (før *kr-*, *gr-*, *dl-* og *bl-*sambanda). Før konsonantgrupper med ein frikativ og ein sonorant (*vr-*samband) finn vi større innslag av korte vokalar.

9.3.3. Vokalkvantiteten før konsonantgrupper skapte gjennom *e*-suffigering

Analysen av vokalkvantiteten i rotnivåavleidde ordformer som har ei uekte konsonantgruppe skapt gjennom synkope ved tillagt vokalsuffiks, syner tydelege skilnader mellom målområda. Fordelinga mellom dei ulike konsonantsambanda er vist i tabell (181).

(181) *Frekvensen av lange vokalar i rotnivåavleidde ordformer med vokalsuffiks rangert etter område*




Frekvensen av lange vokalar er høgare før konsonantgruppene i desse avleiingsformene enn den vi fann i avleiingar med *ne*-suffiks (jf. tabell 163). Som tabell (181) viser, er det måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre som skil seg ut med ein særleg høg frekvens av lange vokalar i desse ordformene. I sognemålet er frekvensen av lange vokalar noko lågare enn i indre Nordfjord

og på indre Sunnmøre, men også her er bortimot halvparten av ordformene realiserte med lange vokalar. Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi igjen i sunnfjordmålet og måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre.

For dei rotnivåavleidde ordformene med *ne*-suffiks fann vi ein korrelasjon mellom vokalkvantiteten og kompleksitetskurva mellom segmenta i den etterfølgjande konsonantgruppa i dei områda der frekvensen av lange vokalar var høg (i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre). Alle dei konsonantgruppene som opptrer her, har ein fallande kompleksitet (jf. kompleksitetsskalaen s. 90). Dei framstår dermed som konsonantgrupper med opptaktsidentitet. Det er skilnader mellom konsonantgruppene når det gjeld kompleksiteten, frå *vr*-, *bl*- og *dl*-gruppene, der det er liten kompleksitetsskilnad mellom konsonantane (ein kompleksitetsskilnad på 1), til *gr*- og *kr*-gruppene, der kompleksitetsskilnadene mellom konsonantane er større (kompleksitetsskilnad på høvesvis 2 og 3). (Vokallengd før dei aktuelle konsonantgruppene i dei ulike områda er vist i tabell (182)).

(182) *Frekvensen av lange vokalar etter konsonantgruppe i målområda* (jf. tabell 2.9, 2.10, 2.11, 2.12, 2.13 og 2.14)



Det viser seg å vere liten korrelasjon mellom vokalkvantiteten og kompleksitetskurva til dei aktuelle konsonantsambanda i områda som har låg frekvens av lange vokalar (Sogn, Sunnfjord, ytre Nordfjord). Den jamnaste kompleksiteten har *vr*-gruppa, som også har den lågaste frekvensen av lange vokalar i desse områda. Den største kompleksitetsskilnaden finn vi mellom konsonantane i *kr*-gruppa, og denne gruppa har også låg frekvens av lange vokalar.

I dei områda der lange vokalar dominerer før desse konsonantgruppene, indre Nordfjord og Sunnmøre, er det større korrelasjon mellom vokalkvantiteten og kompleksiteten til konsonantgruppa. Her er det lågare frekvens av lange vokalar før *vr*-sambanda, som har den minste kompleksitetsskilnaden mellom konsonantane, enn før dei andre konsonantgruppene. Før konsonantgruppene med større kompleksitetsskilnad mellom konsonantane (*gr*- og *kr*-sambanda) vil det vere høgare frekvens av lange vokalar. Også før *dl*-sambandet (med kompleksitetsskilnad på 1) er det høg frekvens av lange vokalar i desse områda. Det kan tyde på at der representasjonen av


analytiske struktur er størst, vil vi i større grad finne han i ordformer som har konsonantgrupper med klar konstituentidentitet enn i ordformer med konsonantgrupper med ein meir uklår konstituentidentitet. Likevel ser det ut til at vokallengda ikkje eintydig kan korrelerast til kompleksitetsskilnaden i konsonantsambandet for denne kategorien. Den analytiske strukturen ser stort sett ut til å vere idiosynkratisk for denne avleiingsgruppa, dvs. at han følgjer einskildformene.

9.4. D-suffigering

9.4.1. Oversyn

Vi skal til slutt i dette kapittelet sjå på ein annan avleiingskategori, nemleg rotavleiingar der eit *d*-suffiks vert lagt til rota. Eg har her testa tre ordformer: [¹hœgd] F 'høgd', som representerer ei avleiing av grunnforma 'høg' ADJ, [¹lœgd] F 'lægd', som er ei avleiing av grunnforma 'låg' ADJ (*Nynorskordboka*) og [¹kvıld] F 'kvıld', som er avleidd frå 'kvıle' V. Grunnen til at eg har testa akkurat desse ordformene, er at dei representerer avleiingar som ikkje lenger er produktive i vestnorsk. Morfologien i desse avleidd ordformene skulle difor vere lite gjennomsluktige. Dessutan dannar dei to obstruentane som opptrer som nabosegment i overflata her, ei konsonantgruppe med jamn kompleksitetskurve, som vist i analysen av 'høgd' nedafor.

(183) *Representasjonen av [¹hœgd] F 'høgd'*



Som figur (183) viser, dannar opptaktsposisjonane O₂ og O₃ ei uekte konsonantgruppe, *gd*, med jamn kompleksitet mellom konsonantane, og dermed ein lite velforma konstituent. Tabell (184) syner vokalrepresentasjonen i ordformene i vestnorsk.

(184) *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 2.15)

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 93.6 | 6.3 | 47 |
| <lægd> | 93.3 | 6.6 | 45 |
| <kvild> | 95.7 | 4.2 | 47 |
| Snitt | 94.2 | 5.7 | 139 |

Som vi kan sjå av tabellen, dominerer korte vokalar før konsonantgrupper skapt gjennom *d*-suffigeringa i vestnorsk.

9.4.2. Geografisk utbreiing

Den geografiske utbreiinga av ordformer med *d*-suffigering kjem fram i tabellane (185a-f) nedafor.

(185) a. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering i Sogn* (jf. vedlegg 2.16)

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 100.0 | 0.0 | 9 |
| <lægd> | 100.0 | 0.0 | 9 |
| <kvild> | 100.0 | 0.0 | 9 |
| Snitt | 100.0 | 0.0 | 27 |

b. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering i Sunnfjord* (jf. vedlegg 2.17)

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 9 |
| <lægd> | 88.8 (8) | 11.1 (1) | 9 |
| <kvild> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 9 |
| Snitt | 96.2 (26) | 3.7 (1) | 27 |

c. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 2.18)

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 4 |
| <lægd> | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 4 |
| <kvild> | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 4 |
| Snitt | 100.0 (12) | 0.0 (0) | 12 |

d. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 2.19)

| Ordform | Kortvokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|-----------|------------|---------------|
| <høgd> | 57.1 (4) | 42.8 (3) | 7 |
| <lægd> | 71.4 (5) | 28.5 (2) | 7 |
| <kvild> | 85.7 (6) | 14.2 (1) | 7 |
| Snitt | 71.4 (15) | 28.5 (6) | 21 |


- e. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering på ytre Sunnmøre (jf. vedlegg 2.20)*

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 100.0 (10) | 0.0 (0) | 10 |
| <lægd> | 100.0 (8) | 0.0 (0) | 8 |
| <kvild> | 100.0 (10) | 0.0 (0) | 10 |
| Snitt | 100.0 (28) | 0.0 (0) | 28 |

- f. *Vokallengd etter ordformer med d-suffigering på indre Sunnmøre (jf. vedlegg 2.21)*

| Ordform | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| <høgd> | 100.0 (8) | 0.0 (0) | 8 |
| <lægd> | 100.0 (8) | 0.0 (0) | 8 |
| <kvild> | 94.4 (8) | 0.0 (0) | 8 |
| Snitt | 98.0 (24) | 0.0 (0) | 24 |

- (186) *Lange vokalar etter konsonantgruppe i målområda (jf. tabell 2.16, 2.17, 2.18, 2.19, 2.20 og 2.21)*



Det går fram av tabellane at det er ein konsekvent representasjon av korte vokalar før uekte konsonantgrupper skapte gjennom *d*-suffigering i målområdet. Dei få representasjonane av lange vokalar her er alle registrerte i Nordfjord, slik det går fram av tabell (185d) og (186). Som tabellen viser, er det i dette området ein høgare frekvens av lange vokalar før konsonantgruppene enn i dei andre områda. 71,4 % av ordformene hadde kort vokal i indre Nordfjord. Det vil seie at 28,5 % av ordformene har lang vokal her.

Når kort vokal dominerer i desse avleiingane også i indre Nordfjord, syner det at denne avleiinga har ein meir konsekvent syntetisk morfologi enn dei andre avleiingane vi til no har

handsama. Grunnen kan vere at denne morfologiske gruppa har ein mindre gjennomiktig morfologi, fordi *d*-suffigeringa ikkje lenger er ei produktiv avleiing i området. I tillegg framstår konsonantsambandet som vert danna gjennom samankjedinga av rot og suffiks som eit lite velforma konstituentsamband gjennom ein jamn kompleksitet mellom dei involverte segmenta.


5. Morfologiske system i rotnivåavleiingar

Analysen av rotavleiingane i vestnorsk har dokumentert tydelege skilnader mellom dei aktuelle områda når det gjeld handsaminga av morfologien. Dersom det er ein korrelasjon mellom lange vokalar og representasjonen av analytiske strukturar i fonologien, kjem dette fram i skilnadene mellom dei ulike rotnivåavleiingskategoriane, som vist i tabell (187).

(187) a. *Lange vokalar etter konsonantgrupper i rotnivåavleidde ordformer i vestnorsk. (Talet på belegg står i parentesen.)*

| | Sogn ⁹ | Sunnfjord ¹⁰ | Ytre Nordfjord ¹¹ | Indre Nordfjord ¹² | Ytre Sunnmøre ¹³ | Indre Sunnmøre ¹⁴ |
|------------------------|-------------------|-------------------------|------------------------------|-------------------------------|-----------------------------|------------------------------|
| <i>d</i> -suffigering | 0.0 (27) | 3.7 (27) | 0.0 (12) | 28.5 (21) | 0.0 (15) | 2.7 (37) |
| <i>ne</i> -suffigering | 7.8 (140) | 6.9 (144) | 4.6 (64) | 59.6 (109) | 0.0 (80) | 31.5 (203) |
| <i>e</i> -suffigering | 45.6 (57) | 23.2 (56) | 33.3 (24) | 70.0 (40) | 20.6 (29) | 81.8 (77) |

b. *Frekvensen av lange vokalar rangert etter suffiks og målområde*



Tabellen syner tydelege skilnader mellom dei ulike avleiingskategoriane og målområda når det gjeld handsaminga av morfologien. Sognemålet, sunnfjordmålet og måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre syner ein konsekvent syntetisk morfologi både ved *d*-suffigeringa og *ne*-suffigeringa.

⁹ Jf. tabell 2.2, 2.9, 2.16.

¹⁰ Jf. tabell 2.3, 2.10, 2.17.

¹¹ Jf. tabell 2.4, 2.11, 2.18.

¹² Jf. tabell 2.5, 2.12, 2.19.

¹³ Jf. tabell 2.6, 2.13, 2.20.

¹⁴ Jf. tabell 2.7, 2.14, 2.21.

Frekvensen av lange vokalar aukar derimot sterkt ved *e*-suffigeringa, der konsonantgruppene vert danna gjennom synkopering av vokalen mellom konsonantane i grunnforma. Vi ventar at denne derivasjonen er meir synleg, for samanhengen mellom grunnforma og den deriverte forma er klårare for denne gruppa enn for dei to andre, ettersom dette er ei avleiing som framleis er produktiv. (At dette er ein produktiv avleiingskategori, syner nylagingar som 'metre' V av grunnforma 'meter' M.) Når det gjeld *d*-suffigeringa, er det lettare å tenkje seg at det har skjedd ei leksikalisering av den avleide ordforma, då denne avleiingskategorien ikkje har vore produktiv i moderne norsk.

I måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre er det ein sterkare tendens til analytisk morfologi, og her dominerer lange vokalar før konsonantgruppene for både *ne*-suffigeringa og *e*-suffigeringa. Samtidig syner det seg at representasjonen av lang vokal i nokon grad varierer etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppene. Dersom det er jamn kompleksitet i dei to konsonantane som dannar konsonantgruppa, vil frekvensen av kort vokal vere høgare enn for konsonantgrupper som har større kompleksitetskilnader mellom konsonantane. Konsonantgrupper med kompleksitetskilnader mellom segmenta, anten fallande eller stigande, framstår med tydelegare konstituentstrukturar enn konsonantgrupper med jamn kompleksitet. Denne skilnaden kjem klart fram i realiseringane av dei rotnivåavleide ordformene i måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre, der representasjonen av lange vokalar er lågare før *sn*-, *vn*- og *tn*-samband enn før konsonantgrupper med større kompleksitetskilnader, som *pn* og *kn*.

Dersom eit mønster med syntetiske strukturar er i ferd med å bli brote ned i målområdet, skjer dette både med korrelasjonar til den morfologiske gjennomsiktigheita i dei rotnivåavleide ordformene og til det fonotaktiske mønsteret til den postvokaliske konsonantgruppa. Det kan sjå ut som om eit system med ei lausare kvantitetsbinding mellom ein kjernekonstituent og den etterfølgjande konsonantismen er i ferd med å skiple eit segmentteljande kvantitetssystem i måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre i dei rotnivåavleide ordformene. Om det er slik for andre grupper, skal vi sjå nærare på når vi no går over til bøyningar av adjektiv og verb.

Kapittel 10

Kvantiteten i verb- og adjektivbøyingar

10.1. Innleiing

I kapittel 10 skal vi utvide analysen til verb- og adjektivbøyingar. Bøyingformene her er morfologisk komplekse former som oppstår når eit obstruentinitialt suffiks vert lagt til ein verb- eller adjektivstamme. Suffiksa som opptrer i denne derivasjonen, utgjer dentalsuffiks med realisert vokal, (-*te*, -*de*), og dentalsuffiks med undertrykt vokal (-*t* og -*d*). Gjennom bøyinga vert det skapt ei konsonantgruppe av den stammeutlydande og den suffiksinitiale konsonanten. Desse konsonantane, som er i naboskap i overflata, dannar uekte konsonantgrupper, dvs. opptakter skilde av ein undertrykt kjerneposisjon. Ordformasjonen til desse formene kan framstillast som ei samankjeding av ein stamme med eit suffiks, [STAM₁ + SUF], til ein ny ordstamme, [STAM₂]. Strukturen som vert etablert gjennom bøyinga, resulterer i morfologisk komplekse ordformer som involverer to morfem, [A] og [B]. Gjennom derivasjonen vert det etablert ein morfologisk struktur som impliserer at dei to morfema, (A) og (B), vert kjeda saman til eit nytt domene, anten som [[A]B] i ein analytisk struktur eller som [AB] i ein syntetisk struktur. Vi nyttar 'rope' V og 'lik' ADJ som døme på ei slik samankjeding.

(188) a. *Samankjeding av stamme og bøyingssuffiks i ein analytisk struktur*

| | | |
|--|----|------------|
| [[ru:p] _{STAM} + tɛ] _{SUF} | => | [[ru:p]tɛ] |
| [[ru:p] _{STAM} + t] _{SUF} | => | [[ru:p]t] |
| [[li:k] _{STAM} + t] _{SUF} | => | [[li:k]t] |

b. *Samankjeding av stamme og bøyingssuffiks i ein syntetisk struktur*

| | | |
|--|----|---------|
| [ru:p] _{STAM} + tɛ] _{SUF} | => | [rɒptɛ] |
| [ru:p] _{STAM} + t] _{SUF} | => | [rɒpt] |
| [[li:k] _{STAM} + t] _{STAM} | => | [likt] |

Materialet for analysen i dette kapittelet utgjer adjektiv og verb som i utgangspunktet har ein lang vokal i stammen i den leksikalske representasjonen, og dei analyserte ordformene utgjer dei morfologiske kategoriane ADJ N (189a), V PRET (189b) og V PTS (189c). (Her står overflateformene under 1 for analytiske former og overflateformene under 2 for syntetiske former.)

| (189) | Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform | |
|-------------|------------------------|-------------------------|--|------------------------|-----------------|
| a. | [fi:n][t] | [¹ fi:nt] | [¹ fɪnt] | 'fint' ADJ N | |
| | [gro:v][t] | [¹ gro:ft] | [¹ grɔft] | 'grovt' ADJ N | |
| | [gʊ:l][t] | [¹ gʊ:lɪt] | [¹ gʊlt] | 'gult' ADJ N | |
| | [hø:g][t] | [¹ hø:kt] | [¹ hœkt] | 'høgt' ADJ N | |
| | [ju:p][t] | [¹ ju:pt] | [¹ jupt] | 'djupt' ADJ N | |
| | [leʊs][t] | [¹ leʊst] | [¹ l ^ɛ ʊst] el. [¹ læst] ¹ | 'laust' ADJ N | |
| | [reʊd][t] | [¹ reʊt] | [¹ r ^ɛ ʊt:] el. [¹ rœt:] | 'raudt' ADJ N | |
| | [ri:k][t] | [¹ ri:kt] | [¹ rikt] | 'rikt' ADJ N | |
| | [stu:r][t] | [¹ stu:rt] | [¹ sturt] | 'stort' ADJ N | |
| | b. | [fø:r][tɛ] | [² fø:rte] | [² fœrte] | 'førte' V PRET |
| | | [kla:g][dɛ] | [² kla:gde] | [² klagde] | 'klagte' V PRET |
| | | [lo:v][dɛ] | [² lo:vde] | [² lovde] | 'lovte' V PRET |
| | | [mɔ:l][tɛ] | [² mɔ:lte] | [² mɔlte] | 'målte' V PRET |
| [rɛis][tɛ] | | [² rɛiste] | [² r ^ɛ iste] el. [² ræste] | 'reiste' V PRET | |
| [ru:p][tɛ] | | [² ru:pte] | [² rupte] | 'rupte' V PRET | |
| [slæʏf][tɛ] | | [² slæʏfte] | [² sl ^ɛ ʏfte] el. [¹ slæfte] | 'sløyfte' V PRET | |
| [sma:k][tɛ] | | [² sma:kte] | [² smakte] | 'smakte' V PRET | |
| [tɛ:n][tɛ] | [² tɛ:nte] | [² tente] | 'tente' V PRET | | |
| c. | [fø:r][t] | [¹ fø:rt] | [¹ fœrt] | 'ført' V PTS | |
| | [kla:g][t] | [¹ kla:gt] | [¹ klakt] | 'klagt' V PTS | |
| | [lo:v][t] | [¹ lo:vt] | [¹ loft] | 'lovt' V PTS | |
| | [mɔ:l][t] | [¹ mɔ:lt] | [¹ mɔlt] | 'målt' V PTS | |
| | [rɛis][t] | [¹ rɛist] | [¹ r ^ɛ ist] el. [¹ rest] | 'reist' V PTS | |
| | [ru:p][t] | [¹ ru:pt] | [¹ rupt] | 'ropt' V PTS | |
| | [slæʏf][t] | [¹ slæʏft] | [¹ sl ^ɛ ʏft] el. [¹ slæft] | 'sløyft' V PTS | |
| | [sma:k][t] | [¹ sma:kt] | [¹ smakt] | 'smakt' V PTS | |
| [tɛ:n][t] | [¹ tɛ:nt] | [¹ tent] | 'tent' V PTS | | |

Desse bøyingsformene er talrikt representert i materialet mitt. Utvalet av former er gjort ut frå eit omsyn om at alle dei stamteutlydande konsonantane skal vere representerte i materialet. Først skal vi sjå på verbbøyinga.

10.2. Verbbøying

10.2.1 Oversyn

Vi skal no sjå på effekten av å leggje eit suffiks som utgjer eller byrjar med ein obstruent, til stammen av verbet. Dei bøyingskategoriane av verba som er relevante for analysen, er preteritum og perfektum partisipp av svake verb med *e*-bøying (*e*-verb). I dei aktuelle bøyingsformene opptrer ein initial dental i bøyingssuffikset: 'ropte' V PRET, 'ropt' V PTS, 'førte' V PRET og 'ført' V PTS

¹ I område som ikkje toler kortdiftong.

osb. Det er dei koronale plosivane /t/ og /d/ (høvesvis ustemt og stemt) som her opptrer som suffiksinitial konsonant i begge gruppene. Skilnaden mellom desse suffiksa er om dei har ein realisert eller ein undertrykt domenefinal kjerne. Strukturen deira er vist i figur (190).

(190)

| a. | preteritum | | b. | partisipp | |
|----|------------|---|----|-----------|---|
| | O | N | | O | N |
| | | | | | |
| | x | x | | x | x |
| | | | | | |
| | A | ε | | A | |
| | | | | | |
| | ? | | | ? | |
| | | | | | |
| | h | | | h | |

Ordformene som skal testast her, kan delast i to grupper ettersom suffikset har ein realisert vokal (191a) eller undertrykt vokal (191b) i overflata.

(191) a. **Ordformer med realisert vokal** b. **Ordformer med undertrykt vokal**

| | |
|-----------------|----------------|
| 'auste' V PRET | 'aust' V PTS |
| 'bakte' V PRET | 'bakt' V PTS |
| 'brukte' V PRET | 'brukt' V PTS |
| 'eigde' V PRET | 'eigt' V PTS |
| 'førte' V PRET | 'ført' V PTS |
| 'gnagde' V PRET | 'gnagt' V PTS |
| 'gnålte' V PRET | 'gnålt' V PTS |
| 'klagde' V PRET | 'klagt' V PTS |
| 'kokte' V PRET | 'kakt' V PTS |
| 'kvilte' V PRET | 'kvilt' V PTS |
| 'leigde' V PRET | 'leigt' V PTS |
| 'leste' V PRET | 'lest' V PTS |
| 'likte' V PRET | 'likt' V PTS |
| 'lovde' V PRET | 'lovt' V PTS |
| 'lærte' V PRET | 'lært' V PTS |
| 'løypte' V PRET | 'løypt' V PTS |
| 'løyste' V PRET | 'løyst' V PTS |
| 'lånte' V PRET | 'lånt' V PTS |
| 'meinte' V PRET | 'meint' V PTS |
| 'målte' V PRET | 'målt' V PTS |
| 'ropte' V PRET | 'ropt' V PTS |
| 'reiste' V PRET | 'reist' V PTS |
| 'røykte' V PRET | 'røykt' V PTS |
| 'røyste' V PRET | 'røyst' V PTS |
| 'røyvde' V PRET | 'røyvt' V PTS |
| 'sleikt' V PRET | 'sleikt' V PTS |
| 'slipte' V PRET | 'slipt' V PTS |

| | |
|-------------------|-----------------|
| 'slukte' V PRET | 'slukt' V PTS |
| 'sløyfte' V PRET | 'sløyft' V PTS |
| 'smakte' V PRET | 'smakt' V PTS |
| 'smilte' V PRET | 'smilt' V PTS |
| 'stupte' V PRET | 'stupt' V PTS |
| 'støyppte' V PRET | 'støyppt' V PTS |
| 'sugde' V PRET | 'sugt' V PTS |
| 'svarte' V PRET | 'svart' V PTS |
| 'sveipte' V PRET | 'sveipt' V PTS |
| 'tente' V PRET | 'tent' V PTS |
| 'trente' V PRET | 'trent' V PTS |
| 'tynte' V PRET | 'tynt' V PTS |
| 'ulte' V PRET | 'ult' V PTS |
| 'vegde' V PRET | 'vegt' V PTS |

Vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene danna gjennom samankjedinga av stamme og bøyingssuffiks er vist i tabell (192). (Tal på belegg står i parentes.)

(192) *Vokallengd i verbformer med dentalsuffiks i n* (jf. vedlegg 3.1)

| Suffiks med realisert vokal | | Suffiks med undertrykt vokal | |
|-----------------------------|------------|------------------------------|------------|
| Kort vokal | Lang vokal | Kort vokal | Lang vokal |
| 64.9 (1128) | 35.0 (608) | 65.4 (1141) | 34.5 (602) |

Totalt er representasjonen av korte vokalar 65,2 % (2269 av i alt 3479 realiseringar) før konsonantgruppe med dentalinitialt suffiks i vestnorsk. Dersom vi skil mellom former med realisert og ikkjerealisert domenefinal kjerne i suffikset, [tɛ/de] versus [t/d], er det ikkje tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen. Av bøyingsformene med *te-* eller *de-*suffiks hadde 64,9 % kort stammevokal og 35,0 % lang stammevokal. For bøyingsformene med *t-* eller *d-*suffiks var dei tilsvarende tala 65,4 % og 34,5 %. Det synest dermed ikkje som om suffiksstrukturen verkar inn på vokalrepresentasjonen i desse bøyingsformene.²

Når det gjeld segmentstrukturen til konsonantgruppene, er det skilnader mellom dei ettersom den stammefinale konsonanten er plosiv, frikativ eller sonorant. Vi får då konsonantsamband med plosivar (*pt, kt, bg, gd*), frikativ og plosiv (*st, vd og ft*) og sonorant og plosiv (*rt, lt, nt*).


Vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene er vist i tabell (193).

(193) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 3.1)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|------------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /t,d/ | 71.5 | 28.4 | 1694 |
| Frikativ + /t,d/ | 62.3 | 37.6 | 651 |
| Sonorant + /t,d/ | 57.4 | 42.5 | 1134 |
| Totalt | 65.2 | 34.7 | 3479 |

² Det skulle tyde på at styringsheimlinga (direkte versus indirekte) ikkje spelar noka rolle for vokalrepresentasjonane her (jf. Charette 1991).

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk



Som tabellen viser, er representasjonen av lange vokalar 34,7 % i ordformer med dentalinitialt suffiks. Representasjonen av korte vokalar aukar med kompleksiteten til den stammefinale konsonanten. (Plosivane er dei mest komplekse, deretter kjem frikativane og minst komplekse er sonorantane, jf. Cyran and Gussmann 1999: 240,³ Árnason 1998, Gussmann 2001). Dette kan tyde på at det fonotaktiske mønsteret til det etterfølgjande konsonantsambandet spelar ei rolle for vokalrepresentasjonen i desse ordformene. Dette skal vi drøfte vidare etter at vi har sett nærare på den geografiske utbreiinga til dei ulike formene.

10.2.2. Geografisk utbreiing


Vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper danna gjennom samankjeding av stamme og bøyingsuffiks i sognemålet er vist i tabell (194). Dersom vi deler vokalrepresentasjonen etter det fonotaktiske mønsteret i den postvokaliske konsonantgruppa, får vi denne fordelinga:

(194) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 3.2)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t el. d/ | 84.8 | 15.1 | 224 |
| Plosiv + /t el. d/ | 86.7 | 13.2 | 302 |
| Frikativ + /t el. d/ | 73.5 | 26.4 | 151 |
| Snitt | 83.3 | 16.6 | 677 |

³ Cyran and Gussmann (1999: 240) rangerer konsonantane i polsk etter skalaen 'strong' <<<< 'weak', der dei labiale plosivane er dei sterkaste og sonorantane *r, n* og frikativane *w, j* dei svakaste.

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn



Tabellen syner at korte vokalar dominerer før konsonantsamband skapte ved at bøyingsuffiks vert lagde til verbstammar i sognemålet. (Totalt har 83,3 % av bøyingsformene kort vokal her.) Som det går fram av tabellen, er skilnadene i vokallengde små i sognemålet ettersom den stammefinale konsonanten er sonorant, plosiv eller frikativ. Det er etter måten liten skilnad mellom dei ulike konsonantgruppene. Ser vi på vokallengde i høve til det fonotaktiske mønsteret til den etterfølgjande konsonantgruppa, er det *st*-sambandet, med berre 64,0 % representasjon av korte vokalar, som skil seg ut. Men også før denne konsonantgruppa er det ein majoritet av korte vokalar.


Dei lange vokalane synest å opptre i midtre delar av Sogn (kommunane Sogndal, Vik og Høyanger). Både i indre strok av målområdet (Årdal, Lærdal og Luster) og i ytre Sogn (Gulen, Hyllestad, Solund) er det låg frekvens av lang vokalisme i denne posisjonen.

Frekvensen av korte og lange vokalar før uekte konsonantgrupper som er danna gjennom verbbyggingar med dentalsuffiks, viser det same mønsteret i sunnfjordmålet som i Sogn. Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene i dette området er vist i tabell (195). Dersom vi deler vokalrepresentasjonen etter det fontaktiske mønstret i den postvokaliske konsonantgruppa, får vi denne fordelinga:

(195) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 8.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /t el. d/ | 94.1 | 5.8 | 310 |
| Frikativ + /t el. d/ | 88.6 | 11.3 | 132 |
| Sonorant + /t el. d/ | 84.5 | 15.4 | 220 |
| Snitt | 89.8 | 10.1 | 662 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord




Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom bøyning av verb i sunnfjordmålet. Heile 89,8 % av ordformene her har kort vokal. Skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene er også relativt små. Stammefinale konsonantar som har høg kompleksitet (plosivar), vil generere ein høgare frekvens av korte stammevokalar i desse ordformene enn når den postvokaliske konsonantar har ein lågare kompleksitet (sonorantar). Det må likevel framhevast at skilnaden i vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene er små i Sunnfjord.

I Nordfjord syner representasjonen av vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom verbbøyinga eit anna mønster enn i Sogn og i Sunnfjord. Samtidig er det markerte skilnader mellom ytre og indre i Nordfjord når det gjeld vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene, slik det går fram av tabell (196). Vokalrepresentasjonen fordelt etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa i desse to områda er vist i tabell (196) og (197).

(196) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 3.4)

| Stammekonsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /t el. d/ | 91.1 | 8.8 | 158 |
| Frikativ + /t el. d/ | 86.8 | 13.1 | 61 |
| Sonorant + /t el. d/ | 80.3 | 19.6 | 102 |
| Snitt | 86.9 | 13.0 | 321 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




I indre Nordfjord får vi denne fordelinga:

(197) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 3.5)

| Stammekonsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv + /t el. d/ | 21.0 | 78.9 | 299 |
| Sonorant + /t el. d/ | 15.4 | 84.5 | 201 |
| Frikativ + /t el. d/ | 7.8 | 92.1 | 115 |
| Snitt | 16.7 | 83.2 | 615 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*



Tabell (196) og tabell (197) viser at det er ein tydeleg skilnad mellom ytre og indre Nordfjord når det gjeld vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene som er skapte ved å leggje bøyingsuffixs til verbstammar. I ytre Nordfjord (kommunane Bremanger, Vågsøy, Selje) er det, som tabellen viser, ein dominans av korte vokalar før konsonantgruppene. Det vil seie at ytre Nordfjord følgjer Sogn og Sunnfjord i dette. I indre Nordfjord (kommunane Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal) er det derimot ein dominans av lange vokalar før desse konsonantgruppene då heile 83,2 % av ordformene har lange vokalar, slik det går fram av tabell (198). (Frekvensen av korte vokalar er dermed berre 16,7 % her.)

No er det heller ikkje her tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen om det opptrer ein plosiv, frikativ eller sonorant som postvokalisk konsonant. Opptrer ein plosiv som postvokalisk konsonant, vil 91,1 % av ordformene i ytre Nordfjord ha kort vokal, medan tilsvarende tal for indre Nordfjord er 21 %. Den tilsvarende representasjonen før sonorantar som postvokaliske konsonantar er 80,3 % for ytre Nordfjord og 15,4 for indre Nordfjord. Dette kan tyde på at fonotaksen ikkje spelar ei avgjerande rolle for representasjonen av stammevokalen for desse ordformene i desse områda (Dette skal vi kome attende til nedafor, jf. s. 332f.)


Representasjonen av vokalar før dei relevante konsonantgruppene syner same mønster på Sunnøre som i nordfjordmålet. Lange vokalar dominerer representasjonen, som det går fram av tabell (198) og (199). Men også her finn vi skilnader innafor målområdet ved at frekvensen av korte vokalar er høgare i ytre strok av området (ytre Sunnmøre) enn i indre strok (indre Sunnmøre).

Vokalrepresentasjonen på ytre Sunnmøre kjem fram i tabell (198), og vokalrepresentasjonen på indre Sunnmøre i tabell (199).

(198) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 3.6)

| Stammekonsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv | 86.2 | 13.7 | 335 |
| Frikativ | 76.0 | 24.0 | 125 |
| Sonorant | 56.9 | 43.0 | 237 |
| Snitt | 74.4 | 25.5 | 697 |


b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*



(199) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 3.7)

| Stammekonsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Plosiv | 57.5 | 42.4 | 278 |
| Frikativ | 36.5 | 63.4 | 104 |
| Sonorant | 9.2 | 90.7 | 195 |
| Snitt | 37.4 | 62.5 | 577 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Som tabellane (198) og (199) viser, er det klare skilnader i vokalrepresentasjonen før desse konsonantgruppene mellom ytre og indre delar av Sunnmøre. Dei korte vokalane dominerer i denne posisjonen på ytre Sunnmøre. Der er frekvens av korte vokalalar før konsonantgruppene på heile 74,4 %. Det er også her klåre skilnader på vokallengda før dei ulike konsonantsambanda (frikativ + t/d

og sonorant + t/d). Før konsonantsamband som utgjer obstrunet + dental (plosiv + /t,d/ og frikativ + /t,d/), dominerer korte vokalar. Før samband med sonorantar i vokalnær posisjon, er frekvensen av lange vokalar høgare (43 %).

I dei indre stroka på Sunnmøre vil innslaget av lange vokalar i denne morfologiske kategorien vere høgare (62,5 %). Over halvparten av ordformene vil ha lang vokal her (frekvensen av korte vokalar er 37,4 %). Også i dette området er det skilnader mellom konsonantgruppene når det gjeld vokalkvantiteten. Konsonantsamband med obstruentar (obstruentsamband), har høgare frekvens av korte vokalar enn tilsvarande konsonantgrupper med sonorantar (frikativ + obstruent-samband og sonorant + obstruent-samband). På indre Sunnmøre er det særleg sonorant + obstruent-sambanda som skil seg ut. Før desse konsonantsambanda er frekvensen av korte vokalar høgast. (Heile 90,7 % av ordformene med sonorantar som vokalnære konsonantar hadde lange vokalar her.) Dette syner at fonotaksen ser ut til å spele ei rolle for vokallengda i desse ordformene her (i motsetning til i indre Nordfjord der lange vokalar dominerte før alle konsonantgruppene).

Vi kan dermed oppsummere om vokallengda før konsonantgrupper skapte ved at bøyingsendingar med dentalsuffiks vert lagde til verbstammar i vestnorsk. Det er ein høg frekvens av korte vokalar i denne posisjonen både i sognemålet og i sunnfjordmålet. Den same høge frekvensen av korte vokalar finn vi i måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. Måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre vil ha ein lågare frekvens av korte vokalar i denne posisjonen. Her vil lang vokal dominere i desse ordformene (jf. kart 8 s. 358). I indre Nordfjord er frekvensen av lange vokalar høg for alle dei aktuelle konsonantsambanda. På indre Sunnmøre er det større skilnader mellom konsonantsambanda. Særleg før konsonantgrupper med sonorantar som vokalnær konsonant er frekvensen av lange vokalar høg i dette området (90,7 %). Vi skal drøfte desse skilnadene nærare nedafor.


10.2.3. Vokalkvantitet og kompleksitet

Vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper skapte gjennom verbfleksjonen deler målområdet i to. Det er liten skilnad mellom sognemåla, sunnfjordmåla og måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre når det gjeld vokalrepresentasjonen, her dominerer korte vokalar i denne posisjonen. (Vokallengda kjem fram i tabell (200)).

(200) a. *Vokallengd fordelt etter geografisk område*

| Målområde | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Sogn | 83.3 | 16.6 | 677 |
| Sunnfjord | 89.8 | 10.1 | 662 |
| Ytre Nordfjord | 86.9 | 13.0 | 321 |
| Indre Nordfjord | 16.7 | 83.2 | 615 |
| Ytre Sunnmøre | 74.4 | 25.5 | 697 |
| Indre Sunnmøre | 37.4 | 62.5 | 577 |
| Snitt | 64.1 | 35.8 | 3549 |

b. *Lange vokalar etter målområde*




Tabellen viser at måla på indre Sunnmøre og særleg i indre Nordfjord peikar seg ut gjennom ein dominans av lange vokalar i denne posisjonen. Dersom vi rangerer vokallengda etter konsonantsambanda som følgjer etter, får vi ei fordeling som vist i tabell (201).

(201) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe og målområde*

| Stammefinal konsonant | Sogn | Sunnfjord | Ytre Nordfjord | Indre Nordfjord | Ytre Sunnmøre | Indre Sunnmøre |
|-----------------------|------------|------------|----------------|-----------------|---------------|----------------|
| Plosiv | 13.2 (302) | 5.8 (310) | 8.8 (158) | 78.9 (299) | 13.7 (152) | 42.4 (446) |
| Frikativ | 26.4 (151) | 11.3 (132) | 13.1 (61) | 92.1 (115) | 24.0 (64) | 63.4 (182) |
| Sonorant | 15.1 (224) | 15.4 (220) | 19.6 (102) | 84.5 (201) | 43.0 (110) | 90.7 (330) |
| Snitt | 16.6 (677) | 10.1 (662) | 13.0 (321) | 83.2 (615) | 25.5 (326) | 62.5 (520) |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe og målområde*



Tabell (201) viser at det er ein samanheng mellom stammekonsonanten og vokallengda på ein slik måte at til større kompleksitet stammekonsonanten har, til mindre er frekvensen av lange vokal før konsonantgruppa. (Plosivar er meir komplekse enn frikativar, som igjen er meir komplekse enn sonorantar.) Konsonantar med låg kompleksitet (frikativar og sonorantar) opptrer altså oftare i utlydsposisjon i ordformer med lang vokal enn stammekonsonantar med høg kompleksitet (obstruentar). (Kompleksitetsmønstrer kjem fram i tabell (52) s. 90).

Dersom vi rangerer vokalrepresentasjonen etter konsonantgruppene i dei to områda som har ein høg frekvens av lange vokalar i denne posisjonen (indre Nordfjord og indre Sunnmøre), får vi ei fordeling som vist i tabell (202) og (203).


(202) *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 3.6)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| kt | 21.6 | 78.3 | 162 |
| nt | 21.9 | 78.0 | 73 |
| pt | 23.4 | 76.5 | 94 |
| gd | 13.9 | 86.0 | 43 |
| rt | 12.5 | 87.5 | 48 |
| lt | 11.2 | 88.7 | 80 |
| vd | 9.5 | 90.4 | 21 |
| st | 6.6 | 93.3 | 60 |
| ft | 8.8 | 91.1 | 34 |
| Snitt | 16.7 | 83.2 | 615 |

(203) *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 3.9)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| pt | 67.7 | 32.2 | 96 |
| kt | 54.6 | 45.3 | 150 |
| ft | 33.3 | 66.6 | 30 |
| vd | 36.3 | 63.6 | 22 |
| gd | 34.6 | 65.3 | 26 |
| st | 41.3 | 58.6 | 58 |
| nt | 19.4 | 80.7 | 78 |
| rt | 6.9 | 93.0 | 43 |
| lt | 0.0 | 100.0 | 74 |
| Snitt | 37.5 | 62.5 | 577 |


(204) *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Indre Nordfjord og på Indre Sunnmøre*



Det går fram av tabell (204) at det er korrelasjon mellom vokalkvantiteten og kompleksiteten til konsonantane i konsonantgruppa på indre Sunnmøre. (I indre Nordfjord kan det ikkje påvisast ein slik korrelasjon.) I dette området er det ein samanheng mellom kompleksitetsnivået til konsonantgruppa og vokalkvantiteten på ein slik måte at ei ujamn kompleksitetskurve i konsonantgruppa gir ein høgare frekvens av lange vokalar enn konsonantgrupper med mindre kompleksitetskilnad mellom dei involverte segmenta. Talet på korte vokalar er høgast framfor konsonantgrupper med ei jamn eller tilnærma jamn kompleksitet mellom segmenta. Dette er særleg tydeleg på indre Sunnmøre. Det er den relative kompleksiteten i det uekte konsonantsambandet som verkar inn på kvantiteten.

Konsonantgrupper med ujamn stigande kompleksitet blir oppfatta som eit velforma uttrykk av rimkomplement + opptakt, dvs. at det rår interkonstituent styring mellom segmenta (jf. Harris 1994: 164-7). Når kompleksiteten er ujamn, vil dette peike i retning av ei ekte konsonantgruppe og såleis lettare verte tolka som eit samband av rimkomplement og opptakt. Konsonantsamband av sonorantar og obstruentar, som *rt* og *lt*, vil lett bli tolka som eit interkonstituent styringsdomene. Dersom stammevokalen i tillegg er kort, kan sambandet lett feiltolkast som ei ekte konsonantgruppe, trass i statusen som uekte samband. Dersom slike konsonantgrupper vert realisert etter ein lang vokal, vert den morfologiske kompleksiteten signalisert gjennom vokalkvantiteten, som i 'klart' V PTS nedafør.

(205) Representasjonen av [kla:rt] V PTS



Konsonantgrupper med jamn eller nesten jamn kompleksitet (like mange element realiserte i dei segmenta som er involverte i sambandet), som *kt*- og *pt*-samband, vil lettare signalisere ei morfemgrense, då desse ikkje er optimale konsonantgrupper i ein stamme. Slike konsonantsamband ser ut til å generere større grad av korte vokalar, og dermed signal om ein syntetisk struktur fordi strukturen ikkje i den same graden treng hjelp til å markere den morfologiske kompleksiteten (Cruickshank 2000: 63). Det er såleis stiginga i kompleksitet som signaliserer trongen for å markere ei morfemgrense ved hjelp av ein forlenga stammevokal. Dette kan forklare kvifor konsonantgrupper med bratt stigande kompleksitetskurve har høgare frekvens av lange vokalar og dermed analytiske former.

Dersom ein plosiv, /p/ eller /k/, opptretr som stammefinal konsonant, og denne vert etterfølgt av ein suffiksinitial /t/, så er tendensen at ordforma får kort vokal i stammen i overflata, som vist i 'rupte' V PRT nedafor.

(206) Realisasjonen av [²ruptɛ]V

| | | | | | |
|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| O ₁ | N ₁ | O ₂ | N ₂ | O ₃ | N ₃ |
| | | | | | |
| x | x | x | x | x | x |
| | | | | | |
| r | u | U | | A | ɛ |
| | | | | | |
| | | ? | | ? | |
| | | | | | |
| | | h | | h | |
| | | | | | |
| | | H | | H | |

I ordforma [²ruptɛ] har dei to opptaktene O₃ og O₂ lik kompleksitet. Strukturar med jamn kompleksitet signaliserer i større grad den morfologiske kompleksiteten enn former der det er større kompleksitetsskilnad mellom konsonantane O₃ og O₂.

Som ei samanfatning kan vi då seie at korte vokalar dominerer før konsonantgrupper skapte gjennom i samankjeding av eit bøyingsuffiks med ein verbstamme i store delar av det nordvestlandske målområdet. Den korte vokalen representerer det vi har omtala som ein segmentteljande kvantitet. Når ein slik kvantitet opptre i ei ordform, markerer han ein syntetisk morfologi i denne ordforma. Ein slik morfologi dominerer i sunnfjordmålet og i måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. Den syntetiske morfologien er også representert i majoriteten av ordformer i Sogn.

Dersom vokalen vert realisert som lang før slike konsonantgrupper, vil dette bere bod om ein analytisk morfologisk struktur. For måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre dominerer denne morfologiske strukturen i bøyingsformer av verb med dentalinitialt bøyingsuffiks. Dette gjeld særleg i indre Nordfjord. Vi ser også at dei ordformene som held fast på ein syntetisk morfologi, er dei som har konsonantsamband med jamn eller tilnærma jamn kompleksitet. Der kompleksitetsskilnaden mellom segmenta er større, vil frekvensen av lange vokalar og dermed analytiske strukturar auke. Uekte konsonantgrupper med kompleksitetsskilnad mellom segmenta kan lettare identifiserast med tilsvarende ekte konsonantgrupper. Det verkar her som om språket har større trong for å markere morfologisk kompleksitet i ordformer der faren for samanblanding med tilsvarende monomorfemiske ordformer er størst. Høgast frekvens av analytisk morfologisk struktur skulle vi då kunne vente å finne i ordformer der faren for slik samanblanding er stor, dvs. i ordformer med konsonantgrupper som lettast kan identifiserast med ekte konsonantgrupper. Vi ser

dermed at i dei områda der den analytiske morfologien er størst, vil det vere ein tendens til at det fonotaktiske mønsteret (kompleksiteten til konsonantsa bandet) verkar inn på vokalkvantiteten på ein slik måte at konsonantgrupper som lettast kan identifiserast med ekte konsonantsamband, vil generere høgare frekvens av lange vokalar enn konsonantgrupper med uklår konstituentstatus (jamm kompleksitet). Vi skal sjå om vi kan finne det same mønsteret også i andre morfologiske kategoriar, nemleg i nøytrumsformer av adjektiv.

10.3. Adjektivbøying

10.3.1. Oversyn

Ordformene som vert analyserte vidare i dette kapitlet, er nøytrumsformer av adjektiv. Dette er morfologisk komplekse ordformer som er skapte ved at eit nøytrumssuffiks, *t*, vert lagt til adjektivstammen (jf. s. 223f.). Gjennom samankjedinga av stamme og suffiks vert det skapt ei uekte konsonantgruppe ved at den stammefinale konsonanten og dentalsuffikset, [t], kjem i naboskap i overflata, som vist i analysen av ordforma 'likt' ADJ N i figur (207).

(207) *Realisasjonen av [l¹lɪkt] ADJ N 'likt'*

| | | | | | |
|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| O ₁ | N ₁ | O ₂ | N ₂ | O ₃ | N ₃ |
| | | | | | |
| [[x | x | x | x] | x | x] |
| | | | | | |
| l | ɪ | — | | ɹ | |
| | | | | | |
| | | ? | | ? | |
| | | | | | |
| | | h | | h | |
| | | | | | |
| | | H | | H | |

Materialet for analysen i dette kapitlet utgjer adjektiv som i utgangspunktet har ein lang vokal i stammen i den leksikalske representasjonen, og dei analyserte ordformene utgjer den morfologiske kategorien ADJ N. Eit oversyn over ordformene kjem fram i tabell (208).

(208)

| Leksikalsk form | | Bøyingsform | |
|-----------------|-----|-------------|-------|
| 'djup' | ADJ | 'djupt' | ADJ N |
| 'fin' | ADJ | 'fint' | ADJ N |
| 'glup' | ADJ | 'glupt' | ADJ N |
| 'grov' | ADJ | 'grovt' | ADJ N |
| 'grøn' | ADJ | 'gønt' | ADJ N |
| 'gul' | ADJ | 'gult' | ADJ N |
| 'høg' | ADJ | 'høgt' | ADJ N |
| 'lys' | ADJ | 'lyst' | ADJ N |
| 'kald' | ADJ | 'kaldt' | ADJ N |
| 'laus' | ADJ | 'laust' | ADJ N |
| 'lav' | ADJ | 'lapt' | ADJ N |
| 'låg' | ADJ | 'lågt' | ADJ N |
| 'rak' | ADJ | 'rakt' | ADJ N |
| 'rar' | ADJ | 'rart' | ADJ N |
| 'rik' | ADJ | 'rikt' | ADJ N |
| 'slik' | ADJ | 'slikt' | ADJ N |
| 'stor' | ADJ | 'stort' | ADJ N |
| 'svak' | ADJ | 'svakt' | ADJ N |
| 'veik' | ADJ | 'veikt' | ADJ N |
| 'ven' | ADJ | 'vent' | ADJ N |


Vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper som er skapte gjennom samankjedinga av eit nøytrumssuffiks, *t*, med ein adjektivstamme, kjem fram i tabell (209a) nedafor.

Vokalrepresentasjon fordelt etter det fonotaktiske mønsteret i det etterfølgjande konsonantsambandet er vist i tabell (209b).

(209) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. tabell 3.8)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Totalt |
|----------------|------------|------------|--------|
| Sonorant + /t/ | 65.7 | 34.2 | 327 |
| Plosiv + /t/ | 56.7 | 43.2 | 400 |
| Frikativ + /t/ | 50.0 | 50.0 | 174 |
| Totalt | 58.7 | 41.2 | 901 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Som tabellen syner, er den totale representasjonen av lange vokalar før konsonantgruppene 41,2 % for denne bøyingskategorien i vestnorsk. Det går vidare fram av tabellen at det er skilnad på frekvensen av lange vokalar før dei ulike konsonantgruppene. Høgast frekvens av lange vokalar

finn vi før frikativ + /t/-sambanda, med 50 % lange vokalar, medan det før sonorant + /t/-sambanda er 34,2 % lange vokalar. Innafor obstruentgruppa vil ein frikativ som stammevokal generere høgare frekvens av lange vokalar enn ein plosiv i tilsvarende posisjon, men skilnadene er små. Kor vidt fonotaksen har innverknad på realisasjonen av vokalkvantitet for denne bøyingskategorien, skal vi drøfte nærare nedafor. Først skal vi sjå nærare på den geografiske utbreiinga til dei ulike ordformene.


10.3.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper skapte gjennom adjektivbøying i sognemålet kjem fram i tabell (210). (Vi deler inn vokalrepresentasjonen etter den fonotaktiske strukturen i konsonantgruppa, dvs. ettersom den stammefinale konsonanten er ein plosiv, frikativ eller obstruent.)

(210) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 3.9)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t/ | 93.5 | 6.4 | 62 |
| Plosiv + /t/ | 87.0 | 12.9 | 77 |
| Frikativ + /t/ | 85.7 | 14.2 | 35 |
| Snitt | 89.0 | 10.9 | 174 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*




Som vi kan sjå av tabellen, har sognemålet eit nokså konsistent system med korte vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom ei samankjeding av eit bøyingsuffixs med ein adjektivstamme. Frekvensen av korte vokalar er heile 89,0 %. Som tabellen viser, er skilnadene mellom dei ulike stammekonsonantane små. Kort vokal dominerer før alle konsonantgruppene, og før sonorant-obstruentsambanda er frekvensen av korte vokalar heile 93,5 %. Når det gjeld obstruentane, er det heller ikkje tydelege skilnader om plosivar eller frikativar er stammekonsonantar. Begge kategoriane har lågare frekvens av korte vokalar enn sonorantane har.

I sunnfjordmålet er det også høg frekvens av korte vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom samankjeding av ei bøyingsform med dentalinitialt suffiks og ein adjektivstamme. Skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene kjem fram i tabell (211), der vokalrepresentasjonen er delt inn etter kvaliteten på den vokalnære konsonanten.

(211) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 3.10)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t/ | 93.6 | 6.3 | 63 |
| Plosiv + /t/ | 88.3 | 11.6 | 77 |
| Frikativ + /t/ | 89.6 | 10.3 | 29 |
| Totalt | 90.5 | 9.4 | 169 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*




Som tabell (211) viser, er representasjonen av kort vokal før desse konsonantgruppene på heile 90,5 % i dette området. Tabellen viser at kort vokal dominerer før alle dei aktuelle konsonantgruppene også i Sunnfjord. Det synest ikkje å vere avgjerande kva for konsonant som opptrer i stammen her når det gjeld frekvensen av korte vokalar.

I Nordfjord peikar vokalrepresentasjonen mot eit anna mønster enn det vi til no har sett i Sunnfjord og Sogn. Det er samtidig store skilnader mellom indre og ytre strok av Nordfjord når det gjeld vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper danna gjennom adjektivbøyinga. I ytre Nordfjord dominerer dei korte vokalane i denne posisjonen, slik det går fram av tabell (212).

(212) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 3.11)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Totalt |
|----------------|------------|------------|--------|
| Sonorant + /t/ | 82.1 | 17.8 | 28 |
| Frikativ + /t/ | 73.3 | 26.6 | 15 |
| Plosiv + /t/ | 62.8 | 37.1 | 35 |
| Snitt | 71.7 | 28.2 | 78 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord




I ytre Nordfjord vil 71,7 % av ordformene ha kort vokal før konsonantgruppene. Dette er noko lågare enn representasjonen i Sunnfjord (90,5 %) og Sogn (89,0 %), men også i ytre Nordfjord er tendensen klar: ei klar overvekt av korte vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom adjektivbøyinga. Representasjonen av korte vokalar er også her høgare når den stammefinale konsonanten er ein sonorant enn når det er ein obstruent i denne posisjonen.

I indre Nordfjord ser vi eit mønster som er heilt forskjellig frå det vi har observert i Sunnfjord, Sogn og ytre Nordfjord. Ei fordeling av vokalrepresentasjonen etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa i ytre Nordfjord er vist i tabell (213).

(213) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 3.12)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t/ | 22.4 | 77.5 | 49 |
| Frikativ + /t/ | 11.1 | 88.8 | 27 |
| Plosiv + /t/ | 11.4 | 88.5 | 61 |
| Snitt | 15.3 | 84.6 | 137 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord



Som tabellen viser, har heile 84,6 % av ordformene lange vokalar i indre Nordfjord. I dette området dominerer såleis representasjonen av lange vokalar før uekte konsonantgrupper som vert danna gjennom samankjeding av eit dentalsuffiks med ein adjektivstamme. Sjølv om representasjonen av lange vokalar er høgare i indre Nordfjord enn i Sunnfjord, Sogn og ytre Nordfjord, liknar fordelinga


av vokalkvantiteten det mønsteret vi observerte i dei to andre områda. Også her er frekvensen av korte vokalar høgare før sonorantar enn før obstruentar, og representasjonen av korte vokalar er høgare før dei plosive obstruentane enn før frikativane. Det er likvel etter måten små skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene også i dette området.

I sunnmørsmålet er frekvensen av lange vokalar før konsonantgrupper som vert danna gjennom samankjeding av eit dentalsuffiks med ein adjektivstamme høgare enn i Sogn og Sunnfjord, men lågare enn i Nordfjord. Det er samtidig store skilnader i vokalrepresentasjonen mellom indre og ytre strok her òg. På ytre Sunnmøre dominerer korte vokalar i denne posisjonen, slik det kjem fram i tabell (214).

(214) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 3.17)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t/ | 63.7 | 36.2 | 69 |
| Plosiv + /t/ | 64.6 | 35.3 | 82 |
| Frikativ + /t/ | 51.2 | 48.7 | 39 |
| Snitt | 61.5 | 38.4 | 190 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe*



Tabellen viser eit fleirtal av korte vokalar før konsonantgruppene på ytre Sunnmøre. (Frekvensen av korte vokalar er på 61,5 % her.) Det er heller liten skilnad mellom konsonantgruppene når det gjeld vokalrepresentasjonen i området. Lågaste frekvens av lange vokalar finn vi ved plosivsambanda (kt, pt). Her er frekvensen av korte vokalar 64,6 %. Men heller ikkje før frikativ- og sonorantsambanda (ft, st, nt, rt) er det nemneverdige skilnader (51,2 % korte vokalar før frikativsambanda og 63,7 % korte vokalar før sonorantsambanda.) Det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa ser dermed ikkje ut til å ha nokon innverknad på vokalrepresentasjonen her, slik det kjem fram i tabellen. Eit skilje innafør dette området er det verd å leggje merke til, då størstedelen av dei korte vokalane i desse ordformene er knytte til området sør på Sunnmøre (kommunane Vanylven, Herøy). Lengre nord vil frekvensen av lange vokalar vere større.


Målet på indre Sunnmøre har eit heilt anna mønster når det gjeld vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene skapte gjennom samankjedinga av bøyingsuffiks og adjektivstamme.

Vokalrepresentasjonen fordelt etter fonotaksen kjem fram i tabell (215).

(215) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 3.14)

| Konsonant | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + /t/ | 32.1 | 67.8 | 56 |
| Plosiv + /t/ | 15.2 | 84.7 | 72 |
| Frikativ + /t/ | 0.0 | 100.0 | 32 |
| Snitt | 19.1 | 81.8 | 160 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Som tabellen viser, er frekvensen av korte vokalar før konsonantgruppene berre 19,1 % på indre Sunnmøre. Som vi såg i Indre Nordfjord, er det på indre Sunnmøre ein majoritet av ordformer med lang vokal i denne kategorien. Også her dominerer såleis lange vokalar i denne bøyingskategorien. Tabellen viser at frekvensen av korte vokalar er noko høgare i ordformer der det opptre ein sonorant som stammefinal konsonant enn når det opptre ein obstruent, og frekvensen av korte vokalar er høgare når ein plosiv opptre i stammefinal posisjon enn når ein frikativ opptre i den same posisjonen. Skilnadene er likevel små, som i dei andre områda vi har sett på.

Som ei samanfating kan vi slå fast at det er tydelege skilnader mellom måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre på den eine sida og måla i Sogn, Sunnfjord, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre på den andre sida når det gjeld vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper skapte gjennom samankjeding av adjektivstammar med bøyingsuffiks. Korte vokalar dominerer i sognemålet, i sunnfjordmålet og i måla i ytre strok av Nordfjord og Sunnmøre. For måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre dominerer dei lange vokalane før desse konsonantgruppene. Når det gjeld innverknaden fonotaksen i konsonantgruppa har på vokalkvantiteten, synest det å vere små skilnader når sonorantar, plosivar eller frikativar opptre som stammekonsonantar. Frekvensen av korte vokalar er høgare når sonorantar opptre i stammefinal posisjon enn når plosivar og frikativar

opptrer i denne posisjonen. Skilnaden mellom dei ulike konsonantgruppene synest likevel ikkje å vere avgjerande for denne bøyingskategorien. Dette vert drøfta nærare nedafor.


10.3.3. Vokalkvantitet og kompleksitet

Analysen av vokalkvantiteten i ordformer med uekte konsonantgrupper skapte ved at eit bøyingsuffix med dentalinitial konsonant vert lagd til ein adjektivstamme, syner ein markert skilnad mellom dei ulike delane av målområdet når det gjeld vokalrepresentasjonen. Tabell (216) viser denne variasjonen mellom dei ulike områda.

(216) *Vokallengd før uekte konsonantgrupper skapte gjennom adjektivbøyning med t-suffixs etter geografisk område*

| Område | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Sogn | 89.0 | 10.9 | 174 |
| Sunnfjord | 90.5 | 9.4 | 169 |
| Ytre Nordfjord | 71.7 | 28.2 | 78 |
| Indre Nordfjord | 15.3 | 84.6 | 137 |
| Ytre Sunnmøre | 61.5 | 38,4 | 190 |
| Indre Sunnmøre | 19.1 | 81.8 | 160 |
| Snitt | 58.4 | 41.5 | 908 |

b. *Lange vokalar etter geografisk område*




Som tabellen viser, dominerer representasjonen av lange vokalar i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre. (Der er representasjonen av lange vokalar i desse derivasjonsformene høvesvis 84,6 % og 81,8 %.) I områda Sogn, Sunnfjord og ytre Nordfjord dominerer korte vokalar i desse ordformene. Også på ytre Sunnmøre er det fleirtal av korte vokalar.

Dersom det fonotaktiske mønsteret i den uekte konsonantgruppa skulle ha innverknad på vokalkvantiteten, vil det tilseie at det skulle vere tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene i denne bøyingskategorien. Tabell (217) syner fordelinga av korte og lange vokalar før ulike stammefinale konsonantar. (Tala i parentes syner tal på former.)

(217) a. *Lang vokal etter stammefinal konsonant og målområde*

| Stammefinal konsonant | Sogn | Sunnfjord | Nordfjord ytre | Nordfjord indre | Sunnmøre ytre | Sunnmøre indre |
|-----------------------|------------|-----------|----------------|-----------------|---------------|----------------|
| Plosiv | 12.9 (77) | 11.6 (77) | 37.1 (35) | 88.5 (61) | 35.3 (82) | 84.7 (72) |
| Frikativ | 14.2 (35) | 10.3 (29) | 26.6 (15) | 88.8 (27) | 48.7 (39) | 100.0 (32) |
| Sonorant | 6.4 (62) | 6.3 (63) | 17.8 (28) | 77.5 (49) | 36.2 (69) | 67.8 (56) |
| Snitt | 10.9 (174) | 9.4 (169) | 28.2 (78) | 84.6 (137) | 38.4 (190) | 81.8 (160) |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe og målområde*




Tabellen syner at det er ein viss korrelasjon mellom kompleksiteten til den stammefinale konsonanten og frekvensen av korte og lange vokalar i denne bøyingskategorien. I alle områda er det dei sonorante stammekonsonantane som genererer den høgaste frekvensen av lange vokalar, medan plosivar i tilsvarende posisjon genererer høgare frekvens av korte vokalar.

Dersom kompleksiteten verkeleg har noko å seie for realisasjonen av kort versus lang vokal før desse konsonantgruppene, skulle vi vente klare skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene. (Skilnaden i kompleksitet mellom konsonantane i konsonantgruppene kjem fram i tabell (52) s. 90 og tabell (54) s. 92.)

Tabell (218) viser korrelasjonen mellom vokalkvantiteten og kompleksiteten i dei etterfølgjande konsonantsambanda i dei områda med høgast frekvens av lange vokalar, nemleg i Indre Nordfjord og på Indre Sunnmøre

(218) *Lang vokal etter konsonantgrupper og målområde*



Som tabellen viser, er det ein tendens til at konsonantgrupper med klar konstituentidentitet, konsonantgrupper med kompleksitetsskilnader mellom segmenta (som *rt*, *lt* og *st*), genererer høgare frekvens av korte vokalar i desse områda enn konsonantgruppene med ein meir utydeleg konstituentidentitet, dvs. konsonantgrupper med ei jamn kompleksitetskurve (*ft*, *kt* og *pt*). Dette er eit anna resultat enn det vi fann for vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper skapte gjennom verbbygginga (jf. tabell 218). Men korrelasjonen mellom vokalkvantiteten og kompleksiteten i den etterfølgjande konsonantgruppa er ikkje så sterk for adjektivbyggingkategorien som den vi fann ved verbbyggingkategorien. Det kan dermed vere vanskeleg å danne seg eit klart bilete av realisasjonen av lange vokalar før konsonantgrupper skapte gjennom adjektivbygging ut frå dei strukturelle eigenskapane til segmenta. Dette kan tyde på at fonotaksen ikkje spelar noka avgjerande rolle for realisasjonen av lang versus kort vokal i desse ordformene.

10.3.4 Kvantitet og bruksfrekvens

Det kan sjå ut til at samanhengen mellom vokalkvantitet og den etterfølgjande konsonantgruppa er meir idiosynkratisk og rammar einskildord meir enn grupper av ord for adjektivs vedkomande. Tabellane over realisasjonane av dei ulike ordformene (vedlegg 3.8 til 3.14) syner at representasjonen av lange vokalar er høvesvis mindre for tradisjonelle og mykje brukte ordformer. Dei formene som klart syner den høgaste frekvensen av lange vokalar, er former som 'rakt' ADJ N, 'lavt' ADJ N, 'vent' ADJ N og 'glupt' ADJ N. Dette er ordformer som mange av informantane oppfatta som sjeldne i målområdet.

Dette kan peike i retning av at bruksfrekvensen til dei ulike ordformene kan spele ei rolle for realisasjonen av kort versus realisasjonen av lang vokal.⁴ Dersom vokalkvantitet korrelerer med bruksfrekvensen til eit ord, kan dette vere avgjerande for kor avhengig eit bøyings- eller avleiingssuffiks er av stammen, og dermed for skilnaden mellom syntetiske og analytiske strukturar. Bybee (1985: 118) hevar at "[i]n the case of morphologically complex words, [...] high-frequency words undergo less analysis, and are less dependent on their related base words than low-frequency words" (jf. også Haugen 1973: 502). Dette inneber at ord med høg bruksfrekvens vil ha mindre analytiske strukturar og stå nærare basen – eller leksikonet – enn mindre frekvente ordformer. Cruickshank meiner òg at høg bruksfrekvens verkar preserverande på gamle morfologiske former,

⁴ Cruickshank (2001: 72ff.) har gjort ein bruksfrekvensanalyse av adjektiv og verbformer i Harstad og Fauske.

og ho har vist at i dialekten i Fauske og Harstad vil dei høgfrekvente ordformene ta vare på ein syntetisk fonologi (Cruickshank 2000: 74).⁵

Dei fem mest frekvente ordformene i materialet mitt er (etter Vestbøstad 1989, bruksfrekvensen står i parentes): 'stort' ADJ (443), 'slikt' ADJ (410), 'høgt' ADJ (125), 'fint' ADJ (159) og 'rakt' ADJ (56). Tilsvarande er desse ordformene dei minst frekvente: 'glupt' ADJ (1), 'rakt' ADJ (2), 'vent' ADJ (2), 'lavt' ADJ (2) og 'veikt' ADJ (6). Tabell (219a) og tabell (219b) viser vokalrepresentasjonen i desse ordformene fordelt etter målområde. (Tal på belegg står i parentes.)

(219) a. *Vokallengd i dei mest frekvente ordformene fordelt etter bruksfrekvens og område*

| Ordform | Sogn | | Sunnfjord | | Ytre Nordfjord | | Indre Nordfjord | |
|---------|-----------|----------|-----------|----------|----------------|----------|-----------------|-----------|
| | Kort | Lang | Kort | Lang | Kort | Lang | Kort | Lang |
| <stort> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 14.2 (1) | 85.7 (6) |
| <slikt> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 88.8 (8) | 11.1 (1) | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 42.8 (3) | 57.1 (4) |
| <høgt> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 0.0 (0) | 100.0(6) |
| <fint> | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 100.0 (9) | 0.0 (0) | 50.0 (2) | 50.0 (2) | 14.2 (1) | 85.7 (6) |
| <rakt> | 77.7 (7) | 22.2 (2) | 77.7 (7) | 22.2 (2) | 100.0 (4) | 0.0 (0) | 14.2 (1) | 85.7 (6) |
| Snitt | 96.5 (43) | 4.4 (2) | 93.3 (42) | 6.6 (3) | 90.9 (20) | 9.0 (2) | 17.6 (6) | 82.3 (28) |

| Ordform | Ytre Sunnmøre | | Indre Sunnmøre | |
|---------|---------------|-----------|----------------|-----------|
| | Kort | Lang | Kort | Lang |
| <stort> | 50.0 (5) | 50.0 (5) | 0.0 (0) | 100.0 (8) |
| <slikt> | 100.0 (10) | 0.0 (0) | 100.0 (8) | 0.0 (0) |
| <høgt> | 70.0 (7) | 30.0 (3) | 12.5 (1) | 87.5 (7) |
| <fint> | 80.0 (8) | 20.0 (2) | 50.0 (4) | 50.0 (4) |
| <rakt> | 50.0 (5) | 50.0 (5) | 0.0 (0) | 100.0 (8) |
| Snitt | 70.0 (35) | 30.0 (15) | 30.7 (12) | 69.2 (27) |

b. *Vokallengd i dei fem minst frekvente ordformene fordelt etter bruksfrekvens og område*

| Ordform | Sogn | | Sunnfjord | | Ytre Nordfjord | | Indre Nordfjord | |
|---------|-----------|----------|-----------|-----------|----------------|----------|-----------------|-----------|
| | Kort | Lang | Kort | Lang | Kort | Lang | Kort | Lang |
| <glupt> | 88.8 (8) | 11.1 (1) | 77.7 (7) | 22.2 (2) | 50.0 (2) | 50.0 (2) | 14.2 (1) | 85.7 (6) |
| <rakt> | 55.5 (5) | 44.4 (4) | 57.1 (4) | 42.8 (3) | 50.0 (2) | 50.0 (2) | 0.0 (0) | 100.0 (6) |
| <vent> | 87.5 (7) | 12.5 (1) | 66.6 (6) | 33.3 (3) | 75.0 (3) | 25.0 (1) | 28.5 (2) | 71.4 (5) |
| <lavt> | 80.0 (4) | 20.0 (1) | 100.0 (2) | 0.0 (0) | 33.3 (2) | 66.6 (1) | 27.7 (0) | 72.2 (6) |
| <veikt> | 88.8 (8) | 11.1 (1) | 75.0 (6) | 25.0 (2) | 75.0 (3) | 25.0 (1) | 44.4 (1) | 55.5 (6) |
| Snitt | 80.0 (32) | 20.0 (8) | 71.4 (25) | 28.5 (10) | 63.1 (12) | 36.8 (7) | 14.2 (4) | 87.8 (29) |

⁵ Cruickshanks analyse er diakron, og ho dokumenterer der at i ein endringsprosess der to ulike fonologiske system konkurrerer, vil meir frekvente ordformer ta vare på eit eldre system, i dette tilfellet ein syntetisk morfologi. (Cruickshank 2000: 75)

| Ordform | Ytre Sunnmøre | | Indre Sunnmøre | |
|---------|---------------|-----------|----------------|-----------|
| | Kort | Lang | Kort | Lang |
| <glupt> | 50.0 (5) | 50.0 (5) | 0.0 (0) | 100.0 (8) |
| <rakt> | 50.0 (4) | 50.0 (4) | 0.0 (0) | 100.0 (8) |
| <vent> | 44.4 (4) | 55.5 (5) | 62.5 (5) | 37.5 (3) |
| <lavt> | 50.0 (5) | 50.0 (5) | 0.0 (0) | 100.0 (8) |
| <veikt> | 70.0 (7) | 30.0 (3) | 12.5 (1) | 87.5 (7) |
| Snitt | 53.1 (25) | 46.8 (22) | 15.0 (6) | 85.0 (34) |

Den same tendensen er klar for alle områda: Adjektiv med høg bruksfrekvens har høgare frekvens av korte vokalar (og dermed syntetisk struktur). Til dømes har ei form som 'slikt' ADJ N høg bruksfrekvens, og ho vert bøygd syntetisk i heile området. På motsett side har vi 'rakt' ADJ N, med låg bruksfrekvens og høg frekvens av analytisk struktur.

Vi ser dermed at for nøytrumsformene av adjektivet korrelerer vokalkvantiteten ikkje så klart med kompleksiteten i den etterfølgjande konsonantgruppa som ved verbbøyingskategoriane. Det ser derimot ut til at bruksfrekvensen til orda spelar ei rolle for vokalrepresentasjonen og dermed for om ei morfologisk kompleks adjektivform får analytisk eller syntetisk struktur i bøyingsforma.


10.4. Bøyingsuffix og morfologiske mønster

Analysane av morfologisk komplekse verb- og adjektivformer har i dette kapitlet vore konsentrert om bøyingsformer med dentalinitiale bøyingsuffixs. Gjennom samankjedinga av bøyingsuffixs og ordstamme vert det då danna ei uekte konsonantgruppe over ei morfemgrense. Analysane her har synt ein tydeleg skilnad mellom desse to morfologiske gruppene når det gjeld vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene, og dermed realisasjonen av ein ikkjeanalytisk versus ein analytisk struktur i dei deriverte ordformene. Desse skilnadene kjem fram i tabell (220). (Tal på belegg står i parentes.)

(220) a. *Geografisk utbreiing av syntetiske og analytiske strukturar i verb og adjektiv*

| Område | Verb | | Adjektiv | |
|-----------------|--------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| | Syntetisk | Analytisk | Syntetisk | Analytisk |
| Ytre Sunnmøre | 74.4 (519) | 25.5 (178) | 61.5 (117) | 38.4 (73) |
| Sunnfjord | 89.8 (595) | 10.1 (67) | 90.5 (153) | 9.4 (16) |
| Sogn | 83.3 (564) | 16.6 (113) | 89.0 (155) | 10.9 (19) |
| Ytre Nordfjord | 86.9 (279) | 13.0 (42) | 71.7 (56) | 28.2 (22) |
| Indre Sunnmøre | 37.4 (216) | 62.5 (361) | 18.1 (29) | 81.8 (131) |
| Indre Nordfjord | 16.7 (103) | 83.2 (512) | 15.3 (21) | 84.6 (116) |
| Snitt | 64.2 (2288) | 35.7 (1271) | 58.4 (531) | 41.5 (377) |

b. *Analytisk struktur etter målområde*



Tabellen viser at i verbbøyingsgruppa er det 35,7 % av ordformene som har lang vokal før konsonantgruppene og dermed ein analytisk struktur. I adjektivbøyingsgruppa er frekvensen av lange vokalar 41,5 %. For begge kategoriane er det såleis ei overvekt av syntetiske former i målområdet sett under eitt.

Tabell (220) viser også at det er skilnader mellom dei ulike delane av målområdet når det gjeld utbreiinga til dei analytiske strukturane. I Sogn, Sunnfjord og i ytre delar av Nordfjord og på ytre Sunnmøre dominerer korte vokalar og dermed ein syntetisk struktur i desse ordformene i både verb- og adjektivbøyingsgruppene. På indre Sunnmøre og særleg i indre Nordfjord dominerer lange vokalar og ein analytisk struktur i desse ordformene.

Denne fordelinga peikar i retning av to ulike mønster når det gjeld handsaminga av morfologien for desse bøyingskategoriane. Ein analytisk morfologi har slått gjennom i indre strok av Nordfjord og på indre Sunnmøre. Sognemålet, Sunnfjordmålet og måla i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre held derimot fast på syntetiske strukturar.

Ein nærare analyse av ordformene synleggjer ein vesentleg skilnad mellom verbbøyingskategorien og adjektivbøyingskategorien. For verbgruppene er den fonotaktiske strukturen i den etterfølgjande konsonantgruppa avgjerande for realisasjonen av lang versus kort vokal. Det er tydelege skilnader i vokalkvantiteten som korrelerer med kompleksiteten til den etterfølgjande konsonantismen. Konsonantsamband med jamn kompleksitet eller tilnærma jamn kompleksitet genererer ein høgare frekvens av korte vokalar og dermed ikkjeanalytiske strukturar i ordformene enn det konsonantsamband med større kompleksitetsskilnader gjer. Når konsonantgrupper med kompleksitetsskilnader mellom segmenta opptre etter vokalen, er frekvensen av lange vokalar – og dermed analytiske strukturar – langt høgare. Dette har vi tolka i ei retning som tilseier at der ein identifikasjon med ei ekte konsonantgruppe er nærliggjande, vil frekvensen av lange vokalar vere høgare enn der slik identifikasjon er fjernare. Konsonantgrupper med kompleksitetsskilnader mellom konsonantane, anten stigande eller fallande, er lettare å identifisere med ekte konstituentar. Dermed krev desse sambanda realiseringa av analytiske

strukturar nettopp for å synleggjere den morfologiske kompleksiteten. Dersom det altså er realisert ei konsonantgruppe som kan oppfattast som uvanleg, dvs. ei konsonantgruppe som har ei jamn kompleksitetskurve, vil denne i seg sjølv bere med seg eit signal om ei realisert intern morfemgrense. Dersom morfemgrensa er skjult gjennom ei meir transparent konsonantgruppe, naudsynleggjer dette realisasjonen av ein lang vokal i stammen for å synleggjere den morfologiske kompleksiteten.

For adjektivgruppa var det mindre korrelasjon mellom vokalkvantiteten og det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa. Dette gav signal om ein meir idiosynkratisk skilnad mellom syntetisk og analytiske struktur, dvs. at desse strukturane er meir knytte til einskildformer enn til ordgrupper. I denne samanhengen var det interessant å sjå at bruksfrekvensen spelar inn når det gjeld vokalkvantiteten. Høg bruksfrekvens gjev tendens til kort vokal – og dermed syntetisk struktur – i ordforma, medan tendensen til lange vokalar og dermed analytiske strukturar er sterkare i ordformer med lågare bruksfrekvens.

Kapittel 11

Kvantiteten i adjektiv og substantiv med synkopert vokal i fleirtal

11.1. Innleiing

I dette kapittelet handsamar vi morfologisk komplekse ordformer som er danna gjennom samankjeding av eit bøyingsuffixs med ei grunnform med ein realisert kjerne mellom to opptakter. Vi skal her sjå på vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper som er danna gjennom synkopering av vokalen. Når ei fleirtalsending, eit *e*-suffixs eller eit *a*-suffixs, vert lagt til grunnforma av eit adjektiv eller eit substantiv, vert kjernevokalen synkopert. Gjennom samankjedinga av bøyingsuffixset, *e* eller *a*, med ordstammen blir det dermed skapt ei uekte konsonantgruppe som eit resultat av at den konsonantinterne (tome) kjernen fell bort. Bøyingskategoriane det gjeld, er fleirtalsformer av substantiv, adjektiv og partisipp. Samankjedinga av stammene 'mager' ADJ med *e*-suffixs og 'åker' M med *a*-suffixs kan framstillast som (221) nedafor. Derivasjonen representerer ei samankjeding av to morfologiske domene, [A] og [B], til eit nytt domene, anten som [[A]B] i ein analytisk struktur, slik det går fram av analysen av [¹ma:ger] ADJ 'mager' og [²ma:grε] ADJ FLT 'magre' (221a), eller som [AB] i ein syntetisk struktur (221b).

(221) a. *Samankjeding av stamme og bøyingsuffixs i ein analytisk struktur*

$$\begin{aligned} [{}^1\text{ma:ger}\emptyset]_{\text{STAM}+\text{E}_{\text{SUF}}} &\Rightarrow [{}^2\text{ma:gr}\epsilon]_{\text{STAM}} \\ [{}^1\text{ɔ:k}\epsilon\text{r}\emptyset]_{\text{STAM}+\text{a}_{\text{SUF}}} &\Rightarrow [{}^2\text{ɔ:kra}]_{\text{STAM}} \end{aligned}$$

b. *Samankjeding av stamme og bøyingsuffixs i ein syntetisk struktur*

$$\begin{aligned} [{}^1\text{ma:ger}\emptyset]_{\text{STAM}+\text{E}_{\text{SUF}}} &\Rightarrow [{}^2\text{magr}\epsilon]_{\text{STAM}} \\ [{}^1\text{ɔ:k}\epsilon\text{r}\emptyset]_{\text{STAM}+\text{a}_{\text{SUF}}} &\Rightarrow [{}^2\text{ɔkra}]_{\text{STAM}} \end{aligned}$$

Materialet som skal analyserast, utgjer adjektiv og substantiv som i utgangspunktet har ein lang vokal i stammen i den leksikalske representasjonen, og dei analyserte formene utgjer dei morfologiske kategoriane ADJ FLT og SUB FLT. Vi deler dei inn etter materialet i den stammefinale konsonantane, som nasal, lateral eller vibrant. Tabell (222) viser eit oversyn over dei aktuelle ordformene.

| (222) | Leksikalsk form | Bøyingsform |
|-------------|-----------------|------------------|
| a. | 'brotne' ADJ | 'brotne' ADJ FLT |
| | 'dovne' ADJ | 'dovne' ADJ FLT |
| | 'drivne' ADJ | 'drivne' ADJ FLT |
| | 'eigne' ADJ | 'eigne' ADJ FLT |
| | 'farne' ADJ | 'farne' ADJ FLT |
| | 'frosne' ADJ | 'frosne' ADJ FLT |
| | 'galne' ADJ | 'galne' ADJ FLT |
| | 'gapne' ADJ | 'gapne' ADJ FLT |
| | 'løgne' ADJ | 'løgne' ADJ FLT |
| | 'magre' ADJ | 'magre' ADJ FLT |
| | 'mogne' ADJ | 'mogne' ADJ FLT |
| | 'opne' ADJ | 'opne' ADJ FLT |
| | 'rotne' ADJ | 'rotne' ADJ FLT |
| | 'slitne' ADJ | 'slitne' ADJ FLT |
| | 'stolne' ADJ | 'stolne' ADJ FLT |
| | 'supre' ADJ | 'supre' ADJ FLT |
| | 'vakne' ADJ | 'vakne' ADJ FLT |
| 'visne' ADJ | 'visne' ADJ FLT | |
| 'øsne' ADJ | 'øsne' ADJ FLT | |
| b. | 'adlar' M | 'adlar' M FLT |
| | 'aplar' M | 'aplar' M FLT |
| | 'biblar' M | 'biblar' M FLT |
| | 'jevlar' M | 'jevlar' M FLT |
| | 'eitlar' M | 'eitlar' M FLT |
| | 'fablar' M | 'fablar' M FLT |
| | 'høvlar' M | 'høvlar' M FLT |
| | 'jøklar' M | 'jøklar' M FLT |
| | 'kvitlar' M | 'kvitlar' M FLT |
| | 'sjofle' ADJ | 'sjofle' ADJ FLT |
| | 'odlar' M | 'odlar' M FLT |
| | 'oplar' M | 'oplar' M FLT |
| | 'pøblar' M | 'pøblar' M FLT |
| | 'reklar' M | 'reklar' M FLT |
| | 'seidlar' M | 'seidlar' M FLT |
| 'speglar' M | 'speglar' M FLT | |
| 'sniglar' M | 'sniglar' M FLT | |
| 'støvlar' M | 'støvlar' M FLT | |
| c. | 'beger' N | 'beger' N FLT |
| | 'fager' ADJ | 'fager' ADJ FLT |
| | 'far' M | 'far' M FLT |
| | 'hyper' ADJ | 'hyper' ADJ FLT |
| | 'læger' N | 'læger' N FLT |
| | 'mager' ADJ | 'mager' ADJ FLT |
| | 'neger' M | 'neger' M FLT |
| | 'oter' M | 'oter' M FLT |
| | 'seter' F | 'seter' F FLT |
| | 'sider' M | 'sider' M FLT |
| | 'skifer' M | 'skifer' M FLT |
| 'skuter' M | 'skuter' M FLT | |
| 'åker' M | 'åker' M FLT | |

I tabellen representerer ordformene under (222a) former med ein obstruent og sonoranten /n/, ordformene i (222b) former med ein obstruent og sonoranten /l/ og ordformene i (222c) former med ein obstruent og sonoranten /r/ som konsonantgruppe.

Vi skal vidare i dette kapitlet sjå nærare på vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene i både fleirtalsbøyge adjektivformer og fleirtalsbøyge substantivformer. Først ser vi nærare på fleirtalsbøyge adjektivformer.

11.2. Adjektivbøying

11.2.1. Oversyn

Dei første ordformene vi testar, er fleirtalsformer av adjektiv (og fleirtalsformer av perfektum partisipp, som her vert rekna som adjektivbøying). Dette er morfologisk komplekse ordformer med ein sonorant som stammefinal konsonant. Grunnformene endar på *-en*, *-el* eller *-er*.


Materialet for analysen her utgjer adjektiv som har ein lang vokal i stammen i den leksikalske representasjonen, og dei analyserte formene utgjer den morfologiske kategorien ADJ FLT. Eit oversyn over ordformene er gitt i tabell (223).

| (223) | Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform |
|-------|----------------------------|-------------------------|--|--------------|
| | [² bro:ten][ε] | [² bro:tne] | [² brotne] | 'broten' ADJ |
| | [² do:ven][ε] | [² do:vne] | [² dovne] | 'doven' ADJ |
| | [² dre:ven][ε] | [² dre:vne] | [² drevne] | 'driven' ADJ |
| | [² eigen][ε] | [² eigne] | [² igne] el. [² egne] ¹ | 'eigen' ADJ |
| | [¹ fa:ger][ε] | [² fa:gre] | [² fagre] | 'fager' ADJ |
| | [² fa:ren][ε] | [² fa:rne] | [² farne] | 'fager' ADJ |
| | [² fro:sen][ε] | [² fro:sne] | [² frosne] | 'frosen' ADJ |
| | [² ga:len][ε] | [² ga:lne] | [² galne] | 'galen' ADJ |
| | [² ga:pen][ε] | [² ga:pne] | [² gapne] | 'gapan' ADJ |
| | [¹ hy:per][ε] | [² hy:pre] | [² hypre] | 'hyper' ADJ |
| | [² lø:ven][ε] | [² lø:gne] | [² lægne] | 'løyen' ADJ |
| | [¹ ma:ger][ε] | [² ma:gre] | [² magre] | 'mager' ADJ |
| | [² mu:gøn][ε] | [² mu:gne] | [² mugne] | 'mogen' ADJ |
| | [² o:pen][ε] | [² o:pne] | [² opne] | 'open' ADJ |
| | [² ro:ten][ε] | [² ro:tne] | [² rotne] | 'roten' ADJ |
| | [¹ sju:fel][ε] | [² sju:fle] | [² sjufle] | 'sjoffe' ADJ |
| | [² sli:ten][ε] | [² sli:tne] | [² slitne] | 'sliten' ADJ |
| | [² sto:len][ε] | [² sto:lne] | [² stolne] | 'stolen' ADJ |
| | [¹ su:per][ε] | [² su:pre] | [² supre] | 'super' ADJ |
| | [² va:ken][ε] | [² va:kne] | [² vakne] | 'vaken' ADJ |
| | [² ve:sen][ε] | [² ve:sne] | [² vesne] | 'visen' ADJ |
| | [² ø:sen][ε] | [² ø:sne] | [² øsnē] | 'øsen' ADJ |


¹ Skilnaden i uttale er knytt til om dialekten tolererer kortdiftong eller ikkje.

Vokalrepresentasjonen før konsonantgrupper skapte gjennom synkopering av ein stammevokal ved samankjeding av ein adjektivstamme med eit fleirtalssuffiks går fram av tabell (223). Derivasjonen representerer ei samankjeding av to morfologiske domene, [A] og [B], til eit nytt domene, [[A]B], slik det går fram av analysen av [¹ma:ger] ADJ 'mager' (figur 224a) og [²ma:gre] ADJ FLT 'magre' (figur 224b) nedafor (jf. også figur (29) s. 55, figur (30) s. 56 og figur (143) s. 191).

(224) a. Realisasjonen av [²ma:ger] ADJ 'mager'




b. Realisasjonen av [²ma:gre] ADJ FLT



I forma [¹ma:ger] ADJ 'mager' (figur 224a) er to tome kjernar realiserte innafor det same fonologiske domenet, noko som er ein førsetnad om dei skal kunne påverke kvarandre gjennom heimling. Når suffikset vert lagt til stammen (figur 224b), vil den domenefinale tome kjernen, N₃, støyte saman med den tome posisjonen i opptakta, O₄. Her vil eit prinsipp om nabokjerner gjere seg

gjeldande, dvs. ein tom kjerne kan ikkje følgjast av ein ny kjerne, tom eller fylt. To tome posisjonar kan ikkje opptre ved sidan av kvarandre på skjelettstrengen. Dersom det skjer, vil begge bli fjerna frå strukturen, slik det går fram av figur (225) nedafor.²

(225) Realisasjonen av [²ma:grɛ] ADJ FLT 'magre'




Med N₃ og O₄ borte frå strukturen kjem N₂ innafør styringsområdet til suffiksvokalen, N₄. N₄ er fylt av eit segment, ein kjerne, som kan styre N₃, som derfor vert usynleg i overflata. Den ordinterne (tome) kjernen, N₂, vert undertrykt i overflata, i tråd med prinsippet om tome kjernar og prinsippet om fonologisk styring (jf. s. 48). Slik vert kjernekonstituenten realisert før ei uekte konsonantgruppe.

Tilsvarande vil ein syntetisk struktur vist i (226), representere ei samankjeding av to morfologiske domene, [A] og [B], til eit nytt domene, [AB], slik det går fram av analysen av [²magrɛ] ADJ FLT 'magre' (figur 226).

² Dette ser ut til å vere ein universell restriksjon, som er den einaste måten den fonologiske strukturen kan endrast på som styringsfonologien godkjenner. Prinsippet går under namnet "reduction" i Gussmann and Kaye (1993).

(226) Realisasjonen av [²magre] ADJ FLT 'magre'




Også her vert kjernekonstituenten realisert før ei uekte konsonantgruppe (på same måten som er beskrive ovafor).

Vokalrepresentasjonen fordelt etter den fonotaktiske strukturen i konsonantgruppa kjem fram i tabell (227).

(227) a. *Vokallengde etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 4.1)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 76.5 | 23.4 | 141 |
| Frikativ + sonorant | 70.0 | 30.0 | 240 |
| Plosiv + sonorant | 57.6 | 42.7 | 574 |
| Snitt | 63.5 | 36.4 | 955 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Frekvensen av lange stammevokalar før desse konsonantgruppene i fleirtalsformene av adjektiva er totalt 36,4 % i heile målområdet. Tabellen viser at det er signifikante skilnader i frekvensen av lange vokalar ettersom stammevokalen varierer mellom sonorant, frikativ eller plosiv.

Frekvensen av korte vokalar er høgare før konsonantsamband som utgjer to sonorantar, enn for konsonantgrupper som utgjer obstruentar og sonorantar. Dei konsonantgruppene som først og

fremst skil seg ut med høgt tal på lange vokalar, er konsonantgrupper som utgjer plosiv + sonorant-samband (som *pr* og *gr* osb). Men også før frikativ + sonorant-samband (som *ʃl*) er det høg frekvens av lange vokalar. Dette er konsonantgrupper som med opptaktsidentitet, dvs. konsonantsamband som dannar opptaktskonstituentar i norsk. Også dei andre konsonantgruppene som utgjer plosiv + sonorant-samband, *pn*, *kn*, *gn* og *sn*, er konsonantgrupper som opptreer som opptakter i norsk. (Unntaket er *pn*, som faktisk ikkje dannar opptakter i vestnorsk, men dette må sjåast på som eit tilfeldig hol i representasjonen, jf. Vogt 1942).

Det er to konsonantgrupper som har ein høg frekvens av korte vokalar før seg, og det er *ln*- og *tn*-gruppene. Dette er umoglege opptakter i vestnorsk, både pga. jamn kompleksitet mellom konsonantane i domenet og koronal homorganitet mellom segmenta. Dei manglar dermed opptaktsidentitet i norsk. Vi ser dermed at det er ein høgare frekvens av lange vokalar før konsonantsamband som lett kan identifiserast med opptakter enn før dei konsonantgruppene som manglar denne identiteten. Dette svarar godt til den tendensen vi til no har påvist for dei andre morfologiske kategoriane. Før vi drøftar dette nærare, skal vi sjå nærare på den geografiske utbreiinga til desse ordformene.


11.2.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper som er skapte gjennom synkope når eit bøyingssuffiks vert lagd til ein adjektivstamme, kjem fram i tabellen nedafor.

(228) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. tabell 4.2)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + sonorant | 86.6 | 13.3 | 45 |
| Sonorant + sonorant | 74.0 | 25.9 | 27 |
| Plosiv + sonorant | 73.6 | 26.3 | 114 |
| Snitt | 76.8 | 23.1 | 186 |

b. Lange vokalar ved *flt.-suff.* etter konsonantgruppe i Sogn




Som tabellen viser, er frekvensen av lange vokalar 23,1 % i denne bøyingskategorien i Sogn. Kort vokal ser ut til å dominere før disse konsonantgruppene i området. Det er små skilnader i vokallengda før dei ulike konsonantsambanda her. Høgaste frekvens av korte vokalar finn vi før konsonantgruppene *kn*, *gn*, *pn* og *sn*, som alle er moglege opptakter i vestnorsk. Men også før *dn*-, *tn*- og *vn*-gruppene, som ikkje har opptaktsstatus i målområdet, er det høg frekvens av korte vokalar. Lange vokalar finn vi før plosiv + sonorant-sambanda, først og fremst før konsonantgruppene *pr*, *gr* og *fl*, som også er moglege opptakter i vestnorsk.

I sunnfjordmålet er frekvensen av korte vokalar framfor konsonantgruppene samla sett høgare enn i sognemålet for denne kategorien. Tabell (229) syner vokalrepresentasjonen i sunnfjordmålet fordelt etter konsonantgruppe.

(229) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. tabell 4.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 85.1 | 14.8 | 27 |
| Frikativ + sonorant | 84.0 | 16.0 | 50 |
| Plosiv + sonorant | 81.1 | 18.8 | 106 |
| Snitt | 83.9 | 19.1 | 183 |

b. Lange vokalar ved *flt.-suff.* etter konsonantgruppe i Sunnfjord



Tabellen syner at det er relativt små skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene her òg. Det er dei korte vokalane som dominerer i dette området. Unntaka er først og fremst konsonantgruppene


med tydeleg opptaktsidentitet, dvs. *gr-*, *fl-* og *pr-*gruppene. Før desse sambanda er frekvensen av lange vokalar høgare enn før konsonantgrupper som manglar denne identiteten. Heller ikkje før sonorantsamband (*rn-*gruppa) er det nokon skilnad her. Denne sonorantgruppa har status som rimkomplement + opptaktssamband i norsk. Dei konsonantgruppene som har høg frekvensen av korte vokalar, er gruppene som manglar opptaktsstatus i området: *ln*, *dn* og *tn*.

I nordfjordmålet er frekvensen av lange vokalar før uekte konsonantgrupper i denne bøyingskategorien høgare enn i dei to områda vi no har sett på. Også for desse formene er det skilnad mellom ytre og indre delar av Nordfjord, på den måten at lange vokalar før konsonantgruppene opptrer i hovudsak i dei indre delane av området (indre Nordfjord). Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene i ytre Nordfjord kjem fram i tabell (230).

(230) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord (jf. tabell 4.4)*

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 91.6 | 8.3 | 12 |
| Frikativ + sonorant | 77.2 | 22.7 | 22 |
| Plosiv + sonorant | 69.2 | 30.7 | 52 |
| Snitt | 74.4 | 25.5 | 86 |

b. *Lange vokalar ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Som tabellen viser, har 22,5 % av ordformene lange vokalar før konsonantgruppene her, noko som om lag svarar til den frekvensen vi fann i Sunnfjord og i Sogn. Samtidig er det tydelegare skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene her. Kort vokal dominerer før dei fleste konsonantgruppene, bortsett frå før *pn-*, *dn-*, *pr-* og *gr-*gruppene, der om lag halvparten av vokalane er lange. Før *fl-*gruppa dominerer dei lange vokalane, men her har eg berre registrert to ordformer, så materialet er avgrensa. Det går fram av tabellen at det først og fremst er før plosiv + sonorant-samband at vokalane er lange i dette området. Her er frekvensen av lange vokalar 30,7 %. Dette er konsonantgrupper med dei tydelegaste skilnadene i kompleksitet mellom konsonantsegmenta, og dermed konsonantgrupper med den tydelegaste konstituentidentiteten.

Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene i indre Nordfjord kjem fram i tabell (231).

(231) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.5)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 57.1 | 42.8 | 21 |
| Frikativ + sonorant | 37.2 | 62.8 | 35 |
| Plosiv + sonorant | 23.2 | 77.7 | 90 |
| Snitt | 30.8 | 69.1 | 146 |

b. *Lange vokalar ved flt.-suff. etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*




Det går fram av tabellen at frekvensen av lange vokalar før desse konsonantgruppene er høgare her enn i ytre Nordfjord. I indre Nordfjord har over halvparten av ordformene i denne gruppa lange vokalar (69,1 %). Vokalkvantiteten viser såleis eit noko anna mønster her enn i dei andre områda vi til no har sett på. Det er også tydelege skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene her. Høgaste frekvens av lange vokalar finn vi før obstruent + sonorant-samband, særleg før samband av plosivar og sonorantar. Lang vokal dominerer når vibrantar og lateralar inngår i konsonantgruppa, dvs. før *gr-*, *fl-* og *pr-*sambanda. Slike konsonantsamband danner typiske opptaktskonstituentar i vestnorsk. Før samband med to sonorantar er det høgare frekvens av korte vokalar enn før samband av plosivar og sonorantar. Før konsonantgrupper med *n* som stammefinal konsonant varierer frekvensen av lange vokalar mykje (frå 35,7 % for *ln-*sambandet til 85,7 % for *pn-*sambandet, jf. tabell 4,6). Det går også fram av tabellen at dei lange vokalane dominerer før *kn-*, *pn-*, *gr-* *dn-* og *pr-*gruppene, dvs. konsonantgrupper som utgjer plosivar og sonorantar.

Sunnmørsmålet vil også ha ein høg frekvens av lange vokalar før konsonantgruppene i denne bøyingskategorien. Skilnaden i vokalrepresentasjonen er også tydeleg mellom ytre og indre Sunnmøre. Vokalrepresentasjonen på ytre Sunnmøre kjem fram i tabell (232).

(232) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. tabell 4.8)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 76,6 | 23,3 | 30 |
| Frikativ + sonorant | 69,3 | 30,6 | 49 |
| Plosiv + sonorant | 63,4 | 36,5 | 123 |
| Snitt | 67,8 | 33,1 | 202 |

b. Lange vokalar ved *flt.-suff.* etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre




Tabellen viser at 67.8 % av ordformene har kort vokal før konsonantgruppene her. Det går fram av tabellen at det er små skilnader i frekvensen av lange vokalar før dei ulike konsonantsambanda, der sonorantsambanda har lågaste frekvens av lange vokalar (23,3 %) og plosiv + sonorant-sambanda har høgast frekvens av lange vokalar (36,5 %). Før konsonantgrupper med vibrant som stammefinale konsonantar (*gr-* og *pr-*gruppene) er frekvensen av lange vokalar høgast (66,6 % før *gr-*gruppa og heile 81,2 % før *pr-*gruppa).

Det er først og fremst på indre Sunnmøre vi finn lange vokalar før dei uekte konsonantgruppene i denne bøyingskategorien. Vokalrepresentasjonen på indre Sunnmøre er som vist i tabell (233).

(233) a. *Vokallengd ved flt.-suff. etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre* (jf. tabell 4.9)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 54.1 | 45.8 | 24 |
| Frikativ + sonorant | 61.5 | 38.4 | 39 |
| Plosiv + sonorant | 38.0 | 62.0 | 100 |
| Snitt | 46.0 | 53.9 | 163 |

b. *Lange vokalar ved flt.-suff. etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre*



Tabellen viser at berre 46,0 % av ordformene har kort vokal før konsonantgruppene. Dette er noko høgare enn for indre Nordfjord, men lågare enn i dei andre områda vi har sett på. Som i indre Nordfjord er det klare skilnader når det gjeld vokalrepresentasjonen. Før sonorantsambanda er det

ein høg frekvens av korte vokalar (54,1 %), medan over halvparten av vokalane er lange før plosiv + sonorant-sambanda (61,5 %). Dei lange vokalane dominerer også her før konsonantgrupper med vibrant som stammefinale konsonantar: *gr-* og *pr-*gruppene (100% før både *gr-* og *pr-*gruppene). Før konsonantgrupper med *n* som stammefinal konsonant varierer frekvensen av lange vokalar mykje også her, frå 12,5 % før *tn-*gruppa til 81,2 % før *pn-*gruppa.

Som ei samanfatning kan vi seie at analysen av ordformene med uekte konsonantgrupper skapte gjennom samankjedinga av eit fleirtalssuffiks og ein adjektivstamme, har vist at korte vokalar dominerer i det meste av det vestnorske området. Korte vokalar dominerer før konsonantgruppene i områda Sunnfjord, Sogn og i dei ytre delane av Nordfjord og Sunnmøre. Det er først og fremst i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre at lange vokalar er representerte før desse konsonantgruppene, her er det ein høgare frekvens av lange vokalar enn i dei andre områda (jf. kart 9 s. 353). Analysen av ordformene har også vist at det er høgare frekvens av lange vokalar før konsonantgrupper med tydeleg konstituentidentitet (som *gr-* og *pr-*gruppene). Dette skal vi drøfte nærare nedafør.

11.2.3. Kvantiteten i fleirtalsformer av adjektiv


Analysen av vokalkvantiteten i fleirtalsformer av adjektiva syner store variasjonar når det gjeld vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene i denne kategorien. Desse konsonantgruppene, som her vert skapte gjennom derivaasjonen ved at ein vokal som i stammen opptrer mellom to konsonantar, vert synkopert når suffikset vert lagt til stammen. Vi har sett at det er klare skilnader i vokallengd mellom dei ulike områda innafør målområdet.

Vokalrepresentasjonen er samtidig til ein viss grad knytt til det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa. Tabell (234) viser denne variasjonen i vokalrepresentasjonen fordelt etter geografisk område og fonotaksen i konsonantgruppa.

(234) a. *Vokallengd før konsonantsamband fordelt etter fonotaks og geografisk område i vestnorsk (talet på belegg står i parentes)*


| Konsonant-gruppe | Sogn | Sunnfjord | Ytre Nordfjord | Indre Nordfjord | Ytre Sunnmøre | Indre Sunnmøre |
|-------------------|------------|------------|----------------|-----------------|---------------|----------------|
| | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal |
| Sonorant+sonorant | 25.9 (27) | 14.8 (27) | 8.3 (12) | 42.8 (21) | 23.3 (30) | 45.8 (24) |
| Frikativ+sonorant | 13.3 (45) | 16.0 (50) | 22.7 (22) | 62.8 (35) | 30.6 (49) | 38.4 (39) |
| Plosiv+sonorant | 26.3 (114) | 18.8 (106) | 30.7 (52) | 77.7 (90) | 36.5 (123) | 62.0 (100) |
| Snitt | 23.1 (186) | 19.1 (184) | 25.5 (86) | 69.1 (146) | 33.1 (202) | 43.9 (163) |

b. Lang vokal etter konsonantgruppe og målområde



Som tabellen viser, dominerer korte vokalar før konsonantgruppene i Sogn og Sunnfjord og i dei ytre stroka av Nordfjord og på ytre Sunnmøre. I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre er frekvensen av lange vokalar høgare (jf. kart 9 s. 353). Men det er også skilnader mellom konsonantgruppene. Før samband av sonorantar er det høgare frekvens av korte vokalar enn før samband av obstruentar og sonorantar. Obstruent + sonorant-samband framstår som konsonantgrupper med større kompleksitetsskilnader mellom segmenta som inngår i sekvensen enn til dømes sonorantsamband. Samtidig vil kompleksitetsskilnadene vere avhengig av kompleksiteten til den stammeutlydande konsonanten, om han er ein nasal, lateral eller vibrant. Figur (235) viser kompleksiteten i konsonantgruppa *tn* i ordforma [ʰrotne] ADJ FLT 'rotne', og figur (236) viser tilsvarende kompleksitetsmønster i konsonantgruppa *gr* i ordforma [ʰfa:gre] 'fagre'.


(235) Representasjonen av [ʰrotne]ADJ FLT 'rotne'



Som figuren viser, vil kompleksitetsskilnaden mellom konsonantane *t* og *n* vere tydeleg. (*T* har fire element i strukturen, *n* har to element.) Forma 'rotne' V har høg frekvens av korte vokalar i alle områda.

Lange stammevokalar opptrer meir frekvent i ordformer som 'fagre' ADJ FLT.

(236) *Realisasjonen av [ʰfa:grɛ] ADJ FLT*



Det er ein sterkt fallande kompleksitet mellom segmenta i konsonantsambandet som utgjer opptaktene O₂ og O₃, ein velar obstruent og ein vibrant, i denne ordforma.

Dersom den fonotaktiske strukturen til konsonantsambandet skulle ha noko å seie for vokalrepresentasjonen, skulle vi vente ein korrelasjon mellom kompleksitetskurva mellom dei to involverte konsonantane og kvantiteten til stammevokalen. (For kompleksitetsstrukturen til dei ulike konsonantsambanda viser eg til fig. 52 s. 90.) Vi kan då sjå vokalrepresentasjonen i relasjon til fonotaksen i den etterfølgjande konsonantgruppa (framstilt gjennom kompleksitetsskilnaden mellom dei to segmenta) og dei geografisk områda, slik det er framstilt i tabell (237a-d) nedafor:

(237) a. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe i Sogn (jf. vedlegg 4.2)*

| Konsonant gruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 26.6 | 73.3 | 15 |
| gr | 2 | 22.2 | 77.7 | 18 |
| pn | 2 | 88.8 | 11.1 | 18 |
| kn | 2 | 100.0 | 0.0 | 9 |
| tn | 2 | 92.5 | 7.4 | 27 |
| gn | 1 | 100.0 | 0.0 | 24 |
| dn | 1 | 66.6 | 33.3 | 3 |
| sn | 1 | 88.0 | 12.0 | 25 |
| ln | 1 | 72.2 | 27.7 | 18 |
| rn | 1 | 77.7 | 22.2 | 9 |
| vn | 0 | 94.4 | 5.5 | 18 |
| fl | 0 | 0.0 | 100.0 | 2 |
| Snitt | | 76.8 | 23.1 | 186 |

b. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 4.3)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 42.8 | 57.1 | 7 |
| gr | 2 | 61.1 | 38.8 | 18 |
| pn | 2 | 94.4 | 5.5 | 18 |
| kn | 2 | 100.0 | 0.0 | 9 |
| tn | 2 | 85.1 | 14.8 | 27 |
| gn | 1 | 82.6 | 17.3 | 23 |
| dn | 1 | 100.0 | 0.0 | 4 |
| sn | 1 | 88.8 | 11.1 | 27 |
| ln | 1 | 100.0 | 0.0 | 18 |
| rn | 1 | 55.5 | 44.4 | 9 |
| vn | 0 | 88.8 | 11.1 | 18 |
| fl | 0 | 40.0 | 60.0 | 5 |
| Snitt | | 83.9 | 19.1 | 183 |

c. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.4)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 50.0 | 50.0 | 8 |
| gr | 2 | 50.0 | 50.0 | 8 |
| pn | 2 | 62.5 | 37.5 | 8 |
| kn | 2 | 75.0 | 25.0 | 4 |
| tn | 2 | 91.6 | 8.3 | 12 |
| gn | 1 | 72.2 | 27.7 | 11 |
| dn | 1 | 100.0 | 0.0 | 1 |
| sn | 1 | 91.6 | 8.3 | 12 |
| ln | 1 | 100.0 | 0.0 | 8 |
| rn | 1 | 75.0 | 25.0 | 4 |
| vn | 0 | 75.0 | 25.0 | 8 |
| fl | 0 | 0 | 100.0 | 2 |
| Snitt | | 74.4 | 25.5 | 86 |

d. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.5)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 0,0 | 100,0 | 12 |
| gr | 2 | 7,1 | 92,8 | 14 |
| pn | 2 | 14,2 | 85,7 | 14 |
| kn | 2 | 14,2 | 85,7 | 7 |
| tn | 2 | 47,6 | 52,3 | 21 |
| gn | 1 | 33,3 | 66,6 | 18 |
| dn | 1 | 0,0 | 100,0 | 4 |
| sn | 1 | 33,3 | 66,6 | 21 |
| ln | 1 | 64,2 | 35,7 | 14 |
| rn | 1 | 42,8 | 57,1 | 7 |
| vn | 0 | 42,8 | 57,1 | 14 |
| fl | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Snitt | | 30,8 | 69,1 | 146 |


e. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre (jf. vedlegg 4.6)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 18.7 | 81.2 | 16 |
| gr | 2 | 33.3 | 66.6 | 18 |
| pn | 2 | 70.0 | 30.0 | 20 |
| kn | 2 | 70.0 | 30.0 | 10 |
| tn | 2 | 80.0 | 20.0 | 30 |
| gn | 1 | 84.2 | 15.7 | 19 |
| dn | 1 | 80.0 | 20.0 | 10 |
| sn | 1 | 67.8 | 32.1 | 28 |
| ln | 1 | 85.0 | 15.0 | 20 |
| rn | 1 | 60.0 | 40.0 | 10 |
| vn | 0 | 75.0 | 25.0 | 20 |
| fl | 0 | 0.0 | 100.0 | 1 |
| Snitt | | 66,8 | 33.1 | 202 |

f. *Vokalrepresentasjonen i fleirtalsformer av adjektiv fordelt etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre (jf. vedlegg 4.7)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| pr | 3 | 0.0 | 100.0 | 11 |
| gr | 2 | 0.0 | 100.0 | 16 |
| pn | 2 | 18.7 | 81.2 | 16 |
| kn | 2 | 25.0 | 75.0 | 8 |
| tn | 2 | 87.5 | 12.2 | 24 |
| gn | 1 | 47.0 | 52.9 | 17 |
| dn | 1 | 50.0 | 50.0 | 8 |
| sn | 1 | 56.5 | 43.4 | 23 |
| ln | 1 | 81.2 | 18.7 | 16 |
| rn | 1 | 0.0 | 100.0 | 8 |
| vn | 0 | 68.7 | 31.2 | 16 |
| fl | 0 | | | 0 |
| Snitt | | 46.0 | 53.9 | 163 |

(238) *Lange vokalar etter konsonantgruppe og målområde (kompleksiteten til konsonantgruppa står i parentes)*



Tabellen viser skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene når det gjeld frekvensen av lange vokalar (förgreina kjernekonstituentar), knytte til kvaliteten til den stammeutlydande konsonanten, O₃. Dersom nasalen /n/ eller lateralen /l/ er realisert i den stammeutlydande posisjonen, er frekvensen av lange vokalar lågare enn dersom vibranten /r/ er realisert i tilsvarende posisjon. Dette syner at skilnader i vokalkvantiteten kan knytast til kvaliteten til opptakta som dannar andresegmentet i konsonantsambandet, O₃, gjennom kompleksiteten til dette opptaktssegmentet. Det er høgare frekvens av korte vokalar når kompleksiteten til O₃ er høg enn når kompleksiteten er låg. (/n/ og /l/ er meir komplekse segmentet med to element i strukturen enn /r/, med eitt element.) Eit komplekst segment i denne posisjonen vil medfør jamnare kompleksitetsnivå i konsonantsambandet, slik vi finn det i t.d. *sn-*, *vn-* og *ln-*gruppene. Eit mindre komplekst segment i O₃-posisjonen vil før med seg større kompleksitetskilnader i konsonantgruppa, som i *pr-* og *gr-*gruppene.

Alle områda følgjer mønstret ganske godt: Frekvensen av korte vokalar er høgare før konsonantgrupper med jamn kompleksitet mellom segmenta enn før konsonantgrupper med kompleksitetskilnader mellom segmenta. Konsonantgrupper med fallande kompleksitet, som *pr* og *gr*, vert identifiserte med velforma uttrykk av opptaktskonstituentar (som har intrakonstituent styring). Før desse sambanda er lange vokalar meir frekvente enn før konsonantgrupper med jamn kompleksitet. Frekvensen av lange vokalar aukar også med stigande kompleksitet i konsonantgruppa. Stigande kompleksitet, som i *rn*-sambandet, vil representere rimkomplement + opptakt-samband.

I desse områda korrelerer vokalrepresentasjonen med det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa på ein slik måte at frekvensen av lange konsonantar er høgare før konsonantgrupper med ei stigande eller fallande kompleksitet enn før konsonantgrupper med jamn kompleksitet. Konsonantgrupper med stigande eller fallande kompleksitet vil lettare bli identifiserte med ekte konstituentar, velforma opptakter eller velforma rimkomplement + opptakter.

Det er særleg i områda indre Nordfjord og indre Sunnmøre at frekvensen av lange vokalar før konsonantgruppene er høg. I Sunnfjord, Sogn og i ytre Nordfjord vil korte vokalar dominere før konsonantgruppene. Også på ytre Sunnmøre er frekvensen av lange vokalar høg i denne morfologiske kategorien. Dersom lang vokal før konsonantgrupper framviser morfologisk kompleksitet og dermed ein analytisk struktur, er det såleis først og fremst i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre eit slikt kvantitetssystem er utbreidd. I dei andre områda vil eit syntetisk morfologisk system dominere.

Vi skal sjå om den same tendensen viser seg i den neste morfologiske kategorien vi skal analysere, fleirtalsformer av substantiv.

11.3. Substantivbøying

11.3.1. Oversyn

Dei ordformene som skal testast i her, er fleirtalsformer av substantiv. Dette er morfologisk komplekse ordformer som vert danna gjennom ei samankjeding av eit bøyingsuffixs: *a*, *ar* eller *ane*, med ein substantivstamme som har ein vokal realisert mellom to konsonantar. Gjennom samankjedinga blir vokalen synkopert, og det vert danna ei uekte konsonantgruppe.³

Konsonantgruppene som vert skapte gjennom denne derivasjonen, vil variere ettersom den stammefinale konsonanten er ein lateral eller ein vibrant. Førstesegmentet i konsonantgruppa er ein obstruent, slik at vi får konsonantgrupper som *vl*, *tl*, *gl*, *kr*, *fr* osv.

| | | | | |
|----------|-----------------------------|--------------------------|--|------------|
| (239) a. | [¹ a:deɪ][a] | [² a:dla] | [² adla] | 'adel' M |
| | [² a:pal:][a] | [² a:pal:a] | [² apla] | 'apal' M |
| | [¹ bi:beɪ][a] | [² bi:bla] | [² bɪbla] | 'bibel' M |
| | [¹ je:vɛɪ][a] | [² je:vla] | [² jevla] | 'javel' M |
| | [² eɪtɛɪ][a] | [² eɪtla] | [² eɪtla] el. [² ε̞ɔ̞:a] | |
| | 'eitel' M | | | |
| | [¹ fa:beɪ][a] | [² fa:bla] | [² fɛbla] | 'fabel' M |
| | [² hø:vɛɪ][a] | [² hø:vla] | [² hœvla] | 'høvel' M |
| | [² jū:kɛɪ][a] | [² jū:kla] | [² jøkla] | 'jøkel' M |
| | [² kve:tɛɪ][a] | [² kve:tla] | [² kvɛtla] | 'kvetel' M |
| | [¹ u:deɪ][a] | [² u:dla] | [² udla] | 'odel' M |
| | [¹ u:pɛɪ][a] | [² u:pla] | [² upla] | 'opel' M |
| | [¹ pø:beɪ][a] | [² pø:bla] | [² pœbla] | 'pøbel' M |
| | [¹ rɛ:kɛɪ][a] | [² rɛ:kla] | [² rɛkla] | 'rekel' M |
| | [¹ seɪdeɪ][a] | [² seɪdla] | [² s ^{ε̞} ɪdɔ̞] el. [² sedla] | 'seidel' M |
| | [² spɛɪɛɪ][a] | [² spɛgla] | [² spɛgla] | 'spegel' M |
| | [² sni:ɛɪ][a] | [² sni:gla] | [² snigla] | 'snigel' M |
| | [² stø:vɛɪ][a] | [² stø:vla] | [² stœvla] | 'støvel' M |
| b. | [¹ be:geɪ][a] | [² be:gra] | [² bɛgra] | 'beger' N |
| | [² fa:deɪ][a] | [² fa:dra] | [² fɛdra] | 'får' M |
| | [¹ le:geɪ][a] | [² le:gra] | [² lɛgra] | 'leger' N |
| | [¹ ne:geɪ][a] | [² ne:gra] | [² nɛgra] | 'neger' M |
| | [¹ u:teɪ][a] | [² u:tra] | [² utra] | 'oter' M |
| | [¹ se:teɪ][a] | [² se:tra] | [² setra] | 'seter' F |
| | [¹ si:deɪ][a] | [² si:dra] | [² sɪdra] | 'sider' M |
| | [¹ ʃç̞i:feɪ][a] | [² ʃç̞i:fra] | [² ʃç̞ɪfrɛ] | 'skifer' M |
| | [¹ skū:teɪ][a] | [² skū:tra] | [² skutra] | 'skuter' M |
| | [¹ ɔ:kɛɪ][a] | [² ɔ:kra] | [² ɔkra] | 'åker' M |


Tabell (239) syner vokalrepresentasjonen før uekte konsonantgrupper i substantiv med synkoperte kjernekonstituent.

³ Jf. s. 261 for ein analyse av fleirtalsformer av substantiv med synkopert vokal.

(240) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i nordvestlandsk* (jf. tabell 4.8)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Totalt |
|-----------------|------------|------------|--------|
| Frikativ + /l/ | 75.1 | 24.8 | 141 |
| Plosiv + /l/ | 46.4 | 53.5 | 530 |
| Frikativ + /r/ | 37.0 | 62.9 | 89 |
| Plosiv + /r/ | 28.1 | 71.8 | 395 |
| Snitt | 42.6 | 57.3 | 1166 |

b. *Lange vokal etter konsonantgruppe i nordvestlandsk*



Dersom vi deler vokalrepresentasjonen etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa som følger etter vokalen, får vi ein vokalrepresentasjon som viser store variasjonar, slik det går fram av tabell (240). Som tabellen viser, har 42,5 % av desse ordformene kort vokal. Det er store skilnader i vokalkvantiteten før dei ulike konsonantgruppene, frå *vl*-gruppa, der 75,1 % av vokalane før er korte, til *gr*-gruppa, der 13,1 % av vokalane er korte. Det er det først og fremst før frikativ + /l/-sambanda at det er høg frekvens av korte vokalar. I denne posisjonen dominerer dei korte vokalane. Frikativ + /l/-samband er konsonantgrupper med liten kompleksitetsskilnad mellom dei involverte segmenta. Høgast frekvens av lange vokalar er det før plosiv + /r/-sambandet (*tr*-, *dr*-, *kr*- og *gr*-gruppene). Desse konsonantgruppene har stor kompleksitetsskilnad mellom segmenta. Det skulle tyde på at det fonotaktiske mønsteret (kompleksiteten mellom konsonantane i konsonantgruppa) spelar ei rolle for vokalkvantiteten i ordformene i denne bøyingskategorien. Dette skal vi drøfte nærare når vi har sett nærare på den geografiske utbreiinga til dei ulike ordformene.


11.3.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene i fleirtalsformer av substantiv i Sogn kjem fram i tabell (241).

(241) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 4.9)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 96.2 | 3.7 | 27 |
| Frikativ + /r/ | 75.0 | 25.0 | 16 |
| Plosiv + /l/ | 57.1 | 42.8 | 112 |
| Plosiv + /r/ | 31.1 | 68.8 | 61 |
| Snitt | 56.0 | 43.9 | 216 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*




Som tabell (241) viser, er det klare skilnader mellom dei ulike konsonantgruppene når det gjeld vokalkvantiteten. 56,0 % av ordformene har korte vokalar før konsonantgruppene her. Men frekvensen av korte vokalar varierer mykje. Den tydelege skilnaden går mellom konsonantgrupper med frikativ + /l/, som har den høgaste frekvensen av korte vokalar, og konsonantgrupper med plosiv + /r/, som har den lågaste frekvensen. Høgast frekvens av korte vokalar er det før *tl*-samband, der alle ordformene har kort vokal. Lågast frekvens av korte vokalar er det før *dr*-samband, der berre 5,2 % av ordformene har kort vokal. Det er såleis korrelasjon mellom vokalrepresentasjonen og det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa i dette området. I konsonantgruppa som har den høgaste frekvensen av korte vokalar, frikativ + /l/-sambandet, er kompleksitetsskilnaden mellom segmenta større.

Frekvensen av korte vokalar er høgare før konsonantgrupper skapte gjennom fleirtalsbøying av substantiv i sunnfjordmålet enn i sognemålet. Vokalrepresentasjonen i Sunnfjord kjem fram i tabell (242). Korrelasjonen mellom vokalrepresentasjonen og det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantsambandet syner eit klårt mønster i dette målområdet også.

(242) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 4.10)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 92.5 | 7.4 | 27 |
| Plosiv + /l/ | 73.8 | 26.1 | 107 |
| Frikativ + /r/ | 64.7 | 35.2 | 17 |
| Plosiv + /r/ | 54.4 | 45.5 | 68 |
| Snitt | 69.4 | 30.5 | 219 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord




Tabellen viser at det er ein høg frekvensen av korte vokalar før konsonantgruppene. 69,4 % av ordformene har kort vokal. Det er også her store skilnader mellom konsonantgruppene når det gjeld vokalkvantiteten. Tabellen viser ein samanheng mellom kompleksiteten i konsonantgruppa og vokalrepresentasjonen. Før konsonantgrupper med jamn kompleksitet mellom segmenta, som frikativ + /l/-samband, er det ein høgare frekvensen av korte vokalar enn før konsonantgrupper med større kompleksitetsskilnader mellom segmenta, som plosiv + /r/-samband. Dei har lågare frekvens av korte vokalar. Høgaste frekvens av korte vokalar er det før *vl*-gruppa, og høgast frekvens av lange vokalar er det før *gr*-gruppa.

Vokalrepresentasjonen i nordfjordmålet skil seg ein del frå det vi har sett i dei to områda vi til no har omhandla. Heller ikkje i denne bøyingskateorien er det samsvar mellom vokalkvantiteten i ytre og indre Nordfjord. Vokalrepresentasjonen i ytre Nordfjord er vist i tabell (243).

(243) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.11)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 100.0 | 0.0 | 12 |
| Plosiv + /l/ | 73.0 | 26.9 | 52 |
| Plosiv + /r/ | 51.8 | 48.1 | 27 |
| Frikativ + /r/ | 50.0 | 50.0 | 8 |
| Snitt | 68.6 | 31.3 | 99 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




Som tabellen viser, har 68,6 % av ordformene i denne bøyingskategorien korte vokalar i ytre Nordfjord. Dette er om lag som i Sunnfjord. Tabellen viser her ein tydeleg korrelasjon mellom vokalrepresentasjonen og kompleksiteten i konsonantgruppa, slik vi også såg det i Sogn og i Sunnfjord. Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi også her før frikativ + /l/-samband, medan det er ein lågare frekvens av korte vokalar før plosiv + /r/- og frikativ + /r/-samband enn før konsonantgrupper med plosivar og sonorantar (plosiv + /l/- og plosiv + /r/-samband). Høgast frekvens av korte vokalar finn vi framfor *tl-* og *vl-*gruppene, i denne posisjonen dominerer korte vokalar (100 %). Vi finn den lågaste frekvensen av korte vokalar før *dr-*gruppa med 25,0 %.

Fordelinga mellom korte og lange vokalar før konsonantgruppene i denne bøyingskategorien i indre Nordfjord kjem fram i tabell (244).

(244) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.12)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 38.0 | 61.9 | 21 |
| Plosiv + /l/ | 19.5 | 80.4 | 82 |
| Plosiv + /r/ | 18.0 | 82.0 | 50 |
| Frikativ + /r/ | 7.6 | 92.3 | 13 |
| Snitt | 20.4 | 79.5 | 166 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*



Som tabellen viser, har berre 20,4 % av ordformene i denne bøyingskategorien har korte vokalar i indre Nordfjord. Lange vokalar dominerer før konsonantgruppene. Tabellen viser at korrelasjonen mellom vokalrepresentasjonen og kompleksiteten i konsonantgruppa ikkje er så tydeleg i dette området som i Sogn og i Sunnfjord. Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi før frikativ + /l/-samband, som er konsonantgrupper med den jamnaste kompleksitetskurva. Før dei andre konsonantgruppene dominerer dei lange vokalane i dette området.


Vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene i substantivbøyingar med synkopert vokal i sunnmørsmålet viser det same mønstret som vi fann i Nordfjord. Det er tydelege skilnader

mellom vokallengda før konsonantgruppene på ytre og indre Sunnmøre. Vokalrepresentasjonen på ytre Sunnmøre er vist i tabell (245).

(245) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 4.13)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 80.0 | 20.0 | 25 |
| Plosiv + /l/ | 46.5 | 53.4 | 73 |
| Plosiv + /r/ | 42.5 | 57.4 | 54 |
| Frikativ + /r/ | 36.3 | 63.6 | 11 |
| Snitt | 49.6 | 50.3 | 163 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Tabellen viser at 49,6 % av ordformene i denne bøyingskategorien korte vokalar på ytre Sunnmøre. Dette er om lag som i Sogn, men lågare enn i Sunnfjord og i ytre Nordfjord. Det er tydelege skilnader i vokallengda før dei ulike konsonantgruppene også her. Den lågaste frekvensen av lange vokalar finn vi her før frikativ + /l/-samband (*vl*-gruppa). Her dominerer korte vokalar. Før dei andre konsonantgruppene (plosiv + /l/-, plosiv + /r/- og frikativ + /r/-samband) er frekvensen av lange vokalar høgare, 53,4 % for plosiv + /l/-samband (*pl*, *bl*, *tl*, *dl*, *kl* og *gl*), 57,4 % for plosiv + /r/-samband (*kr*, *dr*, *tr* og *gr*) og 63,6 % før frikativ + /r/ sambanda (*vr* og *fr*). Tabellen viser dermed ein viss korrelasjon mellom vokalrepresentasjonen og kompleksiteten i konsonantgruppa, slik vi også såg det i Sogn og i Sunnfjord.

Vokalrepresentasjonen før konsonantgruppene på indre Sunnmøre kjem fram i tabell (246).

(246) a. *Vokallengd etter konsonantsamband på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 4.18)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Frikativ + /l/ | 73.6 | 26.3 | 19 |
| Plosiv + /l/ | 27.7 | 72.2 | 83 |
| Plosiv + /r/ | 14.0 | 85.9 | 57 |
| Frikativ + /r/ | 12,5 | 87.5 | 16 |
| Snitt | 26.8 | 73.1 | 175 |

b. Lange vokalar etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre



Berre 26,8 % av ordformene i denne bøyingskategorien korte vokalar i indre Sunnmøre. Dette er om lag som i indre Nordfjord (jf. tabell 248). Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi her før frikativ + /l/-samband, som i dei andre områda. Høgast frekvens av korte vokalar finn vi framfor *v*l-sambanda, her er 73,6 % av vokalane korte. Den lågaste frekvensen av korte vokalar finn vi før plosiv + /r/-sambanda (*kr, tr, gr, dr*) og frikativ +/r/-sambanda (*vr, fr*). Her er dominerer lange vokalar. Også før plosiv + /l/-sambanda (*pl, bl, tl, kl, gl*) er frekvensen av lange vokalar høg i dette området.

Vi kan då samanfatte dei geografiske skilnadene når det gjeld vokalrepresentasjonen i fleirtalsbøygde substantiv med uekte konsonantgrupper skapte gjennom synkopering av ein vokal i stammen. Det går fram av materialet mitt at vokalkvantiteten varierer mykje i desse ordformene. Over halvparten av ordformene i denne bøyingskategorien har kort vokal i Sogn, i Sunnfjord, i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre er det derimot ein dominans av lange vokalar i tilsvarande posisjonar. Samtidig finn vi klare skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene. Samband av frikativ + /l/ syner sterkaste motstanden mot lange vokalar. Før konsonantgruppa plosiv + /r/ dominerer dei lange vokalane. Dette mønsteret svarar til kompleksitetsskilnadene mellom konsonantane i dei ulike konsonantgruppene. Frekvensen av korte vokalar er høgare framfor konsonantsamband med jamn kompleksitet mellom segmenta enn framfor konsonantsamband med større kompleksitetsskilnader mellom segmenta. I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre finn vi lange vokalar før alle konsonantgruppene med unntak av frikativ + /l/-samband, der vi finn ein høgare frekvens av korte vokalar. Vilråa for denne vokalrepresentasjonen skal vi prøve å synleggjere i del (11.3.3).


11.3.3. Kvantiteten i fleirtalsformer av substantiv

Analysen av bøyingsformer av substantiv med tillagd fleirtalssuffiks viser at vokalkvantiteten varierer mykje før dei uekte konsonantgruppene skapte gjennom synkope av ein vokal i stammen. Vokalrepresentasjonen i dei ulike områda går fram av tabell (247) nedafor.

(247) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe og geografisk område*

| Konsonant- gruppe | Sogn | | Sunnfjord | | Ytre Nordfjord | | Indre Nordfjord | | Ytre Sunnmøre | | Indre Sunnmøre | |
|----------------------|------------|-------|------------|-------|----------------|------|-----------------|-------|---------------|-------|----------------|-------|
| | Lang vokal | () | Lang vokal | () | Lang vokal | () | Lang vokal | () | Lang vokal | () | Lang vokal | () |
| Frikativ + /l/ | 3.7 | (27) | 7.4 | (27) | 0.0 | (12) | 61.9 | (21) | 20.0 | (25) | 26.3 | (19) |
| Plosiv + /l/ | 42.8 | (112) | 26.1 | (107) | 26.9 | (52) | 80.4 | (82) | 53.4 | (73) | 72.2 | (83) |
| Frikativ + /r/ | 25.0 | (16) | 35.2 | (17) | 48.1 | (27) | 82.0 | (50) | 57.4 | (54) | 85.9 | (57) |
| Plosiv + /r/ | 68.8 | (61) | 45.5 | (68) | 50.0 | (8) | 92.3 | (13) | 63.6 | (11) | 84.4 | (16) |
| Snitt | 43.9 | (216) | 30.5 | (219) | 31.3 | (99) | 79.5 | (166) | 50.3 | (163) | 73.1 | (175) |

b. *Lang vokal etter konsonantgruppe og målområde*



Tabellen viser at den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi i Sogn, Sunnfjord, ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. Her har over halvparten av ordformene i denne bøyingskategorien kort vokal (69,4 % i Sunnfjord, 56,0 % i Sogn, 68,6 % i ytre Nordfjord og 49,6 % på ytre Sunnmøre). I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre er frekvensen av lange vokalar høgare. Her dominerer lange vokalar før konsonantgruppene. I indre Nordfjord har berre 20,4 % av ordformene kort vokal, og på indre Sunnmøre har 26,8 % av ordformene kort vokal.

Det er også skilnader mellom konsonantsambanda når det gjeld vokalkvantiteten. Høgast frekvens av korte vokalar er det før konsonantsamband av frikativ og /l/ i alle områda. Samband av obstruentar og /r/ har på den andre sida lågast frekvens av korte vokalar. (Eit unntak er Sogn, der frikativ-/r/-samband har høg representasjon av korte vokalar.) I alle områda vi har analysert, er det såleis korrelasjon mellom vokalrepresentasjonen og fonotaksen i den etterfølgjande konsonantgruppa.

Det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa speglar til ein viss grad konstituentstatusen gjennom kompleksiteten til dei involverte segmenta. Kompleksitetsskilnader mellom segmenta i konsonantgruppa signaliserer klarare ein konstituent enn jamn kompleksitet mellom segmenta.

(Kompleksitetsstrukturen for dei involverte konsonantgruppene kjem fram i tabell (52) s. 90). Vi kan då sjå vokalrepresentasjonen i dei ulike områda i relasjon til kompleksiteten i den involverte konsonantgruppa. Tabell (248) synleggjer denne vokalrepresentasjonen.

(248) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv i Sogn* (jf. vedlegg 4.9)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 34.7 | 65.2 | 23 |
| kr | 3 | 88.8 | 11.1 | 9 |
| dr | 2 | 5.2 | 94.7 | 19 |
| gr | 2 | 20.0 | 80.0 | 10 |
| fr | 2 | 57.1 | 42.8 | 7 |
| pl | 2 | 50.0 | 50.0 | 18 |
| bl | 2 | 18.5 | 81.4 | 27 |
| tl | 2 | 100.0 | 0.0 | 18 |
| kl | 2 | 81.2 | 18.7 | 16 |
| vr | 1 | 88.8 | 11.1 | 9 |
| dl | 1 | 18.7 | 81.2 | 16 |
| gl | 1 | 94.1 | 5.8 | 17 |
| vl | 0 | 96.2 | 3.7 | 27 |
| Snitt | | 56.0 | 43.9 | 216 |

b. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv i Sunnfjord* (jf. vedlegg 4.10)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 56.0 | 44.0 | 25 |
| kr | 3 | 88.8 | 11.1 | 9 |
| dr | 2 | 57.1 | 42.8 | 14 |
| gr | 2 | 35.0 | 65.0 | 20 |
| fr | 2 | 50.0 | 50.0 | 8 |
| pl | 2 | 57.1 | 42.8 | 14 |
| bl | 2 | 59.2 | 40.7 | 27 |
| tl | 2 | 88.8 | 11.1 | 18 |
| kl | 2 | 80.0 | 18.7 | 15 |
| vr | 1 | 77.7 | 22.2 | 9 |
| dl | 1 | 81.2 | 18.7 | 16 |
| gl | 1 | 82.3 | 17.6 | 17 |
| vl | 0 | 92.5 | 7.4 | 27 |
| Snitt | | 69.4 | 30.5 | 219 |

c. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 4.11)

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 41.6 | 58.3 | 12 |
| kr | 3 | 75.0 | 25.0 | 4 |
| dr | 2 | 50.0 | 50.0 | 4 |
| gr | 2 | 75.0 | 25.0 | 4 |
| fr | 2 | 25.0 | 75.0 | 4 |
| pl | 2 | 62.5 | 37.5 | 8 |
| bl | 2 | 66.6 | 33.3 | 12 |
| tl | 2 | 87.5 | 12.5 | 8 |
| kl | 2 | 87.5 | 12.5 | 8 |
| vr | 1 | 75.0 | 25.0 | 4 |
| dl | 1 | 62.5 | 37.5 | 8 |
| gl | 1 | 87.5 | 12.5 | 8 |
| vl | 0 | 100.0 | 0.0 | 12 |
| Snitt | | 70.8 | 29.1 | 96 |

d. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv i indre Nordfjord (jf. vedlegg 4.12)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 14.2 | 85.7 | 21 |
| kr | 3 | 57.1 | 42.8 | 7 |
| dr | 2 | 14.2 | 85.7 | 7 |
| gr | 2 | 9.0 | 90.9 | 11 |
| fr | 2 | 14.2 | 85.7 | 7 |
| pl | 2 | 40.0 | 60.0 | 10 |
| bl | 2 | 35.0 | 65.0 | 20 |
| tl | 2 | 41.6 | 58.3 | 12 |
| kl | 2 | 23.0 | 76.9 | 15 |
| vr | 1 | 0.0 | 100.0 | 7 |
| dl | 1 | 7.6 | 92.3 | 15 |
| gl | 1 | 35.7 | 64.2 | 14 |
| vl | 0 | 57.1 | 42.8 | 21 |
| Snitt | | 28.8 | 71.1 | 163 |


e. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv på ytre Sunnmøre (jf. vedlegg 4.13)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 25.0 | 75.0 | 20 |
| kr | 3 | 44.4 | 55.5 | 9 |
| dr | 2 | 68.7 | 31.2 | 16 |
| gr | 2 | 33.3 | 66.6 | 9 |
| fr | 2 | 16.6 | 83.3 | 6 |
| pl | 2 | 27.7 | 72.2 | 11 |
| bl | 2 | 47.0 | 52.9 | 17 |
| tl | 2 | 60.0 | 40.0 | 15 |
| kl | 2 | 60.0 | 40.0 | 10 |
| vr | 1 | 60.0 | 40.0 | 5 |
| dl | 1 | 11.1 | 88.8 | 9 |
| gl | 1 | 63.6 | 36.3 | 11 |
| vl | 0 | 80.0 | 20.0 | 25 |
| Snitt | | 49.6 | 50.3 | 163 |

f. *Vokallengd etter konsonantgruppe i fleirtalsformer av substantiv på indre Sunnmøre (jf. vedlegg 4.14)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| tr | 3 | 0.0 | 100.0 | 19 |
| kr | 3 | 0.0 | 100.0 | 8 |
| dr | 2 | 43.7 | 56.2 | 16 |
| gr | 2 | 7.1 | 92.8 | 14 |
| fr | 2 | 12.5 | 87.5 | 8 |
| pl | 2 | 6.6 | 93.3 | 15 |
| bl | 2 | 33.3 | 66.6 | 21 |
| tl | 2 | 31.2 | 68.7 | 16 |
| kl | 2 | 53.3 | 46.6 | 15 |
| vr | 1 | 12.5 | 87.5 | 8 |
| dl | 1 | 0.0 | 100.0 | 11 |
| gl | 1 | 40.0 | 60.0 | 5 |
| vl | 0 | 73.6 | 26.3 | 19 |
| Snitt | | 26.8 | 73.1 | 175 |

(249) *Lange vokalar etter konsonantgruppe og målområde*



Som tabell (249) viser, er det eit visst samsvar mellom realisasjonen av vokalen og kompleksitetskurva i den etterfølgjande konsonantgruppa i områda. Frekvensen av korte vokalar er jamt over høgare før konsonantgrupper med jamn eller tilnærma jamn kompleksitet mellom konsonantane, som *vl-* og *gl-*sambanda (med kompleksitetskurve på høvesvis 0 og 1). På den andre sida er frekvensen av lange vokalar høg før konsonantgrupper med sterkt fallande kompleksitet, som *tr-* og *gr-*gruppene (med kompleksitetskurve på høvesvis 3 og 2), i alle fall i områda der representasjonen av analytiske former er høg (i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre). Dette skulle tyde på at det også for denne morfologiske kategorien er ein korrelasjon mellom vokallengd og det fonotaktiske mønsteret (kompleksiteten) i den etterfølgjande konsonantgruppa. Konsonantgrupper med kompleksitetsskilnader mellom konsonantsegmenta vil ha ein klarare konstituentidentitet enn konsonantgrupper med jamnare kompleksitetskurver. Derfor vil kompleksiteten vere avgjerande for kor vidt den etterfølgjande konsonantgruppa viser likskap med ekte konsonantgrupper eller ikkje. Kan konsonantsambandet oppfattast som unormalt, dvs. har jamn kompleksitet, ser det ut til at trongen for å markere den morfologiske kompleksiteten med lang vokal er mindre også her enn når det er klare kompleksitetsskilnader mellom dei involverte segmenta (fallande kompleksitet i dette tilfellet). Slike grupper kan lettare identifiserast med ekte konsonantgrupper (konsonantgrupper med intrakonstituent styring mellom segmenta).

Samtidig er det konsonantgrupper i tabellen som syner avvik frå eit slikt mønster. Konsonantgruppa *tl* er ei slik gruppa. Denne konsonantgruppa har ein klar kompleksitetsskilnad mellom dei involverte segmenta (ein kompleksitetsskilnad på 2), samtidig som frekvensen av korte vokalar er høg framfor denne gruppa i alle områda. Forklaringa kan her vere at sjølv om det er stor

kompleksitetsskilnad mellom segmenta i konsonantgruppa, manglar denne gruppa opptaktsstatus i norsk. (Ingen norske ord har *tl* som opptakt, på grunn av den koronale homorganiteten i gruppa.)

Først og fremst skjer avvika i vokalrepresentasjonen før *kr*-sambandet (med sterkt fallande kompleksitet), der det er høg frekvens av korte vokalar i alle områda (med unntak av indre Sunnmøre). Desse unntaka kan ha samanheng med dei ordformene som er representerte i gruppene. Ei sentral ordform i *kr*-gruppa er 'åker' M. Dette er ei tradisjonell ordform med høg bruksfrekvens. (Ordforma 'åker' har ein bruksfrekvens på 25, jf. Vestbøstad 1989.)

Konsonantgrupper som syner avvik den andre vegen, *bl* og *dl*, har låg frekvens av korte vokalar, men jamn kompleksitet. Ordformer som er representerte i desse gruppene, er 'fablar' M FLT, 'pøblar' M FLT, 'adlar' M FLT og 'odlar' M FLT. Dei har alle låg bruksfrekvens (høvesvis 5, 1, 4 og 2, jf. Vestbøstad 1989). Igjen kan det sjå ut til at høg bruksfrekvens kan verke fasthaldande på eit meir konservativt kvantitetsmønster, medan låg bruksfrekvens kan generere nyare mønster (jf. s. 247f.).

Eit gjennomgåande trekk ved ordformene i den bøyingskategorien vi her har handsama, er at innslaga av ordformer med lang vokal er høgare enn i dei andre morfologiske kategoriane vi til no har handsama. I indre Nordfjord og på indre Sunnmøre dominerer desse formene. Ein av grunnane til denne dominansen kan vere at den morfologiske kompleksiteten er meir gjennomsiktig i denne kategorien i den forstand at skilnaden mellom utgangsforma og den deriverte forma er større her enn for dei andre kategoriane vi har handsama. Dersom morfologisk gjennomsiktighet har innverknad på innslaga av analytiske former, skulle vi vente at frekvensen av slike former er høgare i den morfologiske kategorien vi no skal handsame, ordnivåavleiingane, enn i dei kategoriane vi til no har handsama. Ordnivåavleiingar vert danna gjennom samankjeding av ei grunnform med eit avleiingssuffiks. Den avleidde ordforma vil her høyre til ei anna ordklasse enn grunnforma.

Kapittel 12

Kvantitet i ordnivåavleiingar¹

12.1. Innleiing

I kapittel 12 skal eg vidarefør analysen til avleide former av verb, substantiv og adjektiv. Ordnivåavleiingar er morfologisk komplekse ordformer som oppstår når eit avleiingssuffiks vert lagt til ein stamme, som er eit adjektiv, substantiv eller verb. Ordformasjonen til desse morfologisk komplekse formene kan framstillast som ei samankjeding av ein stamme, [STAM₁], med eit avleiingssuffiks, [SUF], til ein ny stamme, [STAM₂].

$$(250) \quad [\text{STAM}_1 + \text{SUF}] \quad \Rightarrow \quad [\text{STAM}_2]$$

Den samankjeda ordstammen som vert etablert gjennom derivasjonen, er ei morfologisk kompleks form som utgjer to morfem, [A] + [B]. Den nye stammen, [[A]B], har to domene, [A] og [AB] (men ikkje [B], jf. Kaye 1995: 305f.) i ein analytisk struktur eller [AB] i ein syntetisk struktur. I ein analytisk morfologisk derivasjon kan samankjedinga av rot og avleiingssuffiks framstillast på denne måten (jf. Kaye 1995: 304):

$$(251) \quad \varphi(\text{samankjed}(\varphi(A), B))$$

Det vil seie at denne samankjedinga av stamme og suffiks vil skje etter at fonologien er koda inn i stammen (A), slik at den fonologiske strukturen i stammen vert oppretthalden gjennom samankjedinga (jf. Scheer 2008).

I ein syntetisk struktur vil suffikset interagere med rota på ein måte som gjer at fonologien vert koda inn i resultatet av samankjedinga av rot og stamme. Den nye stammen, [AB], har eitt domene, [AB] (jf. Kaye 1995: 305f.). I ein syntetisk morfologisk derivasjon kan samankjedinga av rot og avleiingssuffiks framstillast på denne måten (jf. Kaye 1995: 304):

$$(252) \quad \varphi(\text{samankjed}(A, B))$$

Denne strukturen kan vi knyte til ei rekkje norske derivasjonar som involverer suffiks av typen

¹ Når det gjeld skilnaden mellom rotnivå- og ordnivåmorfologien og grunngevinga for denne, viser eg til s. 9 og s. 177 .

-nad, -leik, -heit, -skap. Samankjedinga av stamme og avleiingssuffiks går fram av døma 'farleg' ADJ og 'søknad' M nedafor.

(253) a. *Samankjeding av stamme og avleiingssuffiks i ein analytisk struktur*


$[^1\text{fa:r}\emptyset]_{\text{STAM}} + [^1\text{leg}\emptyset]_{\text{SUF}} \Rightarrow [[^1\text{fa:r}\emptyset]^1\text{leg}\emptyset]_{\text{STAM}} \Rightarrow [^2\text{fa:rl}\epsilon]$
 $[^1\text{sø:k}\emptyset]_{\text{STAM}} + [^1\text{nad}\emptyset]_{\text{SUF}} \Rightarrow [[^1\text{sø:k}\emptyset]^1\text{nad}\emptyset]_{\text{STAM}} \Rightarrow [^2\text{sø:kna}]$

b. *Samankjeding av stamme og avleiingssuffiks i ein syntetisk struktur*

$[^1\text{fa:r}\emptyset]_{\text{STAM}} + [^1\text{leg}\emptyset]_{\text{SUF}} \Rightarrow [^1\text{far}\emptyset\text{leg}\emptyset]_{\text{STAM}} \Rightarrow [^2\text{farl}\epsilon]$
 $[^1\text{sø:k}\emptyset]_{\text{STAM}} + [^1\text{nad}\emptyset]_{\text{SUF}} \Rightarrow [^1\text{søk}\emptyset\text{nad}\emptyset]_{\text{STAM}} \Rightarrow [^2\text{søkna}]$

Strukturen til dei analytiske ordformene kan illustrerast gjennom ordforma $[^2\text{fa:rl}\epsilon]$ ADJ 'farleg' i figur (254).

(254) *Realisasjonen av $[^2\text{fa:rl}\epsilon]$ ADJ 'farleg'*



Figuren viser at ein tom kjerne opptre i enden av kvart domene, og begge er heimla som domenefinale tome kjernar. Derfor held den forgreina kjernen seg i denne posisjonen, og lengda av stammevokalen er konstant gjennom derivasjonen. Derivasjonen etablerer ei uekte konsonantgruppe som utgjer den stammefinale og den suffiksinitiale konsonanten. Opptaktssambandet, O₂N₂O₃, representerer opptakter skilde av ein tom kjerneposisjon over ei morfemgrense.

Strukturen til dei syntetiske ordformene kan illustrerast gjennom ordforma $[^2\text{farl}\epsilon]$ ADJ 'farleg' i figur (255).

(255) *Realisasjonen av [²farlɛ] ADJ 'farleg'*

| | | | | | |
|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| O ₁ | N ₁ | O ₂ | N ₂ | O ₃ | N ₃ |
| | | | | | |
| [x | x | x | x | x | x] |
| | | | | | |
| f | a | r | | l | ɛ |

Derivasjonen etablerer ei uekte konsonantgruppe som utgjer den stammefinale og den suffiksinitiale konsonanten. Opptaktssambandet, O₂N₂O₃, representerer opptakter skilde av ein tom kjerneposisjon. Kjernevokalen N₂ er ein undertrykt vokal pga. skikkeleg styring frå den domenefinale kjernen, N₃. Derfor utgjer konsonantgruppa O₂N₂O₃ ei uekte konsonantgruppe.

Eit oversyn over formene som skal analyserast i dette kapittelet, er gjeve i (256). Materialet vert delt i grupper etter suffiksasjonen (avleiingsmorfemet). (Overflateformene 1 viser ein analytisk struktur og overflateformen 2 ein syntetisk struktur.)

(256) *Ordnivåavleidd ordformer i nordvestlandsk*

| | Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform |
|----------------------------|-----------------------------|--------------------------|-------------------------------------|----------------|
| a. | [[¹ klu:k]hɛit] | [¹ klu:khet] | [¹ klukhet] | 'klokheit' F |
| | [[¹ li:k]hɛit] | [¹ li:khet] | [¹ likhet] | 'likheit' F |
| b. | [[¹ stu:r]hɛit] | [¹ stu:rhet] | [¹ sturhet] | 'storheit' F |
| | [[¹ bu:k]lɛg] | [² bu:klɛ] | [² buklɛ] | 'bokleg' ADJ |
| | [[¹ da:g]lɛg] | [² da:glɛ] | [² daglɛ] | 'dagleg' ADJ |
| | [[¹ dɔ:r]lɛg] | [² dɔ:rlɛ] | [² dɔrlɛ] | 'dårleg' ADJ |
| | [[¹ fa:g]lɛg] | [² fa:glɛ] | [² faglɛ] | 'fågleg' ADJ |
| | [[¹ fa:r]lɛg] | [² fa:rlɛ] | [² farlɛ] | 'farleg' ADJ |
| | [[¹ hɛim]lɛg] | [² hɛimlɛ] | [² h ^ɛ imlɛ] | 'heimleg' ADJ |
| | [[¹ ççɛ:r]lɛg] | [² ççɛ:rlɛ] | [² ççerlɛ] | 'kjærleg' ADJ |
| | [[¹ lo:v]lɛg] | [² lo:vlɛ] | [² lovlɛ] | 'lovleg' ADJ |
| | [[¹ mɔ:t]lɛg] | [² mɔ:tlɛ] | [² møtlɛ] | 'måteleg' ADJ |
| | [[¹ nu:r]lɛg] | [² nu:rlɛ] | [² nurle] | 'nordleg' ADJ |
| | [[¹ rɔ:d]lɛg] | [² rɔ:dle] | [² rødle] | 'rådleg' ADJ |
| | [[¹ sa:k]lɛg] | [² sa:klɛ] | [² sakle] | 'sakleg' ADJ |
| | [[¹ ska:d]lɛg] | [² ska:dle] | [² skadle] | 'skadeleg' ADJ |
| [[¹ ska:p]lɛg] | [² ska:plɛ] | [² skaple] | 'skapleg' ADJ | |
| c. | [[¹ stu:r]lɛg] | [² stu:rlɛ] | [² sturle] | 'storleg' ADJ |
| | [[¹ sør]lɛg] | [² sø:rlɛ] | [² sørle] | 'sørleg' ADJ |
| | [[¹ te:n]lɛg] | [² te:nle] | [² tenle] | 'teneleg' ADJ |
| | [[¹ tɔ:p]lɛg] | [² tɔ:plɛ] | [² tøple] | 'tåpeleg' ADJ |
| | [[¹ vi:s]lɛg] | [² vi:sle] | [² visle] | 'viseleg' ADJ |
| | [[¹ dø:g]nad] | [² dø:gna] | [² døgna] | 'dugnad' M |
| | [[¹ la:g]nad] | [² la:gna] | [² lagna] | 'lagnad' M |
| | [[¹ le:s]nad] | [² le:sna] | [² lesna] | 'lesnad' M |
| | [[¹ lo:v]nad] | [² lo:vna] | [² lovna] | 'lovnad' M |
| | [[¹ sa:k]nad] | [² sa:kna] | [² sakna] | 'saknad' M |

| | | | | |
|----|-----------------------------|---------------------------|---------------------------------------|----------------|
| | [[¹ ska:p]nad] | [² ska:pna] | [² skapna] | 'skapnad' M |
| | [[¹ sø:k]nad] | [² sø:kna] | [² sækna] | 'søknad' M |
| d. | [[¹ bry:t]ning] | [² bry:tning] | [² brytning] | 'brytning' M |
| | [[¹ ga:l]ning] | [² ga:lning] | [² galning] | 'galning' M |
| | [[¹ le:d]ning] | [² le:dning] | [² ledning] | 'ledning' M |
| | [[¹ le:v]ning] | [² le:vning] | [² levning] | 'levning' M |
| | [[¹ o:p]ning] | [² o:pning] | [² opning] | 'opning' M |
| | [[¹ o:r]ning] | [² o:rning] | [² orning] | 'ordning' M |
| | [[¹ ska:p]ning] | [² ska:pning] | [² skapning] | 'skapning' M |
| | [[¹ sø:k]ning] | [² sø:kning] | [² sækning] | 'søkning' M |
| e. | [[¹ ein]som] | [² ε:nsom] | [² ensom] | 'einsam' ADJ |
| | [[¹ slr:t]som] | [² slr:tsom] | [² slitsom] | 'slitsam' ADJ |
| | [[¹ stre:v]som] | [² stre:vsom] | [² strevsom] | 'strevsam' ADJ |
| | [[¹ tvi:l]som] | [² tvi:lsom] | [² tvilsom] | 'tvilsam' ADJ |
| f. | [[¹ klu:k]skap] | [¹ klu:kskap] | [¹ kluskap] | 'klokskap' M |
| | [[¹ la:t]skap] | [¹ la:tskap] | [¹ latskap] | 'latskap' M |
| | [[¹ fa:r]skap] | [¹ fa:rskap] | [¹ farskap] | 'farskap' M |
| | [[¹ veik]skap] | [¹ veikskap] | [¹ v ^ε ikskap] | 'veikskap' M |


I norsk vil desse avleiingane representere ulike orddanningar og dermed ulike morfologiske kategoriar, der *-leg* og *-sam* er avleiingar med stammar av substantiv som resulterer i avleidd adjektiv, *-nad*, *-ning* er avleiingar med verb som resulterer i avleidd substantiv, og *-heit* og *-skap* er adjektiv som resulterer i avleidd substantiv.

Tabellen (257) syner vokalrepresentasjonen i dei ordnivåavleidd ordformene i nordvestlandsk.

(257) a. *Vokallengd etter suffiks i nordvestlandsk* (jf. vedlegg 5.1)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 54.8 | 45.1 | 337 |
| nad | 46.4 | 53.5 | 327 |
| leg | 26.9 | 70.3 | 724 |
| sam | 19.5 | 81.4 | 178 |
| skap | 7.2 | 92.7 | 137 |
| heit | 6.3 | 93.6 | 141 |
| Snitt | 32.1 | 67.8 | 1892 |

b. Lange vokalar etter suffiks i nordvestlandsk



Tabellen viser at representasjonen av lange vokalar er 67,8 % for ordnivåavleiingane i nordvestlandsk. Det såleis ei overvekt av lange vokalar før dei uekte konsonantgruppene skapte gjennom samankjedinga av ein stamme med eit avleiingssuffiks. Samtidig går det fram av tabellen at det er store innbyrdes skilnader i vokallengda før dei ulike avleiingssuffiksa.² Ved *ning*-suffiksa er frekvensen av korte vokalar før konsonantgruppa på 54,8 %, medan frekvensen av lange vokalar før *heit*-suffiksa er heile 93,6 %. Før vi går nærare inn på desse skilnadene, skal vi sjå på den geografiske fordelinga av ordformene i denne morfologiske kategorien.

12.2. Geografisk utbreiing


Representasjonen av korte stammevokalar før dei uekte konsonantgruppene danna gjennom samankjedinga av stamme og ordavleiingssuffiks i sognemålet går fram av tabell (258).

² Haugen (1967b:303) er inne på denne idiosynkratien når han seier at "[t]he DERIVATIONAL suffixes are a heterogenous lot. Some of them are commonly individual with the morphology, e.g. verbal affixes are the participles and the infinitives, or the extra syllable of weak nouns. Others are amorphous by being individual but not associated with any semantic content."

(258) a. *Vokallengd etter suffiks i Sogn* (jf. vedlegg 5.2)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 64.6 | 35.1 | 74 |
| nad | 53.6 | 46.3 | 69 |
| leg | 25.7 | 74.2 | 159 |
| sam | 23.8 | 86.1 | 36 |
| skap | 0.0 | 100.0 | 29 |
| heit | 0.0 | 100.0 | 30 |
| Snitt | 31.9 | 68.0 | 397 |

b. *Lange vokalar etter suffiks i Sogn*




Tabellen viser at frekvensen av lange vokalar i disse ordformene er 68 % i Sogn. Dette syner ein morfologisk kategori der lange vokalar dominerer, men med store variasjonar mellom dei ulike suffigeringane. Det er særleg før *ning*- og *nad*-suffiksa det er høg frekvens av korte vokalar her, med 64,6 % før *ning*-suffiksa og 53,6 % før *nad*-suffiksa. Før dei andre suffiksa dominerer lange vokalar i dette området.

I Sunnfjord er representasjonen av korte vokalar langt høgare i ordformene i denne morfologiske kategorien enn det vi såg i sognemålet. Vokalrepresentasjonen i sunnfjordmålet kjem fram i tabell (264).

(259) a. *Vokallengd etter suffiks i Sunnfjord* (jf. vedlegg 5.3)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 80.6 | 19.3 | 62 |
| nad | 76.1 | 23.8 | 63 |
| leg | 57.9 | 42.0 | 145 |
| sam | 25.0 | 75.0 | 36 |
| skap | 11.1 | 88.8 | 27 |
| heit | 11.1 | 88.8 | 27 |
| Snitt | 54.5 | 45.4 | 361 |

b. Lange vokalar etter suffiks i Sunnfjord




Som tabellen viser, er representasjonen av lange vokalar 45,2 % i dette området, noko som er mindre enn i sognemålet. Dette er ein morfologisk kategori som er ustabil i dette området, med høvesvis høg frekvens av korte vokalar før konsonantgruppene skapte gjennom suffigeringa. For dei ulike suffigeringane er det også her store skilnader. Alle suffigeringane har innslag av korte vokalar, men for *ning*- og *nad*-suffiksa dominerer representasjonen av korte vokalar, med høvesvis 80,6 % og 76,1 %. Også før *leg*-suffiksa er det ein majoritet av korte vokalar. Før dei andre avleiingssuffiksa dominerer lange vokalar.

Representasjonen av korte vokalar i ordformene danna gjennom ordavleiingar i nordfjordmålet er lågare enn i dei to andre områda vi har sett på. Vokallengda i ytre Nordfjord går fram av tabell (260).

(260) a. *Vokallengd etter suffiks i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 5.4)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 64.2 | 35.7 | 28 |
| nad | 50.0 | 50.0 | 28 |
| leg | 28.7 | 71.2 | 73 |
| sam | 25.0 | 75.0 | 16 |
| skap | 16.6 | 83.3 | 12 |
| heit | 8.3 | 91.6 | 12 |
| Snitt | 35.5 | 64.4 | 169 |

b. Lange vokalar etter suffiks i ytre Nordfjord




Utbreiinga av ordformer med kort stammevokal er 35,5 % for denne morfologiske gruppa i ytre Nordfjord. Dette er om lag som i Sogn, men lågare enn i Sunnfjord. Det er også her innbyrdes skilnader mellom dei ulike suffikskategoriene. Ved *heit-*, *skap-* og *sam-*suffigeringane er det, som i Sogn og Sunnfjord, marginal representasjon av korte vokalar. Representasjonen av korte vokalar er noko høgare ved dei andre suffigeringane, og særleg ved *ning-* og *nad-*suffigeringa.

Representasjonen av korte vokalar i ordformene danna gjennom ordavleiingar i indre Nordfjord er lågare enn i dei områda vi no har sett på. Det går fram av tabell (261).

(261) a. *Vokallengd etter suffiks i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 5.5)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 17.8 | 82.1 | 56 |
| nad | 16.6 | 83.3 | 54 |
| leg | 11.6 | 88.3 | 129 |
| sam | 8.6 | 91.3 | 23 |
| skap | 0.0 | 100.0 | 21 |
| heit | 0.0 | 100.0 | 21 |
| Snitt | 11.8 | 88.1 | 304 |

b. Lange vokalar etter suffiks i indre Nordfjord




Utbreiinga av ordformer med lang stammevokal er heile 90,2 % for denne morfologiske gruppa i indre Nordfjord. Dette er høgare enn i dei andre områda vi har sett på. Lange vokalar dominerer i før dei uekte konsonantgruppene i alle suffigeringane her, og det er små skilnader mellom dei ulike gruppene.

Frekvensen av korte vokalar i ordavleidde ordformer er, som i Sogn og Nordfjord, låg på Sunnmøre. Vokallengda i dei ulike suffigeringane på ytre Sunnmøre går fram av tabell (262).

(262) a. *Vokallengd etter suffiks på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 5.6)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 72.0 | 27.9 | 68 |
| nad | 50.9 | 49.0 | 55 |
| leg | 36.0 | 64.0 | 150 |
| sam | 23.5 | 76.4 | 34 |
| skap | 14.2 | 85.7 | 21 |
| heit | 22.2 | 77.7 | 27 |
| Snitt | 41.6 | 58.3 | 355 |

b. Lange vokalar etter suffiks på ytre Sunnmøre




Tabellen viser at det er 58,3 % lange vokalar i ordformene i denne morfologiske kategorien. Dette syner at representasjonen av lange vokalar er som i Sunnfjord og ytre Nordfjord for denne kategorien. Også her er det ein høgare frekvens av korte vokalar før dei uekte konsonantgruppene ved *ning*- (som har 72,0 % lange vokalar), men og *nad*-suffigeringane (som har høvesvis 47,5 % og 48,2 % korte vokalar). Ved *sam*-, *skap*- og *heit*-suffigeringane er det ein låg frekvens av korte vokalar.

Frekvensen av korte vokalar i ordavleidde ordformer er, som i indre Nordfjord, låg på indre Sunnmøre, slik det går fram av tabell (263).

(263) a. *Vokallengd etter suffiks på indre Sunnmøre* (jf. vedlegg 5.7)

| Suffiks | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|---------|------------|------------|---------------|
| ning | 8.9 | 91.0 | 56 |
| nad | 25.0 | 75.0 | 52 |
| leg | 7,5 | 92.5 | 120 |
| sam | 3.1 | 96.8 | 32 |
| skap | 0.0 | 100.0 | 24 |
| heit | 0.0 | 100.0 | 24 |
| Snitt | 9.0 | 90.9 | 308 |

b. Lange vokalar etter suffiks på indre Sunnmøre



Tabellen viser at det berre er 9,0 % korte vokalar i ordformene i denne morfologiske kategorien. Dette syner at også her er ein dominans av lange vokalar (som i Nordfjord). Berre ved *nad*-suffigeringane, som har 25,0 % korte vokalar, er det ein høg frekvens av korte vokalar før desse uekte konsonantgruppene. Ved *leg*, *sam*, *skap*- og *heit*-suffigeringane er det her ein total dominans av lange vokalar.

Som ei samanfatning av analysen av vokalkvantiteten før uekte konsonantgrupper skapte gjennom ordavleiingar i nordvestlandsk kan vi seie at avleiingsmorfologien har ulik innverknad på vokalkvantiteten ved dei ulike suffigeringane, og det er variasjonar i dei ulike områda. I Sunnfjord er frekvensen av korte vokalar høgare enn i dei andre områda. Her vil halvparten av ordformene i denne morfologiske kategorien ha kort vokal. Men også i Sogn, ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre er det ein høgare frekvens av korte vokalar enn i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre, der dei lange vokalane dominerer i denne morfologiske kategorien. Det er også skilnader mellom dei ulike suffigeringane når det gjeld vokalkvantiteten før konsonantgruppene i desse avleiingane. Ved *nad*- og *ning*-suffigeringane er innslaga av korte vokalar høgare enn ved dei andre suffigeringane. Den lågaste frekvensen av korte vokalar finn vi ved *skap*- og *heit*-suffigeringane. Vi skal sjå nærare på desse variasjonane nedafør.


12.3. Vokalkvantiteten i ordavleidde ordformer

Analysen av vokalkvantiteten før uekte konsonantgrupper som er skapte gjennom samankjeding av ein stamme med eit ordavleiingssuffiks, syner store variasjonar når det gjeld vokalkvantiteten i ordformene i denne morfologiske kategorien i dei ulike målområda, ein variasjonane som kjem fram i tabell (264).

(264) a. *Vokallengd etter målområde i nordvestlandsk*

| | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------|------------|------------|---------------|
| Sogn | 31.9 | 68.0 | 397 |
| Sunnfjord | 54.5 | 45.4 | 361 |
| Ytre Nfj | 35.5 | 64.4 | 169 |
| Indre Nfj | 11.8 | 88.1 | 304 |
| Ytre Snm | 41.6 | 58.3 | 355 |
| Indre Snm | 9.0 | 90.9 | 308 |
| Snitt | 32.1 | 67.8 | 1892 |

b. *Lange vokalar etter målområde i nordvestlandsk*



Tabellen viser at det i alle områda, med unntak av Sunnfjord, er ein majoritet av lange vokalar før dei uekte konsonantgruppene danna gjennom samankjeding av ein stamme med eit avleiingssuffiks. Skilnaden i vokalrepresentasjonen går mellom Sunnfjord på den eine sida, og indre Nordfjord og Sunnmøre på den andre. I sunnfjordmålet er det høgare frekvens av korte vokalar i ordformer i denne kategorien (54,5 % her mot omkring 10 % i dei to andre områda). Men også Sogn og ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre har klart lågare frekvens av lange vokalar enn indre Nordfjord og indre Sunnmøre. Dersom lange vokalar synleggjer morfologisk kompleksitet i desse avleiingane, vil dette tilseie at ei slik synleggjering av kompleksiteten er det dominerande mønstret for måla i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre. Den ustabiliteten som målet i Sunnfjord viser gjennom ei jamn


fordeling av ordformer med lang og kort vokal, kan då tyde på at eit anna mønster for å handsame den morfologisk kompleksiteten i større grad er til stades her.

Går vi nærare inn i talmaterialet, finn vi ei fordeling av kort vokal mellom dei aktuelle suffigeringane for kvart av målområda som vist i tabell (265).

(265) a. Lange vokal rangert etter suffiks og målområde

| | Sogn | Sunnfjord | Ytre Nordfjord | Indre Nordfjord | Ytre Sunnmøre | Indre Sunnmøre |
|-------|-------------|------------|----------------|-----------------|---------------|----------------|
| ning | 35.1 (74) | 19.3 (62) | 35.7 (28) | 82.1 (56) | 27.9 (68) | 91.0 (56) |
| nad | 46.3 (69) | 23.8 (63) | 50.0 (28) | 83.3 (54) | 49.0 (55) | 75.0 (52) |
| leg | 74.9 (159) | 42.0 (145) | 71.2 (73) | 88.3 (129) | 64.0 (150) | 92.5 (120) |
| sam | 86.1 (36) | 75.0 (36) | 75.0 (16) | 91.3 (23) | 76.4 (34) | 96.8 (32) |
| skap | 100.0 (29)) | 88.8 (27) | 83.3 (12) | 100.0 (21) | 85.7 (21) | 100.0 (24) |
| heit | 100.0 (30) | 88.8 (27) | 91.6 (12) | 100.0 (21) | 77.7 (27) | 100.0 (24) |
| Snitt | 68.0 (397) | 45.4 (36) | 64.4 (169) | 88.1 (304) | 58.3 (355) | 90.9 (308) |

b. Lange vokalar fordelt etter suffiks og målområde




Det er, som vi kan sjå, store skilnader i vokalrepresentasjonen før dei ulike suffigeringane i alle områda. For måla i Sunnfjord, som har dei høgaste innslaga av korte stammevokalar, vil kort vokal dominere i dei ordnivåavleiddede ordformene før *ning*-og *nad*-suffiksa. Men også i Sogn, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre er innslaga av korte vokalar høg i desse suffikskategoriene. Før *skap*-og *heit*-suffiksa dominerer lange vokalar i alle områda.

Vokalrepresentasjonen før dei ulike avleings-suffiksa i dei ulike områda syner tydelege skilnader når det gjeld fordelinga av analytiske og syntetiske morfologiske system. Desse to ulike systema for handsaming av morfologien har varierende innslag i dei ulike områda og i dei ulike morfologiske kategoriene. Det at representasjonen av lange vokalar dominerer før dei fleste suffiksa

i alle områda, skulle vere ein peikepinn på at dei analytiske morfologiske strukturane dominerer i området.


Grunnlaget for ein analytisk struktur ligg i realisasjonen av eit synleg suffiks i slike avleiingar. Lang vokal synleggjer morfologisk kompleksitet i den fonologiske representasjonen i slike former, som vist i ordforma 'søknad' M nedafor.

(266) Representasjonen av $[^2sø:kna]$ M 'søknad' i ein analytisk struktur



Dersom ein kort vokal opptrer i stammen, vil dette tilseie at morfemgrensa mellom dei to konsonantsegmenta vert skjult i strukturen. Ein slik ikkjeanalytisk struktur kjem fram i $[^2sækna]$ ADJ. 'søknad' nedafor.

(267) Representasjonen av $[^2sækna]$ ADJ. 'søknad' i ein ikkjeanalytisk struktur



Der ein kort vokal opptrer i ordforma, vil denne kamuflere morfemgrensa mellom opptaktene.

No kan vokalkvantiteten også vere kjenslevar for den fonotaktiske strukturen i den etterfølgjande konsonantgruppa. Ei slik kjenslevarheit for den fonotaktiske strukturen vil før til at kompleksiteten til konsonantsegmenta som er knytte til O₃-posisjonen og O₂-posisjonen, dannar

mønster som verkar inn på vokalrepresentasjonen. Eg skal difor sjå nærare på samanhengen mellom vokalkvantiteten og kompleksiteten i den uekte konsonantgruppa som er skapt gjennom samankjedinga av stamme og suffiks i desse ordavleiingane. (Kompleksitetsskilnadene mellom segmenta i konsonantgruppene kjem fram i tabell (52) s. 90 og (53) s. 92). Konsonantgruppene med stigande kompleksitet vil her kunne identifiserast med rimkomplement-opptaktssamband, medan fallande kompleksitet framstår som optakter.

Samanhengen mellom vokalrepresentasjon og konsonantgruppe i ordnivåavleiingar med *ning-* og *nad-*suffiks kjem fram i tabell (268).

(268)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| rn | 100.0 | 0.0 | 10 |
| ln | 90.0 | 10.0 | 10 |
| vn | 80.0 | 20.0 | 10 |
| dn | 70.0 | 30.0 | 10 |
| pn | 63.3 | 36.6 | 30 |
| sn | 55.5 | 44.4 | 9 |
| gn | 55.0 | 45.0 | 20 |
| kn | 36.6 | 63.3 | 30 |
| tn | 10.0 | 90.0 | 10 |
| Snitt | 58.2 | 41.7 | 139 |

b. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ning- og nad-suffigeringar i Sunnfjord* (jf. vedlegg 5.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| ln | 100.0 | 0.0 | 9 |
| vn | 93.3 | 66.6 | 9 |
| dn | 88.8 | 11.1 | 9 |
| pn | 81.4 | 18.5 | 27 |
| rn | 77.7 | 22.2 | 9 |
| sn | 77.7 | 22.2 | 9 |
| kn | 73.0 | 26.9 | 26 |
| gn | 72.2 | 27.7 | 18 |
| tn | 55.5 | 44.4 | 9 |
| Snitt | 78.4 | 21.6 | 125 |

c. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ning- og nad-suffigeringar i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 5.4)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| ln | 100.0 | 0.0 | 4 |
| rn | 100.0 | 0.0 | 4 |
| vn | 50.0 | 50.0 | 4 |
| sn | 50.0 | 50.0 | 4 |
| dn | 50.0 | 50.0 | 4 |
| pn | 50.0 | 50.0 | 12 |
| gn | 50.0 | 50.0 | 8 |
| kn | 58.3 | 41.6 | 12 |
| tn | 25.0 | 75.0 | 4 |
| Snitt | 57.1 | 42.8 | 56 |

d. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ning- og nad-suffigeringar i indre Nordfjord (jf. vedlegg 5.5)*

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| ln | 75.0 | 25.0 | 8 |
| rn | 37.5 | 62.5 | 8 |
| vn | 37.5 | 62.5 | 8 |
| sn | 25.0 | 75.0 | 8 |
| dn | 0.0 | 100.0 | 8 |
| pn | 8.3 | 91.6 | 24 |
| gn | 7.1 | 92.8 | 14 |
| kn | 4.1 | 95.8 | 24 |
| tn | 12.5 | 87.5 | 8 |
| Snitt | 17.2 | 82.7 | 110 |

e. *Vokallengd etterkonsonantgruppe i ning- og nad-suffigeringar på ytre Sunnmøre (jf. vedlegg 5.6)*


| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| ln | 90.0 | 0.0 | 10 |
| rn | 100.0 | 0.0 | 10 |
| vn | 70.0 | 30.0 | 10 |
| dn | 80.0 | 20.0 | 10 |
| sn | 28.5 | 71.4 | 7 |
| pn | 64.0 | 36.0 | 25 |
| gn | 50.0 | 50.0 | 31 |
| kn | 56.5 | 43.4 | 23 |
| tn | 30.0 | 70.0 | 10 |
| Snitt | 62.6 | 37.3 | 123 |

f. *Vokallengd etterkonsonantgruppe i ning- og nad-suffigeringar på indre Sunnmøre (jf. vedlegg 5.7)*

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| ln | 0.0 | 100.0 | 8 |
| rn | 12.5 | 87.5 | 8 |
| vn | 87.5 | 12.5 | 8 |
| dn | 12.5 | 87.5 | 8 |
| sn | 57.1 | 42.8 | 7 |
| pn | 8.3 | 91.6 | 24 |
| gn | 7.6 | 92.3 | 13 |
| kn | 4.1 | 95.8 | 24 |
| tn | 12.5 | 87.5 | 8 |
| Snitt | 16.6 | 83.3 | 108 |

Eit samla oversyn over vokalrepresentasjonen før dei ulike konsonantgruppene i *nad-* og *ning-*suffigeringane kjem fram i tabell (269).

(269) Lang vokal etter målområde og konsonantgrupper ved ning- og nad-avleiingar



Det kan sjå ut som det er heller liten korrelasjon mellom kompleksiteten i konsonantgruppa og vokalrepresentasjonen i desse avleiingane. Ein analyse av vokalkvantiteten i ordformer med *nad-* og *ning-*suffigering peikar i retning av at den fonotaktiske strukturen i den etterfølgjande konsonantgruppa verkar inn på vokalrepresentasjonen på ein slik måte at lange vokalar opptre i sterkare grad før konsonantgrupper som utgjer plosiv-sonorantsamband i nordvestlandsk enn før konsonantgrupper som utgjer sonorantsamband. Dei førstnemnde konsonantgruppene opptre som opptaktskonfigurasjonar i norsk. Lågast frekvens av korte vokalar er det før konsonantgrupper som har ein fallande kompleksitet mellom segmenta, dvs. konsonantgrupper som kan identifiserast som opptakter i norsk. Det gjeld *pn-*, *kn-* og *tn-*gruppene. (Konsonantgruppene *tn* og *pn* dannar ikkje opptakter i norsk. Det fonotaktiske mønsteret mellom ein obstruent og ein sonorant peikar likevel i retning av eit opptakssamband.) Konsonantgrupper med ein jamn eller ein stigande kompleksitet mellom segmenta vil generere ein noko lågare frekvens av lange vokalar enn konsonantgrupper med fallande kompleksitet mellom segmenta. Den korte vokalen dominerer før konsonantgrupper som utgjer homorgane sonorantsamband, *rn* og *ln*.

Analysen av ordnivåavleiingane i vestnorsk har vist at for denne morfologiske kategorien er den morfologiske kompleksiteten stort sett synleggjort i fonologien gjennom analytiske strukturar i ordformene. Skilnadene i vokalrepresentasjonen følgjer likevel både suffikset og fonotaksen for denne morfologiske kategorien. Det viser seg at den tydelegaste skilnadene mellom dei syntetiske og dei analytiske formene korrelerer med avleiingssuffiksa. Samtidig er det påvist at innslaga av analytisk morfologi er høgare i Sogn, på Sunnmøre og i Nordfjord enn i Sunnfjord. Sunnfjord står då fram som eit kjerneområde for innslag av syntetisk morfologi i desse ordformene. Vi skal sjå om

dette er eit mønster som held seg når vi no går over til meir morfologisk gjennomsiktige ordformer, komposita.

Kapittel 13

Kvantiteten i komposita

13.1. Innleiing

Til slutt skal vi vidarefør analysen av morfologisk komplekse ordformer i nordvestlandsk til dei samansette ordformene (komposita). Allereie Aasen peika i sin grammatikk på at komposita er den mest kompliserte delen av morfologien (Aasen 1864, jf. Haugen 1967b: 303). Haugen har i sin diskusjon om tonelagsreglane i norsk peika på at usemja mellom informantane når det gjeld dei ulike tonelagsmønsterane, er større her enn i dei andre morfologiske kategoriane (Haugen 1967b: 303).¹ Utvalet av ordformer som skal testast, er bestemt av at dei samankjeda røtene danner uekte konsonantgrupper over ei ordgrense (som vist i figur (140c) s. 189). Dette er komposita som enten har eit substantiv, adjektiv eller adverb som førstekomponent. Komposita med substantiv som førstekomponent vil vere meir morfologisk gjennomsiktige enn komposita der førstekomponenten er eit adjektiv eller eit adverb. Den sistnemnde gruppa av morfologisk komplekse ordformer vil i større grad vere prega av ein prefigering enn tilsvarende komposita med substantiv som førstekomponent. Dermed blir den morfologiske gjennomsiktigheita ein relevant faktor i analysen av desse samankjeda ordformene. Morfologisk gjennomsiktighet vil peike i retning av ein mental dimensjon, gjennom gjenkjenning av morfologisk kompleksitet ved realisasjonen av desse ordformene. Dette vil bli nærare drøfta i siste delen av kapittelet.

Ei samansett ordform utgjer to sjølvstendige røter som er kjeda saman til ei morfologisk kompleks ordform. Ordformasjonen kan framstillast som ei samankjeding av to stammar, [STAM₁ + STAM₂], til ein ny ordstamme [STAM₃]. I ein analytisk morfologisk derivasjon kan samankjedinga av dei to stammene framstillast på denne måten (jf. Kaye 1995: 304):

(270) $\varphi(\text{samankjed } (\varphi A), (\varphi B))$

Som figur (275) viser, utgjer komposita morfologisk komplekse ordformer som involverer to morfem, [A] og [B], med kvar sine sjølvstendige domene. Dei held opp denne domenestatusen også i den samankjeda ordforma, [[A] [B]] (Kaye 1995: 303, jf. også s. 186f.). Denne samankjedinga kjem fram i analysen av ordforma 'granbar' N nedanfor (jf. også figur 146 s. 192).

¹ Haugen (1967b) diskuterer eigentleg tonelagsmønsterane i norsk her, men dette har konsekvensar for kvantiteten då han peikar på at tonelaget vert underordna trykket slik at alle stavingar som er berarar av tonelag, også er trykkstavingar.

(271) *Samankjeding av 'gran' F og 'bar' N*

$[[^1\text{gra:n}\emptyset] + ^1\text{ba:r}\emptyset] \Rightarrow [^2\text{gra:nba:r}]$

Gjennom samankjedinga vert det skapt ei uekte konsonantgruppe over ei morfemgrense, som i dette tilfellet er ei ordgrense. Dersom ordformasjonen skjer på ein slik måte at strukturen i dei opphavlege ordformene vert ivareteken, vil slik strukturivaretaking kome til syne i den fonologiske overflata som ei oppretthalding av vokalkvantiteten før konsonantgruppa her. Dei opphavleg lange vokalane i komposisjonsledda vert slik oppretthaldne i samankjedinga til den morfologisk komplekse ordforma.

For ein tilsvarande syntetisk morfologisk struktur får vi denne formelen:

(272) $\varphi(\text{samankjed}(A), (B))$

Figur (272) viser morfologisk komplekse ordformer som involverer to morfem, [A] og [B], som vert samankjeda til eit nytt morfologisk domene der fonolgien vert koda inn i den samankjeda ordforma, [A B] (Kaye 1995: 304). Denne samankjedinga kjem fram i analysen av ordforma 'granbar' N nedafor (jf. også figur 147 s. 193).

(273) *Samankjeding av 'gran' F og 'bar' N*

$[^1\text{gra:n}\emptyset + ^1\text{ba:r}\emptyset] \Rightarrow [^1\text{grambar}]$

Gjennom samankjedinga vert det skapt ei uekte konsonantgruppe som opptrer som ei konsonantgruppe i ei monomorfemisk form. Denne konsonantgruppa vil vere kjenslevar for fonologiske prosessar på same måte som ei monomorfemisk ordform, slik at konsonantgruppa *nb* her vil vere utsett for assimilasjon av labialitet (elementet U) og dermed endra til *mb*. Dersom ordformasjonen skjer på ein slik måte at strukturen i dei opphavlege ordformene vert utsette for fonologiske prosessar, vil slik strukturendring kome til syne i den fonologiske overflata som ei endring av vokalkvantiteten før konsonantgruppa her. Dei opphavleg lange vokalane i komposisjonsledda vert endra gjennom samankjedinga til den morfologisk komplekse ordforma.

Eit oversyn over ordformene som skal testast i dette kapittelet, finn vi i tabell (274).²

² I analysen av kompositaa vil eg sjå bort frå komposita med komposisjonsfuge, av typen [²c̄c̄īc̄ēh̄uste] M 'kikhoste' og [²sēḡem̄q̄n̄:ε] M 'seigmann'. Også kompositaa som vert uttala med etterleddstrykk, noko som finst i delar av Sunnfjord, Nordfjord og på ytre Sunnmøre, vert ikkje rekna med i analysen.

(274) *Kompositum i nordvestlandsk*

| | Morfologisk form | Overflateform 1 | Overflateform 2 | Ordform |
|----|---|---------------------------|--------------------------|---------------|
| a. | [¹ ɛʊr][² hɔ:lɛ] | [² ɛʊrho:lɛ] | [² ɔrhole] | 'aurhole' F |
| | [¹ bu:r][¹ dʉ:k] | [² bu:rdʉ:k] | [² buʀdøk] | 'bordduk' M |
| | [¹ grɑ:n][¹ bɑ:r] | [² grɑ:nbɑ:r] | [² grambar] | 'granbar' N |
| | [¹ hʉ:s][¹ tɑ:k] | [² hʉ:stɑ:k] | [² hʉstak] | 'hustak' N |
| | [¹ lɛʊk][² sup:ɛ] | [² lɛʊksup:ɛ] | [² lʉksupe] | 'lauksuppe' F |
| | [¹ li:v][¹ dy:r] | [² li:vdy:r] | [² livdyr] | 'livdyr' N |
| | [¹ mɑ:t][¹ hʉ:s] | [² mɑ:thʉ:s] | [² mathus] | 'mathus' N |
| | [¹ sɛʊm][² fɑ:rɛ] | [² sɛʊmfɑ:rɛ] | [² sʉmfare] | 'saumfare' V |
| | [¹ sɛʊs][¹ kop:] | [² sɛʊskop:] | [² sʉʊskop] | 'sausopp' M |
| | [¹ sɛig][¹ mɑ:n:] | [² sɛigmɑ:n:] | [² sʉigmɑn] | 'seigmann' M |
| | [¹ skɔ:p][¹ dø:r] | [² skɔ:pdø:r] | [² skɔbdør] | 'skåpdør' F |
| | [¹ su:l][¹ tɑ:k] | [² su:lta:k] | [² sultak] | 'soltak' N |
| | [¹ stɑ:v][¹ tɑ:k] | [² stɑ:vta:k] | [² stavtak] | 'stavtak' N |
| | [¹ stu:l][¹ bɛin] | [² stu:lbein] | [² stulbʉin] | 'stolbein' N |
| | [¹ tɑ:k][¹ rɑ:s] | [² tɑ:krɑ:s] | [² takras] | 'takras' N |
| b. | [¹ grɔ:v][¹ sɑlt] | [² grɔ:vsɑlt] | [² grofsalt] | 'grovsalt' N |
| | [¹ grø:n][¹ sɑ:k] | [¹ grø:nsɑ:k] | [¹ grønsak] | 'grønsak' F |
| | [¹ gʉ:l][¹ ru:t] | [² gʉ:lru:t] | [² gulrut] | 'gulrot' F |
| | [¹ gʉ:l][¹ sot:] | [² gʉ:lsot:] | [² gulsot] | 'gulstott' F |
| c. | [¹ stu:r][¹ kɑ:r] | [² stu:rka:r] | [² sturkar] | 'storkar' M |
| | [¹ ʉ:t][¹ sɑ:l] | [² ʉ:tsɑ:l] | [² utsal] | 'utsal' N |
| | [¹ ɑ:v][¹ makt] | [² ɑ:vmakt] | [² avmakt] | 'avmakt' F |
| | [¹ bɑ:k][¹ tong] | [² bɑ:ktong] | [² baktong] | 'baktung' ADJ |


Ordformene i (274a) er eit resultat av samankjedinga av ei ordform, eit substantiv, med ei anna ordform, eit substantiv eller eit verb, til å forme ein kompleks stamme. (274b) inneheld samansette ordformer der førstekomponenten er eit adjektiv og (274c) har eit adverb som førstekomponent i samansetjinga.

Vokallengda sett i samanheng med det fonotaktiske mønsteret til det etterfølgjande konsonantsambandet kjem fram i tabell (275). Tabellen syner samanhengen mellom vokallengda og den fonotaktiske strukturen i det etterfølgjande konsonantsambandet.

(275) a. *Vokallengd etter konsonantsamband i nordvestlandsk* (jf. tabell 6.1)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 89.1 | 10.8 | 37 |
| Sonorant + obstruent | 17.4 | 82.5 | 412 |
| Obstruent + sonorant | 8.3 | 91.6 | 131 |
| Obstruent + obstruent | 4.5 | 95.4 | 502 |
| Snitt | 15.1 | 84.8 | 1082 |

b. Lange vokalar etter konsonantsamband i nordvestlandsk



Lange vokalar dominerer totalt sett før konsonantgruppene i dei samankjeda ordformene. Det går fram av tabell (275) at 84,8 % av ordformene har lang vokal. Samtidig viser tabellen at frekvensen av korte vokalar er høgast før sonorantsambanda. Her har 89,1 % av ordformene korte vokalar. Frekvensen av korte vokalar er lågast før obstruentsambanda, med 4,5 %. Dette kan tyde på at det er ein viss samanheng mellom vokallengd og det etterfølgjande konsonantsambandet. Men dersom vi ser vokallengda i relasjon til konsonantgruppene, viser dette at det er liten samanheng mellom vokallengd og kompleksitetstrukturen i konsonantgruppene. Tabell (276) viser samanhengen mellom vokallengd og konsonantgruppe (kompleksitetsstrukturen i parentes).

(276) a. *Vokallengd etter konsonantgrupper i nordvestlands (jf. vedlegg 6.1)*

| Konsonantgruppe | Kompleksitet | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|--------------|------------|------------|---------------|
| rk | 3 | 10.4 | 89.5 | 48 |
| kr | 3 | 8.3 | 91.6 | 48 |
| th | 3 | 2.0 | 97.9 | 48 |
| kh | 3 | 2.3 | 97.6 | 42 |
| rd | 2 | 4.9 | 95.9 | 49 |
| lt | 2 | 2.0 | 97.9 | 48 |
| ts | 2 | 6.2 | 93.7 | 48 |
| st | 2 | 2.0 | 97.9 | 49 |
| ks | 2 | 4.3 | 95.7 | 46 |
| sk | 2 | 9.0 | 90.9 | 33 |
| vt | 2 | 2.0 | 97.9 | 48 |
| pd | 1 | 8.3 | 91.6 | 48 |
| lr | 1 | 89.1 | 10.8 | 37 |
| ls | 1 | 29.7 | 70.2 | 47 |
| gm | 1 | 8.1 | 91.8 | 37 |
| lb | 1 | 4.8 | 95.1 | 41 |
| vd | 1 | 2.1 | 97.8 | 47 |
| mf | 1 | 7.1 | 92.8 | 42 |
| nb | 1 | 2.0 | 97.9 | 49 |
| ns | 0 | 83.6 | 16.3 | 49 |
| rh | 0 | 7.6 | 92.3 | 39 |
| kt | 0 | 6.3 | 93.6 | 47 |
| vm | 0 | 8.6 | 91.3 | 46 |
| vs | 0 | 6.5 | 93.4 | 46 |
| Snitt | | 15.1 | 84.8 | 1082 |

Frekvensen av korte vokalar er totalt sett 15,1 % i denne morfologiske kategorien. Lange vokalar opptrer dermed i majoriteten av ordformene. Dei innbyrdes skilnadene er likevel store.

Konsonantgruppene *ns* og *lr* peikar seg ut med særleg høg frekvens av korte vokalar (høvesvis 83,6 % for *ns* og 89,1 % for *lr*). I desse gruppene finn vi ordformene 'grønsak' M og 'gulrot' F, der dei korte vokalane dominerer (jf. vedlegg 6.6). Også før konsonantgruppa *ls* har vi ein høgare frekvens av korte vokalar (29,7 %). Her finn vi ordforma 'gulsott' F. I dei andre ordformene dominerer dei lange vokalane. Dette er interessante skilnader som vi skal drøfte vidare nedafor (s. 310ff.). Men før vi går inn på ei drøfting av desse skilnadene, skal vi sjå nærare på den geografiske spreinga av ordformene i denne kategorien.


13.2. Geografisk utbreiing

Vokalrepresentasjonen fordelt etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa i Sogn er vist i tabell (282). I sognemålet er det, som tabellen viser, få korte vokalar før uekte konsonantgrupper danna gjennom samankjeding av ordformer med substantiv, adjektiv eller adverb som førstekomponent.

(277) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sogn* (jf. vedlegg 6.2)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 62.5 | 37.7 | 8 |
| Sonorant + obstruent | 11.8 | 88.1 | 93 |
| Obstruent + sonorant | 0.8 | 100.0 | 113 |
| Obstruent + obstruent | 0.0 | 99.1 | 31 |
| Snitt | 6.9 | 93.0 | 245 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sogn*



Som tabellen viser, har 6,9 % av ordformene korte vokalar i denne morfologiske kategorien i Sogn. Før dei fleste konsonantgruppene dominerer lange vokalar. Konsonantsambanda som først og


fremst genererer korte vokalar i denne morfologiske kategorien i sognemålet, er sonorantgruppene, dvs. *lr*-sambanda, men også før *ns*-sambandet er det høg frekvens av korte vokalar. Dei korte vokalane opptreer først og fremst i ordformene 'gulrot' F og 'grønsak' M. I dei andre ordformene er korte vokalar fråverande i dette området.

Sunnfjord har ein høgare frekvens av korte vokalar før dei uekte konsonantgruppene enn Sogn, slik det går fram av tabell (278). Dersom vi ser samanhengen mellom vokalkvantiteten og fonotaksen i det etterfølgjande konsonantsambandet, kjem det fram i tabellen at vokalkvantiteten varierer mykje før dei ulike konsonantgruppene.

(278) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i Sunnfjord* (jf. vedlegg 6.3)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 87.5 | 12.5 | 8 |
| Sonorant + obstruent | 29.4 | 70.5 | 78 |
| Obstruent + sonorant | 10.7 | 88.8 | 93 |
| Obstruent + obstruent | 11.1 | 89.2 | 27 |
| Snitt | 20.8 | 79.1 | 206 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i Sunnfjord*




Tabellen viser at 20,8 % av ordformene i denne morfologiske kategorien har korte vokalar før dei uekte konsonantgruppene. Korte vokalar opptreer før alle konsonantgruppene, men sjeldan før *kt*-, *ts*- og *vm*-sambanda. Også i Sunnfjord er det før sonorantsambanda det er høgast frekvens av korte vokalar, først og fremst før konsonantsamband med sonorantar i begge posisjonane. Før sonorant + obstruentsambanda er det høgare frekvens av korte vokalar høgare enn før sambanda med obstruendar som vokalnær konsonant. (Før *lr*- og *ls*-sambanda dominerer den korte vokalen.) Men også i dette området har ordformene 'gulrot' F og 'grønsak' M høgast frekvens av korte vokalar.

I nordfjordmålet er frekvensen av lange vokalar før uekte konsonantgrupper som er skapte gjennom samankjedinga av ordformer med adjektiv som førstekomponent, lågare enn i Sunnfjord. Tabell (279) viser vokallengd fordelt etter fonotaks i ytre Nordfjord.

(279) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord* (jf. vedlegg 6.4)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 100.0 | 0.0 | 4 |
| Sonorant + obstruent | 11.4 | 88.5 | 35 |
| Obstruent + sonorant | 9.0 | 90.9 | 11 |
| Obstruent + obstruent | 0 | 100 | 42 |
| Snitt | 9.7 | 90.2 | 92 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i ytre Nordfjord*




I dette området vil berre 9,7 % av ordformene ha korte vokalar. Også her varierer vokalrepresentasjonen mykje etter konsonantgruppene. Før *lr*-gruppa dominerer korte vokalar, medan det før t.d. *kt*-gruppa dominerer lange vokalar. Vi ser her det same mønsteret som vi såg i Sunnfjord: Representasjonen av korte vokalar er høg før sonorantsamband og låg før obstruentsamband.

Tabell (280) viser vokallengd fordelt etter fonotaks i indre Nordfjord.

(280) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe i indre Nordfjord* (jf. vedlegg 6.4)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 100.0 | 0.0 | 7 |
| Sonorant + obstruent | 11,4 | 88,8 | 63 |
| Obstruent + sonorant | 11,1 | 88,8 | 18 |
| Obstruent + obstruent | 2,7 | 97,2 | 73 |
| Snitt | 11,1 | 88,8 | 161 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe i indre Nordfjord*




Også i dette området dominerer lange vokalar før konsonantsambanda. (88,8 % av ordformene har lange vokalar.) Det er også her hovudvekt av korte vokalar før sonorantsambanda (*lr*-gruppa) medan lange vokalar dominerer før obstruentsamband. Det er likevel særleg i ordformene 'gulrot' og 'grønnsak' at korte vokalar opptrer.

Målet på Sunnmøre viser om lag det same mønsteret som nordfjordmålet når det gjeld vokalrepresentasjonen før dei uekte konsonantgruppene i komposita med adjektiv og adverb som første komponent. Vokalrepresentasjonen fordelt etter det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa på ytre Sunnmøre kjem fram i tabell (281).

(281) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre* (jf. vedlegg 6.5)

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant + sonorant | 100.0 | 0.0 | 4 |
| Sonorant + obstruent | 24.3 | 75.6 | 78 |
| Obstruent + sonorant | 19.0 | 80.9 | 21 |
| Obstruent + obstruent | 10.5 | 89.4 | 95 |
| Snitt | 18.6 | 81.3 | 198 |

b. *Lange vokalar etter konsonantgruppe på ytre Sunnmøre*




Totalt er representasjonen av korte vokalar her 18,6%, som tabell (286) viser. Frekvensen av korte vokalar er dermed om lag den same i Sunnfjord, men høgare enn i Sogn og Nordfjord. Som i sunnfjordmålet er det først og fremst før sonorantsambanda at dei korte vokalane opptrer. (Korte vokalar dominerer her.) Det gjeld også her ordformene 'gulrot' F og 'grønnsak' M. Men også før konsonantgruppa *ls* er frekvensen av korte vokalar høg (55,5 %). Dette gjeld ordforma 'gulrot' F.

På indre Sunnmøre er frekvensen av korte vokalar lågare enn på ytre Sunnmøre. Vokallengda på indre Sunnmøre kjem fram i tabell (282).

(282) a. *Vokallengd etter konsonantgruppe på indre Sunnmøre (jf. vedlegg 6.6)*

| Konsonantgruppe | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|----------------------|------------|------------|---------------|
| Sonorant – sonorant | 100.0 | 0.0 | 6 |
| Sonorant – obstruent | 11.2 | 88.7 | 71 |
| Obstruent – sonorant | 4.3 | 95.6 | 23 |
| Obstruent-obstruent | 0.0 | 100.0 | 86 |
| Snitt | 8.0 | 91.9 | 186 |

b. *Lange vokalar etter konsonatgruppe på indre Sunnmøre*




Totalt er representasjonen av korte vokalar berre 8 % her, som tabell (282) viser. Dette er om lag det same som i Sogn og Nordfjord, og som i sognemålet og nordfjordmålet er det først og fremst før sonorantsambanda at dei korte vokalane opptre. (Alle ordformene med sonorantsamband har korte vokalar her.) Det gjeld også her ordformene 'gulrot' F og 'grønsak' M.

Analysen viser dermed at det ikkje er tydelege skilnader mellom sognemålet, sunnfjordmålet, nordfjordmålet og sunnmørsmålet når det gjeld innslag av korte vokalar før konsonantgruppene i denne morfologiske kategorien. Vokalrepresentasjonen i dei ulike områda kjem fram i tabell (283).

(283) a. *Vokallengd før uekte konsonantgrupper i samankjeda ordformer fordelt etter geografisk område*

| | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------------|------------|------------|---------------|
| Sogn | 6.9 | 93.0 | 245 |
| Sunnfjord | 20.8 | 79.1 | 206 |
| Ytre Nordfjord | 9.7 | 90.2 | 92 |
| Indre Nordfjord | 11.1 | 88.8 | 161 |
| Ytre Sunnmøre | 18.6 | 81.3 | 198 |
| Indre Sunnmøre | 8.0 | 91.9 | 186 |
| Snitt | 12.7 | 87.2 | 1088 |

b. Lange vokalar fordelt etter målområde



Som tabellen syner, er det først og fremst sunnfjordmålet og målet på ytre Sunnmøre som skil seg ut med høgare frekvens av korte vokalar i denne morfologiske kategorien. I dei andre områda, Sunnfjord, Nordfjord og indre Sunnmøre, dominerer lange vokalar.

Vi har også sett at det er skilnader i vokalrepresentasjonen ettersom den etterfølgjande konsonantgruppa utgjer sonorantar eller obstruentar. Den høgaste frekvensen av korte vokalar finn vi før sonorantsambanda i alle områda. Dette er stort sett knytt til realisasjonen av ordformene 'gulrot' F og 'grønsak' M, som har høg frekvens av korte vokalar i materialet mitt. Vi skal drøfte desse variasjonane nedafor.


3. Morfologien i samansette ordformer

Analysen i dette kapittelet har dreidd seg om komposita i vestnorsk. Vi har konsentrert oss om to kategoriar av samansette ordformer. Den første gruppa representerer samankjeding av to substantiv til å forme ei morfologisk kompleks ordform, som i 'granbar' N (jf. s. 191f. og s. 308). Ordforma 'granbar' N er samankjeda med 'gran' F som førstekomponent og 'bar' N som andrekomponent:

(284) [¹gra:n] + [¹ba:r] => [¹gra:n₁ba:r]

Dei to strengane 'gran' og 'bar' dannar sjølvstendige morfologiske domene, som vert samankjeda til strengen 'granbar', også eit sjølvstendig morfologisk domene. Den morfologiske strukturen er [[A][B]]. Fonologiseringa kan her oppfattast som syklisk, der fonologien først vert koda inn i domenet 'gran' og domenet 'bar', og deretter i den samankjeda strengen. Kvart av domena vil då ende med ein heimla tom kjerne som domenefinal posisjon. Den opphavleg strukturen i kvart av domena held seg her ubrigda gjennom samankjedinga. Ein slik prosess har vi omtala som ein analytisk prosess, og strukturen som ein analytisk struktur (jf. Kaye 1995). Denne strukturen kjem til syne gjennom realisasjonen av ein lang vokal (som vist i figur 285. Jf. også figur 191 s. 154).

(285) Representasjonen av [²gra:nba:r] N 'granbar'




Dersom vokallengda endrar seg gjennom derivasjonen, dvs. at den lange vokalen i stammen gjennom derivasjonen vert endra til ein kort vokal, har vi denne strukturen:

(286) [¹gra:n] + [¹ba:r] => [¹grambar]

Denne strukturen kjem fram i figur (286) (jf. også fig. 155 s. 191).

(286) Representasjonen av [²granbar] N 'granbar'



Dei morfologiske domena vil i denne ordforma vere usynleg i overflata. Den morfologiske strukturen er her [AB]. Morfologi som ikkje inneheld domene i fonologien, er syntetisk morfologi, og denne forma vil ha ein syntetisk struktur (Kaye 1995: 309). Det er altså skilnaden i


vokalkvantiteten før den uekte konsonantgruppa dannar gjennom samankjedinga av dei to ordformene som viser statusen som analytisk eller syntetisk morfologi i dette tilfellet.

Den andre gruppa av kompositum inneheld ordformer der førstekomponenten er eit adverb eller eit adjektiv. Formene under (274b) er samankjeda med eit adjektiv eller adverb som førstekomponent.

$$(287) \quad [{}^1a:v] + [{}^1makt] \quad \Rightarrow \quad [{}^2a:v\grave{m}akt]$$

Også i desse komposita er den morfologiske strukturen $[[A][B]]$, dvs. at begge ordformene dannar sjølvstendige morfologiske domene i den samankjeda ordforma. Dei to morfema, 'av' og 'makt' utgjør begge sjølvstendige fonologiske domene i strukturen, slik at samankjedinga av dei vil gje ei ordform der den opphavlege strukturen er verna. Denne samankjedinga vil då opptre som strukturivaretagande, ved at stammevokalen held seg lang.

(288) *Representasjonen av $[{}^2a:v\grave{m}akt]$ F 'avmakt'*




I ein analytisk struktur vil difor slike preposisjonar, som *av*, danne sjølvstendige morfologiske domene, dei må oppfattast som analytiske samansetjingar.³ Den analytiske strukturen manifesterer seg i realisasjonen av kjernen, som vil vere lang i overflata. Dessutan er konsonantane *v* og *m*, som er i naboskap i overflata, skilde av ein intern tom kjerne. Dermed skulle denne uekte konsonantgruppa ikkje vere kjenslevar for fonotaktiske restriksjonar.

Dersom det opptrer ein kort vokalkjerne, N_1 , i denne strukturen, vil vi måtte tolke dette som ein syntetisk struktur, dvs. at det er berre er eitt morfologisk domene til stades i strukturen. Denne strukturen kan framstillast som i (289).

³ Kaye (1995: 305) argumenterer mot strukturen $[A[B]]$. Argumentet er at dersom A ikkje er eit sjølvstendig domene, vil den finale kjernen ikkje vere heimla som domenefinal tom kjerne. Dette ekskluderer strukturen $[A[B]]$.

(289) Representasjonen av [²avmakt] F 'avmakt' i ein syntetisk struktur




Analysen av dei aktuelle ordformene i begge dei morfologiske kategoriane vi har sett på ovafor, syner at det er eit strukturivaretakande morfologisk mønster som dominerer i området. Det går likevel fram av analysen ovafor at det er skilnader mellom dei to morfologiske kategoriane og mellom målområda når det gjeld representasjonen av analytisk og syntetisk morfologi, som vist i tabell (290).

(290) a. Vokallengd etter samankjedingsgruppe og målområde

| | ADJ/ADV som førstekomponent | | | SUB som førstekomponenten | | |
|-----------|-----------------------------|------------|---------------|---------------------------|------------|---------------|
| | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
| Sogn | 17.8 | 82.1 | 84 | 1.2 | 98.7 | 161 |
| Sunnfjord | 37.6 | 62.3 | 69 | 12.4 | 87.5 | 137 |
| Ytre Nfj | 28.1 | 71.8 | 32 | 0.0 | 100.0 | 60 |
| Indre Nfj | 30.9 | 69.0 | 55 | 0.9 | 99.0 | 106 |
| Ytre Snm | 36.3 | 63.6 | 66 | 9.8 | 90.1 | 132 |
| Indre Snm | 24.1 | 75.8 | 62 | 0.0 | 100.0 | 124 |
| Snitt | 28.8 | 71.1 | 368 | 4.5 | 95.4 | 720 |

b. Frekvensen av lange vokalar



Komposita med substantiv som førstekomponent har høg frekvens av lange vokalar før konsonantsambanda i heile målområdet. Denne morfologiske gruppa må oppfattast som meir morfologisk transparent enn komposita med adjektiv eller adverb som førstekomponent.

Også for i andre gruppa, komposita med eit adjektiv eller adverb som førstekomponent, er det dominans av analytiske strukturar i alle områda, men her har Nordfjord, Sunnmøre og særleg Sunnfjord sterkare innslag av analytiske strukturar enn Sogn. I Sogn dominerer den syntetiske morfologien også i desse ordformene.

Analysen av kompositaa har dermed vist at samankjedinga av ordformene stort sett skjer strukturivaretagande. Den opphavlege morfologien vert altså teken vare på gjennom derivasjonen på ein slik måte at den deriverte forma syner innslaget av morfologi. Resultatet er i hovudsak synelege morfologisk komplekse former. Det vi her har påvist, er at det er geografiske skilnader i realisasjonen av analytisk og syntetisk morfologi. Sognemålet har så store innslag av analytiske strukturar i komposita at vi må oppfatte det slik at denne morfologien er dominerande her.

For Nordfjord, Sunnmøre og særleg Sunnfjord er det sterkare innslag av korte vokalar før dei uekte konsonantgruppene i komposita, særleg ved dei komposita som har adjektiv eller adverb som førstekomponent. Dette kan vi tolke i retning av at den syntetiske morfologien er sterkare representert i kjerneområdet Sunnfjord, men òg i Nordfjord og på Sunnmøre enn i Sogn.

Dersom det er slik at skilnaden i den morfologiske strukturen er idiosynkratisk for denne kategorien, dvs. at han er knytt til einskildformer, kan det vere relevant å sjå om bruksfrekvens har innverknad på representasjonen. Dersom vi deler ordformene i gruppa med adjektiv eller adverb som førstekomponent etter frekvens, vil vi få fram eit frekvenshierarki. (Dei tre mest frekvente og dei tre minst frekvente ordformene er testa.)

(291) a. *Ordformene med høgast bruksfrekvens*

| Ordform | Frekvens | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|-----------|----------|------------|------------|---------------|
| <grønsak> | 18 | 83.6 | 16.3 | 49 |
| <gulrot> | 10 | 89.1 | 10.8 | 37 |
| <utsal> | 8 | 6.2 | 93.7 | 48 |
| <gulsott> | 1 | 29.7 | 70.2 | 47 |
| Snitt | | 50.2 | 49.7 | 181 |

b. *Ordformene med lågast bruksfrekvens*


| Ordform | Frekvens | Kort vokal | Lang vokal | Tal på belegg |
|------------|----------|------------|------------|---------------|
| <storkar> | 0 | 6.2 | 93.7 | 48 |
| <grovsalt> | 0 | 6.5 | 93.4 | 46 |
| <baktung> | 1 | 6.3 | 93.6 | 47 |
| <avmakt> | 1 | 8.0 | 91.9 | 46 |
| Snitt | | 8.0 | 91.9 | 187 |

Som vi ser av tabellane, er det tydelege skilnader mellom desse gruppene. Dei ordformene som har

høgast bruksfrekvens, har også den høgaste representasjonen av syntetiske strukturar (50,2 %). Ordformene med den lågaste bruksfrekvensen har samtidig den høgaste frekvensen av analytiske strukturar (91,9 %). Dette stadfestar hypotesen vår om at det er ein korrelasjon mellom frekvensen til ei ordform, og representasjonen av kvantitetssystemet. Ordformer med høg frekvens har lettare for å fasthalde ein syntetisk struktur. Dette peikar i retning av at dei to morfologiske systema nedfeller seg i strukturen til dei morfologisk komplekse ordformene i området. Dei komposita som er mest morfologisk gjennomsiktige, har høgare frekvens av analytiske strukturar enn komposita som er mindre gjennomsiktige. Når det samtidig er slik at ordformer med høg bruksfrekvens også har høgare innslag av syntetisk morfologi, peikar dette retning av endringar innafor dei ulike gruppene, frå ein syntetisk til ein analytisk struktur.⁴

Mellom formene med ein dominerande ikkjeanalytisk struktur finn vi ordforma 'gulrot' F, med høgast frekvens av kort vokal i alle områda. Dette er ei tradisjonell ordform. Konsonantgruppa *lr* representerer eit samband med fallande kompleksitet, slik at strukturen her ikkje peikar mot ein typisk interkonstituent relasjon. (Konsonantgruppa *lr* er ikkje rimkomplement + opptaktssamband i vestnorsk.) Konsonantgruppa representerer heller ikkje eit typisk opptaktssamband. Den syntetiske strukturen i denne ordforma kjem fram i figur (292).

(292) Realisasjonen av [²gulrut] F 'gulrot'



Når den syntetiske strukturen dominerer for denne ordforma, gjev det ein peikepinn om ein morfologisk struktur som kan ha dominert målområdet. Det er ikkje fonotaktiske grunnar til at denne forma skal endre struktur, dvs. gå over til eit anna morfologisk mønster. Difor har denne forma halde fast på ein tradisjonell morfologisk struktur og eit tidlegare dominerande morfologisk system. Dette kan tyde på at dei høgfrekvente orda er ferdig samankjeda utan merke etter komponeringa, medan dei lågfrekvente orda blir i sterkare grad komponerte på ny og dei ber merke

⁴ Haugen (1967b: 304) omtalar den motsette overgangen, frå ein analytisk til ein syntetisk struktur for grupper av komposita som vekedagar, komposita med bøgde førstekomponentar som 'krigsskip' N og adjektiv/adverb + verb-samansetjingar som 'dyptfølt'. Årsaka til denne endringa meiner Haugen ligg i ei svekking av andrekomponenten i samansetjinga.

etter denne komponeringa. Eit slikt resultat av analysen av materialet mitt kan dermed peike mot at høgfrekvente ord er lagra i leksikonet på ein annan måte enn lågfrekvente ord. Ser ein bort frå ordformene ‘gulrot, F, ‘gulsott’ M og ‘grønnsak’ M, er realisasjonen av analytiske strukturar i denne kategorien av samankjedingar totalt dominerande i målområdet.

Vi ser altså at kompositumformene i utgangspunktet kan opptre både som analytiske og syntetiske i vestnorsk. For dei mest morfologisk transparente ordformene, substantiv + substantiv, dominerer den analytiske strukturen. Her er 95,4 % av ordformene representerte med lang vokal i stammen. Det har ikkje vore mogleg å påvise skilnader knytte til fonotaksen. Det er heller ikkje mogleg å påvise geografiske skilnader når det gjeld utbreiinga av analytiske og syntetiske ordformer ved denne morfologiske kategorien.

I dei mindre morfologisk transparente komposita, dei samankjedingane som har adjektiv eller adverb som førstekomponent, er innslaget av syntetiske former høgare i alle områda. Korte vokalar opptre i 28,8 % av ordformene. Høgast frekvens av korte vokalar og dermed ein syntetisk morfologi finn vi i Sunnfjord, men også i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre er innslaget av syntetisk morfologi høgt. Den lågaste representasjonen av korte vokalar og dermed sterkast innslag av analytisk morfologi finn vi i desse ordformene i Sogn.

Kapittel 14

Element, konstituentstruktur og fonologisk-morfologisk interaksjon i nordvestlandsk

I denne studien har eg presentert ein analyse av vokalkvantiteten før konsonantgrupper i vestnorsk. Utgangspunktet for analysen har vore at vokallengda ser ut til å variere meir i slike posisjonar enn elles. Hypotesen som låg til grunn for arbeidet, var at vokallengda er bestemt av eigenskapar ved konsonantsambandet som følgjer etter vokalen. På den måten vert dei skiftande vilkåra for vokallengd knytt til det fonotaktiske mønsteret i den etterfølgjande konsonantgruppa.

Til grunn for analysen ligg ein teori om den fonologiske representasjonen og derivasjonen, styringsfonologien. Med grunnlag i teorien var det mogleg å stille opp ulike kvantitetssystem etter eigenskapane (det fonotaktiske mønsteret) i den etterfølgjande konsonantismen. Det grunnleggjande skiljet her er om konsonantsambandet er ei ekte eller ei uekte konsonantgruppe. Denne skilnaden blir i styringsfonologien markert gjennom ein tom kjernekonstituent mellom konsonantane i den uekte konsonantgruppa, men ikkje i den ekte. Ei ekte konsonantgruppe vil berre opptre i ein monomorfemisk samanheng, der konsonantgruppa er ein del av den interne strukturen i ordformer som danner eitt morfologisk domene, dvs. ordformer som vert oppfatta som leksikalsk representerte.

Eigenskapane i konsonantgruppene som kan ha innverknad på vokalrepresentasjonen, har vi omtala som anten paradigmatiske (strukturelle) eller syntagmatiske (relasjonelle), jf. s. 8. Eit paradigmatiske system vil ha kort vokal før etterfølgjande konsonantgruppe same kva dei syntagmatiske eigenskapane til den etterfølgjande konsonantismen er (eit system vi har omtala som segmentteljande), jf. s. 8 og s. 80. Dette systemet vil ha ein gjennomført komplementaritet mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme. Eit slikt kvantitetssystemet kan stillast opp i formelen (293).

(293) KVKK

I ein slik kontekst vil vokalen vere kort same kva for konsonantar som opptre postvokalisk.

I den monomorfemiske realisasjonen vil det vere mogleg å tenkje seg at vokalkvantiteten er avhengig av kvaliteten til dei involverte konsonantane, som obstruentar og sonorantar. Dette fonotaktiske mønsteret har vi knytt til ulike styringsdomene avhengig av kompleksitetsskilnadene

mellom dei involverte segmenta. Teorien skil mellom interkonstituent styring, som tilseier styring mellom eit rimkomplement og ei opptakt, og intrakonstituent styring, som gjeld ei forgreina opptakt. Formelen for denne representasjonen kjem fram i (294) nedafor. (Pilene viser styreretninga.)

(294) a $KVK_1 K_2$ {der K_2 er meir kompleks enn K_1 }

b $KV(:)K_1 K_2$ {der K_1 er meir kompleks enn K_2 }

Konsonantgruppa i (294a) vil utgjere eit rimkomplement-opptaktssamband, fordi konsonantane her opptrer i eit interkonstituent styringsdomene. Førsetnaden for dette styringsdomenet er at kompleksiteten mellom segmenta er jamn eller stigande. Konsonantgruppa i (294b) utgjer eit intrakonstituent styringsdomene innafor ei forgreina opptakt. Då er det fallande kompleksitet mellom konsonantane.

Det var då om å gjere å teste vokalkvantiteten før konsonantgrupper som opptrer anten i interkonstituente eller intrakonstituente styringsdomene. Teorien førset her ein kort vokal før dei interkonstituente styringsdomena, då kodakonsonanten i konsonantgruppa inngår som komplement i rimet, dvs. ein stengdrimkonstruksjon. Før den andre styringsrelasjonen, intrakonstituent styring innafor ei opptakt, vil teorien opne opp for både korte og lange vokalar (som er vist gjennom parentesen i formelen). Ein restriksjon som krev kort vokal i denne posisjonen, må difor oppfatast som ein språkspesifikk restriksjon.

Det mest konsekvente segmentteljande systemet for vokalrepresentasjonen finn vi i Sunnfjord, i ytre Sogn, i ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. I dette området dominerer korte vokalar før konsonantgruppene, om dei dannar intrakonstituente eller interkonstituente styringsdomene (forgreina opptakter eller rimkomplement-opptakter). Denne vokalkvantiteten er konsekvent gjennomført før både dei mediale og dei marginale konsonantgruppene. Dette området utnyttar dermed komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme mest konsekvent. Her vil vi finne former som [²klatrɛ] V 'klatre', [²smertɛ] M 'smerte', [¹fart] M 'fart' og [¹skavl] M 'skavl'.

Ein slik segmentteljande kvantitet finn vi også i Sogn. Men her finn vi ein restriksjon mot marginale konsonantgrupper som dannar intrakonstituente styringsdomene (opptaktssamband). Konsonantgrupper med fallande kompleksitet mellom segmenta vert her splitta av ein innskotsvokal når det følgjer ein undertrykt domenefinal vokal etter. Sognemålet toler ikkje marginale intrakonstituente styringsdomene, det er ein parametrisk restriksjon mot dei. Kjerneområdet for

denne restriksjonen er indre Sogn (kommunane Lærdal, Luster og Aurland). Her finn vi formene [²klatrɛ] V 'klatre', [²smertɛ] M 'smerte', [¹fart] M 'fart', men [¹ska:vəl] M 'skavl'.

Større avvik frå den segmentteljande kvantiteten finn vi på Sunnmøre. Sunnmøremålet har også sterke innslag av epentese ved dei marginale konsonantgruppene som dannar intrakonstituente styringsdomene når desse konsonantgruppene har ein klar opptaktsidentitet, dvs. sterke styrarar i hovudposisjonen og kompleksitetsskilnader mellom konsonantane. Når konstituentstatusen er mindre klar, dvs. at veike styrarar opptre som hovud og det er jamn kompleksitet mellom konsonantane i konsonantgruppa, vil dei marginale konsonantgruppene i sterkare grad halde seg intakte. Før slike marginale konsonantgrupper er vokalen kort. I dette området vil vi finne skilnad mellom former som [¹u:ter] M 'oter', [ɔ:kɛr] M 'åker' på den eine sida og [aɣn] N 'agn', [avl] M 'avl' på den andre. Her er det ikkje ein parametrisk restriksjonen mot dei marginale intrakonstituente styringsdomena, slik vi finn det i Sogn.

Største avviket frå den segmentteljande kvantiteten finn vi i Nordfjord. Før dei marginale konsonantgruppene som dannar intrakonstituente styringsdomene, dvs. marginale opptaktsamband, er frekvensen av korte vokalar låg. Konsonantgrupper med sterk konstituentidentitet, som *pr*, *tr*, *kr* osv., vil i sterk grad vere splitta av ein innskotsvokal også her. Men tendensen til å oppretthalde dei marginale konsonantgruppene er sterkare enn på Sunnmøre. Samtidig vil det her vere slik at vokalen før slike intakte konsonantgrupper vil vere lang, særleg før veike styringsdomene, dvs. konsonantgrupper med frikativar som hovud og jamn kompleksitet mellom segmenta, som *vl*- og *vr*-gruppene. Her finn vi ordformer som [¹a:vl] M 'avl' og [¹nɛ:vr] F 'never'.

Også før mediale konsonantgruppene finn vi sterkare representasjon av lange vokalar i dette området. Her finn vi ordformer som [²na:vɛ] M 'navle', [²ha:vɛ] M 'havre', [¹ɛ:vɛ] V 'levre' og [²ka:vrɪŋg] M 'kavring'. Ein slik vokalrepresentasjon vil ikkje vere i strid med teorien, då denne opnar opp for varierende vokallengd før opptaktsgrupper universelt. Strukturen som tillet lange vokalar, ser ut til å førkome ved konsonantgrupper med uklar konstituentstatus, dvs. dei har veike styrarar som hovud i styringsdomenet og jamn kompleksitet mellom segmenta. Tendensen til lange vokalar før desse konsonantgruppene finn vi først og fremst i indre Nordfjord. I dei andre områda ser det ut til at komplementariteten mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme er fullt utnytta også ved desse konsonantgruppene. I og med at den lange vokalen her ikkje er systematisk gjennomført for konsonantgrupper med status som intrakonstituente styringsdomene, er denne tendensen til lange vokalar ikkje parametrisk her. Det må dermed opnast opp for lange vokalar i leksikonet for desse ordformene.

Før konsonantgrupper som dannar interkonstituente styringsdomene, dvs. rimkomplement-opptaktsamband, vil det som hovudregel opptre ein kort vokal i vestnorsk. Vestnorsk godkjenner

både ordinterne og ordfinale rimkomplement-opptaktssamband. Lange vokalar finn vi først og fremst før sonorante konsonantgrupper i marginen. Når veike styrarar opptre som opptaktshovud i eit interkonstituent styringsdomene (sonorantane er veikare styrarar enn obstruentane pga. elementstrukturen.), vil frekvensen av lange vokalar (forgreina kjernar) vere høgare. Lange vokalar opptre her i hovudsak før konsonantgruppene *rn*, og *rl*. Det har vore ei utfordring å forklare den overlange kvantiteten her då det ikkje skulle vere plass til slike konstruksjonar innafor den teorien som er lagd til grunn for analysane i dette arbeidet. Det er likevel ein konstruksjon vi kan finne parallellar til i fleire andre språk, som t.d. svensk (jf. Eliasson 1978, 1985, Eliasson and La Pelle 1973), engelsk (jf. Harris 1994) og irsk (jf. Cyran 1994). Det dette arbeidet har vist, er at denne overlange kvantiteten opptre når det er koronal homorganitet mellom segmenta i den etterfølgjande konsonantgruppa og først og fremst når konsonantgruppa vert etterfølgd av ein undertrykt (heimla) kjerneposisjon, slik at konsonantgruppa er marginal. Slik denne lenginga framstår i målområdet, kan vi framstille i ein vokallengingsformel, som vist i (295).

(295) *Vokallenging før sonorantgrupper*

$V \rightarrow V: / ___ K_1 K_2 \quad \{K_1 \text{ og } K_2 \text{ er sonorantar med minst eitt felles element, og } K_2 \text{ er meir kompleks enn } K_1\}$

(Dette er ein historisk prosess. Synkront er strukturen laga med lang vokal.) Ein slik overleng kvantitet finn vi først og fremst i indre Nordfjord, der lang vokal før desse konsonantgruppene dominerer. Her finn vi ordformer som [²ʂç̥ɛ:rɲɛ] V 'stjerne', [²ɛ:rɲɛ] F 'erle', [¹jɛ:rn] N 'jarn' og [¹ja:rl] M 'jarl'.

Den andre delen av avhandlinga var vigd ein analyse av vokalkvantiteten i polymorfemiske ordformer. I ein polymorfemisk kontekst er konsonantgruppa ei uekte konsonantgruppe, dvs. at dei involverte segmenta er skilde av ei morfemgrense. Slike polymorfemiske omgjevnader kan spesifiserast etter morfologiske kategoriar (rotnivåavleiingar, bøyingar, ordnivåavleiingar og samansetjingar).

I polymorfemiske ordformer vil det i teorien vere mogleg å tenkje seg ulike kvantitetssystem, regulerte av det fonotaktiske mønsteret i den postvokaliske konsonantgruppa. Dette er framstilt i formelen (296).

(296) $KV:K_1\&K_2 \quad \{\& \text{ står for ei morfemgrense: } +, \# \text{ eller } \#\#\}$

Lang vokal opptrer då før ei konsonantgruppa som er splitta av ein intervenerande kjerneposisjon. Dette er i teorien omtala som eit analytisk system.

Dersom kort vokal opptrer i denne konteksten, vil dette oppfattast som eit kvantitetssystem som kortar vokalane før den uekte konsonantgruppa, slik det går fram av formel (297).

(297) $V: \rightarrow V / K ______ K_1 \& K_2$

Dette kvantitetssystemet vert i teorien omtala som eit syntetisk kvantitetssystem. Det er såleis vokalkvantiteten som er den synlege variabelen mellom desse to systema.

I den polymorfemiske konteksten har analysen synt ulike mønster for dei ulike morfologiske kategoriane. Ved rotnivåavleiingane har vi påvist skilnader mellom dei ulike suffigeringane (*d-*, *ne-* og *e-*suffigeringa). Ved *d-* og *ne-*suffigeringane (som ikkje lenger er produktive i målområdet) dominerer korte vokalar før dei uekte konsonantgruppene skapte gjennom derivasjonen. I deriverte ordformer som er lite morfologisk gjennomsiktige, som *d-* og *ne-*suffigeringane, dominerer korte vokalar. Innslaget av lange vokalar aukar sterkt ved *e-*suffigeringa (som framleis er ein produktiv rotderivasjonskategori i norsk).

Samtidig ser det ut til at det fonotaktiske mønsteret i konsonantgruppa (strukturen til segmenta i det fonotaktiske domenet) kan spele ei viss rolle for vokalkvantiteten, då det er høgare frekvens av lange vokalar før dei konsonantgruppene som har tydeleg opptakts- eller rimkomplement-opptaktsidentitet enn før konsonantgrupper med ei jamn kompleksitetskurve og dermed ein meir uklår konstituentidentitet. Dette gjeld særleg i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre, der ein slik tendens kan påvisast for *ne-*suffigeringa, men òg for *e-*suffigeringa. (Det er ein sterkare tendens til lange vokalar før konsonantgruppa danna gjennom *e-*suffigeringa i alle områda.) Her finn vi former som [²o:pne] V 'opne', [²spa:kne] V 'spakne', [²spi:kre] V 'spikre' og [²u:dlɛ] V 'odle' ved sida av former som [²stivne] V 'stivne', [²kuvne] V 'kovne' og [²visne] V 'visne'.

Analysen av bøyingsformer med dentalsuffiks syner at korte vokalar dominerer før konsonantgruppene i denne morfologiske kategorien. Det er ei overvekt av korte vokalar før alle dei fonotaktiske domena som konsonantgruppene dannar. Samtidig viser empirien ein korrelasjon mellom kompleksitetskilnadene mellom segmenta i det fonotaktiske domenet og vokalkvantiteten. Før konsonantgrupper med ujamn kompleksitet er innslaget av lange vokalar sterkare enn før konsonantgrupper med jamn kompleksitet. Konsonantgrupper med ujamn kompleksitet, fallande eller stigande, vert oppfatta som velforma konstituentar, rimkomplement-opptaktssamband eller opptaktssamband. Konsonantgrupper med jamn kompleksitet, like mange element realisert i

segmenta som er involverte i sambandet, vert tolka som unormale konfigurasjonar av konsonantar. Dermed gir denne kompleksiteten sterkare signal om ei realisert morfemgrense mellom dei involverte segmenta i det fonotaktiske domenet enn ein ujamn kompleksitet gjer. Identifikasjonen med ekte konsonantgrupper, som syner stigande eller fallande kompleksitet, verkar inn på realiseringa av vokalen. Konsonantsamband med ujamn kompleksitet krev strukturar som synleggjer den morfologiske kompleksiteten. Representasjonen av lange vokalar i denne konteksten signaliserer morfologisk kompleksitet.

For verbgruppene er den fonotaktiske strukturen til konsonantgruppa avgjerande for vokalkvantiteten. Her er det tydelege skilnader i vokalkvantiteten. Før konsonantsamband som viser ei ujamne kompleksitetskurver, er det sterkare innslag av lange vokalar enn før konsonantsamband med mindre kompleksitetskilnader. Vi har realisasjonar som [²brøktɛ] V PRE 'brukte', [¹brøkt] V PTS 'brekt', men [²læ:rtɛ] V PRE 'lærte', [¹læ:rt] V PTS 'lært'.

For adjektivgruppa var korrelasjonen mellom vokalkvantiteten og det fonotaktiske mønsteret til den etterfølgjande konsonantgruppa mindre. Dette gav signal om ein meir idiosynkratisk vokalrepresentasjon for ordformene i denne morfologiske kategorien. Kvantitetsskilnadene er i sterkare grad knytte til einskildformer enn til grupper her. I denne samanhengen var det interessant å sjå at bruksfrekvensen spelar inn når det gjeld vokalkvantiteten på ein slik måte at låg bruksfrekvens medførte sterkare innslag av lange vokalar, og dermed signal om morfologisk kompleksitet. Dette kan peike i retning av ei språkending, ved at dei høgfrekvente ordformene er mindre utsette for endringar enn mindre brukte ordformer. Derfor får vi realisasjonar som [¹høekt] ADJ 'høgt' og [¹sturt] ADJ 'stort', men [¹ra:kt] ADJ 'rakt' og [¹vɛ:nt] ADJ 'vent'.

Også ved substantiv og adjektiv med fleirtalsbøying gjennom fleirtalssuffikset *-e* kunne vi påvise variasjon i vokalrepresentasjonen i bøyingsformene. Desse bøyingsformene får synkopering av vokalen gjennom derivasjonen, og det er denne synkoperinga som skaper den uekte konsonantgruppa. Her har vi påvist at innslag av lange vokalar før desse konsonantgruppene er sterkare før konsonantisme som kan identifiserast med ekte konsonantgrupper. Mønsteret for vokalrepresentasjonen syner delvis korrelasjon med kompleksiteten i konsonantgruppa ved at dei konsonantsambanda som har den jamnaste kompleksitetskurva, vil vere meir motstandsdyktige mot analytiske strukturar enn der kompleksitetskurva er brattare, og identifikasjonen med ekte konsonantgrupper er tydelegare. Dette er ikkje så systematisk gjennomført ved substantiva som ved adjektivfleksjonen. Det er større grad av idiosynkrasi ved substantivfleksjonen, der einskildformer syner ulike mønster. Dette har vi tolka som at bruksfrekvensen spelar ei rolle også her. Dei ordformene som har høg bruksfrekvens, syner større motstandskraft mot overgangar til analytiske

strukturar enn former som har lågare bruksfrekvens. Vi finn realisasjonar som [²ɔkra] M FLT 'åkrar' og [²hœvla] M FLT 'høvlar', men [¹fɑ:bla] M FLT 'fablar' og [²pø:bla] M FLT 'pøblar'.


For avleiingar og kompositum har vi sett at talet på former med strukturfasthalding og dermed representasjon av lange vokalar dominerer for desse gruppene totalt sett. For avleiingsgruppa er skilnaden mellom dei ulike suffigeringane tydeleg, ved at *ning-* og *nad-*suffiksa har sterkare innslag av korte vokalar enn dei andre suffiksa. Vi har også testa segmentstrukturen i konsonantgruppene som følgjer etter vokalen, og funne ut at kompleksiteten til dei involverte segmenta ikkje spelar noka avgjerande rolle for kvantiteten til stammevokalen. Den gruppa som framviser høgast frekvens av lange vokalar i alle område, og dermed analytiske strukturar, er kompositaa. For desse er det ein interessant skilnad mellom kompositaa som har adjektiv eller adverb som førstekomponent, og dei som har substantiv som førstekomponent. (Vi må oppfatte den første gruppa som mindre morfologisk gjennomsiktig enn den andre gruppa, då desse kompositaa har preg av prefiksasjon.) Empirien viser at innslaget av korte vokalar er sterkare for komposita med adjektiv eller adverb som førstekomponent enn for komposita med substantiv som førstekomponent. Derfor finn vi skilnader mellom ordformer som [¹grœnsak] M 'grœnsak' og [²gulrut] F 'gulrot', men [²gra:nba:r] N 'granbar' og [²bu:rdæ:k] M 'bordduk'. Dette skulle peike i retning av at medvitet om morfologisk kompleksitet spelar ei rolle for vokalrepresentasjonen ved desse ordformene.

Analysane mine peiker i retning av ei vokallengd før både monomorfemiske og polymorfemiske konsonantgrupper i dette målområdet som syner geografisk variasjon. Tabell (298) viser representasjonen av ikkjeanalytisk morfologi (korte vokalar) fordelt etter morfologisk kategori og geografisk område. (I tabellen er dei ulike avleiings- og bøyingsklassane slått saman under kvar av dei morfologiske kategoriane.)

(298) a. *Lang vokal i polymorfemiske ordformer fordelt etter morfologisk kategori og geografisk område*

| | Sogn | Sunnfjord | Ytre Nfj. | Indre Nfj. | Ytre Snm. | Indre Snm. |
|-----------------|-------------|-------------|------------|-------------|------------|-------------|
| | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal | Lang vokal |
| Rotnivåavleiing | 18.7 (224) | 23.7 (227) | 11.0 (100) | 58.2 (170) | 4.8 (124) | 40.3 (317) |
| Bøying | 15.5 (851) | 9.9 (831) | 16.0 (399) | 83.5 (752) | 4.2 (420) | 59.5 (1214) |
| Ordnivåavleiing | 68.0 (397) | 45.4 (361) | 64.4 (169) | 88.1 (304) | 58.3 (355) | 90.9 (308) |
| Samansetjing | 93.0 (245) | 79.1 (206) | 90.2 (92) | 88.8 (161) | 81.3 (198) | 91.9 (186) |
| Snitt | 39.1 (1717) | 28.5 (1625) | 35.1 (760) | 82.0 (1387) | 39.0 (988) | 64.2 (2025) |

b. Korte vokalar etter samankjeding og målområde



Tabellen får fram fordelinga mellom syntetisk og analytisk morfologi i området. Skilnaden mellom målområda er tydeleg. I Sogn, Sunnfjord, ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre dominerer den syntetiske morfologien ved desse samankjeda ordformene i dei morfologiske kategoriane rotnivåavleiingar og bøyingar, medan den analytiske morfologien i større grad har slått gjennom i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre. I dei to andre morfologiske kategoriane, ordnivåavleiingar og samansetjingar, dominerer ordformer med lange vokalar i alle målområda. Det går fram av tabellen at alle områda handsamar morfologien etter graden av gjennomsiktighet, dvs. at det er sterkare innslag av analytiske former i morfologiske kategoriar som er meir morfologisk gjennomsiktige enn ved morfologiske kategoriar som er mindre gjennomsiktige. I alle områda er det kompositaa som har høgast innslag av analytisk morfologi. I denne morfologiske kategorien dominerer dei analytiske formene i alle områda. Ved dei minst gjennomsiktige morfologiske kategoriane, rotnivåavleiingar og bøyingar, dominerer dei syntetiske strukturane både i Sunnfjord, Sogn, ytre Nordfjord og på ytre Sunnmøre. I desse morfologiske kategoriane er innslaga av analytiske former sterkare både i indre Nordfjord og på indre Sunnmøre. Gjennombrøtet for den synlege morfologien skjer såleis ved dei morfologiske kategoriane som er mest gjennomsiktige, ved avleiingar og samansetjingar. For nordfjordmålet og sunnmøremålet vil den synlege morfologien dominere for samansette og ordnivåavleidd ordformer, og i indre Nordfjord er innslaget av analytisk morfologi høg også ved bøyingar. Det kan peike i retning av at det analytiske systemet har kome lengre på Sunnmøre og i Nordfjord enn i Sogn og særleg i Sunnfjord. Sunnfjord står då fram som kjerneområdet for den syntetiske morfologien i målområdet. Dette området har også det sterkaste innslaget av segmentteljande kvantitet i dei monomorfemiske ordformene.

Når Nordfjord står fram som området med den høgaste graden av analytisk morfologi, syner dette også ein samanheng med den vokallengda vi her har påvist i dei monomorfemiske ordformene. Her er også innslaget av lange vokalar før konsonantgruppene sterkare enn i dei andre områda. Dette peikar i retning av ei svekt avhengigheit mellom vokalar og etterfølgjande konsonantisme i dette området, slik at komplementariteten mellom vokalkvantitet og etterfølgjande konsonantisme ikkje vert utnytta i like sterk grad her som i dei andre områda.

Denne skilnaden i handsaminga av kvantiteten før konsonantgrupper i dei ulike geografiske områda kan då oppfattast som parametrisk variasjon i målområdet. Sunnfjord med tilstøytande område ytre Sogn, ytre Nordfjord og ytre Sunnmøre gjennomfører både ein syntetisk morfologi og ein konsekvent segmentteljande kvantitet. Desse systema ser også ut til å dominere i Sogn, men her vil det vere ein restriksjon mot domenefinale intrakonstituente styringsdomene. I nordfjordmålet (indre Nordfjord) og sunnmøremålet (indre Sunnmøre) vil vi finne sterkare innslag av analytiske strukturar i dei morfologisk komplekse ordformene, og særleg i indre Nordfjord eit kvantitetssystem som opnar opp for lang vokalisme før konsonantgrupper i monomorfemiske ordformer.

Spørsmålet om språket godkjenner kvantitetskomplementaritet og syntetisk morfologi kan stillast opp skjematisk som i tabell (299). (Her står JA for godkjenning, NEI for avvising og JA/NEI for ein uavklara situasjon.)

(299) *Syntetisk morfologi fordelt etter geografisk område og ordstruktur*

| | Monomorfemisk ord | | Polymorfemisk ord | | | |
|------------|--------------------------|--------------------------|-------------------|---------|-----------------|--------------|
| | Intrakonstituent styring | Interkonstituent styring | Rotnivåavleiing | Bøyning | Ordnivåavleiing | Samansetjing |
| Sogn | JA | NEI | JA | JA | JA/NEI | NEI |
| Sunnfjord | JA | JA | JA | JA | JA/NEI | NEI |
| Ytre Nfj. | JA | JA | JA | JA | JA/NEI | NEI |
| Indre NFJ. | JA/NEI | JA/NEI | JA/NEI | NEI | NEI | NEI |
| Ytre Snm. | JA | JA | JA | JA | NEI | NEI |
| Indre Snm. | JA | JA/NEI | JA/NEI | JA/NEI | NEI | NEI |

Ut frå desse parametrane kan vi sjå før oss ein språktype som godkjenner både ein segmentteljande kvantitet (komplementaritet mellom vokal og etterfølgjande konsonantisme) og ein konsekvent usynleg morfologi (syntetisk).¹ Sunnfjordmålet er det området som her er granska, som ligg nærast opp til ein slik språktype. I den andre enden av skalaen vil vi finne ein språktype som avviser både komplementariteten og som synleggjer morfologien.² Det kan sjå ut som nordfjordmålet ligg nærare ein slik språktype.

¹ Islandsk er langt på veg ein slik språktype, jf. Árnason (1980), Gussmann (2002: 164).

² Slik vi kjenner gammalnorsk.

Kapittel 15

Avslutning

Når denne granskinga no nærmar seg ei avslutning, er det grunnlag for å understreke at utgangshypotesen min om at vokalkvantiteten er styrt av konsonantstrukturen i det etterfølgjande fonotaktiske domenet, er styrkt. Granskinga har synt at ulike parameter knytt til vokallengda i monomorfemisk og polymorfemiske kontekstar er relevante for beskrivinga av kvantitetsvariasjonen i dei vestnorske dialektane. Den teoretiske tilnærminga til granskingsobjektet som styringsfonologien representerer, med sine universelle prinsipp og språktypologiske parameter og skilnaden mellom ein usynleg og ein synleg morfologi, har vore ein veileigna modell for å beskrive kvantitetsrealisasjonane i det vestnorske målområdet. Bruken av denne teorien har gjeve oss auka innsikt i kvantitetsfenomenet. Når granskinga mi har synt at språket her handsamar morfologien på ulike måtar, frå ein mindre til meir gjennomiktig morfologi, viser det at styringsfonologiens oppdeling mellom to morfologiske kategoriar kan forklare mykje av dei vekslingane som vi finn i kvantiteten i det vestnorske målområdet. Variasjonen i kvantitetsrepresentasjonen som denne granskinga har påvist, kan tyde på at det skjer ei utvikling. Denne variasjonen i vokalrepresentasjonen gjer det relevant med ei nærare gransking av korleis kvantiteten i målområdet har endra seg over tid. Eit slikt diakront perspektiv har ikkje vore mogleg for meg å gjere innafor dei avgrensingar som har vore naudsynlege for denne granskinga.

Samtidig vil det vere av interesse å sjå om denne kontekstuelle modellen for kvantitet kan brukast på eit større målområde. Dette gjer det relevant å sjå om datagrunnlag frå andre dialektområde i landet stadfestar dette overordna perspektivet på korleis språket handsamar morfologien, og om utbreiinga av dei ulike kvantitetssystema i eit større område. Dersom granskingar frå andre delar av norske dialektar kan stadfeste dette, vil vi ha med eit fenomen med universell karakter å gjere, ei beskriving av korleis språket har evne til å handsame morfologien. Samtidig har det vore eit hovudformål å forklare denne samanhengen som ein samheng mellom språket og det mentale, og dermed seie noko meir om korleis språkevna vår fungerer. Ved å knyte vokalkvantiteten saman med den evna språket har til å synleggjere morfemgrenser, har ein gjeve kvantiteten ein kognitiv funksjon ved at han formidlar eit grensesignal og dermed lettar avkodinga av språksignala. Dersom denne granskinga har vore eit bidrag til ei slik auka forståing av korleis det fonologiske apparatet fungerer og samtidig gjeve større innsikt i korleis det vestnorske målområdet faktisk er, har den viktigaste intensjonen med arbeidet vore oppfylt. Kan granskinga mi i tillegg

stimulere til vidare granskingar av korleis norske dialektar handsamar morfologien, er hovudførmålet med granskinga oppfylt.

Litteratur

- Allen, W.Sidney 1973. *Accent and Rhythm*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Anderson, S. 1982. The analysis of French schwa: or how to get something from nothing. *Lg* 58, 534-573.
- Anderson, John M. 1985. Structural analogy and case grammar. *Lingua* 70, 79-129.
- Anderson, John M. and Colin J. Ewan 1987. *Principles of Dependency Phonology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Anderson, John M. and Charles Jones 1974. Three theses concerning phonological representations. *Journal of linguistics* 10, 1-26.
- Árnason, Kristján 1978. Quantity, Stress and the Syllable in Icelandic: Formal vs. Functional Arguments. Eva Gårding, Gösta Bruce and Robert Banner (eds.) 1978. *Nordic Prosody*. Lund: Lund University. 137-142.
- Árnason, Kristján 1980. *Quantity in Historical Phonology. Icelandic and Related Cases*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Árnason, Kristján 1998. Vowel shortness in Icelandic. Wolfgang Kehrein and Richard Wiese (eds.): *Phonology and Morphology of the Germanic Languages*. Tübingen: Max Niemeyer Verlag.
- Benediktsson, Hreinn 1963. The Non-Uniqueness of Phonemic Solution: Quantity and stress in Icelandic. *Phonetica* 10, 133-53.
- Bjørkum, Andreas 1968. *Árdalsmål hjå eldre og yngre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Borgstrøm, Carl J. 1947. De prosodiske elemter i norsk. *Festskrift til professor Olaf Broch på hans 80-årsdag fra venner og elever*. Det norske videnskaps-akademi i Oslo. Avhandlingar 1947. Oslo. 41-48.
- Borgstrøm, Carl Hj. 1973 [1958]. *Innføring i sprogvidenskap*. Oslo, Bergen, Trondheim: Universitetsforlaget.
- Borowsky, Tony J. 1989. Structure Preservation and the syllable coda in English. *Natural Language and Linguistic Theory* 7, 145-166.
- Breisnes, Rolf 1975. *Aurlandsmålet Ei utgreiing om talemålet i Aurland med serleg vekt på formverk og ordbruk*. Unpubl. hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Brockhaus, Wiebke 1995. Skeletal and suprasegmental structure within Government Phonology. Jacques Durand and Francis Katamba (eds.): *Frontiers in Phonology: Atoms, Structures, Derivations*. London and New York: Longman. 180-221.
- Brockhaus, Wiebke 1999. The syllable in German: Exploring an alternative. Harry van der Hulst and Nancy A. Ritter (eds.): *The Syllable. Views and Facts*. Berlin, New York. 169-218.
- Bromberger, Sylvian and Morris Halle 1989. Why phonology is different. *Linguistic Inquiry* 20, 51-

- Burton-Roberts, Noel, Philip Carr and Gerard J. Docherty (eds.) 2000. Introduction. *Phonological knowledge: conceptual and empirical issues*. Oxford: Oxford University Press.
- Bussmann, Hadumod 1996. *Routledge Dictionary of Language and Linguistics*. London and New York: Routledge.
- Bybee, Joan L. 1985. *Morphology. A study of the relation between meaning and form*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Charette, Monik 1988. *Some constraints on governing relations in phonology*. PhD dissertation, McGill University.
- Charette, Monik 1989. The minimality condition in phonology. *Journal of Linguistics* 25, 159-197.
- Charette, Monik 1990. License to govern. *Phonology* 7, 233-253.
- Charette, Monik 1991. *Conditions on Phonological Government*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Charette, Monik 1992. Mongolian and Polish meet Government-Licensing. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 2, 275-91.
- Charett, Monik 1998. Empty and pseudo-empty categories. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* Vol. 8 (1998), 167-176.
- Charette, Monik and Asli Göksel 1996. Switching and vowel harmony in Turkish. Henry Kardela and Bogdan Szymanek (eds.): *A Festschrift for Edmund Gussmann from His Friends and Colleagues*. Lublin: Redakcja Wydawnictw KUL. 29-55.
- Charette, Monik and Asli Göksel 1998. Licensing constraint and vowel harmony in Turkic languages. Eugeniusz Cyran (ed.): *Structure and Interpretation. Studies in Phonology*. Lublin: Folium. 65-88.
- Chomsky, Noam 1957. *Syntactic Structures*. Mouton: The Hague.
- Chomsky, Noam 1962. Explanatory Models in Linguistics. Nagel, E., P. Suppes og A. Tarski (eds.): *Logic, Methodology, and Philosophy of Science*. Standford, California: Standford University Press.
- Chomsky, Noam 1964. Current Issues in Linguistic Theory. Fodor, Jerry og Jerrold J. Katz: *The Structure of Language Readings in the Philosophy of Language*. New Jersey: Prentice-Hall, Inc.
- Chomsky, Noam 1973. Conditions on Transformations. Anderson og Kiparsky (eds.): *A Festschrift für Morris Halle*. New York: Holt, Reinhart og Winston., 232-286.
- Chomsky, Noam 1986. *Knowledge of Language: its nature, origin and use*. New York
- Chomsky, Noam 1988. *Language and Problems of Knowledge*. Cambridge, Massachusetts

- Chomsky, Noam and Morris Halle 1968. *The Sound Pattern of English*. New York.
- Chomsky, N., M. Halle and F. Lukoff 1956. On Accent and Juncture in English. *For Roman Jakobson*. The Hague: Mouton. 65-80.
- Clements, George N. 1991. Place of articulation in consonants and vowels: A unified theory. *Working papers of the Cornell Phonetics Laboratory* 5, 77-123.
- Cobb, Margaret 1997a. *Conditions on Nuclear Expressions in Phonology*. Ph.D dissertation, SOAS, London.
- Cobb, Margaret 1997b. 'ATR'/'Height' Harmony: the Manifestation of Complexity Effects in the Vowel Harmony of Natal Portuguese, Yoruba and Ogori. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 7, 169-192.
- Coleman, John 1995. Declarative lexical phonology. Durand, J. og F. Katamba (eds.): *Frontiers of phonology*. London and New York: Longman. 333-382.
- Cruickshank, Hege 2000. *Styringsfonologisk analyse av kvantitetsendringer i nordnorsk*. Upubl. hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Cyran, Eugeniusz 1994. 'Super-heavy rhymes in Modern Irish'. Edmund Gussmann and Henryk Kardela (eds.): *Focus on Language. Papers from the 2nd Conference of the Polish Association for the study of English*. Lublin: Maria Curie-Sktodowska University Press. 63-81.
- Cyran, Eugeniusz 1996. The Parametric Occurrence of Elements in Phonological Systems. Henryk Kardela and Bogdan Szymanek (eds.): *A Festschrift for Edmund Gussmann from His Friends and Colleges*. Lublin: The University Press of the Catholic University of Lublin.
- Cyran, Eugeniusz 2001. Parameters and scales in syllable markedness: the right edge of the word in Malayalam. Katarzyna Dziubalska-Kolaczyk (ed.): *Constraints and Preferences*. Berlin & New York: Mouton de Gruyter. 1-42.
- Cyran, Eugeniusz 2010. *Complexity Scales and Licensing Phonology*. Berlin & New York: De Gruyter Mouton.
- Cyran, Eugeniusz and Edmund Gussmann 1999. Consonant clusters and governing relations: Polish initial consonant sequences. Harry van der Hulst and Nancy Ritter (eds.): *The Syllable, Views and Facts*. Berlin & New York: de Gruyter. 219-248.
- Dahlstedt, Karl-Hampus 1965. Homonymi I nusvenskan. *Nysvenska studier* 45, 52-192.
- Dahlstedt, Karl-Hampus (edt.) 1972. *Studies by Einar Haugen* The Hague, Paris: De Gruyter Mouton.
- Dahlstedt, Karl Hampus (edt.) 1973: *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 2 Stockholm: Almqvist & Wiksell.

- Dalen, Arnold 1984. *Skognmålet. Ein fonologisk analyse*. Oslo: NOVUS.
- Diderichsen, Paul 1962. *Elementær dansk Grammatik*. København: Gyldendal.
- Dyvik, Helge 1980. *Grammatikk og empiri : en syntaktisk modell og dens forutsetninger*. Bergen : Universitetet i Bergen.
- Elert, Claes-Christian 1966. *Allmän och svensk fonetik*. Stockholm : Almqvist & Wiksell.
- Elert, Claes-Christian 1970. *Ljud och ord i svenskan*. Stockholm : Almqvist & Wiksell.
- Eliasson, Stig 1972. Unstable vowels in Swedish: Syncope, Epenthesis or Both. Firchow, E.S., K. Grimstad, N. Hasselmo og W.A. O'Neil (eds.): *Studies for Einar Haugen*. Mouton: The Hague. 174-188.
- Eliasson, Stig 1978. Swedish Quantity Revisited. Gårding, Eva, Gösta Bruce and Robert Banner (eds.): *Nordic Prosody*. Lund.
- Eliasson, Stig 1985. Stress Alternations and Vowel Length: New Evidence for an Underlying Nine-Vowel System in Swedish. *Nordic Journal of Linguistics* 8 (1985), 101-129.
- Eliasson, Stig and Nancy LaPelle 1973. Generative regler för svenskans kvantitet. *Arkiv för Nordisk Filologi* (1973), 133-148.
- Fitje, Audun 1995. *Målført i Glommen*. Oslo: Norsk målførarkiv.
- Flokenes, Kåre 1961. *Stadnamn i sør-vestre delen av Vevring herad*. Upubl. hovedoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Flom, Georg T. 1915. *The Phonology of the Dialect of Aurland, Norway*. University of Illinois Studies in Language and Literature. Urbana, Illinois.
- Faarlund, Jan Terje 1987. Om beskriving og forklaring i lingvistisk teori. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1 (1987), 13-28.
- Fretheim, Thorstein 1969. Norwegian Stress and Quantity Reconsidered. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap WWIII* (1969), 76-96.
- Goksøyr, Odd 1980. *Vokalar på vandring. Ein studie i endringa av målet i Ytre Herøy med vekt på vokalsystemet etter motsetningane eldre-ynge og sentrum-periferi*. Upubl. hovedoppgåve. Universitetet i Trondheim.
- Goldsmith, John A. 1985. Vowel harmony in Khalkha Mongolian, Yaka, Finnish and Hungarian. *Phonology* 2, 251-274.
- Gussmann, Edmund 1985. The morphology of a phonological rule: Icelandic vowel length. I Gussmann, Edmund (edt.) *Phonology Morphology: Studies in the interaction of phonology and Morphology*. Lublin: Redacja Wydawnictu Katolickiego Uniwersytetu Lubelskiego.
- Gussmann, Edmund 1992. On Government in Phonology. *Journal of linguistics* 28 (1992), 485-494.

- Gussmann, Edmund 1998. Domains, relations and the Englishagma. Eugeniusz Cyran (ed.): *Structure and Interpretation. Studies in Phonology*. Lublin: Folium. 101-126.
- Gussmann, Edmund 2001. Hidden identity, or the double life of segments. Dziubalska-Kotaczyk, Katarzyna 2001. *Constraints and Preferences*. Berlin/New York: Mouton de Gruyter. 229-249.
- Gussmann, Edmund 2002. *Phonology: analysis and theory*. Cambridge and New York: Cambridge University Press
- Gussmann, Edmund 2003. Are there branching onsets in Modern Icelandic? Ploch, Stefan 2003. *Living in the Edge. 28 papers in honor of Jonathan Kaye*. Berlin, New York: Mouton de Gruyter. 321-337.
- Gussmann, Edmund 2007. *The Phonology of Polish*. Oxford: Oxford University Press.
- Gussmann, Edmund and Eugeniusz Cyran 1998. Polish consonantal sequences: a phonological testing ground. Cyran, Eugeniusz (ed.): *Structure and Interpretation. Studies in Phonology*. Lublin: Wydawnictwo Folium.
- Gussmann, E. and J. Kaye 1993. Polish Notes from a Dubrovnik Cafe: I. The Yers. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 3, 427-62.
- Haegeman, L. 1994. *Introduction to Government & Binding Theory Second edition*. Blackwell Publisher.
- Halle, Morris 1959. *The Sound Pattern of Russian*. Mouton: The Hague.
- Halle, Morris 1986. *On the phonology-morphology interface*. MS, MIT.
- Halle, Morris and Jean-Roger Vergnaud 1987. Three dimensional phonology. *Journal of linguistic research* 1 (1988), 83-105.
- Harris, John 1990. Segmental complexity and phonological government. *Phonology* 7, 255-300.
- Harris, John 1992. Licensing Inheritance. *UCL Working Papers in Linguistics* 4, 359-406.
- Harris, John 1994. *English Sound Structure*. Oxford: Blackwell.
- Harris John 1996. Phonological output is redundancy-free and fully interpretable. Durrand, Jaques og Bernard Laks (eds.) *Current trends in phonology: models and methods I*. Manchester: European Studies Research Institute. 305-332.
- Harris, John 1997. Licensing Inheritance: an integrated theory of neutralization. *Phonology* 14 (1997), 315-370.
- Harris, John and Edmund Gussmann 1998. Final codas: why the west was wrong. Cyran, Eugeniusz (ed.): *Structure and interpretation in phonology: Studies in phonology*. Lublin: Folia 1998. 139-162.

- Harris, John and Edmund Gussmann 2002. 'Word-final onsets'. *University College London Working Papers in Linguistics* 14, 53-94.
- Harris, John and J. Kaye 1990. A Tale of two cities: London glottaling and New York City tapping. *The Linguistic Review* 7 (1990), 251-74.
- Harris, John and Geoff Lindsey 1995. The elements of phonological representation. Durand, J. og F. Katamba: *Frontiers of Phonology*. London and New York: Longman. 34-79.
- Harris, John and Geoff Lindsey 2000. Vowel patterns in mind and sound. I Noel Burton-Roberts, Philip Carr og Gerry Docherty (eds.): *Phonological knowledge: conceptual and empirical issues*. Oxford University Press. 185-205.
- Haugen, Einar 1958. The Phonemics of Modern Icelandic. *Language* 34 (1958).
- Haugen, Einar 1967a. The Prosodic System of Norwegian. *Scandinavian Studies* 39, 47-51.
- Haugen, Einar 1967b On the Rules of Norwegian Tonality. *Language* 43 (1967). 185-202.
Gjentykt i Jahr, Ernst Håkon og Ove Lorentz (eds.) 1983. *Prosodi/Prosody*. Oslo: NOVUS. 293-309.
- Haugen, Einar 1973. Morphophonemic and 'Deep Structure' in a Norwegian Dialect. I Karl Hampus Dahlstedt (ed.): *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 2 Stockholm: Almqvist & Wiksell. 500-518.
- Hayes, Bruce 1981. *A Metrical Theory of Stress Rules*. PhD Dissertation, MIT. New York: Garland.
- Hellevik, Alf 1938. *Lydlæra i Fjalermålet: aksent, kvantitet og vokalverk*. Upubl. hovedoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Hjellbrekke, Dagfinn 1967. *Jølstra-målet. Lydlære, kvantitet, aksent og kvalitetsutvikling*. Upubl. hovedoppgåve. Universitetet I Bergen.
- Hockett, Charles F. 1942. A system of descriptive phonology. *Language* 18, 3-21.
- Honeybone, Patrick 1999. I blame the government. *Language Sciences* 21 (1999), 177-221.
- Hovdhaugen, Even 1967. En fonologisk analyse av Venabygdsdialekten. *Norsk tidsskrift for Sprogvitenskap* 21, 152-164.
- Hulst, Harry van der 1989. Atoms of segmental structure: components, gestures and dependency. *Phonology* 6, 253-84.
- Hulst, Harry van der and Nancy A. Ritter (eds.) 1999. *Head-Driven Phonology*. Harry van der Hulst and Nancy A. Ritter (eds.): *The Syllable. Views and Facts*. Berlin, New York. 11-167.
- Hyman, Larry M. 1977. *Phonology Theory and Analysis*. New York: Holt, Rinehart and Winston.
- Håland, Asbjørn 1950. *Stadnamn frå sjøen i ytre Førdefjorden i Sunnfjord*. Upubl. hovedoppgåve. Universitetet i Bergen.

- Itô, Junko 1986. *Syllable Theory and Prosodic Phonology*. PhD dissertation, University of Massachusetts.
- Jahr, Ernst Håkon and Ove Lorentz (eds.) 1983. Innleiing. Ernst Håkon Jahr og Ove Lorentz (red.): *Prosodi*. Oslo: NOVUS.
- Jahr, Ernst Håkon and Ove Lorentz (eds.) 1983. *Prosodi/Prosdy*. Oslo: NOVUS.
- Jenstad, Tor Erik 1985. *Sunnaldsmålet*. Oslo: NOVUS.
- Kaye, Jonathan 1987. Government in Phonology. The Case of Moroccan Arabic. *The Linguistic Review* 6 (1986-1987), 131-159.
- Kaye, Jonathan 1988. On the interaction of theories of Lexical Phonology and theories of phonological phenomena. *MS SOAS*, University of London. 141-155.
- Kaye, Jonathan 1989. *Phonology: A Cognitive View*. Hillsdale, New Jersey, Hove and London: Lawrence Erlbaum Associates.
- Kaye, Jonathan 1990. 'Coda' Licensing. *Phonology* 7 (1990), 301-330.
- Kaye, Jonathan 1992. Do you believe in magic? The story of s + C sequences. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 2, 293-313.
- Kaye, Jonathan 1995. Derivations and interfaces. Durand, J. og F. Katamba (eds.): *Frontiers of phonology: atoms, structures, derivations*. Harlow: Longman. 289-332.
- Kaye, Jonathan 1996. Do you believe in magic? The story of s + C sequences. Henryk Kardela and Bogdan Szymanek (eds.): *A Festschrift for Edmund Gussmann from His Friends and Colleagues*. Lublin: The University Press of the Catholic University of Lublin. 155-176.
- Kaye, Jonathan 1997. Why this article is not about the acquisition of phonology. *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 7, 209-220
- Kaye, Jonathan 2000. *A User's Guide to Government Phonology*. Ms. University of Ulster.
- Kaye, Jonathan 2001. Working with licensing constraints. Katarzyna Dziubalska-Kolaczyk (ed.): *Constraints and Preferences*. Berlin & New York: Mouton de Gruyter.
- Kaye, Jonathan 2005. "GP, I'll have to put your flat feet on the ground". Hans Broekhuis, Norbert Corver, Riny Huybregts, Ursula Kleinhenz and Jan Kloster (eds.): *Organizing Grammar. Studies in Honor of Henk van Riemsdijk*. Berlin/New York: Mouton de Gruyter. 283-288.
- Kaye, Jonathan and Jean Lowenstamm 1984. De la syllabicit . F. Dell, D. Hirst and J.-R. Vergnaud (eds.): *Fome sonore du langage*. Paris: Hermann. 123-160.
- Kaye, J., J. Lowenstamm and J.-R. Vergnaud 1985. The internal structure of phonological representations: A Theory of Charm and Government. *Phonology Yearbook* 2, 305-28.
- Kaye, J., J. Lowenstamm and J.-R. Vergnaud 1990. Constituent Structure and Government in Phonology. *Phonology* 7, 193-231.

- Kean, Mary-Louise 1974. The Strict Cycle in Phonology. *Linguistic Inquiry* 5 (1974), 179-203.
- Kiparski, Paul 1973. How abstract can phonology be? Fujimura Osamu (ed.): *Three Dimensions of Linguistic Theory*. Tokyo: TEC. 5-56.
- Kiparski, Paul 1982. Lexical phonology and morphology. Yang, In-Seok (ed.): *Linguistics in the morning calm*. Seoul: Hanshin. 3-91.
- Kristoffersen, Gjert 1991. *Aspects of Norwegian Syllable Structure*. Doktoravhandling. Universitetet i Tromsø.
- Kristoffersen, Gjert 1992. Kvantitet i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* (1992), 187-208.
- Kristoffersen, Gjert 1999. Quantity in Norwegian syllable structure. Harry van der Hulst and Nancy A. Ritter (eds.): *The Syllable. Views and Facts*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Kristoffersen 2000. *The Phonology of Norwegian*. Oxford: Oxford University Press.
- Kristoffersen, Gjert 2007. Bestemt form entall hankjønn. Akselberg, Gunnstein og Johan Myking (red.): *Å sjå samfunnet gjennom språket*. Oslo: NOVUS, 107-114.
- Labov, William 1973. The Quantitative Study of Linguistic Structure. *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 2 (1973), 188-234.
- Ladefoged, P. 1971. *Preliminaries to Linguistic Phonetics*. Chicago and London: University of Chicago Press.
- Larsen, Amund B. 1926. *Sognemålene*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Leben, William 1973. *Suprasegmental phonology*. Unpublished PhD dissertation. MIT. Cambridge.
- Lindsey, Geoff and John Harris 1990. Phonetic Interpretation in Generative Grammar. *UCL Working Papers in Linguistics* 2, 355-69.
- Linell, Per 1978. Vowel Length and Consonant Length in Swedish Word Level Phonology. Gårding, Eva, Gösta Bruce og Robert Banner (eds.): *Nordic Prosody*. Lund, 123-136.
- Losnegaard, Henrik Arne 1981. *Stadnamn frå Eivindvik*. Upubl. hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Lowenstamm, Jean and Jonathan Kaye 1986. Compensatory lengthening in Tiberian Hebrew. *Paper presented at the Minifestival on Compensatory Lengthening*. Harvard University.
- McCarthy, John and A. Prince 1999 [1986]. Prosodic Morphology. John A. Goldsmith (ed.) 1999. *Phonological Theory. The Essential Readings*. Malden, Mass.: Blackwell. 238-288.
- Monsson, Odd 1992. *Struktur og variasjon. Ein fonologisk analyse av dialekten i Eid*. Upubl. hovuoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Nistad, Svein Ove 1976. *Bøkkerterminologi i Fjaler og Gaular*. Upubl. hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.

- Nynorskordboka. Oslo 1993: Det Norske Samlaget.
- Papazian, Eric 1971. En fonologisk analyse av Valdresmålet. *Mål og namn* 1971, 236-263.
- Papazian, Eric 1998. Lengdemotsetninga i nordisk – prosodem eller distinktiv faktor. *Maal og Minne* 2 (1998), 165-192.
- Papazian, Eric og Botolv Helleland 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Ploch, Stephan 1998. Non-switch harmony in Yawelmani (and Turkish and Sakha). *SOAS Working Papers in Linguistics and Phonetics* 8: 209-238.
- Ploch, Stephan 1999. *Nasals on my mind*. Ph.D dissertation, SOAS, London.
- Ploch, Stephan 2003. Can phonological ‘nasality’ be derived from phonetic nasality? Harry van der Hulst, Vincent van Heuven and Jerone van der Weijer (eds.): *The phonological Spectrum. Vol. I: Segmental Structure*. Amsterdam & Philadelphia: Benjamins. 73-116.
- Ploch, Stefan (ed.) 2003. *Living in the Edge. 28 papers in honor of Jonathan Kaye*. Berlin, New York: Mouton de Gruyter.
- Polgárdi, Krisztina 2006 [1998]. *Vowel Harmony*. Ph.D dissertation, University of Leiden.
- Rennison, John R. 1987. Vowel harmony and tridirectional vowel features. *Folia Linguistica* XXI, 337-354.
- Rennison, John R. 1990. On the elements of phonological representations: the evidence from vowel systems and vowel processes. *Folia linguistica* XXIV/3-4, 175-244.
- Rennison, John R. 1993. Empty nuclei in Koromfe: a first look. *Linguistica Africaine* 11, 35-65.
- Rennison, John R. 1998. Contour segments without subsegmental structures. I E. Cyran (ed.), *Structure and interpretation. Studies in phonology*. Lublin: Folium, 227-245.
- Rennison, John R. 1999. Syllables in Western Koromfe. Harry van der Hulst og Nancy A. Ritter (eds.): *The Syllable. Views and Facts*. Mouton de Gruyter, Berlin, New York, 311-347.
